

**Mellom Aasen og Hægstad**

**Morfologisk variasjon i landsmålet før 1901**



Knut E. Karlsen

# **Mellom Aasen og Hægstad**

## **Morfologisk variasjon i landsmålet før 1901**

Avhandling for graden Philosophiae doktor

Universitetet i Agder

Fakultet for humaniora og pedagogikk

2017

Doktoravhandlingar ved Universitetet i Agder 165

ISSN: 1504-9272

ISBN: 978-82-7117-860-4

© Knut E. Karlsen, 2017

Trykk: Wittusen & Jensen

Oslo

# Innhald

---

Innhald .....	5
Føreord.....	11
1 Innleiing .....	13
2 Perioden 1870–1901, landsmålet og Landsmålskorpuset .....	19
2.1 Føresetnader for tekstsakping .....	19
2.2 Lesebøker og skolebøker.....	21
2.3 Tidlege forsøk – <i>Dølen</i> .....	26
2.4 Mellom <i>Dølen</i> og <i>Fedraheimen</i> .....	29
2.5 <i>Fedraheimen</i> (1877–1891).....	30
2.6 Etter <i>Fedraheimen</i> .....	34
2.7 <i>Den 17de Mai</i> (1894–1935).....	36
2.8 <i>Syn og Segn</i> (1894–)	38
2.9 Skjønnlitteratur .....	42
2.10 Korpustekstane som spegel for det tidlege landsmålet .....	48
3 Skriftnormalar.....	53
3.1 Aasen-normalen .....	53
3.1.1 Prinsipp for bøyingsverket.....	55
3.2 Mot ein offisiell normal – behov for normering .....	57
3.2.1 «Den nyare skrivemaaten» .....	58
3.2.2 Politiske føringar.....	58
3.3 Rettskrivingsnemnd for landsmålet .....	59
3.3.1 Nemndas vurderingar av skriftmålssituasjonen.....	61
3.3.2 <i>Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne</i> (1899) .....	63
3.3.2.1 Ordendingar.....	64
3.3.3 <i>Tillæg til Framlegg</i> (Hægstad, Garborg og Flo 1901) .....	65
3.3.3.1 Skards fråsegn .....	66
3.3.3.2 Eskelands fråsegn .....	67
3.3.3.3 <i>Tillæg til Framlegg</i> frå nemnda .....	69
3.4 Midlandsnormalen .....	71

3.4.1 Stum <i>-t</i> .....	74
3.4.2 Substantiv – medial <i>r</i> .....	75
3.4.3 Verb og somme andre ord.....	76
3.4.4 Midlandsnormalen som sideform .....	77
3.5 Hægstad-normalen.....	78
3.5.1 Bunden form eintal av inkjekjønnssord .....	78
3.5.2 Hokjønnssord .....	79
3.5.3 Andre endringar.....	80
3.6 Oppsummering om normalane .....	81
4 Fasar i språkplanlegginga – prinsipp i normeringa.....	83
4.1 Kvifor ein standard? .....	83
4.2 1901-normalen.....	84
4.3 Omgrepsavklaring .....	85
4.3.1 Fasar i språkplanleggingsprosessen .....	87
4.4 Val av normgrunnlag .....	88
4.4.1 Lingvistisk kompetanse og objektivitet .....	90
4.5 Viktige språkplanleggingsprinsipp i arbeidet med 1901-normalen.....	91
4.6 Kva er usus?.....	92
4.6.1 Eit omdiskutert prinsipp .....	93
4.6.2 I kva grad speglar usus språket på individnivå? .....	94
4.6.3 Usus og ideologi.....	95
4.6.4 Usus saman med andre prinsipp .....	96
4.6.5 Usus som storleik i ei språkhistorisk undersøking .....	98
5 Språkplanlegging møter korpuslingvistikk .....	99
5.1 Korpus og normering.....	99
5.2 Korpus og korpuslingvistikk.....	101
5.3 Kva kan eit korpus brukast til? .....	103
5.4 Kravet om representativitet og balanse i korpus.....	106
5.4.1 Forskingsspørsmål og korpus .....	110
5.5 Nynorskcorpuset .....	111
5.6 Landsmålskorpuset .....	113
5.6.1 Landsmålskorpuset sett i forhold til heile populasjonen .....	118
5.6.2 Søkjemetodar .....	119

5.7 Lingvistiske variablar .....	122
5.8 Statistikk i korpusundersøkinga .....	124
5.9 Oppsummerende merknader.....	126
6 Faktisk morfologisk variasjon i landsmålet .....	127
6.1 Stumme konsonantar i bøyningssuffiksa .....	129
6.1.1 Stum <i>-t</i> .....	131
6.1.1.1 Bestemt form eintal av inkjekjønnsord .....	133
6.1.1.2 Nøytrumsform av adjektiv på <i>-en</i> .....	134
6.1.1.3 Supinum av sterke verb .....	135
6.1.1.4 Supinum av <i>a</i> -verb.....	136
6.1.1.5 Pronomenformer.....	136
6.1.1.6 Stum <i>-t</i> – oppsummering.....	138
6.1.2 Stum <i>r</i> .....	139
6.1.2.1 Hankjønnsord bestemt form fleirtal .....	140
6.1.2.2 Svake hokjønnsord bestemt form fleirtal .....	142
6.1.2.3 Sterke hokjønnsord bestemt form fleirtal .....	145
6.1.2.4 Stum <i>r</i> – oppsummering .....	147
6.1.3 Stum <i>d</i> .....	148
6.1.3.1 Preteritum av <i>a</i> -verb .....	149
6.2 Substantiv .....	151
6.2.1 Hokjønnsord – svake .....	151
6.2.1.1 Svake hokjønnsord ubestemt form eintal.....	152
6.2.1.2 Svake hokjønnsord ubestemt form fleirtal .....	154
6.2.1.3 Svake hokjønnsord bestemt form eintal .....	155
6.2.2 Hokjønnsord – sterke .....	156
6.2.2.1 Sterke hokjønnsord bestemt form eintal .....	157
6.2.2.2 Sterke hokjønnsord ubestemt form fleirtal .....	158
6.2.2.3 Oppsummering hokjønnsord .....	159
6.2.3 Hankjønnsord .....	161
6.2.3.1 Maskulinum bestemt form fleirtal .....	162
6.2.3.2 Maskulinum ubestemt form fleirtal .....	163
6.2.3.3 Oppsummering hankjønnsord.....	166
6.2.4 Inkjekjønnsord .....	167

6.2.4.1 Nøytrum ubestemt form fleirtal.....	168
6.2.4.2 Nøytrum bestemt form fleirtal.....	169
6.2.4.3 Oppsummering inkjekjønnsord .....	170
6.3 Verb .....	171
6.3.1 Infinitiv.....	171
6.3.2 Sterke verb.....	173
6.3.2.1 Tostava presensform av sterke verb .....	173
6.3.3 Svake verb.....	175
6.3.3.1 Supinum av svake verb med <i>-dde</i> i preteritum .....	176
6.3.3.2 Verb på <i>-era</i> .....	177
6.3.3.3 Verb med bøyning etter to klassar .....	178
6.3.3.4 Fleirtalsbøyning av verb.....	180
6.4 Adjektiv.....	184
6.4.1 Allment om adjektiv .....	184
6.4.2 Adjektivet <i>mykje</i> .....	187
6.4.3 Adjektiv på <i>-sk</i> .....	188
6.4.4 Adjektiv på <i>-leg</i> .....	189
6.5 Pronomen.....	190
6.5.1 Allment om pronomen .....	190
6.5.2 Førsteperson fleirtal (nominativ) av personleg pronomen – <i>me</i> eller <i>vi</i> ... 190	190
6.5.3 Tredjeperson fleirtal av personleg pronomen .....	190
6.5.4 Tredjeperson eintal maskulinum og femininum av personleg pronomen – <i>honom, henne</i> eller <i>han, ho</i> .....	192
6.6 Oppsummering.....	193
7 Oppsummering og konklusjon.....	195
7.1 Stumme konsonantar i bøyningssuffiksa .....	195
7.2 Oppsummering substantiv .....	198
7.2.1 Hokjønnsord .....	198
7.2.2 Hankjønnsord .....	201
7.2.3 Oppsummering inkjekjønnsord .....	203
7.3 Oppsummering verb .....	204
7.3.1 Sterke verb.....	205
7.3.2 Svake verb.....	206

7.4 Oppsummering adjektiv .....	209
7.5 Oppsummering personleg pronomen.....	211
7.6 Avsluttande kommentarar og konklusjon.....	213
Summary in English .....	221
Tillegg Søkjestrenger .....	229
Litteratur .....	243



# Føreord

---

Hovuddelen av arbeidet med denne avhandlinga blei gjort i perioden eg var stipendiat ved Universitetet i Agder, Institutt for nordisk og mediefag. Eg takkar medstipendiatane mine for både fagleg og sosial støtte i perioden vi hadde saman i den ombygde kasernen på Knausen. Det var eit godt og inspirerande miljø med menneske eg minnest med glede. På ph.d.-seminara fekk eg høve til å leggje fram utkast til (delar av) kapittel som medstipendiatar og tilsette ved instituttet brukte tid på å lese, forstå og kommentere. Dette var ei konstruktiv arbeidsform som resulterte i mange nyttige tilbakemeldingar. I tillegg til desse seminara var også samtalane og diskusjonane i meir uformelle samanhengar – gjerne over matpakka eller ein kaffikopp – viktige for det endelige resultatet. Eg takkar fagmiljøet ved Universitetet i Agder for ein utviklande og lærerik periode.

Tanken om ei avhandling kom mens eg var tilsett i prosjektet Norsk Ordbok 2014 ved Universitetet i Oslo. Det å spreie resultata av den leksikografiske verksemda, både i form av ordboksbind og ved å formidle forskingsresultat skriftleg og munnleg i andre kanalar, vitskapleg og populærvitskapleg, var ein tenkjemåte som prega ordbokprosjektet. Slik hadde det ikkje trengt å vere, for ei slik innstilling er nært knytt til haldninga i ei prosjektleiing. Norsk Ordbok 2014 hadde dyktige og kloke leiarar som tillét, og jamvel oppmoda til, fagleg utvikling, ikkje berre gjennom det daglege redigingsarbeidet, men også ved å leggje til rette for at interesserte fekk halde innlegg på faglege konferansar. Dette kunne i neste omgang resultere i vitskaplege artiklar. Slik blei det skapt eit inkluderande fellesskap som verka trygt og utviklande. Ein måte dette synet på vitskapsutvikling og ressursprioritering kom til uttrykk på, var prosjektleiar Kristin Bakkens initiativ til å samle idear til forskingsprosjekt knytt til Norsk Ordbok 2014 og dei språkressursane som låg til prosjektet. Ei av dei skissene som blei lagde fram, var ført i pennen av Oddrun Grønvik og utgjorde beingrinda til den avhandlinga som ligg føre her. Åse Wetås følgde opp Kristins linje då ho tok over som prosjektleiar for Norsk Ordbok 2014 i 2008. Ho gav meg permisjon for å ta

doktorgraden og har heile tida vore ein positiv og konstruktiv støttespelar som har gjeve meg ståande tilbod om å lese manus. Eg takkar prosjektleiinga for at det blei lagt til rette for kompetanseutvikling i alle fasettar i prosjektperioden.

Norsk Ordbok 2014 var eit lærerikt og inspirerande miljø å arbeide i. Eg takkar kollegaer i prosjektet for gjevande fagfellesskap både før og undervegs i avhandlingsarbeidet. Olaf Almenningen og Åse Wetås har lese og kommentert utkast til delar av avhandlinga. Kåre Skadberg har i tillegg til å lese korrektur òg kome med kloke innspel til faglege forbetingar. Dagfinn Rødningen, min faste makker i ei rad føredrag og publikasjonar, har òg lese korrektur på delar av manuset.

I heile ph.d.-perioden vekependla eg mellom Oslo og Kristiansand. Med tre barn i heimen fall det ekstra mykje på Inga i denne perioden. Ho har likevel støtta avgjerda heilhjarta og strekt seg langt for å få vekene til å gå opp. Med god hjelp frå nær familie fekk vi det til. Eg takkar Inga for at ho la til rette for at det lét seg gjere å realisere planane om eit doktorgradsstudium, og Trym, Synne og Eskil for at dei fann seg i å ha ein fråverande far. Inga har òg lese og gjeve tilbakemeldingar på mykje av manuset.

Sist, men ikkje minst, vil eg takke rettleiaren min, Ernst Håkon Jahr, som har vore ein tolmodig vegvisar. Han har kome med gode og kritiske merknader til både smått og stort gjennom heile skriveprosessen og skuva på i høveleg fart og riktig retning.

Oslo, 6. mars 2017

Knut E. Karlsen

# 1 Innleiing

---

I det norske standardverket om språknormering *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*, uttalar forfattaren Lars S. Vikør at den nye språkteknologien er ein uutnytta ressurs i språkplanlegginga og at det må komme ei vitskapleg behandling på dette området også (2007:10). Dette arbeidet skal bøte på denne mangelen. I språkforskinga har ein alltid hatt store mengder data, millionar av ord, men det er først med datamaskinane og tilpassa programvare at den enorme datamengda har blitt ein ressurs. Ei slik mengd empiri kan nemleg ikkje handterast utan hjelp av datamaskinar. Den viktigaste konsekvensen av denne nyvinninga er at ein kan basere forskinga på harde fakta og ikkje på intuisjon. Dette er ei kopling mellom informatikk og språkvitskap som også har positive verknader innanfor normering eller standardisering. Denne avhandlinga er ei *korpusbasert* undersøking. Det inneber at korpusbruken er knytt til *metode* i den forstand at korpusstekstane som utgjer empirien i undersøkinga, er gjorde maskinleselege og dermed søkbare. Undersøkinga pretenderer altså på ingen måte å skape nye verktøy ved å utvikle finessear ved eksisterande korpus eller jamvel utvikle eit nytt korpus. Men alle korpus gjev eit utsnitt av verda, så uforsvarleg bruk av korpus kan leie oss på ville vegar. Ein metodekritisk diskusjon, særleg av korpus som metode for å kartleggje usus, er derfor ein viktig del av kapittel 5.

Målet med dette arbeidet er å kartleggje den morfologiske variasjonen i landsmålet før den første offisielle standardiseringa av skriftmålet frå statleg hald i 1901. Det finst fram til no inga heilskapleg, uttømmande framstilling av korleis tidleg landsmål faktisk såg ut. Historia om det tidlege landsmålet har i stor grad bygd på inntrykket granskurar har fått ved å lese litteratur frå perioden og gjennom sekundære kjelder som ordlistar, ordbøker og grammatikkar. Sjølv om Aasens ordbok frå 1873 nok blei oppfatta som rettleiande av ein del landsmålsskribentar før 1901, argumenterte både grupper og enkeltpersonar for alternative utformingar av landsmålet. Slike alternative utformingar blei også gjennomførte i fleire viktige publikasjonar. Det tidlege landsmålet må karakteriserast som eit heterogent skriftspråk.

Når den morfologiske variasjonen er kartlagt og kvantifisert, kan ein ta stilling til i kva grad ususprinsippet (normering styrt av den aksepterte og etablerte skriftmålsbruken) blei lagt til grunn i arbeidet med 1901-normalen. Etter Vikør (2007:180 f) har ususprinsippet innanfor språkplanlegginga først og fremst vore eit ideal i normeringa av riksmål, men til dømes peiker Hægstad sjølv på at han har undersøkt bokheimen i arbeidet med framleggelsen til normal. Ved å ta utgangspunkt i 1901-normalen (med utformingane Hægstad-normalen og midlandsnormalen) på den eine sida og Aasen-normalen på den andre sida og samanlikne faktisk språkbruk mot desse storleikane, kan ein plassere den faktiske bruken i forhold til normalane.

Empirien i prosjektet er tekstar frå perioden 1870–1901 i Nynorskkorpuset (utvikla av Eining for digital dokumentasjon ved Universitetet i Oslo). Alle søka i Nynorskkorpuset er avgrensa til berre å omfatte tekstar frå undersøkingsperioden. Desse eldste tekstane utgjer såleis eit subkorpus på om lag 2,5 millionar ord, som i avhandlinga blir omtalt som Landsmålskorpuset. Tekstane som utgjer Landsmålskorpuset, er undersøkte med tanke på morfologisk variasjon, og resultata av analysar av om lag 50 ulike grammatiske kategoriar gjev eit bilet av korleis landsmålet faktisk såg ut før den første offisielle standardiseringa i 1901. Vi får med andre ord ei nøyaktig beskriving av korleis landsmålet blei til med tanke på morfologisk variasjon og utbreiinga av dei formene som til slutt blei ein del av den offisielle normalen. Det kjem også fram at det oppstår nye morfologiske variantar, hybridformer, som ikkje høyrer heime i nokon av dei nemnde normalane. Morfologisk variasjon i denne samanhengen tyder variasjon i bøyingsmorfema i relevante ordklassar. Morfemomgrepet er dermed avgrensa til berre å gjelde grammatiske morfem. Dette er ei praktisk tilnærming når siktemålet er å beskrive variasjonen i bøyingsendingar og ikkje drøfte lingvistisk teori. Endringar i stammen som eit resultat av at eit ord blir bøygd, blir i liten grad tematisert i dette arbeidet.

Etter kvart som landsmålet blei teke i bruk som skriftleg opplæringsmål i mange skolar, blei det nødvendig å fastsetje ein offisiell normal for landsmålet. Departementet nemnde opp ein komité i 1898 med Arne Garborg, Rasmus Flo og Marius Hægstad som medlemmer som skulle leggje fram ei ny rettskriving for landsmålet. Reformdokumenta som ligg bak forslaget til ny normal, er viktige kjelder både til kunnskapen om tidleg landsmål og til prinsippa bak standardiseringa. Allereie

i januar 1899 leverte nemnda tilrådinga si, *Framlegg til skrивereglar for landsmaale i skularne*, til departementet (Hægstad, Garborg, Flo 1899). Nemnda delte seg, og som eit svar på det kløyvde forslaget til normal frå nemnda, bad Kyrkjedepartementet i april 1900 Lars Eskeland og Matias Skard om å gje ei skriftleg vurdering av *Framlegg til skrивereglar for landsmaale i skularne*. Både Eskeland og Skard stødde Hægstads framlegg, og det resulterte i at den opphavlege tremannsnemnda sende ut *Tillæg til ‘Framlegg til skrивereglar for landsmaale i skularne’* (Hægstad, Garborg og Flo 1901), som i sin tur førte til at midlandsnormalen blei godkjend til skolebruk.

Kapittel 2 gjev eit oversyn over kva den nynorske litteraturen omfatta i siste halvdel av 1800-talet, med vekt på dei publikasjonane som er dekte i Landsmålskorpuset. Framstillinga er i hovudsak kronologisk, men sjangrane lese- og skolebøker og skjønnlitteratur er omtalte for seg. Sist i kapittelet kjem ei vurdering av i kva grad korpustekstane kan seiast å spegle landsmålet i perioden. Det skal fungere som eit bakteppe for diskusjonen av representativitet i kapittel 5. For å kunne vurdere om og i kva grad utvalet kan representera heilskapen, må ein naturlegvis ha eit bilet av kva denne heilskapen består av.

I kapittel 3 blir dei tre normalane som det har vore naturleg å samanlikne med usus i perioden 1870–1900, nærmere presenterte: Aasen-normalen, Hægstad-normalen og midlandsnormalen. Desse normalane fell rimelegvis ikkje heilt saman i tid, og dei hadde heller ikkje same status. To av dei – Hægstad-normalen og midlands-normalen – kom jamvel til etter den perioden som blir undersøkt i dette arbeidet. Likevel er dei nyttige referansepunkt for å seie noko om preferansane til skrivarane i samtida. Dei tre normalane blir òg brukte i ein modell der dei utgjer ytterpunkta i eit triangel for å visualisere fordelinga av bøyingsendingar i ein bestemt grammatisk kategori. Såleis er det viktig å greie ut om normalane ved å gå nærmare inn på bakgrunn og innhald på eit meir overordna plan enn det som er tilfellet i sjølve analysen (kapittel 6). Det er Hægstad-normalen som får størst plass i denne utgreiinga om normalane.

Den teoretiske diskusjonen i kapittel 4 tek for seg dei mest sentrale termene i avhandlinga. Ut frå resultata av analysen kan ein seie noko om kva for språkplanleggingsprinsipp som ser ut til å ha verka då landsmålet fekk si første offisielle norm. Det er særleg ususprinsippet som blir diskutert.

I kapittel 5 er det gjort nærmere greie for metoden som er brukt i undersøkinga, og sentrale problemstillingar ved eit korpusbasert normeringsstudium blir drøfta. Termen *korpus* blir definert, og det blir gjeve fleire døme på kva korpus har tilført på ulike språkvitskaplege felt. Sterke og svake sider ved korpusbaserte studium blir diskuterte i lys av omgrepa *representativitet* og *balanse*. Her blir også det samla oversynet over tekstar i Landsmålskorpuset presentert. Det ligg ein stor og viktig skilnad i nemningane Landsmålskorpuset og Nynorskkorpuset. Den omtalte perioden er eit utsnitt av historia til nynorsk skriftkultur, og tekstutvalet i korpuset utgjer ei ny innsnevring av røynda. Derfor står diskusjonen om i kva grad tekstane i Landsmålskorpuset kan seiast å representere den tenkte storleiken «all landsmåltekst publisert i perioden 1870–1900» sentralt i dette kapittelet. Vidare blir det også gjeve eit tabellarisk oversyn over dei lingvistiske variablane som blir undersøkte nærmere i analysen i kapittel 6.

Den morfologiske variasjonen blir i kapittel 6 undersøkt etter ordklasse i rekjkjefølgja substantiv, verb, adjektiv og pronom. Men aller først i kapittelet blir bruken av stumme konsonantar i bøyingsuffiksa granska. Det er fleire grunnar til dette. I *Framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne* har diskusjonen om dei stumme konsonantane fått stor plass og har tydeleg vore eit viktig tema blant medlemmene i rettskrivningsnemnda. Synet på dei stumme konsonantane var også ei viktig årsak til at nemnda blei kløyvd i to. Når ein skal kartleggje kva for normal som står nærest den faktiske bruken – usus, blir nettopp dei stumme konsonantane ein viktig indikator: Aasen-tradisjonen representert ved Hægstad som til ein viss grad går inn for å halde på stumme konsonantar i bøyingsendingane, eller midlandsli representert ved Garborg og Flo som går inn for å kutte desse konsonantane i alle kategoriar.

I kapittel 7 blir trådane samla ved at resultata blir framstilte i kommenterte tabellar med uttømmande oversyn over varietetar i kvar undersøkt kategori. Det er også gjeve opp tal på kor utbreidde dei einskilde varietetane er i korpusmaterialet.

For å møte kravet om dokumentasjon av vitskaplege resultat er både søkjestrengene og konkordansane gjorde tilgjengelege. Søkjestrengene for alle kategoriene som ligg til grunn for undersøkinga, er gjevne opp i vedlegg 1. Konkordansane som er resultat av søka, er i mange tilfelle særsmålt omfangsrike, så det var upraktisk og lite føremålstenleg å gje att desse i papirversjon. Konkordansane er derfor gjorde

elektronisk tilgjengelege for kommisjonsmedlemmene. Også andre interesserte kan få konkordansane ved å vende seg til forfattaren.



## 2 Perioden 1870–1901, landsmålet og Landsmålskorpuset

---

Eit korpus kan sjeldan bli representativt i streng statistisk forstand (jf. kapittel 5). Det vil i dei fleste tilfella vere snakk om eit *utval* av tilgjengelege tekstar. Det finst i dag ingen objektiv måte å måle representativitet i eit korpus på (McEnery, Xiao & Tono 2006:16). For å vurdere representativiteten i eit korpus må korpustekstane sjåast i samanheng med den samla tekstproduksjonen i språksamfunnet i den aktuelle perioden. Ein må altså seie noko om kva for sjangrar som har vore brukte, og kor mykje. Så langt det lèt seg gjere, bør korpuset innehalde heile breidda av varietetar i skriftspråksproduksjonen i eit samfunn i det tidsrommet ein undersøkjer. Men i alle tilfelle vil ei vurdering av representativitet alltid vere avhengig av dei forskings-spørsmåla ein stiller. Dette kapittelet skal gje eit riss av kva den nynorske litteraturen omfatta i siste halvdel av 1800-talet, med vekt på dei publikasjonane som er dekte i Landsmålskorpuset. Eit fullstendig oversyn over innhaldet i korpuset er gjeve i tabell 5.1. Framstillinga er i hovudsak kronologisk, men sjangrane lese- og skolebøker og skjønnlitteratur er behandla i eigne underkapittel. Sist i kapittelet kjem ei vurdering av i kva grad korpustekstane kan seiast å spegle landsmålet i perioden. Representativitet er elles behandla meir inngåande i kapittel 5.

### 2.1 Føresetnader for tekstsakaping

Utetter på 1800-talet endrar den norske offentlegheita seg mykje. Det går føre seg ei gradvis utvikling av demokratiske rettar, og offentleg debatt blir ein naturleg del av samfunnslivet. Det gjer igjen sitt til at medieutviklinga skyt fart med ei rekke nye

aviser og tidsskrift, som i sin tur kravde etablering av trykkeri. I det heile aukar handelsverksemda, og det kjem i gang ei demografisk utvikling der byane veks raskt i folketal. Skolestellet blir betre ved innføringa av allmugeskolen i 1739 og er ei viktig årsak til betre lese- og skrivekompetanse i samfunnet. Denne meir generelle samfunnsutviklinga ligg òg i botnen for utviklinga av eit nytt norsk skriftspråk, men i tillegg til dei intellektuelle føresetnadene var det òg fleire praktiske årsaker til utviklinga av skrive- og lesekulturen i andre halvdel av 1800-talet. Betre tilgang på papir, betre postgang og oppfinninga av parafinlampa var òg viktige faktorar i denne utviklinga.

Då den nynorske skriftkulturen tok form frå midten av 1800-talet, hadde latin og dansk vore dominerande skriftspråk i Noreg dei siste 350 åra. Skriftspråkutviklinga i Noreg har vore prega av at dansken i løpet av 1700-talet festa seg som skriftspråk langt ut over dei styrande elitane i landet. Skriftspråket spelte ei rolle overalt, og alt blei skrive på det felles skriftspråket dansk (Hyvik 2009:84). Då Aasen kom med sitt prosjekt, hadde allereie dansk slått djup rot som funksjonelt skriftspråk. Føresetnadene for utviklinga av eit nytt skriftspråk i Noreg i andre halvdel av 1800-talet var altså at det allereie fanst eit skriftspråk som i prinsippet kunne fungere som skriftspråk for nordmenn og til dels gjorde det, i alle fall for delar av folket. Denne poengteringen er viktig, for det var på ingen måte eit skriftmålslaust samfunn det nye skriftspråket fann sin plass i, men det eksisterte heile tida (som det seinare skulle vise seg) side om side med eit dansk skriftspråk som etter kvart utvikla seg i retning av norsk danna daglegtale. Det vil truleg vere stor skilnad både på skriftutviklingsprosessen og produktet av han i ein situasjon der to lingvistisk sett relativt like skriftspråk tevar om hegemoniet, og i ein situasjon der det eine skriftspråket er einerådande, eller eventuelt tevar med eitt (eller fleire) ikkje-gjensidig forståeleg(e) språk.

Dersom det skal vere ein marknad for aviser, bøker og blad, må folk kunne lese. Lesekompetanse er nær knytt til skrivekompetanse, og til saman er denne

kompetansen i språksamfunnet ein banal, men grunnleggjande føresetnad for ein meiningsfull diskusjon av i kva grad ususprinsippet ligg til grunn for ein standardiseringsprosess. Sjølv om embetsstanden og det øvre sosiale sjiktet av folket gjekk på eigne skolar og hadde vore lese- og skrivekunnige lenge, var ikkje dette situasjonen i heile samfunnet. Fet (1995, 2003) argumenterer på ein overtydande måte for at lesekunnskap var utbreidd blant allmugen i andre halvdel av 1700-talet. Allmenn skrivekunnskap kom noko seinare, truleg noko inn på 1800-talet. Desse funna er viktige, ikkje minst fordi dei dokumenterer at allmenn lese- og skrivekompetanse blant allmugen var utbreidd tidlegare enn ein før har rekna med.

Det var gjennom ei skoleforordning for Danmark og Noreg frå 1739 at allmenn skoleplikt blei lovfesta. Ved sida av religionsopplæring stod også leseopplæring sentralt. No viste det seg at forordninga var vel ambisiøst og vanskeleg å gjennomføre i praksis, og det blei derfor justert ned gjennom ein plakat i 1741. For Noregs del fekk ordninga den positive effekten at det var kyrkjelyden, og dermed bøndene sjølve, som fekk ansvaret for organiseringa av opplæringa, og på den måten fekk folkedanninga fotfeste i Noreg. Med «Lov, angaaende Almue-Skolevæsenet paa Landet» i 1827 blei skriving obligatorisk fag i skolen. Men framleis var religion det viktigaste faget i skolen, og lesing blei oppfatta som ein reiskap for å tilegne seg sanninga i religiøse skrifter med konfirmasjonen som siktemål for skolegangen. Med lova i 1827 kom eit allment alfabetiseringsprogram som skulle setje eleven i stand til ikkje berre å lese (ein ukjend tekst), men også til å skrive sjølv (Hyvik 2009:50 f). Med denne pedagogiske moderniseringa oppstod eit behov for allmenne lesebøker for skolen.

## 2.2 Lesebøker og skolebøker

Olav Paulsons *Lesebok i landsmaalet* (1869) var den første leseboka på landsmål. Ho skulle brukast i folkeskolen på landsbygda. Stortingsvedtaket i 1878 om at «Børnenes

eget Talesprog» skulle leggjast til grunn for undervisninga, skunda fram fleire lesebøker på landsmål. Den neste var Marius Hægstad og lærar I.O. Bachs *Norsk Lesebok elder Lesebok i Landsmaalet* (1880). Stortingsvedtaket frå 1878 blei følgjt opp av jamstillingsvedtaket i 1885, og endå eit steg vidare i moderniserings- og demokratiseringsprosessen kom ein med dei to lovene frå 1889, *Lov om Folkeskolen paa Landet* og *Lov om Folkeskolen i Kjøbstæderne*, som skulle sikre ei felles utdanning som var lik for alle, uavhengig av sosial status i samfunnet (Andersen 2001:204). I desse lovframlegga frå 1889 var det med ein paragraf som gav skolestyret høve til å avgjere kva målform som skulle brukast i undervisninga og i lærebøkene. Denne paragrafen blei ikkje vedteken i første omgang, men han kom opp att i 1892, og denne gongen gjekk han igjennom. I ettertid er han gjerne omtalt som «målparagrafen». Dessutan tillét lov om høgare skular frå 1896 kandidaten å bruke landsmål ved examen artium.

Friskole- og folkehøgskolelæraren Andreas Austlid (1851–1926) gav i 1880 ut den første abc-boka på landsmål. I 1889 følgde han opp med endå ei pedagogisk framstilling som er ein del av Landsmålskorpuset, nemleg *Lesebok fyr born*. Austlid er kjend som fornyar av den tradisjonelle skolepedagogikken i samtida ved at han ville dra inn munnleg forteljartradisjon i leseopplæringa. På denne måten skulle spranget mellom talemålet og det skriftspråket elevane møtte i skolen, bli så lite som mogleg. Ein legg her merke til at Austlid legg vekt på gjenkjennung som eit pedagogisk verkemiddel gjennom ordval og forteljarstruktur. Dette idealet fekk derimot ingenting å seie for det skriftspråklege uttrykket. Her var Austlid tilsynelatande tru mot Aasens utforming av landsmålet, og lét seg på ingen måte lokke i meir ortofon lei. *Lesebok fyr born* inneheld 77 relativt korte tekstar over 248 sider. Tekstane er samla i tre bolkar under titlane «Fraa eg var liten», «Æventyr og gaator» og «Ymse stykkje». Austlid var sjølv ein viktig bidragsytar i boka både med eigne forteljingar og med omsetjingar. Av andre kjende landsmålsskribentar kan nemnast Johannes Skar, Ivar Kleiven, Mons Litleré og Jørund Telnes. I ei oppmoding sist i boka kjem det fram at *Lesebok fyr born* er første bindet av eit planlagt leseverk på i alt tre bind. Etter

planen skulle bind 2 innehalde tekstar frå dei ulike landsdelane, mens det tredje bindet skulle gje eit bilet av noregshistoria. Austlid oppmodar lesarane om å sende inn stoff i tråd med denne planen. Økonomiske vanskar gjorde derimot at binda først kom ut i perioden 1902–1906 under tittelen *Lesebok for folkeskulen*. Ein legg her merke til at tittelen er den same som på Nordahl Rolfsens leseverk (*Læsebog for folkeskolen*), men berre i landsmålsdrakt. Austlids leseverk formidla folkekultur på landsmål og blei på den måten eit alternativ til den borgarlege kulturen som Rolfsens leseverk representerte.

Språket i lesebøkene har vore ein viktig retningsgjevar for normering av skriftspråket. Derfor blei desse bøkene viktige i normeringa av landsmål. Særleg gjaldt dette Rolfsens lesebok. Grunnen er at boka blei eit svært sentralt verk i morsmålopsplæringa ved at ho blei teken i bruk ved nesten alle skolar. I landsmålsutgåva, som kom i 1894, er første delen på landsmål, mens resten i hovudsak er på dansk-norsk. Det var Moltke Moe som hadde ansvaret for språket i boka, og i tillegg var Rasmus Flo språkkonsulent for landsmåltekstane. Han blei som kjent seinare ein del av tremannsnemnda som arbeidde fram grunnlagsdokumenta for landsmålsnormalen i 1901. I denne samanhengen er Rolfsens lesebok særleg interessant fordi ho var éi av fem bøker som blei peika ut som grunnlag for ei einskapleg landsmålsform (jf. kapittel 3). I eit eige føreord om språkforma gjer Moe det klart kva linje han har følgt med omsyn til landsmåltekstane. Det var skrivemåten til dei nyare landsmålsfattarane som var rettesnora. Desse formene var i eit pedagogisk perspektiv dei beste, for dei var i allmenn bruk og dermed kjende for lesaren. I tillegg var det eit poeng at landsmålsnorma ikkje veik av frå norma i dansk-norsken meir enn nødvendig. Det er verdt å merke seg at Moe også presiserer at desse prinsippa ikkje alltid er like lette å leggje til grunn, rett og slett fordi det ikkje alltid er så lett å avgjere kva som er allment, korkje i talespråket eller i landsmålet.

Første utgåva av Garborg og Mortenssons *Lesebok for høgre skular* kom på Olaf Husebys forlag i 1885, same året som jamstillingsvedtaket, og boka kom i ny utgåve i

1893 hos Litleré. Førsteutgåva frå 1885 utgjer ein del av empirien i denne undersøkinga ved at boka er innlemma i Landsmålskorpuset. *Lesebok for høgre skular* blei den mest sentrale antologien av landsmålslitteratur for ungdom.<sup>1</sup> Språkforma i leseboka er ikkje eins, men ymsar frå stykke til stykke. I tillegg til dei normerte tekstane inneholdt boka òg ein del tekstar på bygdemål. *Lesebok for høgre skular* inneholdt tekststykke i fleire ulike målformer. Dette er det gjort greie for i føreordet. Garborg og Mortensson hadde eit dobbelt siktemål med boka. På den eine sida skulle ho brukast som lesebok i høgare skolar (dvs. frå amtsskolen<sup>2</sup> av og oppover). For det føremålet hadde truleg ei einskapleg målform gjennom heile boka vore det beste, men på den andre sida ønskte redaktørane å vise rikdommen (målvoksteren) i landsmålet. Det kunne best gjerast ved i minst mogleg grad å redigere språket til eit utval ulike forfattarar. Garborg og Mortensson vedgår likevel at det ikkje var lett «aa semja dei to ting i hop». Tekstane i leseboka fell i fire bolkar der første bolken (58 sider) omfattar tekstar av forfattarar som ligg nær opp til Aasen-normalen. I tillegg til Aasen sjølv gjeld det tekstar av Henrik Krohn, Kristofer Janson, John Klæbo og Elias Blix. Desse tekstane er normerte i tråd med skrivemåten i Aasens *Ervingen* (1855) og *Heimsyn* (1875). At utgjevarane vel desse representantane for Aasen-linja, kan verke overraskande. Hægstad (1886) ser denne disposisjonen i samanheng med plassen «den nyare skrivemaaten» har fått i boka, og kunne heller ha ønskt seg meir av «Normalmaalet i en mere lempelig Form». Tekstar av Aasmund Olavsson Vinje utgjer ein ny bok i boka (35 sider). «[H]an kom daa til aa staa for seg sjølv, liksom paa ein yvergang», kjem det fram av føreordet. Desse tekstane har utgjevarane i liten grad redigert språkleg. Tredje bolken (85 sider) består av tekstar av forfattarar som har fjerna seg frå Aasen-normalen, «daa dei dermed trur aa faa landsmaalet nærmare inn paa daglegtalen». Representantar her er Garborg og Steinar Schjøtt. Tekstane i denne bolken er redigerte etter «denne nyare skrivemaaten». Også tekstar under overskrifta «Ymse stykkje» (av Mortensson) høyrer hit. Etter Holen (1985:17) er ikkje

<sup>1</sup> Ei breiare behandling av lesebøkene finst i Birkeland og Kvalsvik (1986).

<sup>2</sup> (Kristen konservativ) ungdomsskole driven av fylket (amtet) som ei motvekt mot dei meir radikale folkehøgskolane og friskolane.

normeringa i denne delen konsekvent gjennomført. Fjerde delen (34 sider) er tekstar på tilnærma bygdemål. Dei geografiske områda som er representerte her, er Østerdalen, Gudbrandsdalen, Valdres, Hallingdal og Telemark. Av desse har telemålet fått godt over halvparten av plassen.

Den etter måten store plassen til den nyare skrivemåten blir lagd merke til av kommentatorar i samtidia. Hægstad peiker på dette i meldinga av boka i *Dagbladet* (1886) utan å bli særleg oppglødd over denne disposisjonen. Garborg og Mortensson er ikkje berre representantar for den nyare skrivemåten i boka, men truleg er det desse to som er opphavsmennene til utforminga. Også Storm (1888:59) har merka seg denne varianten av landsmålet og kallar han for «den nyere Garborg-Mortensonske Landsmaalskole». Det var denne forma som blei oppfatta som den nye mønsterforma for landsmålet.

I 1893, same året som departementet tok initiativ til å stabilisere norma i landsmålet, kom Garborg og Mortenssons lesebok ut i ny og revidert utgåve. Stoffet i boka var disponert noko annleis og var utvida ein del. Det mest interessante i denne samanhengen er likevel – som det kjem fram i føreordet – at utgjevarane har gjort ei undersøking av korleis landsmålet faktisk blei skrive dei siste åra. Dei har jamvel sett opp eit oversyn som viser breidda og bruken av ulike landsmålsvariantar mellom 1883 og 1893, bygd på om lag 150 tekstar av i alt 48 forfattarar. Garborg og Mortensson deler tekstane lineært i tre grupper, der ytterpunktata på den eine sida er tekstar som heilt ut følgjer eller står nær Aasen-normalen (40 tekstar), og på den andre sida tekstar med talemålsnære former (14 tekstar). Den store majoriteten av tekstar (102 tekstar) fell då i sentrumsgruppa og er representerte ved forfattarar som Steinar Schjøtt, Jens Tvedt og Arne Garborg. Av desse igjen er det Schjøtt som «baade stend mest i midten og dertil skriv mest samhøvelegt» (Garborg og Mortensson 1893:føreord). Dermed er tekstane i landsmålsbolken av leseboka normerte etter mønster av Schjøtt. Ser ein nærmare på kva utgjevingar av Schjøtt i tiårsperioden som

kan ha vore med på å danne grunnlaget for dette mønsteret, er det skolebøkene i historie Garborg og Mortensson har undersøkt.

I skolen var nettopp historiefaget, ved sida av religion og litteratur, viktig med tanke på å byggje ut eit nytt skriftspråk. På dette feltet var det dei nemnde historiebøkene til Steinar Schjøtt, *Norigs Soga* (1879) og *Fraa 1852 til vaar tid. Eit stykke av heims-soga* (1888), som brøyte veg. Desse bøkene kom først ut på Samlaget og i seinare utgåver hos Litleré. Andre lærebøker som kom på marknaden i denne perioden, var til dømes Leonard Næss' hjelpebok i grammatikk (*Norsk Maaltavl*, 1891), Aamund Salvesons reknebok (1891–1893) og Julius Gudes bok om landkunne (1889).

### **2.3 Tidlege forsøk – *Dølen***

Landsmålet hadde utvikla seg som skriftspråk i om lag 30 år før *Fedraheimen* byrja å komme ut i 1877. Eit tidleg forsøk på å nytte landsmålet gjorde Jan Prahl (anonymt) med romanen *Ny hungrvekja* allereie i 1858, men språket her var særskilt arkaisk både i ordval og morfologi og fekk lite å seie for utforminga av landsmålet seinare. Aure (1916:177) omtalar språket i boka som «ein millomting av gamalnorsk og nynorsk». Som ein kan vente i ein førstandardiseringsperiode, var landsmålet framleis eit heterogent mål. Den første viktige publikasjonen på landsmål som hadde stor nok lesarkrins til å danne grunnlag for usus, er *Dølen* (1858–1870). Aasmund Olavsson Vinje hadde fleire års røysle som journalist før han sette i gang bladet i 1858, mellom anna som korrespondent i hovudstaden for dagsavisa *Drammens Tidende* i åtte år frå 1851. Berre her skreiv han meir enn 700 artiklar (Grepstad 2010:26). Den største endringa som redaktør for eige blad låg i språket. Med *Dølen* gjekk Vinje over frå å skrive dansk-norsk til å skrive landsmål. For ein som lever av å skrive, var dette eit særskilt dristig prosjekt, og ein god illustrasjon på ei sterkt personleg overtyding om føremonen ved å uttrykkje seg på eit språk som den norske allmugen lettare kunne

identifisere seg med, og ei fast tru på at det verkeleg var lesargrunnlag for eit blad på eit slikt språk.

Undertittelen på *Dølen* var «Eit vikublad», men at det ikkje kom til å vere faste utgjevingar, varsla Vinje allereie i første nummer. «Neste No. vil utkoma, naar det sees, om Folket vil hava bladet», skreiv han. Berre i to periodar på til saman dryge to år var det verkeleg eit vekeblad. På dei tolv åra bladet eksisterte, fekk Vinje ut 293 nummer, dei fleste på fire sider. Tingartalet var over 600 allereie frå starten, men blei truleg aldri høgare. Dermed føyer *Dølen* seg inn i rekka av blad- og avisføretak som sleit med kronisk därleg økonomi frå byrjing til slutt. Vinje er uløyseleg knytt til *Dølen* som redaktør, men han var ikkje aleine. Både når han var på reise eller var for oppteken med andre gjeremål, trongst det hjelparar. Grepstad (2010:30) peiker på at Hans Ross vikarierte som redaktør då Vinje var i England i ein periode frå 1862, og han var i praksis medredaktør dei siste åra før Vinje døydde og *Dølen* gjekk inn. Blant fleire andre stilte også Aasen opp og hjelpte til med tekstar, korrektur og omsetjing.

Det var ikkje berre med overgangen frå dansk-norsk til landsmål Vinje var journalistisk nyskapande. Karakteristikken *landsmålsblad* passar på dei første årgangane, men etter kvart opna Vinje opp for tekstar både på dansk-norsk og svensk. Draumen var at *Dølen* skulle bli dagsavis, og det kunne berre skje med eit skandinavisk lesargrunnlag. Lesarane i dei tre skandinaviske landa måtte venjast til å lese aviser og bøker på alle tre språka. Vinje var ein av dei første som tok Aasens landsmål i praktisk bruk, men han kjende seg ikkje bunden av Aasen-normalen. Telemarksmålet skein gjennom i skriftspråket, og det var ei sjølvmedviten linje å bryte med Aasens former. Vinje skreiv mellom anna om fleirtalsendingane i substantiv at dei kan vere «likso rette og meir musikalske enn formene til Aasen, idet alle sosom ar, er, ir, ur koma med» (*Dølen* 28.11.1858). Med dette står Vinje nær den seinare midlandsnormalen. Seinare (frå 1865) utvikla landsmålet til Vinje seg i retning av Aasen-normalen (Vinje 1978:191). Han skreiv kansellistil med heimlege suffiks og bøyingsmorfem og fornorska framandord (men tok det omsette ordet med i

parentes), ofte på ein eksperimenterande, humoristisk måte. Grepstad (2010:39) karakteriserer språket til Vinje som ei utvikling frå ein eigen dansk prosastil som han i *Dølen* førte vidare inn i ein nynorsk prosastil. Han har blitt verdsett som ein framifrå essayist, noko som i *Dølen* kunne resultere i at skiljet mellom fiksjon og fakta ikkje alltid var like klart. Roksvold (1997:42) kallar Vinje Noregs første reporter i moderne journalistisk forstand og tenkjer i første rekke på sjangervekslinga, mens Grepstad (2010:38 f) peiker på at Vinje må lesast kritisk fordi han ikkje tilfredsstiller dei krava ein i dag set til kjeldebruk. I praksis er det vel snakk om to sider av same sak.

Vinje kosta produksjonen av bøkene sine sjølv og gav dei ut i kommisjon hos ulike bokhandlarar. Vinje er først og fremst knytt til *Dølen* som skrivande journalist, men han fekk òg eit gjennombrot som lyrikar då han gjekk over til landsmål. Ein stor del av dikta hans blei publisert i dei første årgangane av *Dølen*. *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* blei send ut til tingarane som ei utfylling av andre årgangen av *Dølen*, nærmest som eit plaster på såret for dei manglande utgjevingane. Vinje utvikla ein ny type journalistikk karakterisert ved ein kritisk, resonnerande, drøftande og litterært orientert skrivemåte. «Få har sterkere enn Vinje bidratt til å frigjøre norsk språk fra gammel, latin-inspirert periodebygging. Han ga plass for det muntlige i sin stil og slapp humor og ironi til» (Andersen 2001:225).

Vinje og *Dølen* blei eit førebilete for seinare landsmålsorgan, men landsmålet utvikla seg mykje frå *Dølen* til *Fedraheimen* (1877) og *Den 17de Mai* (1894). Undheim (1997) har samanlikna språket med omsyn til stil i dei tre avisene, og peiker mellom anna på at indeksen for lese-/tekstvanskegrad i *Dølen* var monaleg høgare enn i *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*<sup>3</sup>. Ho konkluderer med at språket i *Dølen* var meir framtungt og kanselliprega enn tilfellet var med dei seinare avisene.

---

<sup>3</sup> Indeksen (Undheim: «lesbarhetsindeks») er eit tal på periodelengd og ordlengd i den undersøkte teksten. Høgt indekstal indikerer lange periodar og lange ord. Målinga seier altså noko om kor lettlesen ein tekst er, men ingenting om faktorar som til dømes innhald og tekstbinding (Undheim 1997:139 f).

## 2.4 Mellom *Dølen* og *Fedraheimen*

Då Vinje døydde og *Dølen* gjekk inn i 1870, forsvann det viktigaste landsmålsorganet. Men det fanst andre publikasjonar, sjølv om det var få stader folk kunne publisere noko på landsmål. Då *Dølen* forsvann, blei tyngdepunktet for utgjeving av aviser og blad på landsmål flytta vestover. I Bergen voks det trykte bladet *Ferdamannen* fram frå eit tidlegare handskrive blad. *Ferdamannen* hadde på det meste 550 tingarar, og det var den tidlegare handelsmannen Henrik Krohn som gav ut bladet for eiga rekning frå 1865 fram til 1868. Dette initiativet bidrog til etableringa av det første mållaget, Vestmannalaget, same året. Vestmannalaget tok opp igjen tankane om eit eige landsmålsblad, og frå 1870 kunne Krohn halde fram som redaktør, no for lagsbladet *Fraa By og Bygd*. Bladet kom ut over ein periode på ti år, og blei redigert av skiftande lagsformenn opp gjennom åra. Same året som dei første mållaga blei stifta, blei bladet *Svein Urædd* reist i Kristiania med Steinar Schjøtt som sentral redaktør. Den seinare ordbokredaktøren og lærebokforfattaren var ein aktiv skribent som hadde tekstar på trykk i så å seie alle landsmålsorgan, frå *Dølen* til *Den 17de Mai*. Schjøtt sette òg om Snorres *Heimskringla* (1874–1879), ei omsetjing der han vik av frå Aasen-normalen (og norma til vestmennene). Han hadde hjelpt Krohn i gang med *Ferdamannen* i Bergen, men var no tilbake i hovudstaden med eit blad for allmenta på landsmål. Bladet gjekk vidare som *Andvake* i eit halvår frå 1871, med Werner Werenskiold som redaktør og telemål i botnen for skriftnorma. Bladet fekk elles stryk for skriftnorma av Aasen, som sa opp abonnementet i protest (Aasen 1958:105). Etter *Andvake* heldt bladet fram vekselvis som vekeblad og månadsskrift under namnet *Fram* med Olaus Fjørtoft som redaktør. I rettskrivingsspørsmålet var Fjørtoft ein av dei fremste representantane for brot med Aasen-normalen til fordel for ei meir talemålsnær linje. *Fram* blei oppfatta som å stå i opposisjon til vestlandsføretaket *Fraa Bygd og By* både i form og innhald, og den radikale linja var truleg ei medverkande årsak til at Fjørtoft blei sparka frå styret i Det Norske Samlaget i 1872. *Fram* gjekk inn i 1874. Også nord i landet blei det gjort forsøk på å få i gang eit blad på landsmål. *Finnmarkingen* kom ut med berre to nummer i Vadsø sommaren 1875. Det

var lærar og seinare stortingsmann Karl Akre frå Alta som saman med Ananias Brune frå Volda som stod bak dette initiativet. Dei nytta landsmål med finnmarkssveip «så lett og ledigt som om det skulle vore skrive i dag» (Håland 1981:411).

## 2.5 *Fedraheimen* (1877–1891)

Omgrepet *avis* er ikkje eintydig i denne fasen av skriftspråkshistoria. Grepstad (2010:15) definerer sjangeren som ein allmenn publikasjon for vaksne lesearar som i tidstypiske format kom minst éin gong i veka. Blada derimot hadde eit meir avgrensa nedslagsfelt enn avisene og var meir knytte til institusjon enn geografisk område. Tilknyting til geografisk område er ikkje spesielt relevant for dei organa (*Fedraheimen* og *Den 17de Mai*) som blir særskilt omtalte her, men dei blir likevel refererte til som aviser. Likevel er det viktig å understreke at aviser på denne tida på fleire måtar skil seg frå aviser slik vi kjenner dei i dag. Med omsyn til innhald var til dømes framhaldsforteljingar vanleg i avisene på denne tida. Nedst på avissida, som såkalla kjellarar, blei romanar trykte som føljetongar før dei kom i bokform. Såleis kom Arne Garborgs *Ein Fritenkjar* ut som føljetong i *Fedraheimen*. Det var likevel vanlegare at det var omsett litteratur som blei publisert på denne måten, særleg frå engelsk, fransk og tysk, og ikkje nødvendigvis av forfattarnamn som vi nikkar attkjennande til i dag. I *Fedraheimen* i 1884 blei det til dømes trykt forteljingar av ein fransk forfattar ved namn Prosper Merimée omsett av ein Ingjald Kjennerud. I *Den 17de Mai* var det særleg Marta Steinsvik som omsette litteratur med tanke på slik bruk. I England publiserte Charles Dickens fleire av romanane sine som kjellarar i avisene, så skikken var også vanleg utanlands på denne tida. Praksisen gjer at eit korpus som inneheld aviser frå denne tida, automatisk også omfattar ein del skjønnlitteratur, og dermed blir fleire tekstsjangrar dekte.

På eit møte for målfolk i august 1877 la Garborg fram planane om eit nytt målblad. Ideen blei teken godt imot, men spørsmålet om målforma reiste strid. Garborg gjekk

inn for eit moderat Aasen-mål som redaksjonelt språk, mens andre bidragsytarar skulle få skrive som dei ville. Konservative målfolk åtvara mot ei slik linje. Dei ville at Aasen-normalen skulle få ein sterkare posisjon, mens andre, meir radikale krefter med Olaus Fjørtoft i spissen, argumenterte for at bygdemåla skulle få endå større plass. Fjørtoft la vekt på at det nynorske skriftspråket framleis var i støypeskeia, og han la vekt på den demokratiske dimensjonen i oppbygginga av ei norm: «[M]e held oss te Ivar so gott me kann, men korkje vil han, elde me, at han ska verte noken Kjeisar elde Pave, so me inkje skal faa Lov te aa 'prøve' aa leite ette dæ Rette. Me live daa inkje i Russland Gud skje Lov» (*Fram* 8.7.1871, etter Storm (1888:10)). På dette punktet var det likevel løysinga til Garborg som vann fram (V. Skard 1949:77 f). Med tanke på representativitet i eit korpus som skal dokumentere ein førstandardiseringsperiode, er dette ei ideell løysing. På denne måten femnar korpuset både om tekstar som ligg tett opp til den funksjonelle normalen i samtidia, Aasen-normalen, samtidig som det opnar for ei breidd av variasjon som speglar skriftvarietetane til bidragsytarar rundt i landet. Dermed fekk bladet den funksjonen å venje lesarar til å sjå og lese landsmål, sjølv om den skriftspråklege praksisen må seiast å vere nokså vid. Eit oversyn Dalhaug (1995) har utarbeidd, syner at det kom inn lesarstoff frå heile landet, sjølv om hovuddelen kom frå Austlandet og Vestlandet.

I 1880 var *Fedraheimen* den einaste landsmålsavisa i landet, og ho var saman med *Verdens Gang* og *Dagbladet* leiande i den politiske og kulturelle debatten i 1880-åra. Tingartalet utover i 1880-åra var rundt 1 500. Til samanlikning hadde *Dagbladet* på same tid snautt det dobbelte (Dahl 2010:2,117). Sjølv om tingartalet gjev ein viss indikasjon om utbreiinga av bladet, er det grunn til å tru at lesartalet var høgare. Dei økonomiske tilhøva i samfunnet og skort på litteratur, ikkje minst på landsmål, gjer at det er rimeleg å rekne med fleire lesarar per abonnement enn tilfellet er i dag.

I framstillingar om *Fedraheimen* har det blitt lagt mykje vekt på dei tre redaktørane Arne Garborg, Ivar Mortensson<sup>4</sup> og Rasmus Steinsvik. Dalhaug (1995:121) viser at avis fekk inn 865 lesarbrev i den perioden ho kom ut, og saman med notisar og anna stoff var det til saman tale om godt over tusen innsende bidrag (Grepstad 2010:45). På same måte som *Dølen* langt frå var eit einmannsføretak av Vinje, var heller ikkje *Fedraheimen* eit produkt av dei tre redaktørane aleine. Grepstad (2010:47 ff) nemner i tillegg til dei tre kjende redaktørane i alt ni andre personar som (med)redigerte avis. Geografisk dekkjer heimstadene til redaktørane mykje av Sør-Noreg, og sosialt var dei fleste barn av bønder og fiskarar, men hadde sjølv profesjonar som student, lærar, prest og byråkrat. Den skiftande redaktørrolla gjorde at *Fedraheimen* hadde utgjevarstad både i Kristiania, Fredrikstad, Tynset og Skien (Grepstad 2010:52).

Garborgs redaktørperiode strekte seg frå oppstarten hausten 1877 fram til utgangen av 1882<sup>5</sup>. Han hadde aviserfaring frå mellom anna *Tvedestrandsposten*, som han hadde sett i gang fem år tidlegare. Same året han starta opp *Fedraheimen*, gav Garborg ut programskriftet *Den ny-norske Sprøg- og Nationalitetsbevægelse*, der hans ideologiske ståstad og grunntankar kjem fram. Språket var eit nasjonalt kjennemerke som skulle løfte fram bonestanden både sosialt og politisk. Denne tankegangen farga òg den redaksjonelle profilen i *Fedraheimen*. I motsetning til *Dølen* kom *Fedraheimen*, noko som undertittelen «Eit Vikeblad aat det norske Folket» bar bod om, ut fast éin gong i veka, og i periodar òg to gonger i veka. Mykje av grunnen til den faste utgjevingstakta var etter Grepstad (2010) mogleg nettopp fordi fleire personar stod klare til å fylle redaktørstolen. Den opne linja kjenneteiknar særleg Ivar Mortenssons redaktørperiode. Grepstad (2010) har registrert ikkje mindre enn sju medredaktørar frå Mortensson tok over redaktøransvaret i 1883 og fram til han gjekk frå borde i 1889. Den mest kjende av medredaktørane var Mortenssons medstudent i teologi, Bernt Støylen. Ho som truleg er den første kvinna med redaktøransvar i ei

<sup>4</sup> Ivar Julius Mortensson (1857–1934) endra etternamnet til Mortensson-Egnund i 1918. Her blir berre namnet Mortensson brukt.

<sup>5</sup> Det er ikkje semje om sluttidspunktet for Garborgs redaktørperiode. Her er det Grepstad (2010) som ligg til grunn.

landsmålsavis, Ingebjørg Jore, slapp òg til i denne perioden. Tingartalet på slutten av Garborg-perioden minka faretrugande og blir sett i samanheng med Garborgs haldning i trudomsspørsmål. Ikkje overraskande tona teologen Mortensson ned Garborgs kyrkjecritikk, men elles blei den redaksjonelle linja lite endra med dette redaktørskiftet. Det betra likevel den økonomiske situasjonen til bladet ved at både annonseinntektene og tingartalet auka.

Rasmus Steinsvik hadde frå 1887 gjeve ut *Vestmannen* i Volda, men tingartalet var lite, så frå 1889 gjekk dette bladet inn i *Fedraheimen* med Steinsvik som redaktør og med Tynset som utgjevarstad. Allereie nokre år før Steinsvik tok over, hadde talet på tingarar igjen byrja å gå nedover, og Steinsvik klarte ikkje å snu trenden. Tvert imot køyrdde han bladet i grøfta ved å endre profil i samsvar med den nye undertittelen «Anarkistisk-kommunistisk organ». Sjølv om Steinsvik prøvde å ufarleggjere omgrepet anarkisme ved å definere og utdjupe kva han la i det, klarte han ikkje å halde på tingarane<sup>6</sup>. I tillegg gjekk *Fedraheimen*, særleg under Steinsvik, hardt imot Aasen-normalen i rettskrivingsspørsmål ved å argumentere for og praktisere ei meir ortofon norm. Slik blei bladet for marginalt og gjekk inn i mars 1891.

Landsmålskorpuset dekkjer i alt fire årgangar av *Fedraheimen*, nemleg 1877-, 1878-, 1882- og 1883-årgangen. Dei tre første av desse årgangane er i Garborgs redaktørtid, mens den siste årgangen fell saman med første året av Mortenssons redaktørperiode. Korpuset inneheld ikkje årgangar frå Steinsviks redaktørtid i *Fedraheimen*, men på den andre sida er Steinsvik representert som redaktør i 1895-årgangen av *Den 17de Mai*. Såleis er både tidbolken og aktørane godt representerte, språkleg sett.

---

<sup>6</sup> «Anarkismen vil ikkje seia anna enn ei Samfunnslære, som freistar å tryggje kvart Menneskje so mykje Fridom og Sjølvstende som mogeleg» (Steinsvik i *Fedraheimen* 1.3.1890).

## 2.6 Etter *Fedraheimen*

Lenge var *Fedraheimen* einerådande som landsmålsavis, men i 1887 hadde teologistudenten Kristen Stalleland i Grimstad fått nok av den anarkistiske linja og sette i gang bladet *Nordmannen* saman med Kjetil Kjilland. Det var ikkje berre i aviser og bøker landsmålet no tok til å bli synleg. Fleire initiativ blei tekne for å få i gang blad på det nye skriftspråket. Dei fleste av desse blada fekk eit heller kort liv, men nokre prega marknaden i lang tid, og somme gjer det til dels enno. Fleire av desse var blad for (og til dels av) barn og ungdom. Det gjaldt til dømes det frilyndte *Dag* (1885–1890), utgjeve av Marius Hægstad i Namsos, og Olav Schartums *Nora* (1885–1894). Ungdomsbladet *Unge Skud* kom ut på Nordfjordeid dei første åra frå 1893 og blei redigert av Lorentz Nybø. Som mange andre unge på denne tida var han i ferd med å lære seg det nye skriftspråket, og frå 1895 var mesteparten av bladet på landsmål. Frå 1897 blei bladet organ for Noregs Ungdomslag med namnet *Unglyden* frå 1899.

Det var ikkje berre avisar *Nordmannen* som såg dagens lys takk vere Stalleland dette året. For ettertida er han truleg best kjend som skiparen av *Norsk Barneblad*. Bladet kom ut i Grimstad under namnet *Sysvorti* (svarttrosten) same året, med undertittelen *Norskt Barneblad*. Frå 1894 stod berre undertittelen igjen som bladnamn, frå 1916 normert til *Norsk Barneblad*. Frå eit tingartal på berre 36 for første nummeret låg talet på mellom 11 000 og 14 000 i perioden 1916–1980. I dag er talet på rundt 3 000. Bladet, som er eitt av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut, byr på variert stoff for barn, mellom anna teikneserien *Smørbukk* og eiga ordskiftespalte. Det har vore skrivestad for fleire av dei fremste nynorskforfattarane opp gjennom åra.

Fleire miljø kom no på banen for å ta i bruk landsmålet, ofte som ein reaksjon eller eit svar på allereie etablerte tiltak. Presten i Volda, Johannes Barstad, meinte ungdommen tok skade på sjela av å lese radikale skrifter, jamvel om dei var på landsmål. Og dei fremste representantane for radikale landsmålsskrift var Garborgs og Steinsviks *Fedraheimen* som akkurat hadde teke opp i seg Steinsviks blad

*Vestmannen*. Med mottiltaket *Stille Stunder* (1889–) gjorde Barstad mykje for å bryte ned skepsisen mot landsmål i kristne miljø. Bladet var velsett både i teolog- og lekmannskrinsar og publiserte tekstar av folk som Bernt Støylen, Anders Hovden og Elias Blix. Saman med dei religiøse omsetjingane som allereie fanst på marknaden, bidrog *Stille Stunder* til å utvikle landsmålet som kyrkjespråk og til å tone ned oppfatninga av landsmål som eit radikalt og ukristeleg skriftspråk. Bladet kom i periodar annakvar veke og hadde ein tingartopp på rundt 4 000 i 1920-åra, mens talet i dag er om lag 2 400 tingarar.

Mot slutten av 1880-åra var det i alt seks landsmålsblad i Noreg. Det var *Fedraheimen*, *Nordmannen*, *Vestmannen*, *Firda*, *Dag* og *Nora*. I byrjinga av 1890-åra var det berre *Firda* med Mons Litleré som redaktør som heldt stand. Avisa *Firda* (*Firda- og Sygnafylkets Avis*) (1887–1893) var først vekeavis, men kom to gonger for veka frå hausten 1890 (Stegane 1987:95). Bladet hadde først dansk-norsk som redaksjonelt språk, men fekk etter kvart meir og meir stoff på landsmål, og frå 1890 blei det redigert på landsmål. *Firda* blei oppfatta som ei politisk og litterær avis og blei lesen av radikale også utanfor landsdelen. Redaktør og utgjevar var forleggjaren Mons Litleré. Bladet gjekk inn hausten 1893, då det hadde om lag 500 tingarar, truleg fordi skiftebruket med avis- og forleggjarverksemde kravde for mykje. Litleré ville heller bruke vekeutgåva av *Bergens Tidende – Fram* – som meldings- og reklamekanal for forlaget. *Fram* hadde dessutan rundt 2 000 tingarar lokalt i fylket (Stegane 1987:97).<sup>7</sup> Johs. Lavik og Rasmus Steinsvik arbeidde i kvar sin periode fast i avis. I 1892 kjøpte Litleré opp Kristiansands-avisa *Sæbyggen*<sup>8</sup>, etablert av tidlegare med-redaktør i *Fedraheimen*, Torgeir Bjørnaraa to år tidlegare, og slo ho saman med *Firda*.

<sup>7</sup> Etter Fasting (1968:76) var opplaget på *Fram* 4 000 hausten 1893, jf. Stegane (1987:97).

<sup>8</sup> I mars 1890 hadde *Sæbyggen* eit opplagstal på 1 400, jf. Stegane (1987:97).

## 2.7 Den 17de Mai (1894–1935)

Om Steinsvik blei kjend som han som styrte *Fedraheimen* fram mot stupet, fekk han etter kvart ei oppreising med *Den 17de Mai*. Frå eit opplag på rundt 2 000 etter oppstarten i 1894 auka tingartalet monaleg. Mot slutten av 1895 var tingartalet i underkant av 4 000. Medrekna laussal blei avisat truleg prenta i om lag 15 000 eksemplar i 1911. Då var det berre *Morgenposten* og *Aftenposten* av avisene i landet som hadde eit større opplag. Med tanke på at dei to største avisene hadde tyngdepunktet av tingarar i byane, mens *Den 17de Mai*, etter det redaktøren Steinsvik sjølv sa, hadde tingarar ved mest alle posthus i landet, var *Den 17de Mai* den reelle riksavisa i landet på denne tida (Grepstad 2010:59 f). Opplagstalet er interessant med tanke på kor mange som då fekk tilgang til nynorsk skriftspråk i samtid, men det gjev ikkje det heile og fulle biletet av lesarkrinsen. Opplagstalet seier òg noko om kva rolle *Den 17de mai* spelte i det offentlege ordskiftet. Det er ikkje kjent at tingarlister er bevarte, korkje for *Fedraheimen* eller *Den 17de Mai*, men Dalhaugs (1995; 1997) katalogisering av identifiserte lesarinnlegg gjev ein peikepinn om den regionale fordelinga av lesarane. Langt på veg samsvarar funna for *Fedraheimen* med funna for *Den 17de Mai*. Når ein i denne samanhengen skal måle kva normgjevande påverknadskraft desse avisene hadde, er lesarvanane i samfunnet viktige. Dalhaug (1997:24) peiker på at det ikkje var uvanleg at eit heilt bygdelag gjekk saman om eit abonnement. Dermed kan det vere rimeleg å fleirdoble lesartalet i forhold til tingartalet.

Men vegen fram mot ein leiande posisjon i den norske avisheimen var ikkje berre lett. Etter at Steinsvik hadde styrt både *Vestmannen* og *Fedraheimen* inn i avisdauden, kan det verke overraskande at han igjen hadde mot til å ta fatt på eit nytt avisprosjekt, og ikkje minst at han igjen fekk tillit av det miljøet han var heilt avhengig av. Truleg hadde det mykje å seie at Garborg igjen var sentral i prosessen fram mot nyetableringa, og han fekk frå starten ansvaret for det politiske stoffet i avisat. Etter fleire initiativ for å starte ei ny storavis på landsmål fekk Steinsvik til slutt aksept for

planane sine. Dei økonomiske utfordringane var også denne gongen store, og i tillegg til å annonsera aksjar til sals, drog han sjølv rundt i Sør-Noreg for å samle inn stor nok aksjekapital. Han la ein enorm innsats for dagen for at det nye skriftspråket framleis skulle vere godt synleg i avisverda.

I mangel av ein målorganisasjon spelte avisredaksjonane rolla som ein samlande instans for målrørsla og landsmålsbrukarane. Særleg var dette tilfellet med *Den 17de Mai*. Med kontor midt i hovudstaden blei redaksjonslokala eit samlingspunkt for alle som sympatiserte med målsaka. *Den 17de Mai* var partipolitisk knytt til Venstre, og avisat stod for ei liberal linje i politiske spørsmål og argumenterte mellom anna for oppløysing av unionen og for republikk i eit sjølvstendig Noreg.

Når det gjeld rettskriving, skulle redaksjonelt stoff i *Den 17de Mai* følgje norma i Garborg og Mortenssons lesebok (Garborg og Mortensson 1885). Det blei gjort klart allereie i aksjeinnbydinga til avisat. Då har Steinsvik med andre ord forlate den meir ortofone linja han brukte som redaktør dei siste åra i *Fedraheimen*. Overfor innsendarane hadde han eit liberalt språksyn og oppfordra til å la «bygdefargen» komme fram i lesarbidraga. *Den 17de Mai* skulle vere eit organ på landsmål, ikkje om landsmål. Steinsvik opna jamvel for innlegg på bokmål. Det liberale språksynet kom òg fram når han argumenterte for at også samane måtte ha same retten til eige språk som landsmålsforkjemparane (Dalhaug 1997:56).

Frå å komme ut tre dagar i veka dei første åra blei *Den 17de Mai* dagblad frå 1898. Etter ein ny økonomisk bølgjedal blei Steinsvik pressa til å forlate redaksjonen våren 1901, men allereie etter eit halvt år var han tilbake. Med nytt styre kom avisat igjen ut tre dagar i veka, med Steinsvik både som eigar og redaktør. Han styrte *Den 17de Mai* fram til han døydde i 1913. Det var tale om at *Gula Tidend* då skulle kjøpe opp avisat, men handelen blei stoppa av enkja etter Rasmus, Marta Steinsvik. Etter Steinsviks død heldt avisat på posisjonen som eit av dei leiande organa i norsk presse. Frå 1916 kom avisat igjen ut dagleg. Grunnlaget for ei partipolitisk nynorskavis forsvann utover i

mellomkrigstida og *Den 17de Mai* gjekk inn i 1935, men blei teken opp igjen som *Norsk Tidend* allereie same året.

*Den 17de Mai* er representert i korpuset med 1895-årgangen. Som det kjem fram i kapittel 5 om metode, utgjer likevel dette nær fjerdedelen av den totale tekstmassen i Landsmålskorpuset.

## **2.8 Syn og Segn (1894–)**

Blant leiande personar i landsmålsrørsla blei det tidleg klart at språket måtte vere synleg på alle arenaer i samfunnet der skriftspråket gjorde seg gjeldande. Mot slutten av 1800-talet hadde landsmålet allereie fleire tiårs historie som avisspråk, og fleire arenaer stod for tur. Det Norske Samlaget vedtok allereie på årsmøtet i 1872 å gje ut eit tidsskrift, og i 1894, same året som *Den 17de Mai* såg dagens lys, var første årgangen av *Syn og Segn* på marknaden. Også i dette prosjektet var Garborg sentral, først som redaktør saman med Rasmus Flo og Moltke Moe og seinare som ei viktig stemme i tidsskriftspaltene. Men det var filologen Flo som gjorde hovudarbeidet med tidsskriftet i ein periode då han òg var engasjert i arbeidet med den første nynorske rettskrivingsnormalen saman med Garborg og Hægstad (jf. kap. 3). Rytter (1968:230) peiker på at det var Flo som gjorde mesteparten av det redaksjonelle arbeidet med *Syn og Segn* dei første åra, og det var han som skreiv programartikkelen i første heftet. *Syn og Segn* kom ut med ti hefte i året heilt fram til 1980, og frå starten fram til 1950 låg tingartalet på omkring 1 100. Dette gjeld også åra før hundreårsskiftet (Grepstad 2015:tabell 15.2.2). I 1968 nådde talet på tingarar heile 13 400, mens det dei siste åra har lege på mellom 2 000 og 4 000. Det allmennkulturelle tidsskriftet dekte dei første åra ulike emne innanfor skjønnlitteratur, filosofi og livssyn, men allereie dei første redaktørane var opptekne av å utvide temaval til òg å omfatte emne som til dømes naturvitenskap og politikk og i tillegg vere ein arena for ordskifte. Eit viktig mål var å vise fram at landsmålet kunne brukast til å beskrive *alle* emne og

fagfelt i samfunnet. Stilidealet var å skrive nyskapande og pedagogisk for eit folkeleg publikum. Tidsskriftet har hatt ein leiande posisjon i utviklinga av nynorsk sakprosa og har fungert som modell og stilideal for nynorsk språkføring. Breidda i tema- og sjangerval kombinert med den sikre språkføringa førte til at *Syn og Segn* blei kåra til årets nordiske tidsskrift i 2010.

I Landsmålskorpuset er *Syn og Segn* representert med tre årgangar frå slutten av 1890-åra (1897, 1898 og 1899). Utvalet av årgangar utgjer eit tyngdepunkt mot slutten av førstandardiseringsperioden, med to av dei personane som kom til å spele ei viktig rolle i nemndarbeidet fram mot 1901-standariseringa i sentrale posisjonar. Dei tre årgangane utgjer til saman rundt 1 150 sider i omfang.<sup>9</sup> Ser ein på innhaldet, er det grovt sett delt i tre bolkar i alle årgangane: forteljingar og skildringar, vitskap og kultur og dikt. Når det gjeld kortprosaen, er rundt 25 ulike forfattarar representerte, og ein del kjende namn som til dømes Hans Seland, Vetle Vislie, Anders Hovden, Rasmus Løland og Arne Garborg er med. Utan omsyn til innhaltsbolk er lista over bidragsytarar særskilt dominert, men ei kvinne utmerkjer seg, nemleg Bolette C. Pavels Larsen (1847–1904). Ho var kjend som både forfattar, omsetjar og litteraturkritikar sist på 1800-talet. Mellom anna var ho tidleg ute med utgjevingar på sognemål, og det er nettopp to forteljingar skrivne på tillempa sognemål som er trykte i *Syn og Segn* 1899. Under overskrifta «Vitskap og kultur» er redaktøren sjølv, Rasmus Flo, ein flittig bidragsytar. Her finn ein også fleire tekstar av teologen og bibelomsetjaren Johannes Belsheim (1829–1909) og setesdølen Thorleif Homme (1852–1936). Han var som Belsheim utdanna teolog, men skreiv også basert på erfaringane sine frå studium i Amerika. Ein ung Halvdan Koht (1873–1965) debuterer også som offentleg skribent i *Syn og Segn* i denne tidbolken. Av forfattarar som fekk dikt på trykk, kan ein til dømes nemne Sven Moren og Anders Hovden, den siste mellom anna med hyllingsdiktet «Olaus Fjørtoft» (1897).

---

<sup>9</sup> Framstillinga av *Syn og Segn* byggjer på utgåva der hefta er bundne inn og gjennompaginert etter årgang. Det kjem ikkje klart fram i kva hefte dei ulike artiklane først blei trykte.

Som det vil komme fram i kapittel 3 om skriftnormalane, står redaktøren Rasmus Flo sentralt, ikkje berre som den første redaktøren for *Syn og Segn*, men også som medlem i tremannsnemnda som la fram 1901-normalen. Her utgjorde Flo og Garborg den tapande parten av nemnda som til slutt måtte ta til takke med at midlandsnormalen blei godkjend til bruk for elevar i skolen. Eit interessant spørsmål er då om språksynet deira har sett sitt preg på språket i tidsskriftet. Ein kvalitativ studie av desse årgangane av *Syn og Segn* kunne ha gjeve svar på korleis morfologiske variasjonar artar seg, men ein kunne likevel ikkje seie noko sikkert om i kva grad dette var eit resultat av redaksjonslinja til Flo. I analysekapittelet er det likevel kasta eit sideblikk til kjeldefordelinga med omsyn til val av ulike former, og det er kommentert dersom det har vore mogleg å sjå eit mønster i tendensane. I den nemnde programerklæringa i første heftet tematiserer ikkje Flo språk eller normspørsmål i det heile. Det gjer han derimot i ein kort tekst på berre to sider med tittelen «Norsk rettskriving» i eit hefte midt i 1897-årgangen. Her kjem det fram at redaksjonen i *Syn og Segn* fram til då har halde seg til norma bygd på Lars Eskelands bøker om rettskriving: *Norsk formlæra* (1892) og *Hjelpebok i norsk rettskriving* (1895), ei bok som forresten Flo sjølv hadde vore konsulent for. I begge desse bøkene tek Eskeland med -t i bestemt form eintal av inkjekjønnsord, men i eit tillegg sist i *Formlæra* signaliserer han kva som kjem til å komme. «Det er vandt aa skyna, at endekonsonantarne i *landet*, *funnet* og *kastad* er anna enn livlaus stas – som ingen stas er igrunnen» (Eskeland 1892a:26). Då han i 1897 kjem med ny utgåve av *Norsk formlæra* og i tillegg ei heilt ny *Norsk rettskrivingslæra aat folkeskulen*, har han late endekonsonanten fare både i bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huse*), i supinum av sterke verb (*fare*) og i supinum av a-verb (*kasta*). Den nemnde teksten til Flo i *Syn og Segn* 1897 er ei melding av Eskelands *Norsk rettskrivingslæra aat folkeskulen*. Flo syntest ikkje overraskande at boka var «eit lite meisterverk i sitt slag» og gjorde det samstundes klart at redaksjonen kom til å følgje Eskeland i dei rettskrivingsendringane han gjorde i 1897, men likevel vente til neste årgang før dei tok dei nye reglane i bruk. Det mest konkrete argumentet Flo fører for denne endringa, er at den

nye rettleiinga i boka til Eskeland er den som for tida er «best laga til aa samla vaare maalskrivarar um seg». Eit lett synleg signal om den nye linja finn ein på tittelbladet i 1898-årgangen, der forlagsnamnet er skrive utan -t (Det Norske Samlage). Denne skrivemåten er gjennomført i dei tre årgangane mellom 1898 og 1900, mens namnet både før og etter er skrive Det Norske Samlaget. Når det gjeld graden av redaksjonelle inngrep i språket elles, indikerer ei overflatisk undersøking av tekstane at den nye praksisen stort sett er gjennomført, men ein mann som Marius Hægstad får halde på endekonsonantane i artikkelen sin i 1899-årgangen om opphavet til det norske folkemålet. Sjølv om Flo avsluttar meldinga av Eskelands rettskrivingsrettleiing med eit ønske om at det no må bli ro rundt rettskrivinga i landsmålet, går det altså ikkje meir enn tre årgangar før han er tilbake til skrivemåten med ståande -t i bestemt form eintal av inkjekjønnsord. Ei kort forklaring på denne snuoperasjonen får vi i endå ei bokmelding av Flo, denne gongen ei melding av Matias Skards *Landsmaalordlista med rettleiding um skrivemaaten*, som blei publisert i eit hefte i 1901 under den faste vignetten «Bøker» (eller «Boksjå»). Det dreier seg altså om nettopp det bokverket som fekk rolla som offisiell versjon av 1901-normalen, dvs. Hægstad-normalen. Flo er så lojal mot vedtaket om å bruke Hægstads utforming av landsmålet i alle lærebøker på landsmål i skolen at han også vil gjennomføre denne normalen i *Syn og Segn* sjølv om vedtaket strengt teke ikkje la føringar på språket i eit tidsskrift. Sjølv om noko av det Flo skriv, tyder på at han ikkje er fullnøgd med resultatet, avsluttar han meldinga på denne måten:

*Fraa og med dette nummer vil daa «Syn og Segn» halde seg til denne skipnaden, soleis at det i det heil[e] fylgjer den skrivemaaten som no er vedteken til vanlegt bruk og samstundes gjev rom for skrivemaaten etter midlands maalet, for deim som ynskjer aa fylgja den. Andre avbrigde i den vegen trur me daa ikkje det skulde vera turvande for nokon aa hava, utan so ein vil hava eit og anna heilt paa bygdemaal (Syn og Segn 1901:336).*

## 2.9 Skjønnlitteratur

Fram til 1860-åra er norsk litteratur ein integrert del av den danske litteraturen. Det fanst få norske forlag, men landsmållitteraturen måtte komme ut på norske forlag. Ingen danske forlag ville ta sjansen på å forlegge bøker for ein så liten og usikker marknad. Dessutan ville slike utgjevingar vere med på å undergrave marknaden for den dansk-norske litteraturen og slik sett truge ein del av sitt eige eksistensgrunnlag.

Med unntak av førsteutgåvene til Aasen og Vinje var det Det Norske Samlaget og Vestmannalaget som i byrjinga stod for utgjevinga av det som fanst av landsmållitteratur. Både Samlaget og Vestmannalaget arbeidde for å skape ein litterær tradisjon på landsmål. Det Norske Samlaget blei lenge oppfatta som hovudsamskipnad for alt målarbeid. Institusjonen fekk statsstøtte i form av stortingsløyingar til ymse tiltak, først og fremst bibelutgjevingar og lærebøker. Det siste var særleg aktuelt etter den nye skolelova av 1892 som tillét skolestyra å velje opplæringsmål for elevane. Samlaget er omtalt som noko defensivt med omsyn til bokutgjevingar den første tida, men blir ein viktig kvalitetsberar og fornyar med utgjevinga av *Syn og Segn* frå 1894. Dei viktigaste utgjevingane til Samlaget var bibelomsetjingane, islendingesoger og ein del historiebøker. I 1887 stod Samlaget bak to utgjevingar av Sivle, og etter kvart også ein del skolebøker.

Når det gjeld institusjonar og personar som var viktige for litteratur på landsmål i denne første perioden, må, i tillegg til Det Norske Samlaget, også Mons Litleré (1867–1895) nemnast. Bokhandlaren, forleggiaren og redaktøren Litleré blei berre 28 år gammal, men rakk likevel å gje ut 115 titlar, og ein stor del av dei var på landsmål. Stegane (1987:98) skriv om Litleré at hovudmålet hans var heile tida «å byggje ut eit berekraftig produksjonsapparat for landsmållitteratur». Litleré var kommisjonær. Å ta bøker i kommisjon vil seie at forfattaren sjølv kosta produksjonsutgiftene knytte til boka, mens kommisjonæren stod for distribusjon og sal. Dei vilkåra Litlerés verksemd skapte for utviklinga av den norske landsmållitteraturen, var i det heile progressiv i samtidia (Stegane 1987:100). Litleré var ein av fleire i landsmålsrørsla som såg verdien

av den folkelege, munnlege forteljartradisjonen, og det var i hans regi at eit knippe stubbe- og skrøneforteljingar blei gjevne ut som prosasamlinga *Smaastubbar* (ca. 1886–1893). Opplagstalet er ikkje kjent, men bøkene gjekk for å vere lettselde. Per Sivles *Vossa-Stubba* frå 1892, som utgjorde heile åttande samlinga, er kanskje den mest kjende. To år seinare kom Sivles *Nye Vossa-stubbar*, men denne gongen på Hydle & Co. forlag. Dette føretaket eksisterte mellom 1894 og 1902 og gav ut ni landsmålsbøker i alt. Litleré sökte om medlemskap i Den Norske Boghandlerforening for å kunne omsetje bøker under betre vilkår. Det fekk han takk vere forlegginga av bøkene til Garborg, ikkje minst titlane *Hjaa ho Mor* (1890) og *Fred* (1892) (Stegane 1987:103).

Nettopp Arne Garborg (1851–1924) er med og utviklar den moderne, seriøse norske romanen i same perioden som landsmålet blir til. Garborg er omtalt som ein av dei mest allsidige talenta i norsk litteratur, med ei særleg stor breidd i litterær produksjon som omfattar romanar, lyrikk, drama, essay, journalistiske artiklar og monografiar (Andersen 2001:259). *Ein fritenkjar* var ein av dei første romanane på landsmål og står som eit godt døme på korleis litteraturen blei gjord tilgjengeleg for lesarane i tidsperioden. Denne teksten blei først trykt i *Fedraheimen* i 1878, og er dermed ein del av Landsmålskorpuset, før han kom i bokform i 1881. Garborg tematiserer ein aktuell strid i samtida der eit religiøst, idealistisk orienteringsgrunnlag står mot tankeformer i den nye, moderne tida. Han er sjølv sagt viktig i denne samanhengen som premissgjevande skjønnlitterær tekstprodusent, men han er òg ein sentral aktør gjennom sitt virke som medlem i nemnda som la fram 1901-normalen for landsmålet, saman med Rasmus Flo og Marius Hægstad. Gjennom framstillinga i nemnddokumenta *Framlegg* og *Tillegg* kan ein ane at synspunkta til diktaren har vege tungt, sjølv om det var Hægstads framlegg som vann fram til slutt. Sjølv om det er Flo som står som utgjevar av grammatikken *Midlandsmaal* i 1906, har namnet til Garborg ein sentral plass på tittelbladet (*Midlandsmaal. Etter framlegge fraa rettskrivningsnemndi i 1899 ved Arne Garborg*). Som det kjem fram i utgreiinga om avisar *Fedraheimen* og tidsskriftet *Syn og Segn*, var Garborg ein sentral aktør i

begge desse landsmålstiltaka og står truleg bak ein stor del redaksjonell tekst der namnet på skribenten ikkje er nemnt. Som det kjem fram i gjennomgangen av skolebøker, er Garborg også representert i korpuset som medredaktør av *Lesebok for høgre skular*. I det heile må Garborg seiast å vere ein mann som sette sitt tydelege preg på utviklinga av landsmålet før 1901 ved å vere aktør på fleire frontar i landsmålsrørsla.

Johan Eberhard Nielsen (1827–1916) var utdanna jurist og var embetsmann, som faren. Men det var målsak og segnutgjevingar som var hjartesakene hans. Nielsen var sentral i Det Norske Samlaget frå byrjinga, og den kanskje viktigaste boka hans, *Søgnir fraa Hallingdal* (1868), blei Samlagets første utgjeving. Her var han tru både mot forteljarstilen og hallingmålet, og boka representerer noko nytt i tida med folkeminnesamlingar på dialekt, sjølv om det nok også snevra inn lesarkrinsen. Nielsen orienterte seg også vidare ved å spreie kunnskap om verdshistorie og klassisk gresk kultur. Anonymt gav han ut *Gamla Sogor um Hellas og Persarriket* (1870), og det er med denne omsetjinga Nielsen er representert i Landsmålskorpuset.

I ein gjennomgang av litteraturen på landsmål før 1901 må Elias Blix (1836–1902) og utgjevinga *Nokre Salmar* (1891) nemnast særskilt. Blix publiserte salmane i fleire omgangar, dei første gongene anonymt. Det første heftet med salmar kom på Samlaget i 1869 og eit tredje i 1875, heile tida med ein stadig større del originale salmar ved sida av dei omsette. I 1883 kom dei tre hefta ut samla, men Blix heldt fram arbeidet med salmane slik at det i 1891 var klart for fjerde utvida utgåve av *Nokre Salmar*, no med i alt 150 salmar. Blix var også viktig i arbeidet med omsetjinga av *Bibelen* til landsmål, men det er først og fremst som salmediktar han blir hugsa. Salmeheftet til Blix var viktig ved at det medverka til ei fornorsking av uttrykksmåten og biletbruken. Allereie året etter den fjerde utgåva blei *Nokre Salmar* autorisert slik at samlinga kunne brukast i Den norske kyrkja.

Kristofer Janson (1841–1917) er representert i korpuset med tre titlar. Janson var utdanna teolog, men samstundes ein mykje lesen forfattar i samtida. Han fekk til

dømes diktarløn frå staten i 1876 samtidig med Ibsen, Bjørnson og Lie (*Norsk biografisk leksikon*). Janson kom frå ein rik handelsfamilie i Bergen, men eit sosialt engasjement for småkårsfolk og bønder gjorde at han i ein lang periode interesserte seg for målsak og skreiv på landsmål. På grunn av liberale teologiske synspunkt fall han etter fleire år som lærar på Christopher Bruuns folkehøgskole i unåde. Etter ein forelesingsturné i USA blei han ordinert som prest i unitartrussamfunnet i Chicago, og han gav avkall på diktarløna i Noreg. Janson kom heim frå Amerika i 1893 og heldt fram den teologiske verksemda si, mellom anna ved å grunnlegge ei unitarkyrkje og gje ut salmebok. Janson er representert i korpuset med tre romanar frå 1870-åra (*Torgrim* (1872), *Fraa Island* (1874) og *Den bergtekne* (1876), jf. kapittel 5). Holen (1985:4) omtalar språket til Janson som konsekvent i former og rettskriving og ikkje spesielt arkaisk i stilten.

Mykje av landsmållitteraturen, i alle fall frå 1890 og framover, har vore knytt til omgrepet heimstaddikting. Det var denne episke prosaen med rot i det norske bygdesamfunnet som var viktig for ein produktiv forfattar som Jens Tvedt (1857–1935). Forfattaren frå Kvinnherad i Sunnhordland skildrar varsame og veike menneske «i ein vestlandsfjord med sine mange dalsøkk» (Midttun 1927:244). Viktige personar i persongalleriet er oftast bønder eller folk av bondeætt, og slik sett kan ein dra parallelar til Bjørnsons bondeforteljingar. Tvedt tilfører likevel noko nytt med eit kritisk blikk på sosiale forskjellar i fleire av bøkene sine. Dei bøkene som kom ut før romanen *Vanheppa* (1891), som høyrer til Tvedts viktigaste romanar, gav han ut sjølv, men denne boka kom på Litlerés forlag. Midttun (1927:256) legg vekt på at Tvedt har klart å fange det munnlege folkemålet frå sitt distrikt, men han greier å skape eit einskapleg landsmål av det.

Barnebokpioneren Rasmus Løland (1861–1907) er ein av dei forfattarane som er representert indirekte i Landsmålskorpuset ved å ha hatt tekstar på trykk i aviser eller tidsskrift. Han debuterte med novellesamlinga *Folkeliv* i 1891, men hadde allereie hatt tekstar på trykk tidlegare, særleg i *Fedraheimen* (Drange 2007:55 f). Løland var

øg nær knytt til *Den 17de Mai* ved at han var redaksjonsmedarbeidar i avisa i to periodar. Frå 1896 hadde han eit spesielt ansvar for utanriksstoffet, men han skreiv øg om andre emne. Etter eit opphold på grunn av ein konflikt med Rasmus Steinsvik kom han tilbake igjen for ein kortare periode hausten 1898, og hadde seinare ei lausare tilknyting til avisa. Ifølgje eit oversyn over dei største bidragsytarane i *Den 17de Mai* i perioden 1894–1907 i *Språkfakta 2015* var Rasmus Løland den niande største bidragsytaren med 197 artiklar på trykk i perioden (Grepstad 2015:tabell 15.9.9). I biografien om Rasmus Løland kjem det fram at Løland var både språkinteressert og -medviten, og Drange viser såleis mellom anna til at Løland skulle skrive ei språkspalte i ungdomsbladet *Unge Skud*, men det blei berre med eitt innlegg i 1897 (Drange 2007:358). Elles har Drange påvist at Løland støtta seg mykje til dei omtalte rettskrivingsrettleiingane til Lars Eskeland, *Hjelpebok i norsk rettskriving* (1895) og *Norsk formlæra* (1894) (Drange 2007:360). Ei overflatisk jamføring av ein tekst av Løland i *Syn og Segn* 1899 med ein versjon som blei gjeven ut som ei av forteljingane i *Det store nashorne* (1900), viser ingen store språklege (eller andre) endringar mellom dei to versjonane. Særtrekk som ein legg merke til, til dømes manglande *-t* i bestemt form eintal av inkjekjønnsord, er i Lølands tilfelle ikkje eit resultat av Flos redaksjonelle linje, men heller uttrykk for Lølands eigne normval.

Også ein forfattar som telemarkingen Vetle Vislie (1858–1933) er representert i Landsmålskorpuset gjennom trykte tekstar i sekundære organ, særleg *Syn og Segn*. Parallelt med utgjevinga av dei to siste binda av Vinjes skrifter (1889 og 1890), debuterer Vislie med dramaet *Utan hovding* i 1889. Det er eit historisk drama, men tittelen spelar på at partiet Venstre mista høvdingen sin då Johan Sverdrup blei moderat og mista mykje av autoriteten i konflikten med den radikale delen av partiet (Eggen 1928:296). Etter endå eit drama (*Fru Gerda*, 1890) og eit kort mellomspel med blada *Tyrihans* og *Urædd* fann Vislie seg betre litterært til rette med episke forteljingar som *Heldøla* (1895) og gjennombrotsboka *Solvending* (1897), som skildrar motsetnader i mannspersonen Hein. I 1890-åra hadde Vislie òg fleire korte prosa-forteljingar på trykk i *Syn og Segn*. Den første, «Gasten», blei trykt i årgangen frå 1895, og i korpusutvalet er han representert med to tekstar frå 1898. Vislie var, som

Løland, ein ivrig leverandør av tekstar til avisene. I oversikta til Grepstad (2015:tabell 15.9.9) kjem det fram at Vislie hadde 107 artiklar på trykk i *Den 17de Mai* i perioden 1894–1907.<sup>10</sup> Ein av tekstane i 1897-årgangen av *Syn og Segn* er eit utdrag frå romanen *Solvending*, som kom ut same året. Boka fell i tre delar, og utdraget utgjer tredje kapittelet i den tredje og siste delen, som har tittelen *Trollver*. Samanliknar ein språket i Cammermeyers førsteutgåve av *Solvending* med språket i utdraget i *Syn og Segn*, ser ein at det berre er grafiske skilnader som gjer seg gjeldande. I bokutgåva er det gjennomgåande brukt stor førebokstav i substantiv, og i nokre få einskildord varierer skrivemåten mellom særskriving og samanskripling (til dømes *nokonstad* vs. *nokon stad*).

Hans Seland (1867–1949) frå Nes i Vest-Agder (i dag Flekkefjord kommune) var ein ruvande forfattar i den første generasjonen av landsmålsskrivarar. Han skreiv innanfor mange sjangrar og gav ut over 50 bøker, fleire i store opplag. I ein periode då han budde i Bergen, kom han i kontakt med Mons Litleré og hjelpte til med bladet *Firda (og Sygnafolkets Avis)*, også som medskribent (Midttun 1949:390). I 1893 reiste han til Kristiania for å bli redaksjonssekretær i bladet *Nordmannen*, før han seinare flytta heim igjen (Arne 1966:30). Det var elles dette bladet som var med på å gjere Seland til målmann (Seland 1931:21). Seland var like mykje omreisande forteljar som skrivande forfattar, og denne aktiviteten var nok òg med på å auke salet av bøkene hans. Han debuterte i 1890 med ei samling dikt, *Ungdom. Espen sine songar*, men hadde større gjennomslag med samlingane med episke kortforteljingar. Fleire av dei forteljingane som er trykte i *Syn og Segn* i 1890-åra, er samla i *Seiande segner. Um folk og hendingar etter Søren Lande og andre truverdige sogumenn* (1900). Også Seland var bidragsytar i fleire landsmålsblad, i tillegg til *Nordmannen* der han arbeidde ei tid. Grepstad (2015:tabell 15.9.9) viser at Seland mellom anna hadde 85 artiklar på trykk i *Den 17de Mai* i perioden 1894–1907. Ei kort kvalitativ jamføring av forteljinga «Levebrødspolitikk» i *Syn og Segn* 1897 med versjonen i samlinga som blei gjeven ut på Olaf Norlis forlag tre år seinare, viser at -t står i bestemt form av inkjekjønnssord (*hovudet*) i *Syn og Segn*-versjonen, mens endekonsonanten har falle i

---

<sup>10</sup> Kor mange av desse artiklane som fell i 1895-årgangen, er uvisst.

1900-versjonen.<sup>11</sup> Undersøkjer ein tidlegare og seinare utgjevingar av Seland når det gjeld bøyingsmorfemet i bestemt form eintal av inkjekjønnsord, finn ein til dømes *kjøkene* i *Trældoms kaar* (1896), men *ordet* i *Bygdefolk* (1907), så i det høvet har Seland tydelegvis endra norma over tid.<sup>12</sup>

Innslaget av skjønnlitteratur i avisene i denne perioden er allereie nemnt. Det er vanskeleg å få fullt oversyn over omfanget, men ser ein til dømes berre på ein omsetjar som Marta Steinsvik, hadde ho ei rad med omsette bøker på trykk i *Den 17de Mai* etter det som kjem fram i oversikta til Aure (1916). Det er uvisst om Aure (1916) er ei uttømmande liste, men berre fram til og med 1900 hadde Marta Steinsvik i alle fall sju omsetjingar på trykk. I bokform utgjer desse bøkene aleine over 2 300 sider.

## 2.10 Korpustekstane som spegel for det tidelege landsmålet

Står ein i 1901 og skodar bakover, ser ein ein heller liten og kort nynorsk skriftmåls-tradisjon der landsmålet ikkje heilt har funne seg sjølv som skriftspråk (Stegane 1987:74). Som ein statusrapport for landsmålet rundt 1900 peiker Grepstad (2010:22) på at landsmål var undervisningsspråk for nær 20 000 elevar i om lag 50 kommunar, var administrasjonsspråk i nokre få kommunar og at nær 100 kyrkjesokn hadde teke i bruk landsmålssalmene til Blix. På same tid hadde det komme ut rundt 600 bøker på landsmål når ein reknar med både skjønnlitteratur og saklitteratur. I ein artikkel i *Fedraheimen* 9. september 1885 freista forleggjaren Olaf Huseby å talfeste salet av bøker. Etter dei tala han gjev opp, stod landsmålsbøkene berre for 2 promille av den samla årlege omsetninga. Derimot var situasjonen ein annan når det gjaldt aviser. I dei beste periodane var skilnaden liten når ein samanliknar opplagstala til

<sup>11</sup> Når det gjeld den andre forteljinga av Seland i 1897-årgangen av *Syn og Segn*, «Ein bygdekloking», avslører ei jamføring at sterke hokjønnsord fekk a-ending i bestemt form eintal (*sola, bygda, lusa*) i denne historia, mens dei har i-ending då forteljinga kom i bokform i 1900. Jamfører ein med tidlegare og seinare utgjevingar av Seland, som *Trældoms kaar* (1896) og *Bygdefolk* (1907), ser det ut til at i-ending i bestemt form av sterke hokjønnsord er den vanlege forma. At dei sterke hokjønnsorda har fått a-ending i *Syn og Segn*-versjonen av «Ein bygdekloking», er overraskande. Denne bøyingsendinga var ikkje inne i nokon av dei aktuelle normalane.

<sup>12</sup> I *Stavebok med lesestykke for skule og heim* (1908) skriv Seland -et i bestemt form av inkjekjønnsord.

*Fedraheimen* og *Den 17de Mai* med aviser som blei redigerte på dansk-norsk, som til dømes *Aftenposten* og *Morgenbladet*. Såleis var landsmålet meir utbreidd i media enn på andre samfunnsområde. Når ein i tillegg legg den kollektive lesetradisjonen i samfunnet til grunn, sjølv om den nok òg til ein viss grad vil gjelde for alle typar litteratur, er det rimeleg å rekne med at landsmålsavisene var viktige i prosessen med å venje folk til i første omgang å lese og dernest å skrive landsmål, og på den måten kunne få noko å seie for standardiseringa av landsmålet i den grad standardiseringa tok omsyn til usus.

Som første kommune tok Bygland i Aust-Agder i bruk landsmål allereie i 1890, men skiftet gjekk heller tregt dei første åra. Rundt 1900 var det berre 24 kommunar som hadde valt landsmål som opplæringsmål i skolen. Det var først etter hundreårsskiftet at utviklinga skaut fart og nådde toppen i 1944. Då hadde rundt 34 prosent av folkeskoleelevarane i landet landsmål som opplæringsmål (Lien 1981:356 f). I 1890-åra blei det gjeve ut fleire lærebøker i landsmål enn nokon gong tidlegare, ikkje minst var Lars Eskelands grammatikk og rettleiingar i rettskriving viktige. Denne utviklinga understrekar minst to sider ved skriftspråksutviklinga: Ein innser og godtek at skrivepraksisen blant lekmenn, forfattarar, avisredaksjonar og forlag er ustø, og at den som vil lære og bruke landsmål som skriftmål, treng pedagogiske hjelpemiddel i form av grammatikkoversyn og rettleiingar. Ikkje minst var dette den logiske utviklinga når landsmålet blei opplæringsmål i skolen.

Sjølv om bøker for skolebruk opplagt spelar ei viktig rolle for å venje nye generasjonar til å lese og skrive eit nytt skriftspråk, hadde ikkje skolebøker like mykje å seie for etableringa av ein usus med tanke på standardiseringa i 1901. For store delar av den skrivande generasjonen som verka i tiåra før 1900, var skolebøker på landsmål ein utopi. Ingen av dei som skreiv landsmål på denne tida, hadde fått opplæring i skriftspråket på skolen, og for folk som hadde fått lese- og skriveopplæringa si på dansk-norsk, tok det tid å venje seg til eit nytt skriftspråk. Slik sett fekk generasjonen som byrja skolegangen etter at jamstillingsvedtaket frå 1885 blei implementert i

skolane, ei lettare ferd fram mot landsmål som eit internalisert skriftspråk. I ein viss forstand kunne lesebøker for skolen likevel spele ei rolle i utforminga av skriftspråksnorma ved at dei fekk ekstra tyngd gjennom sin status som offisiell skolebok. Det klaraste dømet på det ser ein i tilfellet med leseboka til Garborg og Mortensson, som blei peikt ut til å vere éi av fem normgjevande bøker for landsmålet i skolen. I alle høve kan dei ulike landsmålpublikasjonane i stor grad oppfattast som øvingsmark for skribentane. Også kompetente skribentar trong øving for å lære det nye språket. Med tanke på dei små opplagstala til dei bøkene som kom ut før 1901, og dei sosiale og økonomiske tilhøva i samfunnet generelt, er det òg rimeleg å legge større vekt på avisspråket som normdannar. Aviser som *Fedraheimen* og *Den 17de Mai* skulle tene til å gje det nye skriftspråket ei funksjonell form, og med den språkleg liberale linja som blei følgd i desse avisredaksjonane, gav dei rom for ein språkleg variasjon som speglar oppfatninga til skriftmålsbrukarane om korleis landsmålet skulle sjå ut.

Denne gjennomgangen av tekst publisert på landsmål før 1901 viser at dei mest sentrale tekstopplagene er representerte i korpuset gjennom tekstar både i *Fedraheimen*, *Den 17de Mai* og *Syn og Segn*. I tillegg er dei to lesebøkene i korpusutvalet med på å sikre god representasjon av dei førande landsmålsforfattarane som var verksame før 1901. Innhaltsprofilen til både *Fedraheimen* og *Den 17de Mai* gjorde at mykje skjønnlitteratur kom på trykk i avisene som føljetongar. Det gjaldt både omsett litteratur og nyskriven norsk litteratur. At fleire av dei mest sentrale landsmålsskrivarane i perioden òg var engasjerte samfunnsdebattantar som ofte ytra seg gjennom kanalar som er del av Landsmålskorpuset, er oppagt ein føremon i denne samanhengen. Grepstad (2015:tabell 15.9.9) gjev eit godt bilet av kva for sentrale landsmålsstemmer som kom til orde i *Den 17de Mai* i ein viktig del av den perioden som blir undersøkt i dette arbeidet, og i kva grad dei kom til orde. Tabellen byggjer på Dalhaug (1997), som har registrert alle skrivaranne med meir enn 25 signerte tekstar på trykk. Desse tekstane utgjer til saman 67 % av heile tekstmengda i *Den 17de Mai* i perioden 1894–1907. Dette talet fører oss til ein annan viktig føremon ved å sjå på avisar som uttrykk for korleis landsmålet faktisk

blei skrive i perioden før 1901: Her finn ein nemleg også alle dei andre stemmene, representantane for dei som *ikkje* lever av å skrive eller i alle fall ikkje har det å uttrykkje seg i skrift som ein viktig del av arbeidet sitt. Slike skrivarar, som kan seiast å representere den jamne avislesar, er det større sjanse til å finne gjennom avisene enn det vil vere i tekstar som er publiserte gjennom forlag. Som det kjem fram i kapittel 5 om metode, viser ei undersøking av geografisk spreiing blant forfattarar av lesarinnlegg i *Den 17de Mai* i Dalhaug (1997) at mykje av Sør-Noreg er dekt. På denne måten kan avisene også vere ei betre og sikrare kjelde når det gjeld å få skrivarar frå alle delar av landet representerte i korpuset. Sjølv om eit liknande oversyn som det Dalhaug (1997) har utarbeidd for *Den 17de Mai*, manglar for *Fedraheimen*, er det rimeleg å gå ut frå at mange av dei same mekanismane gjorde seg gjeldande i den avisas øg. Som skriftmål er landsmålet framleis i støypeskeia rundt 1900, og det er avgrensa til relativt få publikasjonskanalar. Det er slik sett godt høve til å påverke ymse sider av kulturen, også skriftnorma. Etter Stegane (1987:75) var publikasjonskanalar som *Den 17de Mai* og *Syn og Segn* best eigna til å gjere dette.



# 3 Skriftnormalar

---

I dette kapittelet står termen *skriftnormal* (eller berre *normal*) sentralt. Termen blir nærmere diskutert i kapittel 4 om teori. Her skal vi berre referere den definisjonen diskusjonen munnar ut i. Ein skriftnormal er ikkje berre ein (ufullkommen) måte å notere eit talespråk på, men eit eige utbygd språk med eit eige sett normer som dannar system som prinsipielt er uavhengige av talemålet, jf. 4.3.

Her skal vi sjå nærmare på dei tre normalane som det har vore naturleg å samanlikne med usus i perioden 1870–1900: Aasen-normalen, Hægstad-normalen og midlands-normalen. Sjølv om desse normalane kom til på ulike tidspunkt og ikkje hadde same status, er dei likevel nyttige referansepunkt for å seie noko om preferansane til skrivarane i samtida. Ein av modellane som blir brukte for å visualisere fordelinga av bøyingsendingar i ein bestemt grammatisk kategori, er eit triangel der den uoffisielle Aasen-normalen, Hægstad-normalen og den alternative midlandsnormalen utgjer ytterpunkta. Med verdiar for utbreiing av bruken av dei ulike bøyingsendingane dannar det seg eit bilet av kvar tekstane kan plasserast i forhold til normalane. I dette kapittelet blir særleg bakgrunnen for normalane og innhaldet i dei diskutert.

## 3.1 Aasen-normalen

I dette arbeidet blir det ofte referert til Aasen-normalen. Dette omgrepet må utdjupast fordi det ikkje utan vidare er sjølv sagt korleis ein slik normal ser ut. Etter 400 år i union med Danmark der styringsmakta etter kvart blei samla hos kongen og det danske riksrådet i København, var det dansk som var skriftspråket i Noreg. Med unionsoppløysinga i 1814 kom spørsmålet om sjølvstendig nasjon og eige skriftspråk opp, og saman med pedagogiske argument blei dette grunnlaget for ideen om eit eige norsk skriftspråk. Gjennom ei samanliknande granskning av dei norske dialektane, som Aasen påviste var direkte nedarva frå gamalnorsk, skapte han eit nytt norsk

skriftspråk som hadde dei norske dialektane som grunnlag. Dialektane, i allfall dei som stod gamalnorsken nærest, hadde bevart både dei grammatiske og leksikalske formene i det gamle språket, og som uttrykk for eit felles norsk språk eigna dei seg derfor godt som basis for eit nytt norsk skriftspråk trass utviklinga dialektane hadde gjennomgått etter norrøn tid. Allereie som 23-åring sette Aasen desse tankane på papiret i forskings- og reformprogrammet «Om vort Skriftspråg» (Aasen 1909), og seinare realiserte han prosjektet ved å samle empiri på innsamlingsferder i 1840-åra og publisere resultata i form av ein grammatikk og ei ordbok kort tid etter.

Som det er peikt på i kapittel 4, hadde Aasen ein kumulativ arbeidsmetode der han byrja granskninga med sitt eige heimemål, sunnmørsmålet, for deretter å utvide og korrigere framstillinga etter kvart som han arbeidde seg gjennom landet (Indrebø 1951:430). På den måten fekk vestlandsmåla mykje å seie i utforminga av normalen jamvel om Aasen sjølv understrekar at han ikkje vil framheve ein einskild dialekt, men at det nye skriftspråket skulle byggje på eit tenkt sams utgangspunkt for alle dialektane (Aasen 1909).

Aasen gav ut fleire utgåver av oversiktene over landsmålet. Både grammatikken frå 1848 (*Det norske Folkesprogs Grammatik*) og ordboka frå 1850 (*Ordbog over det norske Folkesprog*) kom i reviderte utgåver. Grammatikken kom på ny i 1864 med tittelen *Norsk Grammatik*, mens ordboka følgde etter i 1873 med titteljustering i same lei: *Norsk Ordbog*. Førsteutgåvene kan saman med *Prøver af Landsmaalet i Norge* (1853) reknast som utkast, mens andreutgåvene dannar grunnlaget for den endelege landsmålsnormalen slik han såg ut frå Aasens hand. Det er altså tale om ei utvikling i Aasens normal over ein 25-års periode, der fleire forskrarar peiker på andreutgåva av grammatikken og ordboka som den endelege forma av normalen (t.d. Haugen 1968:27). Særleg i kapittel 6, analysedelen, er det ofte sett opp korleis dei ulike grammatiske kategoriane såg ut hos Aasen. I desse tilfella er det Aasens eiga oppstilling i *Norsk Grammatik* som ligg til grunn, eventuelt supplert med informasjon frå *Norsk Ordbog* i dei tilfella grammatikken ikkje gjev direkte svar.

Viktige skilnader frå førsteutgåva til andreutgåva av ordboka og grammatikken er at andreutgåvene er omarbeidde og utvida slik at dei er meir geografisk dekkjande enn førsteutgåvene. Når det gjeld ordboka, er det særleg tilfang frå Østfold, Nordland frå Salten og nordover, Sunnfjord, Ryfylke og Vest-Agder som har komme til. Denne

utvidinga, i tillegg til sterkare sjølvkjensle for prosjektet generelt, var med på å underbygge utviklinga frå nemningar som *det norske almuesprog* via *folkesprog* til kort og godt *norsk*. I førsteutgåva av grammatikken er målføreformene for kvar kategori sette opp i eit system med den fullaste forma først utan at Aasen har sett opp framlegg til kva forma burde vere i skriftnormalen. Ordboka frå 1850 representerer eit steg vidare på vegen mot ein standard i og med at oppslagsformene i større grad fekk ein slik status, men også her var det viktigare for Aasen å leggje fram materialet enn å forme ut ein normal. Det var først etter 1850 han for alvor byrja å utarbeide ein skriftnormal. Etter eit par mindre døme kom *Prøver af Landsmaalet i Norge* i 1853. Boka inneheld ei rad målføreprøver frå alle landsdelar følgde av fleire stykke på landsmål, som utgjorde Aasens framlegg til felles nasjonalt skriftspråk. Han slo seg likevel ikkje til ro med framlegget frå 1853, men gjorde justeringar og endringar heit fram til andreutgåva av ordboka i 1873. Då «nådde han i alle ting fram til den normalformi som vart den endelege løysingi frå hans sida» (Indrebø 1951:437).

### 3.1.1 Prinsipp for bøyingsverket

For Aasen var det eit viktig prinsipp at bøyingsverket ikkje skulle tuftast på gamalnorsk, men ha talemålet som rettesnor. I bøying og lydverk skulle det nye skriftspråket svare til systemet i dialektane. Det var eit hovudpoeng at skriftnormalen ikkje skulle favorisere ein einskild dialekt, men han vedgår i *Prøver af Landsmaalet i Norge* at bøyingsverket i framlegget nok liknar mest på dialektane i Hardanger og Sogn. I tillegg var det viktig å skrive slik at samanhengen kom fram. Når grunnforma heiter *kald*, må nøytrumsforma skrivast *kaldt* (og ikkje *kalt*) for å vise samanhengen med grunnforma. Vidare tok Aasen omsyn til nabospråka svensk og dansk dersom formene der ikkje støytte mot dei norske. Samanfattande var det eit grunnleggjande prinsipp hos Aasen at alle fonologiske og morfologiske distinksjonar som var nedarva frå gamalnorsk, og som framleis fanst i dialektane, skulle markerast i skrift (Haugen 1972:205). Normeringsprinsippa som er nemnde til no, regulerer først og fremst morfologiske (og fonologiske) trekk ved landsmålet. Når det gjeld ordval, omtalar Indrebø (1951:440) Aasen som purist. Trong ein nye ord, burde ein først leite i det heimlege. Den største skepsisen retta Aasen mot germanismane som var så

utbreidde i dansk. Han meinte det blei eit dårleg kulturspråk av å ausa inn ord frå tysk, jamvel erstatte latinske og franske ord med tyske, som det også fanst døme på i dansk. Slike lettvinne løysingar var både fattigmannsmerke og latmannsmerke, meinte Aasen. I eit nytt norsk skriftspråk som var tufta på språket til bonden og allmugen, stod ein fritt til å vrake germanske lån til fordel for ordlagningar frå dialektane.

Aasen la vekt på at den nye skiftnormalen skulle vere til hjelp for allmugen. Han skulle vere så enkel og logisk oppbygd at småkårsfolk med avgrensa sjanse til skolegang også kunne lære seg å lese og skrive. På denne måten låg det eit praktisk-pedagogisk prinsipp i arbeidet med utforminga av landsmålet. I praksis ville det for Aasen seie at han valde «det Almindeligste», altså former med stor utbreiing i dialektane framfor former som kunne vere meir etymologisk riktige («det Bedste eller Fuldkomneste»). Overfører ein denne tankegangen til nyare normeringshistorie, er det kort veg til termar som frekvens og usus.

Haugen (1968:33) uttalar at «Aasens normal var for konservativ og landsdelspreget». Han viser til det Moltke Moe skrev i ei melding av Garborg og Mortenssons *Lesebok i det norske folkemaal for høgre skular* om at landsmålet måtte «begynde sin tilværelse med rynker og furer» (Moe 1886:85). Moe kritiserte Aasens landsmål for ikkje i stor nok grad å byggje på allmenn utbreidd språkbruk: «Det er min tro, at landsmålet vilde være vel tjent med både i skrivebrug og sprogbrug at kaste alt dødt og formelmæssigt og overhode holde sig mer til det almindelige end til det oprindelige» (Moe 1886:86).

Ivar Aasen la grunnlaget for det nye skriftspråket med utgåvene av grammatikken (1848, 1864) og ordboka (1850, 1873), og han demonstrerte bruken av skriftspråket i *Prøver af landsmaalet i Norge* (1853), men òg i nokre skjønnlitterære verk. Skodespelet *Ervingen* frå 1855 var den første boka på landsmål i det heile. Tre år seinare omsette Aasen den islandske *Fridtjofs saga* til landsmål, og i 1863 bruker Aasen det nye skriftspråket i poesiform i diktsamlinga *Symra*<sup>13</sup>. Som det blir peikt på i kapittel 5, er Aasen-normalen ein av fleire referansar i arbeidet med å kartleggje utviklinga av det nynorske skriftspråket. Med Aasen-normalen skal ein då forstå den skriftnorma som kan konstituerast på grunnlag av andreutgåvene av grammatikken

<sup>13</sup> Både *Ervingen* og *Symra* blei gjevne ut anonymt.

og ordboka. Aasen-normalen var ei viktig rettesnor for dei som skreiv landsmål før den første offisielle norma for skriftspråket kom i 1901, sjølv om det nok var få som følgde ho fullt ut. Dessutan må det leggjast til at både grammatikken og ordboka til Aasen hadde eit opplag på berre 500 og såleis var utilgjengelege for folk flest. På den måten var det andre sekundære tekstar som kom til å bli normgjevande for folk som skreiv landsmål i perioden før standardiseringa i 1901.

### 3.2 Mot ein offisiell normal – behov for normering

Gerdener (1986:25) deler kort og godt normeringa av landsmålet i to hovudperiodar. Skiljet går ved 1901. Fram til då fanst det inga offisiell standard rettskriving for landsmålet sjølv om Aasens norm hadde vore svært viktig for utviklinga av skriftspråket heile vegen. Aasen-normalen slik han kan konstituerast på grunnlag av ordboka (1873) og grammatikken (1864), var altså berre rettleiande, og på ingen måte bindande for folk som skreiv landsmål før 1901. Landsmålet var eit heterogen skriftspråk, og det var ordskifte om målforma alt frå første stund. Aasen hadde sjølv eksperimentert og tvilt seg fram til formene i normalen. Grammatikken og ordboka hans blei likevel ei rettesnor for andre skrivarar i undersøkingsperioden.

Allereie rundt 1870 gjekk til dømes Olaus Fjørtoft (1847–1878) inn for ei meir ortofon norm bygd på daglegtalen i bygd og by, mens Steinar Schjøtt (1844–1920) brukte ei norm som låg nær telemarksmålet i ei omsetjing av *Heimskringla* i 1870-åra. Olav J. Høyem (1830–1899) brukte ei trøndskinspirert norm i si katekisme for folkeskolen. Han nytta til dømes -a i bestemt form eintal av sterke hokjønnsord (*sola*) og kløyvd infinitiv, og stod såleis på ei linje nær Fjørtoft. Dei fleste landsmålsforfattarane og -skribentane eksperimenterte med eiga rettskriving i ein slik grad at Johan Storm (1888:40) brukte mangelen på einskap i skriftspråket som eit argument i sin polemikk mot landsmålet som nasjonalspråk:

*Undersøger man nu nærmere de forskjellige Slags hidtil fremstillede Landsmaal, viser det sig, at der knapt er en eneste grammatiske Form, hvorom det hersker fuld Enighed, og at Afgigelserne til dels er paafaldende store, ligesaa store som mellom forskjellige Sprog.*

Likevel dominerte ei meir konservativ haldning, som favoriserte ein lett modifisert versjon av Aasens normal.

### 3.2.1 «Den nyare skrivemaaten»

Ei av utformingane av landsmålet før 1901 var etter Venås (1992:290) så utbreidd og så homogen at ho blei omtalt som «den nyare skrivemaaten». Dei fremste representantane for denne linja var Garborg og Mortensson. Så mange av tekstane i *Lesebok for høgre skular* (1885) var etter denne utforminga at Hægstad kritiserte utgjevarane for slagseite i ei melding av boka i *Dagbladet* (1886). Storm (1888:59) knyter denne varianten av landsmålet så sterkt til Garborg og Mortensson at han gjev han merkelappen «den nyere Garborg-Mortensonske Landsmaalskole». Dei viktigaste forskjellane mellom Aasen-normalen og den nyare skrivemåten gjaldt forma av svake hankjønnsord i ubestemt form (*ei visa – ei vise / visor – visur*), forma i bestemt fleirtal av hankjønnsord (*vegarne – vegane*), bruken av stum -t (*nokot – noko*) og bruken av fleirtalsformer i verbbøyninga. Venås (1992) peiker på at den nyare skrivemåten også blei brukt i avisene *Fedraheimen*, men utan å spesifisere noko årstal.

Hægstad (*Dagbladet* 1886) konkluderer med at det var Aasen-normalen som hadde gått sigrande ut av striden, og at andre forsøk på landsmålsutformingar hadde blitt gjevne opp. Rett nok utgjer Høyems forsøk eit unntak, men den forma har berre éin tilhengjar, og det er Høyem sjølv, er den lakoniske kommentaren frå Hægstad.

### 3.2.2 Politiske føringer

Det første steget mot ei offisiell rettskriving i landsmålet kom i 1893, men lenge før hadde landsmålet blitt eit debatt-tema og vunne fram på det rikspolitiske planet. I eit odelstings-vedtak frå 1878 blei det slått fast at undervisninga i barneskolen skulle skje på «Børnenes eget Talesprog». Tidlegare praktiserte lærarane til dels såkalla klokardansk, bokstavrett uttale av det offisielle danske skriftspråket, men no vann moderne pedagogiske prinsipp fram. I 1885 kom det såkalla jamstillingsvedtaket i Stortinget som formelt sidestilte landsmålet med det dansk-norske skriftspråket, og i

1892 blei det lovfesta at det var opp til skolekrinsane å avgjere kva for skriftspråk opplæringa skulle gå føre seg på. I 1893 kom eit rundskriv frå Kyrkjedepartementet som peikte ut fem bøker som skulle danne grunnlaget for ein einskapleg ortografi. Desse bøkene var Garborg og Mortensson: *Lesebok i det norske folkemaal for høgre skular* (1885), Elias Blix: *Nokre Salmar* (1883), Ivar Aasen: *Norsk Grammatik* (1864), Marius Hægstad: *Norsk Maallæra* (1886) og landsmålsutgåva av Nordahl Rolfsen: *Læsebog for folkeskolen* (1893) (Venås 1992:295).

Å peike ut fem bøker som skulle fungere som normkjelder, var eit lite steg på vegen mot ei offisiell norm. Men språket i desse normkjeldene var langt frå eins. Særleg i pedagogisk samanheng var det i praksis lite hjelp i dette normeringsforsøket etter kvart som skolestyra rundt om i landet vedtok å innføre landsmål som opplæringsmål. Sjølv om Marius Hægstad hadde kursa lærarar i landsmål, var det på ingen måte nok. For lærarar i skolen var det klart at noko måtte gjerast med landsmålet. Eller som Einar Haugen uttrykkjer det: «Innføringen av lm [= landsmål] i stadig flere skoler gjorde det nødvendig å tøyle anarki-tendensene blant en del av dem som skrev litteratur på målet» (Haugen 1968:33). Landsmålet måtte bli lettare å lære, og det blei nødvendig å fastsetje ein offisiell normal for landsmålet.

### **3.3 Rettskrivningsnemnd for landsmålet**

Etter eit initiativ frå Det Norske Samlaget sette departementet i 1898 ned ein komité som skulle utarbeide ein offisiell normal for landsmålet. Komiteen bestod av Marius Hægstad, Rasmus Flo og Arne Garborg med Hægstad som leiar. Det var allereie i gang ei rettskrivningsnemnd for «det almindelige Bogsprog» (Aars, Hofgaard, Moe 1898). Det påverka landsmålsnemnda på den måten at dei skulle freista å «semja saman skrivemaaten for dei two maal, so langt det er raad» (Hægstad, Garborg, Flo 1899).

Etter berre om lag trekvarter år leverte nemnda i januar 1899 tilrådinga si, *Framlegg til skrивeregler for landsmaale i skularne*, til departementet (Hægstad, Garborg, Flo 1899) (etter dette berre omtalt som *Framlegg*). I tilrådinga hadde forfattarane først brukt nemninga «nynorsken» i staden for «landsmaale», men den nemninga ville ikkje departementet tillate (Venås 1992:299). Sjølv om departementet hadde peikt ut Hægstad som leiar av nemnda, var det Flo som var hovudmannen i nemndarbeidet,

og som gjorde det meste av skrivearbeidet (Venås 1992). Utover i dokumentet kjem det fram at dei tre medlemmene i nemnda ikkje er samde i eitt og alt. På fleire punkt er Hægstad ikkje samd med Flo og Garborg. Usemja er løyst ved at Hægstad gjer greie for sitt syn i eit 8 sider langt votum sist i tilrådinga. *Framlegg* er eit historisk viktig dokument for standardiseringa av landsmålet og blir diskutert meir inngåande i avsnitt 3.3.2.

I avisas *Den 17de Mai* 16.2.1917 seier Hægstad dette om arbeidet i nemnda:

*Nemndi vart samd um Ivar Aasens normal med nokre lempingar. Dette var um vaaren. Men daa eg um hausten kom att til Kristiania, hadde dei to [Flo og Garborg] skift meining, truleg etter paaverknad fraa Moltke Moe og Mortensson. Daa var midlandsformi komi. Det er den venaste og herlegaste form i norsk litteratur. Men ho er for god for oss. Ho er for aristokratisk. Me hev ikkje tid aa greida ho. Ivar Aasens er mykje meir praktisk.*

*Nemndi skriv tilraadingi si, og eg skriv servotumet mitt. Men den dagen vi skulde skriva under sa Garborg: Stopp! Eg gjeng med deg. Og so raadde nemndi samrøystes til Aasen-normalen.*

Ein kan her legge merke til at Hægstad omtalar den nye rettskrivinga for Aasen-normalen, og at nemnda var samrøystes i tilrådinga. Det dekkjer til det faktumet at 1901-normalen på fleire viktige punkt skil seg frå Aasen-normalen. Dessutan kjem det fram at det var dissens i nemnda når det gjaldt stum -t etter e. I dette spørsmålet gav aldri Garborg etter. I april 1900 sende departementet brev der dei bad om ei skriftleg fråsegn om *Framlegg* frå tre personar som skulle ha kompetanse både på landsmåls- og skolespørsmål. Det var folkehøgskolestyrar Lars Eskeland, overlærar Steinar Schjøtt og seminarlærar Matias Skard. Schjøtt gjorde det klart at han ikkje hadde høve til å ta på seg oppgåva nett då, mens Skard og Eskeland leverte sine svar.

Nemnda fekk Skards og Eskelands fråsegner frå departementet i slutten av september 1900 med spørsmål om dei ville gjere endringar, og om dei ville lage rettskrivingsreglar som bygde på *Framlegg*. Til svar laga nemnda eit tillegg til *Framlegg, Tillæg til "Framlegg til skriveregular for landsmaale i skularne"* (heretter omtalt som *Tillæg*), som departementet fekk i desember 1900 (Hægstad, Garborg, Flo

1901). I *Tillæg* held Flo og Garborg fast på framlegget sitt, men nemnda kalla det no for ei *sideform*. Det er gjort nærare greie for *Tillæg* i avsnitt 3.3.3.

Departementet avgjorde saka tidleg i 1901 og sende eit rundskriv til skolane rundt om i landet. Rundskrivet er referert i *Universitets- og skole-annaler* (Hægstad, Garborg, Flo 1901:301):

*Ved kgl. resolution af 6. februar er det bestemt «At seminarlærer Matias Skards "Landsmaalsordlista" i den av herrerne professor Hægstad og cand. mag. Flo anbefalede form naadigst godkjendes til skolebrug og bliver at anvende i alle lærebøger skrevet paa landsmaal, som bruges i skolen» (jf. Venås 1992:306).*

Heimelen for den offisielle rettskrivinga for nynorsk etter 1901 kjem såleis ikkje frå eit spesifisert vedtak i departementet, men frå ei blokkgodkjenning av eit visst læreverk (Venås 1992). Det er altså Skards ordliste frå 1901 (Skard 1901) med tilrådingar frå Hægstad og Flo som blir den første offisielle norma for landsmålet.

### 3.3.1 Nemndas vurderingar av skriftmålssituasjonen

I 1892 lovfesta Stortinget retten til å ta i bruk landsmål som opplæringsmål i folkeskolen (dvs. grunnskolen), og såleis er landsmålet jamstilt med dansk-norsk når *Framlegg* blir lagt fram i 1899. Det er skolestyret som avgjer om skolebøkene skal vere på dansk-norsk eller landsmål, og kva mål ein vil bruke i skriveopplæringa. Derimot skal elevane lære å lese begge måla. For høgare skoleslag gjeld det same, men der kan elevane sjølv velje kva mål dei vil skrive. Det er først og fremst denne situasjonen som gjorde det naudsynt med ei rettskriving i landsmål på linje med det som er tilfellet i dansk-norsken. Rettskrivningsnemnda slår tidleg i dokumentet fast at grunnsetningane for begge rettskrivingane må vere at dei byggjer på «det skrivebruk som hev vore raadande i kvart maals bokrike, eller det som best hev synt evna til aa samla um seg» (Hægstad, Garborg, Flo 1899:2). I ei meir moderne språkdrakt vil det seie at nemnda vil leggje ususprinsippet til grunn i utarbeidingera av den nye skriftnormalen.

Men landsmålet skal vere eit skriftspråk for framtida, held nemnda fram, så ein må ta omsyn til nye straumdrag («det nye som har arbeidt seg fram»). Dessutan har komiteen lagt vekt på eit pedagogisk krav frå skolen sjølv om å lage ei rettskriving som lett kan gje elevane eit fast grunnlag for eiga skriving. Elevane skal sparast for å sjå same ordet skrive på ulike måtar. Her er det kravet om leksikalsk eintydigheit som skin igjennom. Landsmål og dansk-norsk dreg saman i den forstand at begge skriftspråka skal ha rom i skolen same kva hovudmålform skolestyret har valt. Skolen må bruke bøker på begge mål, og helst bør det vere slik at det minst brukte målet får plass saman med hovudmålet i ei og same bok, ser rettskrivningsnemnda for seg. Med andre ord kjem tanken om to målformer i ei og same lærebok opp alt her.

Med to ulike målformer som utgangspunkt meiner nemnda at ein må prøve å sameine skrivemåten for landsmål og dansk-norsk så langt som råd. Med to så «nærskyldne maal» vil det vere lett i nokre tilfelle (stor eller liten forbokstav, teiknsetjing m.m.), men vanskelegare i andre. Til og med på lyd- og ordnivå vil det vere mykje sams mellom dei to måla. Men norsk mål er målet, og då er det dansk-norsken som må gje etter, slår nemnda fast.

Blant kritikarar av landsmålet hadde det blitt hevdat landsmålet hadde (for) mykje variasjon, at det hadde vore for mange variantar av det same skriftmålet. Som nemnt (jf. 3.2), var Storm (1888) ein av dei som målbar denne kritikken sterkest. Eit av hovudankepunktta til Storm er at det «ikke [er] ét Landsmaal, men mange» (1888:3). Nemnda går tidleg i dokumentet imot denne kritikken, og hevdar at alle skrivemåtane har hatt det sams at dei har vore norske (3). Eitt døme på dette norske prinsippet gjev nemnda i bruken av enkel eller dobbel konsonant for å markere vokallengd: *tak – takk* i landsmål mot *tag – tak* i dansk-norsk. Det framleggjet som ligg føre frå dansk-norsk-nemnda (Aars et al. 1898), går mot den norske måten når det gjeld markering av vokallengd, påpeiker landsmålsnemnda. For dei er det likevel eit uttalt mål at landsmålsnormalen så langt som råd skal følgje framleggjet frå rettskrivningsnemnda for dansk-norsk. Mellom anna uttalar nemnda at der det allereie er etablert særnorske ord i dansk-norsk, bør landsmålet ha same form (til dømes *sjø*, *snø* og ikkje *sjo* eller *sjaa*, *snjo*). Tenkjemåten som pregar *Framlegg*, er typisk for samtida med rot i den samanliknande språkvitskapen og August Schleichers stamtreteori:

*Der [i norsken] gjeld det nettupp aa halda paa ættartanken og paa ættmerki. Di sterke ei ætt er, di greidare og klaarare ættmerki, di betre vil det eine kunna halda det andre uppe, di sterke voksterkraft vil der vera til aa skjota nye røter og ættgreiner. [...] Ættføring er i det heile vilkaare for at eit maal skal kunna liva sitt eige liv, veksa ut frå sine eigne røter, i staden for aa liva eit snyltreliv paa andre maal (7).*

Skriftmålet må anten vere dansk eller norsk, og det klare nasjonale argumentet gjer at det ikkje er mogleg at (skrift)språka kan blandast: «Likso ille vilde norsken vera faren, um han t. d. skulde fylgja dansk-norsken fraa vit til vett, og daa ogso skriva vettug» (8). Slik kan det gå!

### *3.3.2 Framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne (1899)*

Framlegg er organisert i fire delar: 1 lydtilhøve («ljod og ljodlag», eller forholdet mellom lyd og skrift), 2 ordendingar, 3 ord (dvs. samanskriwing eller særskriwing, bruk av stor bokstav, framord o.a.) og 4 ordskil (bruk av skiljeteikn). Dette er disposisjonen som er gjeven i innleiinga, men i sjølve dokumentet er del 2 om ordendingar løfta ut og behandla til slutt. Som det kjem fram i ein note nedst på side 51, er det på grunn av at nemnda skil seg i synet på korleis suffiksa skal sjå ut. Kapitla om ord (12 sider) og ordskil (1,5 sider) er dei kortaste, og desse sidene ved rettskrivinga har vel såleis vore dei minst kontroversielle i nemndarbeidet. Emna har òg mykje til felles med tilhøva i norsk-dansk, slik at landsmålsnemnda langt på veg kunne slutte seg til det nemnda for det andre skriftspråket hadde komme fram til. Ikke overraskande er det opningskapittelet om lydtilhøva (41 sider) og sluttelen om suffiksa (50 sider) som får mest plass. Dermed er det det vi kan kalle for *normkjernen*, som blir behandla mest inngåande. Dei andre aktuelle nivåa i normeringsprosessen, ordtilfanget og syntaksen, får ikkje same plassen, sjølv om det rett nok er teke med eit eige kapittel om ord.

Trass i at rettskrivningsnemnda frå tid til anna jamfører med gamalnorsk i gjennomgangen av skriftnormalen, er det heile tida talemålet, dialektane, som er samanlikningsgrunnlaget for dei tre i rettskrivningsnemnda. Det kjem klart fram at det

heller ikkje skortar på kompetansen på dette området. Av og til gjev nemnda inntrykk av å ha den heile og fulle oversikta over alle norske målføre, endå det knapt nok kan vere tilfellet rundt år 1900. Men at nemnda har innsikt i målførerealiseringar, herskar det liten tvil om. Fleire gonger blir lesaren teken med på tur gjennom landet med den skiftande uttalen av ord og ordgrupper som tema. Særleg gjeld dette den sørlegaste delen av landet, men så er det også her vi finn dei «heilnorske bygdemaali» som skulle utgjere kjernen i normalen.

### 3.3.2.1 Ordendingar

Kapittelet om ordendingar er det viktigaste i *Framlegg*. Det er i denne delen at nemnda skil lag, og det er her grunnlaget for at dokumentet resulterte i to ulike normalar, ligg. Nemnda presiserer at dei med ordendingar meiner bøyingsendingar. Også for nemnda er dette kapittelet det viktigaste i den meining at det er bøyingsendingane som skapar språket: «Det er ikkje so mykje dei einskilde ordi det gjeld, men det som skipar ordi saman i lag, det som gjer dei til eit maal eller maalføre» (66).

Nemnda er tidleg ute med å understreke at skrivemåten ikkje bind lesemåten. Det er velkjent når det gjeld stumme lydar: På same måte som ein les /huse/ for *huset*, er det òg rimeleg at ein skal lese /kasta/ for *kastat, kastad* og jamvel *kastade*, /noko/ for *nokot* og /bygdene/ for *bygderne*. I det heile er det eit førande prinsipp for nemnda at talemålet skal leggjast til grunn og vere den levande kjelda for skriftspråket. Så viktig er dette prinsippet at det rammar inn heile dokumentet ved at det er teke med både i føreordet i *Framlegg* og i tillegget til *Tillæg*. Prinsippet om at skrivemåten ikkje skal vere bindande for lesemåten, blir nærmest å oppfatte som ein sikringsventil for nemnda når ho går inn for aksept av lite kjende skriveformer. For det viser seg at nemnda dreg prinsippet langt: Skriftformer som *klokkune, bygdir, farin – fari* osv. kan like så godt lesast /klokkone/, /bygder/, /fare – fare/, uttalar nemnda (67). Lagnaden til det opphavlege fleirtalsframlegget (midlandsnormalen) og reaksjonar på seinare rettskrivingsnormalar skulle vel vise at dette er ei farleg overvurdering av lesaren.

Nemnda tek først opp lagnaden til visse stumme konsonantar (*t*, *d*, *r*). Desse har ein gong (må ein tru) høyrt med til uttalen, men finst ikkje lenger i talemåla. På same måte som i nabospråka dansk og svensk blei desse konsonantane tekne med i skrift også i landsmålet, men med den viktige skilnaden at dei i nabospråka i dei fleste tilfella framleis hadde støtte i talemålet. Etter det ein kunne kalle ususprinsippet, har det i landsmålet ifølgje nemnda blitt vanleg å ikkje skrive desse konsonantane i bøyingsendingane. Bøyninga av dei såkalla a-verba er eit godt døme på dette. Her fekk ein ei rad nye former i skrift ved å leggje til *-t* eller *-d* eller til og med stavinga *-de* til den dominerande talemålsforma *-a*. Preteritumsforma blei då skiven *-ade*, eller avkorta til berre *-ad*. Partisippforma blei *kastad*, *kastade* eller *kastat*. Dersom ein legg kriteriet om samsvar med talemålet til grunn, er det liten tvil om at forma *kasta* dominerte sterkt, også i samtida rundt 1900. Nemnda peiker rett nok på former på *-e* i ord med lang rotstaving i somme dialektar på Austlandet (*kaste*), men nokon dental i bøyingsendinga kunne det ikkje ha vore snakk om her heller. Visse bytalemål har */kastet/* i preteritum og som partisippform, men den forma manglar støtte i (heil)norske målføre, og må såleis forkastast, seier nemnda (68). Same lagnaden bør òg e-bøying (*-te*, *-de*) av verb som *svare*, *lage*, *love*, *rope* få, sjølv om det finst ei viss støtte for det i visse dialektar. Når former ikkje har meir rot i talemålet enn det som er tilfellet i desse døma, kan det ikkje komme på tale å halde dei oppe i skrift. Konklusjonen er dermed at det skal heite *kasta* i preteritum og i partisipp, og nemnda går såleis inn for å forkaste Aasen-formene *kastade* og *kastad*. Men etter dette brotet med Aasen-normalen skil nemnda seg. Frå no av er det berre nemndfleirtalet med Garborg og Flo som står bak framleggget, mens Hægstsads meining kjem fram i votumet til slutt.

### 3.3.3 Tillæg til Framlegg (Hægstad, Garborg og Flo 1901)

Som det kom fram i avsnitt 3.3, ber Kyrkjedepartementet i eit skriv av 21. april 1900 folkehøgskolestyrar Lars Eskeland (1867–1942), overlærar Steinar Schjøtt (1844–1920) og seminarlærar Matias Skard (1846–1927) om å gje ei skriftleg vurdering av *Framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne*. Det resulterte i *Tillæg til ‘Framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne’ ved M. Hægstad, Arne Garborg og R. Flo*, og er gjeve ut som «Bilag til Univ. og skole-annaler» (Kristiania 1901). Schjøtt sa ifrå om

at han ikkje kunne ta på seg oppgåva. Då var det berre Skard og Eskeland igjen til å vurdere *Framlegg*. Departementet fekk Skards fråsegn allereie den 27. april, mens Eskelands fråsegn kom den 23. august 1900. Venås (1992) meiner Skard måtte ha kjent til *Framlegg* på førehand for å kunne ha fråsegna ferdig på så kort tid. *Tillæg*, som til saman er på 18 sider, består i tillegg til departementets rammetekst av fråsegnene frå Skard og Eskeland, som begge er på godt og vel 4 sider, og eit tillegg frå dei tre nemndmedlemmene Hægstad, Garborg og Flo.

### 3.3.3.1 Skards fråsegn

Skard liker det han les i fellesdelen av *Framlegg*. Når målet med *Framlegg* er å gje skolen ein «fast og fylgjestreng» skrivemåte, er nemnda heilt på rett veg. Det er greie og lette reglar på grunnlag av det som har utvikla seg i landsmållitteraturen med rot i Aasen-normalen. Med andre ord seier også Skard at *Framlegg* (i denne delen) byggjer på usus. I dei tilfella nemnda gjer avvik frå Aasen-normalen, er det godt fundert i den praksisen som har utvikla seg i det etablerte landsmålet. «Saa samstavar daa ogsaa reglarne godt med det som andre hev gjort paa dette umkvervet», skriv Skard (s. 4), og tenkjer nok ikke minst på det han sjølv har arbeidd med om rettskrivingsreglar og ordtilfang. Han legg for sikkerheits skuld *Norske rettskrivingsreglar* (Skard 1899) ved fråsegna, og melder samstundes at ei ordliste er på veg. (Ho kom året etter som *Landsmaals-ordlista med rettleiding um skrivemaaten*. (Skard 1901).)

Når det gjeld fleirtalsvotumet, er Skard klart kritisk til Garborg og Flos forslag. Han er oppteken av korleis normalen vil fungere i skolen, og Skard konkluderer, som Hægstad, med at fleirtalsframlegget slett ikkje er godt frå eit skolesynspunkt. Fleirtalet har ikke det noverande landsmålet som utgangspunkt, men vil innføre eit endra landsmål på eit anna grunnlag enn tidlegare (jf. *Framlegg* s. 89). Somme av reglane som fleirtalet foreslår, er så vanskelege at dei blir «noko so nær umogelege til skulebruk» (5). Som døme på dette nemner Skard den kløyvde infinitiven.

Ein viktig innlæringsmåte når ein les, er å sjå formene slik at dei til sist «vert sitjande fast i auga» (5). Det er slik vi har lært både dansk og norsk rettskriving, men forslaget til fleirtalet frårøvar elevane denne hjelpa, hevdar Skard vidare. Formene dei foreslår, finst nesten ikkje i det landsmålet som dominerer i litteraturen i dag. Skards påstand

er at «bokheimen med sin sterke innverknad just [vil] vera ei hindring for innlæringi av desse reglarne» (6). Dersom fleirtalet skulle få sitt syn gjennom, ville det føre skolen inn i eit mykje verre uføre enn det nemnda vil berge skolen ut av. «Skulen er ille tent med aa leggja ut i strid med livet – i utrengsmaal» (6).

Mindretallet i nemnda – altså Hægstad – tek utgangspunkt i det eksisterande landsmålet og tek omsyn til kva skolen treng. Derfor er Skard samd med Hægstad om formene. Skard går nærmere inn på eitt punkt – fordi han sjølv har vore i tvil om dette punktet tidlegare. Det gjeld endinga i bestemt form eintal av inkjekjønnsord (-e vs. -et). Etter kvart har Skard landa på at det for lesinga er ein føremon å halde på -t i desse tilfella. Kastar ein -t her, vil han òg måtte bort i adjektiv og partisipp, og det vil det ikkje vere noko vinning i, meiner Skard. Det ligg fast i oss alle, både bokmålsbrukarar og landsmålsbrukarar, at fleirstavingsord med utlyd på -e skal ha tostavingstonelag (tonem 2). Tek ein bort -t i inkjekjønnsord, bryt ein dette mønsteret, og det ville vere ei ueheldig løysing, påpeiker Skard.

### 3.3.3.2 *Eskelands fråsegn*

Fram til side 65 byggjer *Framlegg* på andre utgåva av Eskelands eiga *Hjelpebok i norsk rettskriving* (1898), og det er såleis ikkje overraskande at han står alt som er sagt så langt, også dei små rettingane og kommentarane nemnda har komme med. Etter dette kløyver nemnda seg, og Eskeland kommenterer først fleirtalsframlegget.

Garborg og Flo har gått utanom mandatet, slår Eskeland fast. Oppgåva var å sjå om landsmålet på noko punkt kunne følgje dei endringane som det var tale om å gjere i dansk-norsk rettskriving. Utgangspunktet måtte i så fall vere den rettskrivinga som har blitt mest brukt, og eventuelt endre ho i samsvar med den dansk-norske. Det fleirtalet no har gjort, er å gå inn for ei ny og uprøvd rettskriving. Eskeland karakteriserer framlegget frå fleirtalet ikkje berre som endringar i rettskrivinga, men som endringar i heile språkstrukturen («maalbygnaden»). Dei gjer om på det som har blitt skapt etter «livslangt arbeid utav maalmeistrar og stormenne som Aasen og Blix o. fl.» (9).

Framleggjet frå fleirtalet manglar grunnlag i landsmålet slik det har blitt brukt til no, og det i seg sjølv er eit godt nok argument for at det ikkje kan nyttast i skolen, påpeiker Eskeland. For vestlendingar og byfolk ville det vere tilnærningsvis umogleg å lære den normalen som fleirtalet foreslår. Dei som er kompetente til å uttale seg om saka i Trøndelag, meiner og den vanlege landsmålsforma fell lettare enn fleirtalsframleggjet, held Eskeland fram. Ikkje eingong på Austlandet har fleirtalsframleggjet blitt særleg applaudert. Den einaste staden rettskrivinga til fleirtalet kan komme på tale, er i den første lese- og skriveopplæringa, altså abc-bøker på landsmål for Austlandet, der ein kan tenkje seg at det kunne vere ein fordel med eit skriftspråk som står nær talemålet. Men også på dette feltet manglar ein erfaringar, avsluttar Eskeland sin dom over fleirtalsframleggjet.

Også Eskeland er i hovudsak samd med Hægstad, bortsett frå i spørsmålet om endinga *-et*. Her legg Eskeland talemålet til grunn, slik han òg hadde gjort det i lærebøkene sine (jf. Eskeland (1892, 1895, 1897a, 1897b)). Argumentet til Eskeland for dette synet er at «[d]aude endingar [...] oftast [vil] vera til for stort bry, daa ein baade maa læra aa setja dei rett til [i skrift] og lata dei falla burt i uttalen» (10).

Interessant nok viser Eskeland òg til praksisen blant landsmålsskrivarar, med andre ord usus, og hevdar at dei fleste bokskrivarane har kasta daude endekonsonantar i bøyingsendingane. Det gjeld *-d* og *-t*, ikkje berre etter *-o-* og *-a-* (*nokot, kastat*), men òg *-t* etter *-e-* (*lite, mykje, funne, lande*). Slik skriv både Garborg, Tvedt, Flo, Vislie og Seland, hevdar Eskeland. Av blad som har same praksis, nemner han *Syn og Segn, Stille stunder, Ungdom, Unglyden og Heimhug*. Nemndfleirtalet vil òg ha bort *-t* i *det*, men dette forslaget går Eskeland imot. Også i bunden form av inkjekjønnsord kan det i somme tilfelle vere ein fordel å halde på *-t*, til dømes i genitivsuttrykk av typen *folkets mann*. Fleire landsmålsskrivarar held på *-t* i denne posisjonen, til dømes Løland, og også bladet *Den 17de Mai*. Dessutan har praksisen i dansk-norsk òg noko å seie. Eskeland kan derfor strekkje seg til å halde på *-t* etter *-e-* i bestemt form eintal av inkjekjønnsord, men «lenger kann eg heller ikkje gaa», uttalar han (11). Han ser altså ingen grunn til å halde på *-t* i adjektiv og partisipp (*lite, funne, fare*). I dansk-norsk står *-t* i denne posisjonen, men det er fordi han kan høyrast i leseuttalen. I landsmålet er lyden stum, og det vil føre til forvirring om ein skulle behalde han der.

Fråsegnene frå Skard og Eskeland blei lagde fram for dei tre i nemnda med spørsmål om fråsegnene ville føre til noka endring i *Framlegg*. I desember 1900 mottok Kyrkje-departementet eit tillegg til *Framlegg*.

### 3.3.3.3 *Tillæg til Framlegg frå nemnda*

Nemnda slår først fast at ho hadde delt seg i kapittel IV om ordendingar på den måten at fleirtalet (Garborg og Flo) la fram eit endingsverk etter midlandsmåla, mens Hægstad her, som i dei andre kapitla, heldt seg til usus. Etter at nemndmedlemmene har tenkt gjennom saka på nytt, har dei samla seg om eit forslag til nytt kapittel om ordendingar.

Med ordendingar meiner nemnda bøyingsendingar. Det er i bøyingsendingane språket får sitt særdrag, både i forhold til andre språk og i forhold til dialektane i landet. Her skil nemnda klart mellom skrift og tale («skrivebruket» og «maalbruket»). Alle er samde om at *taleforma* er *kasta*, same om ein skriv *kasta*, *kastat*, *kastad* eller jamvel *kastade*.

Det første spørsmålet nemnda tek opp igjen, er om konsonantane *t*, *d* og *r* skal vere med i suffiksa i skrift. Dei kan ikkje lenger høyrast i talemåla (unnateke i visse særtilfelle), og nemnda held seg her til dei tillempa Aasen-formene som har vore mest brukte i litteraturen i den seinare tida (usus). Når det gjeld stum *-t*, er nemnda no samde om å sløyfe *-t* i alle stillingar bortsett frå etter *e*. Det vil i praksis seie at ein held på *-t* i bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huset*, *brevet*) og i partisipp av sterke verb (*skrivet*, *faret*), men at han fell bort i ord som *auga*, *kasta*, *noko*, *anna*. Det er sterke argument for å halda på *-t* etter *e*. Folk har vant seg til å sjå *-t* i desse posisjonane i eldre og i mange nye landsmålsbøker. Han blir uttala i einskildmålføre (Østfold) og er viktig som lesemærke. I tillegg er det ingen planar om å fjerne *-t* i desse posisjonane i dansk-norsk, seier nemnda no. I ein fotnote (s. 16) kjem det fram at Hægstad berre har fått med seg Flo på dette punktet. Garborg går framleis imot å ta med ei daud ending berre fordi «eit eldre, traditionsbunde bokmaal enno maa dragast med ho». Garborg meiner at landsmålet bør gå føre i dette spørsmålet slik at dansk-norsken kan følgje etter.

Når det gjeld partisippformer som *skrivet*, *faret*, bunden form av inkjekjønnsord på -e (*riket*) og nøytrumsform av adjektiv som *opet*, har desse kategoriane tostavings tonelag (tonem 2) i dialektane (i motsetning til bunden form eintal av einstava inkjekjønnsord (*huset*)). Det ville derfor ikkje vere like gale å kaste -t i desse kategoriane, men den sterke samanhengen mellom desse kategoriane og kravet om einskap i rettskrivinga, gjer at ein likevel bør halde på -t her. Orda *mykje* og *lite* er unntak frå regelen, uttalar ei no samstemd nemnd.

I svake hokjønnsord ubunden form eintal skal endinga vere -a som i Aasen-normalen (*ei klokka*, *ei vika*, ikkje *ei klokke*, *ei viku*). Det same gjeld fleirtalsendinga -or og infinitivsendinga -a. I bunden form fleirtal av sterke hokjønnsord hadde Aasen -erna (*bygderna*). Nesten alle skriv no -erne, og slik bør det vere i den nye normalen. Det same gjeld dei svake hokjønnsorda (*klokkorne*, ikkje *klokkorna*).

Preteritumsforma av a-verb blir -a. Bøyingsa blir då: *kasta* – *kastar* – *kasta* – *kasta*. Ein får skilt notid og fortid, og partisippforma blir skild ut gjennom konteksten, seier nemnda. Då ser vi at Hægstad har gjeve etter på dette punktet. Det opphavlege framlegget til Hægstad var preteritumsending -ade.

### 3.3.3.3.1 Kommentar til tillegget

Nærast som ein kommentar til eige arbeid kjem nemnda til slutt med nokre meir generelle synspunkt på kva som skal vere grunnlaget for ein skriftnormal som òg skal gjelde for skolen, og korleis skriveopplæringa i skolen best kan implementerast. Aasens normalmål står nærmest talemåla i Hardanger og Sogn, mens Landstads språk i folkevisene har ein meir austnorsk bunad, og skilnaden mellom dei viser seg mest i bøyingsendingane, slår nemnda fast. I tillegg til desse to utformingane har litteraturen hatt «ein sidestraum av norsk maal i andre former» (18), mest midlandske og austlandske, men òg sunnmørske og trønderske. Bak desse sidestraumane har det lege ein tanke om at skriftmålet bør stå nærmere talemålet enn tilfellet er med standardspråket. Nemnda ser positivt på slike forsøk. Eit nytt skriftspråk som landsmålet treng tid på å finne ei fast form, og då «trengst ein sidestraum som den nemnde, um landsmalet skal faa veksa seg rikt og halda seg friskt» (19). «Den frie voksteren krev i det heile at ikkje noko enno vert sleget fast

annarleis enn som rettleiding og vegsyning» (19). Det er talemålet som heretter må vere den levande kjelda for skriftspråket. Det viktige er at talemålet får leve og vekse. Derfor var òg noko av det første den norske styremakta gjorde, å verne bygdemåla ved å slå fast at dei skulle vere talemålet i skolen. I forlenginga av dette må målet for landsmålsundervisninga i folkeskolen (jf. grunnskolen) vere at «landsmalet for kvart barn vert heimemalet, berre saaleis uppsett, at det vert so lett aa lesa som mogleg for dei andre bygderne med» (19). «Den formi som no vert godteki til skulebruk, maa vera meint som ei rettleiding, og ikkje som eit tvangsbod» (19).

For dei fleste landsdelane vil landsmålet slik det er sett opp i tillegget, vere den greiaste rettesnora. Men fordi landet enno ikkje har valt i målspørsmålet, og det er viktig å slå fast at bygdene har fridom til å velje i formspørsmålet, set nemnda opp ei sideform. Midlandsnormalen, slik han er lagt fram i *Framlegg* s. 72–115, kan brukast i folkeskolen i bygder og byar som måtte ønskje det. (Det er særleg med tanke på distrikt med målføre som skil seg mykje frå Aasen-normalen.) Midlandsnormalen «vert framlagd til fritt val for skular som i den maatte tru aa finna ei meir lettbrukt rettleiding for norsk maal-undervisning, serleg i det skriftlege». Nemnda trur at ei godkjenning av desse sideformene «vil vera til hjelp for samanveksingi» (20). Kva for samanveksing det her er tale om, kjem ikkje klart fram, men det er rimeleg å tru, på grunnlag av det som nemnda tidlegare har uttalt om at landsmålet enno ikkje har vakse seg ferdig som skriftmål, at ein her meiner ei utvikling der Aasen-normalen og midlandsnormalen (og eventuelt dei nemnde sidestraumane) gjennom bruk blir rista saman til éin normal. Denne løysinga framstår som eit taktisk grep for at ein ny skriftnormal for landsmålet ikkje skal oppfattast som tvang av brukarane, og for at det ikkje skal oppstå geografiske motsetnader mellom til dømes Vestlandet og Austlandet.

### 3.4 Midlandsnormalen

Nemnda stod saman i alt så nær som i spørsmålet om ordendingar, seier Flo i føreordet til *Midlandsmaal* (Flo 1906). Det er vel for så vidt sant, men ein må skunde seg å leggje til at ordendingane – eller morfologien – vel må seiast å vere den viktigaste delen av eit normeringsarbeid, så usemjø bør på ingen måte under-

vurderast. Ei jamføring av Hægstad-normalen og midlandsnormalen gjer det straks ganske klart at forskjellane er gjennomgripande på mange felt.

Det viktigaste prinsippet for normeringa til Garborg og Flo er at formene skal ha grunnlag i målføra: «Som de er vist med dei maalbrigde som her er tekne med, er de anten slike som kann stydja seg til maalbruke i heile lande aa rekne for, og dei andre – so godt som alle saman – til eit avgjort fleirtal, sume meir til ein kant, andre meir til ein annan» (108). Men nemnda må innrømme at det riktig nok er slik at visse område i landet kjem betre ut enn andre med omsyn til avstanden mellom talespråk og skriftspråk:

*Men som ein og ser, so er de ei landstroku der dei samlar seg alle saman. De er den store midryfti, fraa dei synste dalbygdir og heilt igjenom de breidaste av lande, med Setisdalen og Telemarki til Valdres og Gudbrandsdalen. Millom alle no som hev ein djupare og meir vidstrakt kjennskap til norsken som han liver i lande, er de ikkje meir enn ei meinig um at her hev nynorsken naatt si rikaste og fagraste bløming (108).*

Slik Garborg og Flo ser det, bind midlandsmåla saman målføra i landet, og dei viser òg til at denne normalen ikkje er heilt framand i litteraturen:

*Her stend me paa den brui som baade bind saman dei meir eller mindre skilde landslutir i de nye Noreg, og bind de saman med de gamle. Um nokon vilde meine at desse brigdi likevel er nye og urøynde i den norske bokheimen, so er de heller ikkje so. Dei er tvert um dei eldste aa rekne for, – eldre og tidlegare røynde i skriftmaal enn andre norske maalformir. I Landstads folkevisur vil ein finne dei alle saman. Og baade i desse og i all den rike maalskatt i same leid, som er samla og utgjevin, eller som me snart kann vente utgjevin, vert dei vel i hovudsaki standande gjenom alle tidir (109).*

Sjølv om ordtilfanget kan hentast frå ulike dialektar, ja til ein viss grad ulike språk, så må sjølve «målbygnaden», «grunnskipnaden» vere eitt. (Med målbygnad må ein gå ut frå at Garborg og Flo meiner morfologi og syntaks.) For å nå det målet er einaste utvegen å leggje eit levande målføre til grunn. Elles vil ein ende opp med «mållaging», eit omgrep som ser ut til å ha sterke negative konnotasjonar hos Garborg og Flo. Den norske språksituasjonen er prega av mangfold og skilnader, jamvel innanfor ei

einskild bygd, seier nemndfleirtalet. Grensene for eit skriftspråk må ikkje trekkjast for vidt, men heller ikkje for trongt. «For eit bokmaal [= skriftspråk] maa det sjølv sagt vera so mykje betre, di vidare grunn de hev aa byggje paa, de meir de kann samle under seg» (111). Akkurat det er tilfellet med midlandsmåla, slik Garborg og Flo ser det. Her finst hovudgrunngjevinga for å velje midlandsmåla som grunnlag for den nye skriftnormalen. For nemndfleirtalet er det ingen tvil om dette grunnlaget: «Og no hev me sét, at um me tek med til grunnlag alle deim som her er kalla midlands-maal, so er dei i de store og heile so samstelte, i vissa so langt de gjeld sjølve maalreiden, at de ikkje kann vera tvil um, i noko avgjerande spursmaal, kva som daa skal vera maalbruk» (111).

Det er berre eitt målføreområde som kan leggjast til grunn. Legg ein andre målføre til grunn, vil ein komme i konflikt med dei prinsippa som er skisserte i *Framlegg*. Sjølv om ein vurderte å basere normalen på dei dialektane som står midlandsmåla nærest, det vil seie vestlandsmåla, skil dei seg så sterkt frå kvarandre, både når det gjeld jamvekt og anna, at ein her må velje mellom dei to, argumenterer nemndfleirtalet.

Garborg og Flo må vedgå at sjølv om midlandsmåla er dei samlande målføra i landet, kan dei ikkje vere fleirtalsmålet i eitt og alt. Det er særleg på eitt område midlandsmåla har ei form som vil vere i mindretal landet sett under eitt. Det er i bestemt form eintal av hokjønnsord av typen *bygd* der midlandsnormalen har *-i* (*bygdi*), mens fleirtalet av målføra i landet har *-a* (*bygda*). Det same gjeld bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord av typen *hus* (*husi* vs. *husa*). Men desse formene er så å seie signalformer for midlandsmåla, så det kan ikkje vere snakk om å gjere endringar i noka retning i dette spørsmålet, argumenterer Garborg og Flo. Dessutan ville det heller ikkje nytte å leggje vestlandsmåla til grunn på desse punkta, for heller ikkje der vil *a*-endinga vere kjend. Dei som vil danne eit skriftmål med basis i eit fleirtalstalemål utanfor det midlandske og vestlandske, må gjerne prøve, men «de kunde verte vrangt nok, [...] når ein veit noko um korleis dei maali ein daa fekk aa gjera med er rumpla og sundkløyvde, i det heile nettupp er dei maalføri i lande som hev skilt seg sterkest fraa de gamle sams grunnlag» (112).

Når ein i dag med over 110 år med normeringshistorie for landsmål/nynorsk ser det Garborg og Flo skriv om forholdet mellom skriftbilete og tale, kallar det til tider på smilet. I spørsmålet om hokjønnsendinga er dei framsynte nok til å sjå at former som

*bygda, boka, senga*, som er vanlege rundt Oslofjorden<sup>14</sup>, står sterkt og kjem til å «gaa av med sigren», men så skortar det på forståinga av kva som er rimeleg samsvar mellom skriftbilete og tale. I *Framlegg* spør dei retorisk om kva som ville skje med ord som *sorg, korg, helg*. «Sorga [...] o. dl. er de nok ingen i lande som segjer, andre stader enn i nokre bygdir synst i Gudbrandsdalen» (113). Fordi velarane i denne stillinga tydelegvis blir palataliserte i målføra rundt Oslofjorden (/sorja/), argumenterer Garborg og Flo for at forma med final velar og *a*-ending (/sorga/) ikkje er ein god kandidat i skriftnormalen. Likeins meiner *Framlegg* det ikkje vil hjelpe språkbrukaren i området rundt Oslofjorden om han fekk skrive *handa* når han seier /hanna/. I alle tilfelle spelar det inga rolle, for talemålet rundt Oslofjorden er det talemålet som har skilt seg lengst frå dei andre målføra i landet og frå fellesgrunnlaget, så det kan ikkje komme på tale som norm for eit skriftmål «so lengi det er heilnorsk maal i Noreg», uttalar nemnda (114). Garborg og Flo ser i det heile ikkje noka anna løysing for å skape eit norsk skriftspråk enn å byggje på midlandsmåla: «[N]oko anna grunnlag for eit norsk bokmaal [= skriftspråk] som baade er so heilnorsk og so samlande som midlands-maali, de kann de ikkje finnast, og kann knapt tenkjast» (115).

### 3.4.1 Stum -t

Det første konkrete stridsspørsmålet i normeringa gjaldt konsonanten *-t* i endinga *-et*. I nøytrumsord har det vore vanleg å skrive *ljoset, aaret, huset* osv., mens *-t* har vore mindre brukt i partisipp (*funnet, teket, skrivet*), og endå mindre i ord som *litet, myket*. I talemåla er denne lyden daud, slår fleirtalet av nemnda (Garborg og Flo) fast. Dei bruker mykje plass på å diskutere fordelar og ulemper med skrivemåten, men fell ned på skrivemåten utan *-t*. Hovudargumentet for denne løysinga er samsvar med talemålet: «[K]va ein so kann hava aa segja til forsvar for skrivemaaten med *t* og imot skrivemaaten utan *t*, so veg det lite imot den store ting, aa faa samsvar med norsk talemaal, som her stend samstelt imot *t*» (75). Fleirtalet i nemnda ser dette tilfellet i samanheng med *kaste*-klassen av verb, der det alternative suffikset med *-t* (eller *-d*) (*kastat, kastad*) blei forkasta fordi det ikkje samsvarte med talemålet. Derimot er det ikkje rimeleg, meiner nemndfleirtalet, å samanlikne denne *t*-en med andre potensielle stumme konsonantar. Det er særleg *-d* etter vokal i ordrøter nemnda har i

<sup>14</sup> *Framlegg* bruker omgrepet «foldbu-maali» som vel må omfatte måla i Østfold og Vestfold.

tankane. Det er «unorsk» å lese bokstavrett *litet, teket, huset*, mens det ikkje er tilfellet i ord som til dømes *maanad, tid, blid*. Dette argumentet fører òg til at pronomenet som vanlegvis har blitt skrive *det*, må skrivast *de*. Det viktigaste argumentet mot skrivemåten utan -t er samanfall av ulike ordformer, til dømes *stige* (substantiv) og *stige* (partisipp), men her vil det alltid gå fram av samanhengen kva som er meint, argumenterer dei.

### 3.4.2 Substantiv – medial r

Etter Aasen-normalen var det ein medial -r- i bøyingsuffikset i bunde fleirtal både i hankjønns- og hokjønnsorda (*Hestarne, Skaalerna, Visorna*). Aasen gjennomførte dette systemet, endå det ikkje var noko opplagd støtte for det i talespråket. Det var først og fremst for å markere formkategoriane tydeleg. Fleirtalet i nemnda vrakar Aasens prinsipp. Dei hevdar at former med -r- fell tunge og dei vil gjere skrivemåten meir lik uttalen (80). Garborg og Flo gjev inntrykk av at ein har rykt tilbake til start i spørsmålet om desse bøyingsendingane. Det er definitivt ikkje Aasen-normalen dei har i tankane, men eit talemål som kunne fungere som best mogleg basis for skriftmålet: «Spørsmålet verd daa, kva for ein skrivemaate ein skal velja av dei ikkje faa som dei ulike bygdemaali byd» (80). Skal ein leggje talemål med bøyingsendingar med to stavingar til grunn, eller dei (apokoperte) med ei staving (*sau-ene* vs. *sauen*)? «De er nok so, at ein ikkje utan naudsyn bør gjera ordi lenger og tyngre med skrivemaaten enn dei er i talemaali; men endaa tryggare kann ein segja, at ein ikkje bør gjera dei kortare i skrift enn dei til vanleg er i talemaale», uttalar nemndfleirtalet (81). Også tradisjon blir teke med som eit argument. Å satse på dei einstava endingane vil føre skriftmålet for langt frå det som har vore vanleg i skriftmål tidlegare. Derfor må konklusjonen bli at ein må velje tostavingsendingar (med utgang på -e) i bestemt form fleirtal (*sauene*).

Men det er ikkje problemlaust å sløyfe -r- i desse bøyingsendingane. I ymse tilfelle ville ein få ein «ulikeleg» og «unorsk» svip på orda: *Framlegg* fører ei rad døme på slike ord, mellom anna *mennene, føtene, bøkene, vonene, sakene*. Slike ord «ser ikkje nettupp kjendslegt ut for norske augo. Aa sjaa til fær ordi noko so flaatt og eins-tonande ved seg» (84). Løysinga finn Garborg og Flo i «den norske triklangen» *a–i–u*.

Nemndmedlemmene gjer framlegg om å ta i bruk *-ir*, som ikkje har vore mykje brukt trass i at folk som Landstad og Vinje skrev slik. Bøyingsendingar i substantiv med *-i* har støtte i talemålet, særleg i bunden form fleirtal. Ein annan fordel er at ein slepp å skrive *j* etter *k* og *g* i fleirtalsformer av visse ord som tidlegare. Dermed kan ein skrive *benkir* (ikkje *benkjir*), *strengir* (ikkje *strengjir*). «Med de vert heile skrivemaaten av desse ordi so svipleg og fin og lempelag som nokon kann ynskje seg» (85). Utan at det historiske sambandet blir nemnt, er det altså ord med såkalla i-stamme i norrønt som får dette bøyingsmønsteret.

Til grunn for *a* i treklangen i midlandsnormalen ligg dei sterke hokjønnssorda som enda på *-ar* og *-r* i ubunde fleirtal i norrønt. Dei på *-r* (+ omlyd) har fått svarabhaktivokal *-a-* i mange midlandsmål (*bok-bøkar*, *rot-røtar*). Det gjeld også ei gruppe hankjønnssord (dei som var *r*-stammar i norrønt), til dømes *mann-mennar*. Her må nemndfleirtalet vedgå at dei mest utbreidde talemålsformene nok helst burde realiserast som *-e-* i skrift, og dei må stø seg på det kvalitative argumentet om at endingar med *-a-* er i bruk i område som «skulde have best for aa samle og semja alt som er norsk i lande» (88).<sup>15</sup>

Når det gjeld *u* i treklangen, må ein etter lovene for naturleg (!) samklang velje *u* (og ikkje *o*) som den tredje endinga i fleirtal av substantiv, skriv Garborg og Flo. Også det endelege framlegget til bøyingsendingar i substantiv frå Flo og Garborg baserer seg på dei tre vokalane *a*, *i*, *u* i bøyingsendinga. I analysen av substantiva i kapittel 6 under rubrikken midlandsnormalen kjem det fram korleis Flo og Garborg ser for seg bøyingsmønsteret innanfor dei ulike substantivkategoriane.

### 3.4.3 Verb og somme andre ord

Partisippforma av sterke verb var hos Aasen og fleire andre skrivrarar etter dette mønsteret: *bunden* – *bundi* – *bunde(t)*. Garborg og Flo går inn for at også ende-vokalen i nøytrumsforma burde vere *-i*, i samsvar med talemålet i store delar av landet (*komi*, *fari*, *opi*) etter det nemnda seier. Då slepp ein òg problemet med *j* i ord som endar på *k* eller *g* i rota, argumenterer dei: *teki(n)* – *ikkje tekje(n)*, *mogi(n)* – *ikkje*

<sup>15</sup> Av døma som er gjevne i *Framlegg* kjem det fram at også eit ord som *fot* høyrde til i denne gruppa.

*mogje(n)*. Regelen blir altså: *hesten var (vart) funnin, boka var (vart) funni, barne var (vart) funni, hev funni, hadde funni*. I adjektiv på -en føreslår Garborg og Flo: *ein opin gang, ei op i grind, eit op i hus*. Fleirtalsformene er som hos Aasen: *komne, tekne, opne*. I tråd med dette systemet får somme ord ny bøyning, til dømes *litin – lita – lite, eigin – eigi – eigi, (mykin – myki) – mykje, ingin – ingi – inkje, kvaargin – kvaargi – kvaargi*. At det her blir fleire brot med det systemet som før er sett opp (til dømes *lita* for det systemrette *liti*), forklarer nemnda med at dei vil følgje dei vanlegaste formene i målføra. Nemndfleirtalet føreslår vidare ny skrivemåte for ord som *fyri, yvi* (ikkje *fyre, yver*). Dessutan skulle ein del substantiv på -el (med tonem 2) også få ny skrivemåte: *himmil, lykil, spegil* (men framleis *handel, gaffel, høyrsel* på grunn av tonem 1).

#### 3.4.4 Midlandsnormalen som sideform

Norsk rettskriving har i ein lang periode (fram til 2005 for bokmål og fram til 2012 for nynorsk) hatt eit system med to normnivå, hovudformer og sideformer. Sideformer var former elevane kunne bruke, men dei kunne ikkje brukast i lærebøker for grunnskolen og den vidaregåande skolen og hadde dermed lågare status enn hovudformene. Hovudformene har også blitt omtalte som «læreboknormalen», mens sideformene også blei kalla «klammeformer» fordi dei var oppførte i skarpe klammer i ordlistene. Samtidig som departementet autoriserte Hægstad-normalen som offisiell normal for landsmålet i 1901, blei midlandsnormalen tillaten som «sideform», men det spesielle var at ordninga ikkje gjaldt einskilde språkdrag, men ein heil normal. Omgrepene *sidenormal* er såleis meir dekkjande. Fleire har brukt omgrepet sideform om midlandsnormalen, så også nemndmedlemmene sjølv: «[F]leirtalsformi fraa de fysste framleggje vart no sideform, til bruk for folkeskulen i bygder eller byar som maatte ynskja det» (Flo 1906:4). Jahr (1992) diskuterer statusen til dei ulike formene i skriftnormalane på 1900-talet, og her kjem det fram at sideformer kan førast heilt tilbake til 1893, da departementet gav elevane lov til å bruke dei spesielle formene som dei såg i Nordahl Rolfsens lesebok frå året før. Sideformer, slik vi kjenner dei frå 1938-normalen, fekk vi i landsmålet med reforma i 1910 då det mellom anna blei lov for skoleelevar å skrive bestemt form fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord utan -r- (*hestane, skålene, visone*).

### 3.5 Hægstad-normalen

Hægstad var usamd med Flo og Garborg om ein del (bøyings)endingar, og han har derfor eit eige votum på åtte sider sist i *Framlegg* der han gjer greie for sitt syn. I utgangspunktet held Hægstad seg til Aasen også i desse spørsmåla, men seier at nokre av formene treng ein nærmare omtale. Når ein ser på skilnadene mellom Aasen-normalen og Hægstads framlegg under eitt, må det vere riktig å seie at Hægstad underkommuniserer usemja med Aasen. I substantivbøyninga er det særleg bunden form eintal av inkjekjønnsord (*huse/huset*), ubunden form fleirtal av sterke og svake hokjønnsord (*bygdir* vs. *bygder* / *klokkur* vs. *klokkor*) og bunden form fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord han går nærmare inn på.

#### 3.5.1 Bundens form eintal av inkjekjønnsord

Hægstad gjer først greie for korleis dette har vore praktisert i skriftspråket tidlegare. Sterke inkjekjønnsord hadde ending på -et eller -(i)t (*huset, rikit*), dei svake på -t (*augat*). Same endinga hadde også nokre adjektiv i inkjekjønn (*litit, opet*), partisipp av visse verb (*faret, kallat*) og nokre pronomer (*annat, nokot*). I talemålet har endinga -t falle bort i desse tilfella (unnateke visse delar av Østfold). Aasen meinte likevel at det var best å halde på t-endinga i alle desse tilfella, og fleire tidlege landsmålsforfattarar følgde Aasens system. Etter kvart har somme forfattarar byrja å sløyfe t i nokre kategoriar, somme i alle, seier Hægstad. Også Hægstad går inn for å sløyfe t «der som -t kjem etter ein annan vokal enn -e» (119) (*auga, kasta, noko, anna*). Det fører rett nok til at eit knippe inkjekjønnsord (*auga, hjarta* ofl.) får lik form i ubestemt og bestemt form eintal, men det er så få at det ikkje er meining i å lage eit unntak, meiner Hægstad.

Når det gjeld -t når han kjem etter ein e (*brevet, skrivet*), stiller saka seg noko annleis for Hægstad. Dette forholdet gjeld ei rad einstavingsord som ved å miste -t, vil sjå ut som tostavingsord, jf. *hogg'e* (bf. sg.) vs *hogge* (inf.), *kast'e* (bf. sg.) vs. *kaste* (inf.). Faren for feillesing vil vere stor, og det vil vere ei fallgruve for den som skriv, argumenterer Hægstad. Han ser ingen god grunn til å ta bort ei ending som folk har vant seg til, som har rot i gamalnorsk og er eit godt lesemærke. Eit sterkt

tilleggsargument er det at det ikkje er på tale å fjerne *t*-endinga i dansk-norsk, og det vil vere uheldig, ikkje minst i eit pedagogisk perspektiv, om det var ulik praksis i dei to skriftspråka i ein og same kategori. Hægstsads framlegg om å halde på *-t* når han kjem etter *e*, vil då føre til at *t* blir ståande i partisipp (*skrivet, faret*), i tostava inkjekjønnsord med utgang på *-e* (*riket*) og i nøytrumsforma av adjektiv på *-en* (*eit litet hus*).

### 3.5.2 Hokjønnsord

I norrønt var endinga i ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord *-er* eller *-ir* (*náler, bygðir*).<sup>16</sup> I talemålet er *-e(r)* mest utbreidd, mens nokre få målføre har *-i(r)*. Aasen-normalen hadde *-er*, og forma var nesten einerådande blant landsmålsskrivarar. Vinje skreiv ei tid *-ir*, men gav det seinare opp. I bunden form hadde Aasen-normalen *-erna* (*bygderna*). Vidare seier Hægstad at nesten alle no skriv *-erne* (*bygderne*), då *-erna* (*bygderna*) har vist seg å vere vanskeleg for mange skrivarar (121). Hægstad går mot Flos og Garborgs forslag om *-ir* (og *-ine* i bunden form) og er skeptisk til å innføre nye endingar i landsmålet i skolebøker.

I svake hokjønnsord ubestemt form fleirtal var endinga i norrønt *-or* eller *-ur*. Aasen hadde her *-or*, mens det i målføra skiftar mellom *-o(r)*, *-å(r)*, *-u(r)* og *-e(r)*. I skrift hadde *-or* vore mest brukt sjølv om nokre forfattarar i nyare tid hadde skrive *-ur*. Av nyare bøker (frå 1898) som Hægstad har undersøkt, skriv både Hans Seland, Rasmus Løland, Vetle Vislie og Anders Hovden *-or*, mens *-ur* berre blir brukt av éin namlaus forfattar. (Thorleif Homme gav ut *Fyste boki um loge og liv* anonymt.) Hægstad går såleis inn for *-or* i ubunden form fleirtal av svake hokjønnsord. I bunden form fleirtal hadde Aasen *-orna*. Hægstad har observert at dei fleste nye forfattarane skriv *-orne* (men som analysen i kapittel 6 viser, stemmer ikkje dette med resultatet frå korpusundersøkinga).

Hægstad avviser tanken om å innføre kløyvd infinitiv. Eit slikt system ville vere altfor vanskeleg å lære, ikkje minst for dei elevane som ikkje har eit slikt system i talemålet. Denne kritikken gjeld òg for svake hokjønnsord i ubestemt eintal. I dette spørsmålet

---

<sup>16</sup> I tillegg kjem dei feminine *o*-stammene som hadde *-ar* i fleirtal (*ey-eyjar*, jf. *øyar* i moderne nynorsk).

gjekk nemndfleirtalet inn for eit todelt system (*ei viku, ei klokke*). I austnorsk er dei kortstava orda utjamna på ulikt vis i dialektane (*viku > vuku, voxo*), og skiftet mellom *e* og *u* er heller ikkje regelrett i austnorsk (*olje, ferje, men sølju*). Eit slikt system som er både vanskeleg å lære og uprøvd i skrift tidlegare, er det altfor vågalt å ta inn i skolebøker, meiner Hægstad.

### 3.5.3 Andre endringar

Nytt og lite brukt i landsmålet er også den nye bøyinga av adjektiv på *-en* og dei sterke partisippa som fleirtalet i nemnda foreslår, held Hægstad fram. Aasens system (*hesten var funnen, boki var funni, barnet var funnet*) er vel etablert i landsmålet og er lett å lære fordi adjektivet får same endinga som substantivet i alle kjønn. Forslaget til fleirtalet (*hesten var funnin, boki var funni, barne var funni* (ved sida av *litin, lita, lite* og *opin, opi, opi*, men *mykje*)) er til meins både for dei som alt har lært seg det gamle systemet, og for dei som skal lære seg landsmål. For Hægstad er det derfor sjølvsagt at han ikkje kan vere med på ei slik endring av den allmenne rettskrivinga.

Når det gjeld den vokalklangen som fleirtalet legg slik vekt på, seier Hægstad at det er *e* og *o* som er mest utbreidde i «den allmenne midelnorsk», og at det er den vegen utviklinga går. Aasen-normalen har *e* og *o* (med unntak av *boki, aari, funni / ongul, steinut*). Fleirtalet går inn for *i* og *u* i mange andre høve, men det er vanskeleg å finne reglane i systemet: *yvi* (for *yver*), *opi* (for *opet*), *bygdir* (for *bygder*), men likevel *etter, under, lite* (for *litet*), *byggjer, Noreg*, men *spiegel*. Hægstad set opp fleire etter hans syn problematiske endringar fleirtalet har gjort i høve til Aasen-normalen:

Aasen	Garborg og Flo
<i>menner, mennerne</i>	<i>mennar, mennane</i>
<i>røter, røterne</i>	<i>røtar, røtane</i>
<i>geiter, geiterne</i>	<i>geitar, geitane</i>

Heller ikkje her ser Hægstad kva vinning det skulle vere å innføre former som er lite utbreidde både i skrift og tale og er «heller ugreie». Skulle ein lykkast med å innføre landsmålsformer som vik så mykje av frå det vanlege (*huse, venir, venine, klokke, viku, klokkur, fara, skrive* ofl.), ville skoleelevane ikkje finne støtte i den landsmåslitteraturen som alt finst. Dei som no skriv landsmål, må lære det ein gong til, oppsummerer Hægstad.

### **3.6 Oppsummering om normalane**

Vi har sett på dei ulike utformingane av landsmålet fram til den første offisielle normeringa i 1901. Aasen-normalen er hjørnestenen for alle desse, og utgreiinga konkluderer med at det er den skriftforma som kan konstituerast på grunnlag av andreutgåva av grammatikken (1864) og ordboka (1873), som utgjer Aasen-normalen. Denne normalen var ei rettesnor for mange skrivarar, sjølv om det var få som følgde han fullt ut. Det tidlege landsmålet var eit heterogent skriftmål, og det at det blei teke i bruk på stadig fleire felt i samfunnet, ikkje minst i skoleverket, gjorde at det blei nødvendig å fastsetje ein offisiell normal for landsmålet. Ein departementsnedsett kommisjon som bestod av Hægstad, Garborg og Flo, leverte sitt framlegg til ny rettskriving for landsmålet i skolen i 1899 og kom med eit tillegg i 1900. Nemnda er splitta i synet på korleis normalen for landsmålet bør sjå ut. Departementet valde å følgje Hægstads framlegg, som innebar ein viss revisjon av Aasen-normalen, mens det opphavlege framlegget til Garborg og Flo, som bygde på fjellbygdmåla på Austlandet, midlandsnormalen, blei godkjent til skolebruk.



# 4 Fasar i språkplanlegginga – prinsipp i normeringa

---

Kvifor bør ein i det heile teke standardisere eit språk? Kva er vitsen med ein sams normal, kunne ein spørje. I Noreg har alle forsøk på språkstandardisering, frå dei første forsiktige på slutten av 1800-talet og fram til i dag, ført til sterke diskusjonar, og dei hyppige revisjonane av skriftspråksnormalane kan tolkast som teikn på at ein ikkje har vore nøgd med resultatet av dei. Ikkje alle ser vitsen i å følgje dei, så både privatpersonar og somme aviser, forlag og organisasjonar har laga sine eigne private normalar. Trass i dette er det likevel solide argument for å ha ei nokolunde felles norm for eit skriftspråk.

## 4.1 Kvifor ein standard?

På eit overordna plan kunne ein tenkje seg at eit fullt frislepp i skriftspråket ville føre til kaotiske tilstandar som ville hemme kommunikasjonen i ein slik grad at det gjekk ut over forståinga. Som Teleman (1992) kan ein sjå spørsmålet frå ulike perspektiv. Frå *skrivarens* perspektiv er poenget med ein (snever) normal at han ikkje må tenkje seg om, gjere val og forhandle med seg sjølv frå tilfelle til tilfelle i skriveprosessen, men at slike spørsmål så å seie er avgjorde i normalen slik at skrivaren heilt og fullt kan konsentrere seg om kva han vil formidle, og korleis teksten skal formast. For *lesaren* skal ein normal gje ein formell grunntryggleik som igjen gjer lesinga lettare. «En kod som ligger fast och inte rymmer några extravaganser avläses lättare, säkrare och snabbare av den som behärsker koden», er dei sterkaste argumenta for ei fellesnorm sett frå lesarens synspunkt, seier Teleman (1992:162). Teleman (1992) er i utgangspunktet eit innlegg i den norske språkdebatten der forfattaren argumenterer for éin snever normal (og ikkje to vide, som lenge var tilfellet), men dei synspunkta som blir presenterte, kan òg kaste lys over ein standardiseringsprosess på eit

prinsipielt plan. Spørsmålet om kor einskapleg ein skriftspråksstandard skal vere, altså kor trong eller vid skriftnormalen er, har i den norske debatten ofte blitt sett på som eit spørsmål om skrivarens demokratiske rett til å nytte eit skriftspråk som ligg nær opp til talespråket. Teleman ser dette annleis og argumenterer for at den individuelle personlegdomen til skrivaren kan uttrykkjast på andre måtar. Standardisering i ekstrem form inneber at same ord i heile skriftkulturen alltid blir skrive og bøygd på same måte. Den regionale og sosiale tilhøyrsla, personlegdommen osv. viser seg ikkje i staving og bøyning, slik tilfellet oftast er i talespråket. Ho kan derimot komme til syne i syntaks og ordval, val av innhald og stil og ikkje i bøyningssuffiks og stavemåte av einskildord (Teleman 1992:162). I ein språkinnlæringsfase kan også andre behov vere relevante.

Det er med andre ord tungtvegande grunnar for at eit skriftspråk bør vere tufta på ein normal. Eit vanskelegare spørsmål er kva prinsipp utforminga av normalen bør vere tufta på, og korleis han bør sjå ut når ein legg dei vedtekne prinsippa til grunn.

## 4.2 1901-normalen

*Framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne* (Hægstad, Garborg og Flo 1899) og *Tillæg til "Framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne"* (Hægstad, Garborg og Flo 1901) utgjer til saman 1901-normalen. Desse publikasjonane innehold både forslaget til Hægstad og forslaget til Flo og Garborg. Termen 1901-normalen omfattar derfor varietetane Hægstad-normalen og midlandsnormalen. Midlandsnormalen får såleis ein type klammeformstatus, jamvel om termen klammeform er ein anakronisme fordi denne ordninga ikkje fanst i 1901. Parallelform er eit nøytralt overomgrep (jf. Jahr 1992). Situasjonen skil seg frå dei sideformene som blei innførte i 1938 (og som varte fram til 2005 for bokmål og til 2012 for nynorsk), fordi det her dreier seg om ein heil normal og ikkje berre einskildformer. Ein skrivar som var pålagd å følgje ein normal, eller som tok mål av seg til å følgje ein normal, måtte velje den eine eller andre varieteten. Det var i utgangspunktet ikkje opning for å bruke former frå den eine normalen i den andre. At det nettopp er det som er tilfellet når ein skal beskrive landsmålet før 1901, er ei anna side av saka som blir drøfta seinare i denne undersøkinga. Jahr (1992:128) peiker på at det er uheldig språkbruk å nytte termen

«sideform» om midlandsnormalen og vil heller seie at departementet i 1901 godkjende to *variantar* av landsmål.

Sjølv om 1901-normalen var den første offisielle standardiseringa av landsmålet, må han likevel sjåast på som ein *revisjon* av ein eksisterande normal. 1901-normalen kom i stand fordi det var eit ønske i språksamfunnet om å endre/stramme inn ei nokolunde etablert rettskriving. Sjølv om det i overraskande liten grad blei vist til eksisterande utforming(ar) av landsmålet i forarbeida til 1901-normalen (heller ikkje Aasen-normalen), fanst det allereie etablerte utformingar som la føringar for dei nye normalane. Denne undersøkinga søker mellom anna å gje svar på i kor stor grad dei nye bøyingsmorfema hadde rot i det allereie eksisterande skriftspråket. Normerarane var med andre ord bundne av ein skriftradisjon sjølv om landsmålet rundt 1900 hadde ei relativt kort historie. Dette gjeld særleg når det kjem til fastsetjinga av morfologien i skriftnormalen. «Her må ein i hovudsak følgje systemet i den varieteten som er normgrunnlag», seier Vikør (2007:120). Normgrunnlaget for Hægstad-normalen og midlandsnormalen er forskjellig, og det fekk følgjer for sentrale delar av morfologien. I kva grad dei to normalane følgjer normgrunnlaget sitt, er ikkje lett å måle fordi normgrunnlaget er dei to nokså upresise storleikane «austlandske fjellmål» og «vestlandsmål». Det er heller ikkje noko mål i denne samanhengen. Det som likevel synest klart, er at det blei lagt ulike prinsipp til grunn for dei to normalane.

### 4.3 Omgrepsavklaring

Innleiingsvis i dette kapittelet er det nødvendig å gjere greie for nokre grunnleggjande termar. Substantivet<sup>17</sup> *normal* går igjen i heile undersøkinga, ikkje minst i samansetjingar som til dømes Hægstad-*normalen* og midlands-*normalen*. Den uspesifiserte samansetjinga er *språknormal*, og med det skal ein her forstå eit sett av reglar for korleis ein språkvarietet skal skrivast (og uttalast). Denne definisjonen er i tråd med Vikør (2007:75). Når det gjeld landsmål, kan ein sjå føre seg heile

<sup>17</sup> Sjølv om substantivet rett nok byggjer på adjektivet både når det gjeld innhald og etymologi, er det likevel viktig å skilje mellom dei. Substantivet må ikkje oppfattast i retning av den moglege adjektivtydinga ‘vanleg, gjengs’. Adjektivet brukt i denne tydinga påkallar motsetninga ‘unormal’, og det gjev ueheldige konnotasjonar i ein språkvitskapleg samanheng. Verbet *normalisere* får i denne samanhengen tydinga ‘få til å samsvare med ei norm’, jf. utgreiinga av termen *normering*.

variasjonsbreidda av brukte (og ubrukte) former og reglar som denne varieteten (eller målforma) omfattar. Blant dette tilfanget valde den eine delen av 1901-komiteen (Hægstad) ut eit sett med former (og reglar) som departementet seinare gav offisiell status. Denne normalen har seinare blitt omtalt som Hægstad-normalen eller 1901-normalen. Den andre delen av komiteen gjekk inn for eit anna sett med former (og reglar). Dette settet blei kjent som midlandsnormalen, og fekk berre ein halvoffisiell status ved at det blei tillate til bruk i skolen. *Skriftnormal* er eit trongare omgrep enn språknormal, og skal då berre omfatte skriftspråket, men svarar elles til språknormal. Det er i første rekke skriftnormalar som blir omtalte i denne undersøkinga.<sup>18</sup> Ein annan mykje brukt parallel term til skriftnormal er *rettskriving*. Det systemet ein ser konturane av i 1901, med eit statusskilje mellom (sett med) former, blei vidareutvikla og konkretisert gjennom rettskrivingsreformene utover på 1900-talet. Vi fekk eit system som omfatta ei snever og ei vid ramme av former. Den snevre ramma har (frå 1959) blitt omtalt som læreboknormalen, mens den vide ramma har omfatta læreboknormalen med tillegg av sideformer. Omgrepet *rettskriving* blir brukt om den vide ramma (jf. Jahr (1992:125)). 1901-rettskrivinga omfattar dermed, akkurat som 1901-normalen, både Hægstad-normalen og midlandsnormalen.

*Språkplanlegging* definerer Vikør (2007:101) som «dei faglege tiltaka [som blir gjort] for å påverke sjølve bruken og utviklinga av ein bestemt språknormal». I denne undersøkinga blir denne definisjonen lagd til grunn, men når det gjeld tidleg landsmål, er det viktig også å fokusere på fasen *før* språknormalen blir ein realitet. I denne samanhengen er først medvitet om at skriftspråket treng ei fast(are) norm, og dernest avgjerda om å setje ned ein komité som skal leggje fram forslag til ny normal, ein like viktig del av prosessen. Det konkrete faglege arbeidet med sjølve normalen (det å velje former og lage reglar for ein språkvarietet etter visse medvetne (eller umedvetne!) prinsipp) utgjer første fase i språkplanleggingsprosessen.

---

<sup>18</sup> Vikør (2007) omtalar ved eitt høve skriftnormal som ‘umarkert varietet av skriftspråk’ (93). Det høver ikkje så godt når det gjeld Hægstad-normalen og midlandsnormalen.

#### 4.3.1 Fasar i språkplanleggingsprosessen

Fleire forskarar har forsøkt å isolere og beskrive dei ulike fasane i språkplanleggingsprosessen. Vikør (2007:103 ff) gjev eit godt oversyn over dei viktigaste, og konkluderer med at Haugens firefasemodell (Haugen 1966) med nokre modifikasjonar er den som står seg best.

Å bruke nemninga *fase* om dei ulike nivåa i Haugens modell er ikkje heilt heldig fordi det lett gjev eit inntrykk av at dei inntreffer i ei fast rekjkjefølgd på ei bestemd tidsline. Det er knapt tilfellet. Dei ulike delane i prosessen føregår over ei viss tid, nokre truleg heile tida, men fleire av dei føregår samstundes. Derfor er heller ikkje *punkt* noka god nemning. *Ledd* er nærmare kjernen, men i mangel av ei verkeleg treffande nemning blir dei omtalte som fasar (med dei reservasjonane som er nemnde her).

Haugen (1966:13 ff) identifiserer desse fire fasane i språkplanlegginga:

1. Selection of norm (val av norm)
2. Codification of form (kodifisering av form)
3. Elaboration of function (utbygging av funksjon)
4. Acceptance by the community (godkjenning frå samfunnets side)

I ettertid har Haugen sjølv justert noko på modellen (Haugen 1972, 1983), og den viktigaste endringa er punktet om godkjenning frå samfunnets side, som blei endra til «implementation» (implementering). Det er òg den nemninga som har slått gjennom i litteraturen.

Ein av modifikasjonane eller utbyggingane av Haugens modell som Vikør (2007) nemner, er eit punkt om evaluering (evaluation), som Rubin (1971) innførte. Det var ei påminning om at alle språkplanleggingstiltak må evaluerast eller vurderast for å avgjere i kva grad dei lykkast, slik at ein kan gjere eventuelle justeringar i den vidare språkplanlegginga.

Haugens modell kan brukast til å vurdere den uoffisielle Aasen-normalen, men han kan ikkje brukast til ei liknande vurdering av Hægstad-normalen med den empirien som ligg til grunn for denne undersøkinga. Til det treng ein empiri frå tida etter 1901. Derimot kan modellen på generelt grunnlag brukast til (betre) å forstå korleis ein

språkstandardiseringsprosess verkar. Dessutan kan den første og andre fasen i modellen (val av norm og kodifisering av form) brukast til å vurdere kva grunnlag avgjerdene blei tekne på med omsyn til normval, særleg fordi dei morfologiske forskjellane var såpass store mellom Hægstad-normalen og midlandsnormalen.

Språkplanlegging er eit overomgrep som også omfattar ein annan grunnleggjande term i denne undersøkinga. *Språknormering* (eller berre *normering*) dekkjer fase 2 i Haugens modell (codification). Etter *Nynorskordboka* har *normere* to tydingar, men i denne samanhengen er det tydinga ‘fastsetje som norm’ som er viktig. (Språk)normering blir då *det å fastsetje ei norm*. Kjende og mykje brukte termar som *standardisering* og *kodifisering* er å oppfatte som synonym til normering. Denne nemningsbruken er i tråd med definisjonen og bruken av termene i Vikør (2007). Det er verdt å peike på at desse termene ofte blir brukte i samansetjingar, og valet mellom dei kan vere avhengig av kva for grunnterm som er mest innarbeidd i samansetjinga. I denne undersøkinga er til dømes termen *standardiseringsprosess* føretrekt sjølv om ein også kunne sjå for seg *normeringsprosess* og jamvel *kodifiseringsprosess*. Objektet for handlinga (normeringa) er det som i litteraturen blir omtalt som *normkjernen* (etter Bleken (1966), jf. Vikør (2007)). Normkjernen omfattar rettskriving, bøyning og uttale, men i denne undersøkinga er det berre bøyninga, det vi seie den morfologiske variasjonen, som blir undersøkt.

#### 4.4 Val av normgrunnlag

Den første fasen i Haugens modell (selection of norm) er omsett til ‘val av normgrunnlag’ i Vikør (2007). Vikør argumenterer for at heller ikkje denne termen er fullgod, fordi det i praksis sjeldan dreier seg om eit bevisst val mellom ulike varietatar, men heller om ei språksosial utvikling der den mest dominante varieteten i språksamfunnet vinn fram. Han peiker på at i praksis vil val av normgrunnlag seie «den prosessen som fører til at ein viss varietet av eit språk får status som grunnlag eller råmateriale for ein språkstandard (skriftleg og eventuelt munnleg) for heile språksamfunnet» (2007:110). I mange tilfelle vil nok denne beskrivinga passe med røynda, men når det gjeld utviklinga av landsmålet fram mot 1901 og valet av varietet som normgrunnlag for ein normal, kan ein argumentere for at nettopp eit slikt bevisst

val mellom ulike varietetar blei gjort. Mens Hægstad valde ei meir konservativ og tradisjonsbunden tilnærming ved å leggje Aasen-normalen til grunn, gjekk Garborg og Flo inn for ein varietet som bygde på dei såkalla midlandsmåla. Den eine valde altså å tufta den nye norma på ein vestnorsk varietet (eller iallfall ein varietet som hadde Aasens eige sunnmørsmål som utgangspunkt), mens den andre delen av komiteen valde ein varietet som hadde basis i dei austnorske fjellmåla. Mot dette kan ein sjølvsagt hevde at *alle* dialektane var med i normgrunnlaget, og at Aasens protonefinsk var eit minste felles multiplum for språket i *heile* landet (med unntak av bymåla) og såleis ikkje favoriserte nokon dialekt i det heile. Dei to normalane, Hægstad-normalen og midlandsnormalen, er i seg sjølv gode demonstrasjonar av at sjølv om ein godtek premissen om at Aasens protonefinsk verkeleg tek opp i seg drag frå alle dei norske målføra utanom byane, er det likevel mogleg å revidere Aasens utgangspunkt slik at den nye normalen får eit anna geografisk tyngdepunkt. Og med ein viss rett må ein kunne hevde at Aasen-normalen har ei vestnorsk slagside. Det var nettopp derfor landsmålsfolk med andre preferansar lanserte eit alternativ med austlandsmål som basis, eit austlandsk korrektiv, så å seie. Dei same tankane er Walton (2006:85) inne på når han stiller spørsmålet «Korleis hadde det normalmålet som Aasen sette opp blitt dersom han ikkje vart rodd over Voldsfjorden til Kile, men i staden tok til venstre, før langsetter kysten til Trondheim, og tok til med målgranskingsa si i Trøndelag og Gudbrandsdalen? Om heile langferda med andre ord gjekk i revers?» Walton viser til Aasens kumulative metode der det materialet han samla inn først, fekk mykje å seie. Heilskapen fanst i delane, og det var lett å forsvare at det meste fanst i dei første delane der han tok føre seg sitt eige heimemål, sunnmørsmålet, og andre vestlandsmål. Poenget er at normerarane hadde eit reelt val, og at avgjerda om å leggje den vestlandsmålbaserte Aasen-normalen eller òg den austlandsmålbaserte midlandsnormalen til grunn, var ei medveten handling som bør sjåast på som ein del av normeringsprosessen.

Ser ein den norske språksituasjonen i eit større perspektiv, kan ein argumentere for at val av normgrunnlag også skjedde på eit tidlegare tidspunkt, nemleg då Aasen valde dei norske dialektane og Knudsen den danna daglegtalen som basis for skriftnormalane sine. Men også på dette planet var det snakk om eit medvete val frå normerarane si side.

Erkjenninga av at normgrunnlaget når det gjeld 1901-normalen, ikkje med naudsyn voks fram i form av ein naturleg dominant varietet, men blei etablert av normerarane sjølv, får òg konsekvensar for plasseringa av denne første fasen i modellen. Vikør (2007) reknar ikkje den første fasen (val av normgrunnlag) som ein del av sjølve språkplanleggings- eller normeringsprosessen.

#### 4.4.1 Lingvistisk kompetanse og objektivitet

Planlegging og normering dreier seg om val mellom ulike alternativ. Desse vala blir truleg styrte av bevisste og ubevisste haldningar til språk spesifikt, men som òg heng saman med samfunns- og kultursyn på breiare basis. Det er dette som ligg attom prinsippa for språkplanlegging. Vikør (2007:136) definerer språkplanleggingsprinsipp som «dei meir eller mindre ideologiske språkhaldningane som alle på ein eller annen måte ber i seg». På den eine sida er det derfor viktig at språkplanleggjarar har eit bevisst språksyn og veit kva for verdiar dei ønskjer å fremje med avgjerdene sine. På den andre sida må språkplanleggjarar ha grundige kunnskapar om den faktiske språkbruken for å unngå å opphøgje eigenoppfatning av språk til noko allmenngyldig. Det må vere eit *samspele* mellom vitskaplege fakta og språkleg verdisyn (Vikør 2007:135).

Både val av norm og normering i seg sjølv krev til dels inngåande lingvistisk innsikt, iallfall dersom ein skal ha håp om at språkplanleggingstiltaket skal føre fram. Dette vilkåret må seiast å vere til stades då arbeidet med den første offisielle landsmålsnormalen starta. Den samanliknande språkvitskapen var godt kjend i Noreg på slutten av 1800-talet, og denne innsikta blir langt på veg demonstrert – iallfall på nokre område – i forarbeida til normalen. Nemnda viser inngåande kjennskap både til dei norske målføra, det vil seie dei målføra det låg føre kunnskap om på denne tida, og til gamalnorsk. I tillegg kjem det fram at nemnda kjenner strukturen i dei nordiske nabospråka og andre europeiske språk. Detaljkunnskap om språkforholda ser altså ut til å vere på plass. Men gode språkplanleggingstiltak krev *meir* enn lingvistiske innsikt på detaljnivå. I utgreiinga om val av normgrunnlag peiker Vikør (2007:110) på at «[e]it rasjonelt ‘val av normgrunnlag’ [...] føreset evne til å vurdere språkvarietetar på eit reint språkleg grunnlag utan å trekke inn status og prestisje, til å frigjere seg frå

rådande språklege fordommar i samfunnet». I og med at Vikør same stad argumenterer for at val av normgrunnlag eigentleg ikkje er noka «bevisst handling gjort på grunnlag av ei rasjonell vurdering og avveging av ulike alternativ», men at normgrunnlaget har vakse fram som resultat av ei språksosial utvikling, skulle ein tru at den språkkompetansen som blir etterlyst i denne fasen for å gjere dette valet, eigentleg ikkje er nødvendig. Når det gjeld landsmålet og Hægstad-normalen/midlandsnormalen, er ønsket om ein slik kompetanse likevel på sin plass, fordi val av normgrunnlag nettopp er ei medveten handling gjord på grunnlag av ei rasjonell vurdering og avveging av ulike alternativ. Men det er ikkje vanskeleg å vere samd med Vikør i at språkplanleggjaren både i val av normeringsgrunnlag og i sjølve normeringsprosessen treng objektive evner. Likevel kan ein spørje seg om det i det heile teke er mogleg for språkforskaren å vere så nøytral som det her er krav om. Truleg må ein nøye seg med å sjå beskrivinga som ein idealtilstand som ein kan arbeide for å komme så nær som mogleg.

Denne pseudo-objektiviteten blir klarare når ein kjem til dei vala språknormeraren må ta for å finne ei norm. Over blei det vist til at mindretalaet i nemnda (Hægstad) satsa på ein varietet som låg nær opp til Aasen-normalen, og som dermed hadde vestnorsk talemål som basis, mens fleirtalet (Garborg og Flo) la dei austnorske fjellmåla til grunn for midlandsrådet. Det må seiast å vere subjektive val og uttrykk for bestemte språkhaldningar hos nemndmedlemmene.

#### **4.5 Viktige språkplanleggingsprinsipp i arbeidet med 1901-normalen**

Heilt frå framvoksteren av den moderne språkplanleggingsvitenskapen i 1960-åra har det blitt utvikla ei rekke prinsipp (eller argument) som ein bør ta omsyn til i forsøket på å normere eit språk (jf. Haugen 1966, Tauli 1968, Fishman 1974, Rubin et al 1977, Cobarrubias og Fishman 1983, Coulmas 1985, Skyum-Nielsen 1986). Desse prinsippa kan oppfattast som uttrykk for ulike ideologiske språkhaldningar, og er ofte kryssande eller står i opposisjon til kvarandre. For norske språkforhold er det særleg Lars S. Vikør (Vikør 1988, 2007, Omdal og Vikør 2002) som har utvikla ein modell der han har identifisert ei rekke ulike språkplanleggingsprinsipp og vurdert korleis desse prinsippa har komme til uttrykk i normeringa av norsk. Vikørs modell eignar seg godt

til å kaste lys over kva for prinsipp som styrte normeringa av tidleg landsmål fram mot den første offisielle normalen i 1901. Ususprinsippet er ein del av denne modellen, men prinsippet har til no ikkje blitt lagt til grunn i empirisk utforsking av tidleg landsmål. Det er særleg motsetningsforholdet mellom ususprinsippet og somme prinsipp som Aasen la til grunn for sin normal, som er interessante i denne samanhengen. I første rekkje er det Aasens ønske om å halde dei grammatiske kategoriane frå kvarandre med unike former (prinsippet om morfologisk eintydighet) og tanken om at nedervde trekk frå gamalnorsk som framleis var til stades i dialektane, skulle synast i bøyninga (det etymologiske prinsippet), som blir problematisert i analysen (kap.6).

#### 4.6 Kva er usus?

Vikør (2007:180) definerer *usus* som den «aksepterte og etablerte skriftmålsbruken» i eit språksamfunn<sup>19</sup>. Dersom ein legg den aksepterte og etablerte skriftmålsbruken til grunn når ein normerer eit språk, har ein nytta *ususprinsippet*. I eit anna viktig verk som mellom anna diskuterer språkplanlegging i Noreg, Haugen (1968), er ikkje termen definert i eigentleg forstand, men av konteksten går det fram at Haugen i usus legg tydinga «flertallets språkvaner» (1968:4). Også Sandøy (2005b:72) definerer termen i same lei når han skriv: «Desse tendensane [i skriftspråket] kan ein studere empirisk gjennom å observere bruken, såkalla *usus*». Både Vikør (2007) og Sandøy (2005b) knyter ususprinsippet, både det ideologiske innhaldet dei legg i termen og viljen til å bruke prinsippet i ein normeringsprosess, til riksmålsrørsla. Men prinsippet har nok hatt eit vidare nedslagsfelt enn som så. Vikør (2007:181) viser då også til eit anna arbeid (Vikør 1992) der han drøftar motsetninga mellom språkbruken (= *usus*) og systemomsynet. Også Sandøy peiker på at då bokmålseksjonen i Norsk språkråd bad fagnemnda ta opp spørsmålet om lite brukte former i bokmål, blei oppdraget definert til berre å gjelde skriftspråket og arbeidet blei sterkt prega av frekvensstudiar i databasar. Han legg til at ususprinsippet òg har «fått litt innpass i nynorsk-

<sup>19</sup> På neste side kjem det i ein parentes fram at usus i *vid* tyding tyder «allmenn skriftspråksbruk». Det kjem ikkje heilt klart fram, men den første definisjonen gjeld eventuelt omgrepene slik det er brukt og forstått av riksmålsrørsla (= snever tyding).

normeringa».<sup>20</sup> Vikør (2007) diskuterer termen over ei side og problematiserer til dels innhaldet i han, mellom anna ved å vise til Myking (1991:182), som legg eit noko anna innhald i termen ut frå eit terminologisynspunkt.

#### *4.6.1 Eit omdiskutert prinsipp*

Forsøk på å påverke språkbruken i noka lei er heilt uaktuelt dersom ein (reint teoretisk) berre skulle leggje ususprinsippet til grunn for språknormeringa (Vikør 2007:189). Også Sandøy (2005b:73) peiker på at ususprinsippet (eller ususideologien som Sandøy kallar det) impliserer at ein ikkje vil eller skal røre ved språket. Usus tillét ikkje at talespråket får styre normeringa, og på denne måten tildekkjer ususideologien at vi har eit val, «ettersom dette ikkje gjeld natur, men førestillingar» (Sandøy 2005b:73).

I ein diskusjon om rolla til avisspråket i implementeringa av språknormer set Sandøy i fleire arbeid (2003, 2005a, 2005b) eit kritisk øykjelys på bruk av usus i normeringa. Han nyttar omgrepet normeringssirkel for å forklare uformell normering, rett nok i organ som *Aftenposten* og *NTB*, som påverkar den faktiske språkbruken, og som i neste omgang påverkar den offisielle normeringa i eigenskap av usus. Sandøy (2003:270) åtvarar på generelt grunnlag sterkt mot å gje for høg status til ususprinsippet i norsk språkpolitikk:

*Når ein opphøgjer usus-prinsippet i norsk språkpolitikk, gir ein meir makt til dei udemokratiske og private normagentane. Bruksfrekvensar henta frå elektroniske korpus viser ikkje korleis norma er eller bør vere, og heller ikkje kva folk ønskjer. Ho viser derimot korleis dei med hegemoni over skriftverda utøver makta.*

Sandøy minner om farane ved ukritisk å bruke korpus til å skape eit bilet av den faktiske skriftmålsbruken i eit språksamfunn i eit visst tidsrom. Han peiker på at viktige organ har fått høve til å normere språket før det blir grunnlag for usus. For å komme ei slik slagseite til livs poengterer Sandøy at «[d]et er dei usensurerte og

---

<sup>20</sup> I dag kan ein trygt seie at dette er eit understatement. Usus-prinsippet var viktig i arbeidet med 2012-normalen for nynorsk.

språklig friare publikasjonane som det kunne vere nyttig å få vete noe om når ein vil nærme seg ‘folkets røst’» (2005a:101). Frå Sandøys ståstad er det eintydig negativt og direkte feil å vere tilhengjar av ususprinsippet når det er tale om moderne språkplanlegging. Då må ein hugse på den premissen som Sandøy legg til grunn om at aviser og forlag har drive førehandssensurering av skriftspråket til individet, og at denne praksisen er sjølvforsterkande ved at norske avislesarar blir utsette for eit svært einsidig skriftbilete og såleis står i fare for å reproduusere dei vanlege formene sjølv i neste omgang. Nettopp derfor er det heilt avgjerande å problematisere termar som representativitet og balanse i korpusbaserte undersøkingar.

#### *4.6.2 I kva grad speglar usus språket på individnivå?*

Alle som veks opp i eit samfunn med eit etablert skriftspråk, vil i regelen alltid ha eit eksisterande skriftleg førelegg å rette seg etter. Skriveopplæringa i skolen har (i alle fall etter kvart) som mål å gje elevane skriftspråkleg kompetanse slik at dei meistrar konvensjonane i den gjeldande skriftnormalen. Allereie på dette stadiet kan ein hevde at det har gått føre seg ein prosess som har styrt den individulle skriftspråksbrukaren i ei viss retning. I den norske røynda vil ein sjølv etter denne prosessen oppleve at skriftmålsbrukarane skriv ulikt. Dei vil sannsynlegvis bruke både den valfridommen som ligg i normalen, og truleg også bruke former som ligg utanfor normalen. Kvar dei held seg på denne skalaen, har å gjere med personlege preferansar som igjen vil vere styrte av faktorar som til dømes oppvekstvilkår og utdanning. For somme vil skriving bli ein viktig del av livet ved at dei til dømes har eit yrke som krev at dei ytrar seg i skrift, eller ved at dei som privatpersonar til dømes vel å ta del i den offentlege skriftlege debatten. For andre vil skriving vere ein perifer aktivitet, fordi det ikkje er del av yrket dei utøver eller fordi dei ikkje har interesser elles som krev det. I alle høve vil slike personar i liten grad produsere tekst som kan fangast opp og slik bli ein del av usus.

Ein skriftnormal er i sitt vesen eit kompromiss eller ein avtale som gjeld for ein fellesskap, eit samfunn av skiftspråksbrukarar. Idealet er at skriftnormalen speglar preferansane til ein så stor del av brukarane som mogleg, men i røynda vil ikkje ein skriftnormal kunne samle praksisen og ønska til einskildindividua. Det mest realistiske

målet dersom ein legg ususprinsippet til grunn for ein skriftnormal, er at utvalet ein skal fastleggje usus på grunnlag av, er så representativt at det speglar skriftspråkspraksisen til relevante *grupper* av skrivarar. Denne erkjenninga endrar sjølvsagt ikkje på kravet om at dei morfologiske formene som er brukte i ein tekst som skal danne grunnlag for å seie noko om usus, er eit resultat av ei sjølvstendig avgjerd teken av den opphavlege tekstsakaren og ikkje til dømes av ein avis- eller forlagsredaktør. I alle høve må ein vere klar over kva for bruk ein undersøkjer: den språklege praksisen på individnivå eller den språklege praksisen til eit avishus eller eit forlag. Desse teoretiske perspektiva blir lagde til grunn i diskusjonen i kapittel 5 om i kva grad tekstutvalet i Landsmålskorpuset speglar den samla bruken av landsmålet i perioden 1870–1901.

#### 4.6.3 *Usus og ideologi*

Det kan sjå ut som dei ulike aktørane ikkje legg det same i termen usus(prinsipp). Det er viktig å skilje mellom den «nøytrale» bruken av termen usus og bruken med ideologisk slagside mot riksmålsrørsla i retning av «praksis som fremjar ei talemålsfjern og hegemonisk norm». Så kan ein stille spørsmål om det i det heile teke er mogleg å praktisere ususprinsippet på ein «nøytral» måte. Dette spørsmålet heng nøye saman med spørsmålet om balanse og representativitet i eit korpus fordi i dag vil i praksis alle forsøk på å kartlegge usus i eit skriftspråk vere avhengig av eit korpus.

Viljen til å bruke usus som eit prinsipp i språknormeringa kviler på ei viss språkideologisk haldning eller eit visst verdisyn. Ein må vere villig til å verkeleg ta omsyn til den faktiske språkbruken i språkplanlegginga. Prinsipielt er det mogleg å avvise ususprinsippet og seie at ein ikkje vil leggje den faktiske språkbruken frå den nærmaste fortida til grunn, men til dømes heller gå inn for å leggje språket frå ein tidlegare fase til grunn. Eller ein kan tenkje seg ein annan type selektiv tilnærming der ein vel ut visse delar av den faktiske språkbruken som normeringa kan kvile på. Dette verdisynet meiner Vikør (1992) å sjå ved revisjonen av bokmålsnormalen i 1981. Den riksmålsvennlege fløya gjekk sterkt imot å undersøkje den faktiske språkbruken i bokmålet før ein gjorde vedtaket. Tradisjonalistane ville at normalen skulle byggje på

ein (eldre) skrifttradisjon og ikkje på (nyare) skriftmålsbruk som braut med tradisjonen (fordi han bygde på folkeleg talemål).

Å nytte ususprinsippet krev den prinsipielle haldninga at normering skal ta omsyn til faktisk skriftleg og munnleg språkbruk. Det ville sant å seie vere merkeleg ikkje i det heile å ta omsyn til den etablerte og aksepterte språkbruken ved utforminga av ein normal. Men ein må legge til grunn at usus i høgste grad er ein *relativ* storleik. Dersom ein ikkje stiller kritiske spørsmål om korleis usus blir skapt, kan ein lett bidra til å forsterke eit skeivt bilet av røynda. Det er avgjerande å kunne svare adekvat på *kven* skriftspråket er akseptert av, og *kven* det er etablert av. Dessutan er det viktig å avklare kva for tidshorisont ein skal legge til grunn når ein skal vurdere aksept og etablering av skriftspråket. Kor lenge skal ein varietet ha blitt nytta for at han kan seiast å vere teken inn i normalen etter ususprinsippet, og kor mykje skal han ha dominert i materialet for at han er akseptert og etablert og såleis kommen inn i normalen etter ususprinsippet? Det er ikkje ideen med å legge tillegare skriftspråksbruk til grunn for ei normering det er noko gale med. Derimot er måten det blir gjort på, kva innhald ein legg i storleikane, avgjerande for resultatet av bruken.

#### 4.6.4 Usus saman med andre prinsipp

Ein kan vanskeleg sjå føre seg at usus skal vere det einaste prinsippet som blir lagt til grunn i normeringa. Det vil i praksis verke saman med andre prinsipp som eventuelt kan balansere urimelege utslag av ususprinsippet. I tråd med dette peiker Vikør vidare på at ususprinsippet ofte går hand i hand med det han omtalar som prestisjeprinsippet: det at uønskte former kan lukast ut på grunnlag av manglande prestisje sjølv om dei har slått gjennom i språkbruken. Motsett har brot på prestisjeprinsippet òg blitt brukt som forklaring på at landsmålet ikkje slo igjennom i større grad enn det gjorde. Då ser ein for seg at store og viktige grupper av språkbrukarar i samfunnet ikkje tok i bruk landsmålet fordi det var større prestisje knytt dansk-norsk og seinare riksmål.

I diskusjonen av kva for mekanismar som har vore i spel i normeringsprosessen fram mot 1901, blir det fleire gonger vist til det etymologiske prinsippet. Etter Vikør (2007:162 f) inneber normering etter det etymologiske prinsippet at orda så langt

som råd blir skrivne slik dei opphavleg har vore skrivne eller uttalte. I landsmålsrettskrivinga vil det i praksis vere snakk om skrivemåtar som viser samanhengen med gamalnorsk best. Dette kan òg omfatte morfologien og vere argument for å halde på bøyingskategoriar og bøyingsmorphem som har vore til stades i språket tidlegare, utan omsyn til talemålspåverknad i ettertid. Det etymologiske prinsippet kan sjåast på som ein motpol til ei normering som i større grad rettar seg etter uttalen (det ortofone prinsippet, jf. Vikør (2007:152 ff)).

Prinsippet om morfologisk eintydigkeit (Vikør 2007:154 ff) krev at morfemet skal ha ei fast og stabil form som eintydig viser kva funksjon det har. Dette prinsippet var viktig for Aasen i utforminga av landsmålet. Jamføringa mellom Aasen-normalen og 1901-normalen viser likevel at viktige endringar mellom dei to normalane nettopp representerer brot på prinsippet om morfologisk eintydigkeit. Det kjem til dømes klart fram i bøyinga av *a*-verb der Aasen for å halde bøyingskategoriane frå kvarandre gjekk inn for *-ade* som preteritumssuffiks, trass i mangelen på samsvar med noko talemål i landet. Hægstad på si side satsa på *-a* som var i tråd med talemålet i store delar av landet, sjølv om det førte til formsamanfall mellom infinitiv, preteritum og supinum (jf. 6.1.3.1). Historia har vist at dette samanfallet heilt ut har blitt akseptert av språkbrukarane.

Den mest framskotne ekstralingvistiske vurderinga når det gjeld 1901-normalen, er det pedagogiske aspektet. Fleire språkplanleggjarar tek med det pedagogiske prinsippet i oppstillingane sine, men Vikør (2007) reknar det ikkje som eit eige prinsipp fordi det er eit vidt omgrep som kan brukast som argument for heilt forskjellige standpunkt. Det same kunne for så vidt vore sagt om fleire av dei andre prinsippa i oppstillingane, men poenget her er at den pedagogiske motiveringa er til stades. 1901-normalen er utforma for nettopp skolebruk, jf. tittelen *Framlegg til skrивeregler for landsmaale i skularne*. Som Vikør (2007) peiker på, blir det pedagogiske prinsippet brukt av folk frå begge leirar, både av dei som argumenterer for éin stram normal (éi konsekvent form), og av dei som vil ha ein vidare normal som kan femne om eit breiare spekter av talemålsformer. Hægstad argumenterer i *Dagbladet* (1886) for at det må vere «en og det en konsekvent Form at holde sig til dersom der skal bli nogen Frugt af Undervisningen». I tillegg til spørsmålet om breidda av lovlege former kan ein òg legge til ein annan dimensjon ved det

pedagogiske prinsippet, som blir nemnd i reformdokumenta, nemleg at rettskrivinga ikkje må framstå som for vanskeleg for elevane. Til dømes aviser Hægstad kløyvd infinitiv som ein del av normalen på dette grunnlaget.

#### *4.6.5 Usus som storleik i ei språkhistorisk undersøking*

Det er stor forskjell på å bruke ususprinsippet som berande element i arbeidet fram mot ei kommande rettskrivingsreform og å leggje ususprinsippet til grunn i analysen av ei avslutta historisk hending der praksisen ikkje får konsekvensar for språkbrukarane. Det er den siste bruksmåten som er aktuell i denne undersøkinga. Men omgrepet står sentralt i dette arbeidet, så det har likevel vore viktig å diskutere kva som ligg i termen, og korleis han bør nyttast i analysen av ein normeringsprosess. Som ein reiskap for å gjere språkhistoriske analysar med tanke på i kva grad ein skriftnormal kviler på den faktiske språkbruken i tida før normalen, må usus-prinsippet seiast å vere eit nøytralt operativt omgrep.

Ususprinsippet kan lett misbrukast, og som denne diskusjonen viser, må ein vere særleg kritisk i kartlegginga av usus med tanke på kva type språkbruk og kven sin språkbruk ein måler. Men på den andre sida er det stor fare for at normalen som blir føreslått, blir avvist av brukarane og ikkje let seg implementere i språksamfunnet dersom ein ikkje tek omsyn til den faktiske språkbruken i språksamfunnet i ein normeringsprosess. Kanskje har assosiasjonane til riksmalsrørsla og måten dette prinsippet har blitt praktisert på i rørsla, ført til at ususprinsippet har fått ein noko urettferdig dom som eit elitistisk og udemokratisk prinsipp som favoriserer sterke tekstprodusentar.

# 5 Språkplanlegging møter korpuslingvistikk

---

Dette kapittelet er ei utgreiing om metoden som er brukt i undersøkinga, og ei drøfting av sentrale problemstillingar ved ein korpusbasert studie. Termen *korpus* blir definert, og det blir gjeve fleire døme på korleis korpus har vist seg å vere ein nyttig reiskap innanfor ulike språkvitskaplege felt. Fordalar og ulemper ved bruk av korpus i denne typen undersøkingar blir diskutert, ikkje minst omgropa *representativitet* og *balanse*. I samband med denne diskusjonen blir forskingsspørsmåla presenterte og det blir gjeve eit samla oversyn over tekstar i Landsmålskorpuset. Avslutningsvis er det gjort greie for nokre statistiske utfordringar.

## 5.1 Korpus og normering

Utviklinga av landsmålet fram mot den første offisielle standardiseringa i 1901 er ikkje empirisk kartlagd. Til no har beskrivinga av tidleg landsmål bygd på analysar utførte av forskrarar som ikkje har hatt tilgang til dei metodane og verktøya som moderne korpuslingvistikk tilbyr, og på dei opplysningane som er komne fram i sekundærkjelder som ordlistar og ordbøker. Det viktigaste bidraget til kunnskapen om landsmålet før 1901 er framleis dei førearbeida som blei gjorde i samband med den første landsmålsnormalen. Arbeidet til den departementsnedsette tremannskommisjonen er publisert som bok (Hægstad, Garborg, Flo 1899) med eit tillegg (Hægstad, Garborg, Flo 1901). Desse arbeida gjev eit oversyn både over Hægstad-normalen og midlandsnormalen samstundes som forfattarane òg gjev ei vurdering av landsmålsbruken i samtida. Ei samla framstilling berre av midlandsnormalen finst i Flo (1906).

Den moderne språkplanleggingsvitskapen, som dette prosjektet kan seiast å vere ein del av, blei utvikla i 1960-åra som ei grein av sosiolingvistikken. Frå ei interesse for oppbygging og normering av skriftspråk i starten via fokus på fleirspråklegheitsproblem og terminologiarbeid i 1970-åra har språkplanleggingsvitskapen i dag vendt blikket til dømes mot det ideologiske innhaldet i språkplanlegginga, språkplanlegginga si rolle for språkbevaring og språkdød og etnisk og nasjonal identitetspolitikk. Denne undersøkinga går tilbake til starten av ei slik utviklingslinje med fokus på normering av skriftspråk, men med moderne dataverktøy som opnar for heilt nye måtar å analysere store tekstmengder på. Ved å bruke reiskapar som er utvikla gjennom korpuslingvistikken dei siste tiåra, på eit eldre tekstmateriale har ein no høve til å gjere empiriske undersøkingar på eit heilt anna grunnlag enn tidlegare. Innanfor språkplanleggingsvitskapen har ein til no ikkje kombinert normstudium med korpuslingvistiske metodar, men som Vikør (2007:10) er inne på: «Den nye språkteknologiens konsekvensar for språkplanlegginga anar vi berre enno, men ei vitskapleg behandling må komme her òg.» Ein av desse konsekvensane er at ein med korpusa har fått eit empirisk grunnlag og eit verktøy for å analysere empirien som ikkje var tilgjengeleg tidlegare. Når det gjeld studieobjektet for denne undersøkinga, blei tekstar på landsmål/nyorsk for første gong samla i eit digitalt korpus med Nynorskkorpuset frå 2002 og utover.

Ein annan føremon med å bruke ein korpusbasert metode framfor ein metode der dei språklege belegga er eksperte frå tekstar ved bruk av intuisjon, er at korpusmetoden gjev høve til å kvantifisere førekommstane av språklege belegg slik at ein kan seie noko om den relative frekvensen til eit ord eller eit bøyingsuffiks. Eit anna moment det er relevant å peike på, er at eksperimentmetoden (oftast) inneber eit ekstra seleksjonsnivå i forhold til korpusmetoden ved at også dei leksikalske einingane som ligg til grunn for undersøkinga, må veljast ut. Korpusmetoden tillèt (i prinsippet) at alle dei aktuelle leksikalske einingane som inneheld det språklege trekket ein vil undersøkje, blir lagde til grunn. Her må det rett nok leggjast til at det er lettare å unngå det ekstra seleksjonsnivået når det er tale om undersøkingar som gjeld einskildeksem enn undersøkingar som gjeld variasjonsbreidda av bøyingsmorfem. I den siste typen undersøkingar er ein oftast likevel tvinga til å gjere eit utval, til dømes ved å velje ut ei gruppe (frekvente) svake hokjønnsord for å så å undersøkje kva for bøyingsmorfem desse orda knyter til seg. Dette seleksjonstrinnet

er elles nærmere behandla i utgreiinga om utvalskriterium og konstant storleik i avsnitt 5.6.2. Det er i tillegg ofte naudsynt å avgrense talet på treff innanfor ein viss grammatisk kategori for å få eit datagrunnlag det er praktisk mogleg å handtere. Dette gjeld ikkje minst når ein har å gjere med korpus som ikkje er ordklassetagga, og der alle konkordansar må reinsast og kvalitetssikrast manuelt.

Eit stort korpus vil naturleg nok innehalde mange førekomstar av vanlege språklege trekk, men når det er tale om å kartleggje heile breidda av morfologisk variasjon, er også dei lågfrekvente språkdraga interessante. Ikkje minst når det gjeld å finne dei lågfrekvente draga, kjem styrken ved korpusmetoden til sin rett. Det er lett å førestille seg at lågfrekvente drag lettare vil forsvinne dersom språkdata som ligg til grunn for undersøkinga, manuelt måtte plukkast fram gjennom intuisjonsbaserte ekserpt. Ved hjelp av korpusmetoden er språkforskaren i mykje større grad i stand til å vise breidda av variasjon i grunnlagsmaterialet.

## 5.2 Korpus og korpuslingvistikk

Kva er eit korpus? Og kva er *ikkje* eit korpus? Så seint som i oktober 2012 førte desse venteleg enkle spørsmåla til ein lang og intens debatt på eit internasjonalt e-postlisteforum om korpus ([corpora@uib.no](mailto:corpora@uib.no)). Spørsmålsstillaren, tilsett ved eit universitet i Novosibirsk, konkretiserte den overordna problemstillinga med å spørje om til dømes den samla forfattarskapen til Charles Dickens (i bokversjon) er eit korpus. Og kva med forfattarskapen til Ernest Hemingway og andre forfattarar? Han blei i første omgang avfeia med eit kort svar frå ein leiande forskar innanfor korpusutvikling som sa at eit korpus er ei samling av tekst eller tale der målet for samlinga er språkvitskapleg eller litterær forsking. Svaret på oppfølgingsspørsmåla var kort og godt «ja og ja»: Den samla forfattarskapen til både Dickens og Hemingway (og andre forfattarar) var å rekne som korpus. Kva det i utgangspunktet uskuldige og enkle spørsmålet skulle føre til, hadde truleg verken spørsmålsstillaren eller korpusutviklaren føresett. Svaret og definisjonen av korpus førte til mange reaksjonar frå andre medlemmer i forumet, og dei neste dagane og vekene rann det inn svar frå korpuslingvistar verda rundt. Vi fekk ein prinsippdebatt om korpusomgrepet.

Mange av innlegga i forumet var mindre kategoriske, og i andre svar til korpuslingvisten frå Novosibirsk blei det lagt vekt på at definisjonen av korpus ikkje er hogd i stein, men er avhengig av kven ein spør. Ut frå debatten som utvikla seg i forumet, og litteratur som diskuterer korpusomgrepet, kan ein først slå fast at det i denne samanhengen berre er den *lingvistiske* termen korpus som er interessant.<sup>21</sup> Vidare må ein også gjere ei avgrensing i tid. *Historisk* har termen vore brukt om ei (fullstendig) samling av (papirbaserte) tekstar som på ein eller annan måte høyrer saman (skrivne av same forfattar, innanfor same tidsepoke osv.). I *moderne* språkvitskap er det vanlegvis fleire kriterium på eit korpus. Etter innføringar i korpuslingvistikk som til dømes McEnery et al. (2006) og McEnery & Wilson (2001) ser det i dag ut til å vere konsensus om at eit korpus i lingvistisk forstand er ei samling av maskinleselege tekstar som skal vere representative for eit visst språk eller ein viss språkvarietet. Sinclair (2004) legg til at siktemålet med samanstillinga av tekstane må vere språkvitskapleg forsking. Andre vil hevde at korpus også må kunne brukast av forskrarar frå andre fagfelt, ikkje berre av lingvistar.<sup>22</sup> Dersom ein legg desse kriteria til grunn for definisjonen av korpus, blir svara på spørsmåla til korpuslingvisten frå Novosibirsk ikkje «ja og ja», men «nei og nei». Med andre ord kan den samla forfattarskapen (i papirversjon) til Dickens og Hemingway ikkje reknast som eit korpus i språkvitskapleg forstand. Men dersom tekstane av Dickens blei digitaliserte og gjort søkbare (= maskinleselege), skulle det ikkje vere noko i vegen for å kalle dei eit korpus over den samla litteraturen til Dickens. Ein kunne til og med argumentere overtydande for at korpuset var representativt. Eit korpus er etter dette *ei samling av maskinleseleg tekst eller tale som er stilt saman med eit forskingsføremål for øye*.

I denne undersøkinga er korpuslingvistikk ein metode. Korpuset er eit nyttig verktøy som blir brukt til å avdekke forhold ved språket som ikkje var kjende frå før. Undersøkinga pretenderer altså på ingen måte å skape nye verktøy ved å utvikle finesser ved eksisterande korpus eller jamvel utvikle eit nytt korpus. Tvert imot har det med omsyn til empiri vore eit mål å bruke det allereie eksisterande Nynorskkorpuset slik det ligg føre. Denne avgjerda har ei opplagd positiv side, men òg ein negativ konsekvens. Den positive effekten er at ein kan ta i bruk eit allereie utvikla

<sup>21</sup> Ordet kjem opphavleg frå latinsk *corpus* med tydinga ‘leikam; kropp’. Det kan mellom anna ha denne tydinga også i allmennspråket.

<sup>22</sup> Når det gjeld Nynorskkorpuset, har det til dømes blitt brukt til litteraturvitenskaplege studiar av forfattarskapen til Tarjei Vesaas, jf. Skjerdingstad (2007).

verktøy som er fritt tilgjengeleg for både forskarar og andre interesserte. På denne måten kan ein demonstrere det potensialet verktøyet har, for forskarfellesskapen samstundes som ein bidrar til fleir bruk av ein (språkvitskapleg) ressurs som det har kosta tid og pengar å utvikle. Ein kan altså byggje vidare på kunnskap og kompetanse som andre forskarar har delt. Ein annan openberr positiv effekt er at ein ikkje treng å bruke tid og ressursar på å utvikle noko nytt. Innanfor ramma av eit treårig doktorgradsprosjekt ville det vore for ressurskrevjande og dermed urealistisk å skulle utvikle eit eige spesialutforma korpus. Denne erkjenninga har lagt rammevilkåra og såleis langt på veg definert kva for kjeldemateriale det var mogleg å leggje til grunn for undersøkinga. Men dermed kan ein håpe og tru at det blir frigjort tid og ressursar til å vinne ny språkvitskapleg innsikt i staden for utvikle nye språkvitskaplege verktøy. Den negative konsekvensen av å bruke eit allereie utvikla korpus er at korpuset ikkje er spesialutforma for føremålet. Etter ei totalvurdering av fordelar og ulemper er det likevel ingen tvil om at fordelane er langt større enn ulempene, og at ulempene ikkje er til vesentleg mein for prosjektet. Korpusbygging vil alltid vere eit kompromiss mellom det ideelle og det praktisk moglege, og sjølv om ein lett kan peike på tekstar som helst skulle vore med i eit korpus over tidleg landsmål, er den store delen av avistekstar med på å vege opp for manglande skjønnlitteratur. Det er rimeleg å tru at fleire bidrag frå forfattarar som Rasmus Løland, Sven Moren, Per Sivle, Jens Tvedt og Vetle Vislie ut over dei som er identifiserte i Syn og Segn-årgangane, kunne ha endra noko på forholdet dei ulike varietetane imellom, men det er mindre truleg at det ville ha komme nye varietatar til. Den alvorlegaste ulempa som manglande ordklasse-tagging og lemmatisering har ført med seg, er at søka og analysane har vore tidkrevjande. Resultata ligg der likevel, sjølv om det har kosta meir tid å få dei fram.

### **5.3 Kva kan eit korpus brukast til?**

I mange framstillingar av korpuslingvistikk, som til dømes McEnery et al. (2006), gjev forfattarane døme på kva for oppgåver (i lingvistikken) som kan løysast enklare og med betre presisjon ved hjelp av eit korpus.

I leksikografi og innanfor leksikalske studium har korpus hatt ein sentral plass dei siste tiåra. I allfall fram til 1990-åra var tradisjonelle setelarkiv (papirsetlar med informasjon

om bruk, uttale osv. for kvart ord) ein vanleg måte å systematisere og lagre leksikalsk informasjon på. Sjølv om slike arkiv kan vere svært omfattande (til dømes innehold arkivet til Norsk Ordbok om lag 3,2 millionar setlar), ligg det opplagde metodiske veikskapar i måten arkiva har komme i stand på, nemleg gjennom intuisjonsbasert ekserpt av tekst, eventuelt kombinert med materiale frå informantar med sans for språklege særmerke. Med korpusmetoden fekk leksikografien eit verktøy der ein kan finne autentiske døme på den kvantitativt typiske bruken av ord og kva for kollokasjonar ordet eventuelt inngår i.

Korpus som er lagde til rette for grammatiske undersøkingar (merkte for ordklasse, syntaktisk funksjon m.m.), har det etter kvart blitt vanleg å bruke i empirisk basert grammatikkforsking. Ettersom det òg har komme til korpus som innehold talemål, har det òg blitt mogleg å undersøkje talemål og skriftspråk med omsyn til grammatiske forskellar. Ikkje minst har framvoksteren av såkalla parallelkorpus (korpus der den same teksten er tilgjengeleg på to eller fleire språk) gjort det mogleg å gjere kontrastive grammatiske undersøkingar. Denne typen korpus har òg blitt brukt i andre typar forsking, til dømes tospråksleksikografi og omsetjingsstudium.

Med talemålskorpusa har det òg blitt mogleg å undersøkje dialektdrag og anna form for språkleg variasjon. Den språklege variasjonen kan også omfatte variablar som ein til vanleg legg til grunn i sosiolingvistiske studiar dersom korpuset er forsynt med denne typen informasjon. Etter som korpus som metode har blitt vanleg innanfor fleire delar av lingvistikken, har meir tekst og fleire typar tekst blitt gjorde elektronisk tilgjengelege og søkbare. Det har igjen opna for nye bruksmåtar, til dømes av di også eldre tekstar er tilgjengelege gjennom korpus og mellom anna kan utnyttast i diakrone undersøkingar. Nynorskkorpuset i si fulle breidd opnar til dømes for å gjere diakrone studiar av nynorsk frå ulike periodar.

Korpus kan også utnyttast i pedagogisk samanheng. Eit nærliggjande døme er bruken av to- eller fleirspråklege korpus som eit verktøy i innlæringa av framandspråk, men det er heller ikkje noko i vegen for å bruke einsspråklege korpus i morsmålsopplæring. Eit døme på det siste finn vi i Rødningen og Karlsen (2008) som viser korleis Nynorskkorpuset kan brukast i morsmålsundervisninga mellom anna for å problematisere forholdet mellom talespråk, skriftspråk og skriftnormal.

Eit korpus kan, sjølv om det ikkje er tagga med semantisk informasjon, brukast til å undersøkje det semantiske innhaldet til eit ord ved at ein ser på konteksten det blir brukt i. Semantisk tagga korpus opnar likevel for å studere deltydingar i ord og dei semantiske relasjonane mellom ulike delar av ein tekst eller ei ytring. Ei vidareføring av semantisk merking er såkalla ordnett (WordNet), der ord er bundne saman i ein leksikalsk database og relaterte til kvarandre etter tyding.

Med framvoksteren av talespråkkorpus er det også i større grad lagt til rette for studiar innanfor pragmatikk og diskursanalyse. Opsahl og Svennevig har til dømes brukt eit korpus med samtalar frå ein norsk reality-serie for å undersøkje bruken av *bare* som pragmatisk partikkel i samtale (Opsahl og Svennevig 2012).

Etter denne korte og på ingen måte uttømmande gjennomgangen av moglege bruksmåtar for korpus i språkvitskap kan ein med rette spørje kva korpus ikkje eignar seg til. McEnery et al. (2006) er edrueleg også på dette punktet og legg mellom anna vekt på at eit korpus ikkje kan produsere negative prov. Det kan til dømes finnast fleire moglege variantar av bøyingsmorfemet i bestemt form fleirtal av svake hokjønnsord enn dei som er belagde i Landsmålskorpuset. Vidare kan eit korpus ikkje tilby forklaringar på dei lingvistiske fenomena ein observerer. Då må ein bruke andre metodar (også intuisjon), eller helst den teorien ein har vald å bruke. Ein annan reservasjon, som blir diskutert inngåande nedanfor, men som er så viktig at han kan føregripast her, handlar om samsvar mellom empiri og forskingsspørsmål: Er det ikkje samsvar mellom korpus og dei forskingsspørsmåla ein stiller, hjelper det ikkje at undersøkinga er korpusbasert.

Sjølv om ei framstilling som McEnery et al. (2006) gjev mange døme på korleis korpus kan utnyttast på ulike felt i lingvistikken, diskuterer korkje denne eller andre korleis korpus kan brukast i språkplanlegginga for å danne seg eit bilet av kva som er usus i eit skriftspråk innanfor ein definert periode. Morfologiske studium er nemnt i McEnery (2006:85), men dømet er ikkje sett inn i ein kontekst som omfattar språkplanlegging/språkstandardisering. Det kan i utgangspunktet verke overraskande, men kan ha noko å gjøre med at andre språkplanleggingsprinsipp enn usus står sterkest i store språk som til dømes engelsk og fransk. På standardiseringsfeltet skil Noreg seg ut, jamvel i forhold til nabolanda våre. Vi er vande med etter måten jamne tilpassingar av dei offisielle skriftnormalane. Når korpus likevel ikkje har vore

nytta til dette føremålet her i landet, har det nok samanheng med at korpus tilpassa slike føremål ikkje har vore tilgjengelege for dei to norske målformene før eit stykke inn på 2000-talet. Men når slike korpus no er tilgjengelege, kan dei vere eit brukande verktøy for å få oversikt over skrivepraksisen i språksamfunnet.<sup>23</sup>

#### 5.4 Kravet om representativitet og balanse i korpus

I avsnitt 5.2 om definisjon av korpus kom det fram at det blant forskarar var ei til dels sprikande oppfatning av kor snever (eller vid) termen skulle vere. Ei svært sentral side ved korpus og korpusbygging er omgrepene *representativitet* (uavhengig av om denne faktoren er ein del av definisjonen eller ikkje). Spørsmålet er i kva grad korpus-tekstane kan seiast å omfatte heile breidda av språklege varietetar i ein befolkning. Representativitet er ei metodologisk utfordring, ikkje minst dersom dei konklusjonane som ein dreg, også skal gjelde talespråket, som gjerne blir oppfatta å ha eit breiare register med omsyn til til dømes geografisk og sosial variasjon enn skriftspråket. Denne undersøkinga er rett nok avgrensa til skriftspråket, men det fritek på ingen måte forskaren frå å diskutere representativeten i materialet. I ein norsk kontekst der rettskrivingsnormalane tradisjonelt har vore vide, mellom anna fordi avstanden til dialektane ikkje skulle vere for stor, er kravet til representativitet i tekstuvalet spesielt viktig. At studieobjektet er eit skriftspråk i ein fase der det enno ikkje er standardisert, og at ein av den grunn kan vente ei mindre fast norm, er òg argument som dreg i same lei.


Forsøket på å inkludere representativitet i definisjonen av korpus har fått fleire forskarar til å så tvil om det i det heile teke er mogleg å lage eit korpus som er representativt for eit språk eller ein språkvarietet (til dømes Atkins og Rundell 2008). Dette synet er i tråd med McEnery et al. (2006:5), som peiker på at definisjonen av korpus ikkje bør vere for snever, men heller vag og inkluderande, og derfor ikkje tek med representativitet som ein del av definisjonen. Utan at ein tømmer definisjonen av korpus for innhald, er det rimeleg at kravet til representativitet *ikkje* er ein del av definisjonskriteria. Om korpuset i denne granskeringa skulle vise seg ikkje å vere representativt, er det framleis eit korpus. Men sjølv om representativitet *ikkje* er ein

---

<sup>23</sup> Styrkar og svakheiter med bruk av korpus som grunnlag i språknormeringa er diskutert i kapittel 4.6.

ibuanande kvalitet ved eit korpus, er det absolutt ei side ved korpusoppbygginga som ein bør legge stor vekt på. Ein grunn til at fleire forskarar gjerne vil innlemme faktoren representativitet i definisjonen av korpus, er nok for å sikre at ein skil mellom korpus og ei meir tilfeldig samling av tekstar (som ein heller kan omtale som arkiv), men heller ikkje forsøket på å sondre mellom korpus og arkiv er grunn god nok til å innlemme representativitetsfaktoren i definisjonen. Det er sjølv sagt viktig å skilje mellom termene korpus og arkiv, men det kan ein også gjere ved å stille krav om ei eller anna form for samhørsle mellom tekstane, slik det blei peikt på i omtalen av den historiske bruken av termen.

Teoretisk er det mogleg å sjå for seg at eit korpus kan omfatte alle eksisterande tekstar innanfor ei nærmare definert ramme, særleg dersom studieobjektet er tront definert eller klart avgrensa. Den samla forfattarskapen til Dickens kan vere døme på eit slikt tilfelle, men i praksis er det truleg ikkje mogleg, i allfall svært vanskeleg, å oppfylle eit slikt krav. Ein kan reint teoretisk tenkje seg alle tekstar på landsmål som ein finitt populasjon, i allfall i ein viss forstand dersom ein berre reknar med tekstar som er publiserte for allmenta. Reknar ein derimot med eit utvida tekstromgrep og inkluderer private brev og så vidare, ville det knapt nok vere eit realiserbart prosjekt å samle all tekst skriven på landsmål for så å gjere han søkbar i eit korpus. I dette tilfellet strekkjer perioden for undersøkinga seg over 30 år, og sjølv om talet på publikasjonar per år var monaleg lågare i siste halvdel av 1800-talet enn tilfellet er i dag, vil det likevel vere ei uoverkommeleg oppgåve å samle alle publikasjonane i eit korpus. Men sjølv om ein kan tenkje seg «landsmålstekstar før 1900» som ein finitt storleik, ville tekstmengda likevel vere så omfattande at ein måtte akseptere å støtte seg til resultat baserte på eit utval. Med andre ord er det uråd å komme utanom ein seleksjon. Granskinga må unngåeleg baserast på eit utval, og dermed kan ein ikkje lenger vere sikker på at korpuset omfattar heile breidda av variasjonar. Som vist i avsnitt 5.1 var ein av føremonane med korpusmetoden i forhold til intuisjonsmetoden at ein i prinsippet kan legge heile datagrunnlaget i korpuset til grunn for undersøkinga. På den måten kan ein greie seg med éin seleksjon. Sjølv om ein av praktiske grunner må gjere eit nytt utval, til dømes legge alle førekommstane av 30 typiske og frekvente svake hokjønnssubstantiv til grunn for å få ei handterleg datamengd, har det i dei fleste tilfella vore mogleg å gjere testsøk for å avdekkje heile variasjonsbreidda av bøyingsmorfem innanfor den undersøkte kategorien.



*Figur 5.1 Illustrasjon av utval av korputekstar*

Som også McEnery et al. (2006:16) peiker på, finst det ingen objektiv måte å måle representativitet i eit korpus på. I streng forstand representerer korputekstane berre seg sjølv, og resultata av undersøkinga gjeld i utgangspunktet berre dei tekstanane som utgjer grunnlaget for undersøkinga. Men i vitskapleg samanheng er målet sjølvsagt å seie noko om røynda ut over det materialet som forskinga kviler på. Derfor er utvalet likevel vesentleg, men like viktig er dei forskingsspørsmåla ein stiller, eller meir presist: forholdet mellom korpusinhaldet og forskingsspørsmåla. Utvalet må sjåast i samanheng med forskingsspørsmåla fordi det berre er ut frå forskingsspørsmåla det er mogleg å vurdere om eit utval er representativt eller ikkje.

Men det å basere resultata på eit utval treng nødvendigvis ikkje berre vere til meins for undersøkinga. Det kan også ha ein positiv effekt ved at det er mindre mengder data å behandle og såleis mindre arbeidskrevjande, og dét i seg sjølv minimerer risikoen for feil i utrekningane. I denne undersøkinga, der korpuset som blir brukt, ikkje er ordklassetagga og lemmatisert, er argumentet særleg aktuelt. Når ein har få høve til å spesifisere korpussøka, blir konkordansane gjerne store og uryddige, og dei må reinsast manuelt i etterkant. Altfor store datamengder gjer at dette arbeidet i beste fall tek lang tid, og i verste fall at det i praksis ikkje lèt seg gjennomføre.

Manglande verktøy for å rekne frekvens og liknande gjer at slike utrekningar må gjerast som ein isolert operasjon i etterkant og ikkje som ein integrert del av korpusløysinga.

Av forskingsspørsmåla i innleiinga går det fram at dette er ein grammatikkstudie – nærmare bestemt ein studie av morfologisk variasjon. At det er den morfologiske variasjonen som skal undersøkjast, er særleg relevant når det er tale om representativitet i eit korpus. Det er på det reine at bøyingsuffiks har ein monaleg høgare frekvens i ein tekst enn leksem. At korpus for grammatiske studiar kan vere mindre enn korpus for leksikalske studiar, blir òg slått fast av McEnery et al. (2006:72). Kva storleik på korpuset som er nødvendig for å utforske eit tilhøve, er avhengig av frekvensen og distribusjonen av dei lingvistiske faktorane som skal undersøkjast.

Når det gjeld generelle korpus, heng spørsmålet om representativitet nær saman med spørsmålet om i kva grad korpuset er *balansert* eller ikkje. Som diskusjonen til no har vist, er representativitet i høgste grad ein relativ storleik. Det same må seiast om termen balanse. Kravet til eit balansert korpus er at tekstane er henta frå ulike tekstkategoriar. Tekstar kan klassifiserast og karakteriserast på ulike måtar, og Atkins et al. (1992) opererer til dømes med ein typologi med heile 29 ulike typar tekst som alle bør vere representerte i eit balansert korpus. Når det kjem til landsmål i perioden frå 1870 til 1901, er det truleg ikkje praktisk mogleg å oppfylle eit slikt krav i det heile, rett og slett fordi landsmålet var for ungt som skriftspråk til at det var teke i bruk innanfor alle typar sjangrar. Det forholdet at landsmålet ikkje var fullt utbygd og teke i bruk på alle felt i samfunnet, får òg konsekvensar for eit anna krav ein normalt set til korpus når det gjeld representativitet og balanse. Ved oppbygging av korpus bør ein ta omsyn til faktorar som alder, kjønn, sosial og geografisk tilhørsle osv. til forfattarane, formell versus uformell språkbruk osv. Fleire av desse faktorane er det heller ikkje praktisk mogleg å ta omsyn til i denne samanhengen, rett og slett fordi utvalet av skribentar ikkje er stort nok. Heller ikkje det samla Nynorskcorpuset pretenderer å vere balansert, og det er truleg berre eit fåtal store korpus, til dømes British National Corpus (BNC), som kan kallast balanserte.<sup>24</sup> Til liks med representativitet er det heller ikkje mogleg å måle vitskapleg om eit korpus er balansert eller ikkje. Dermed er vi også når det gjeld balanse, nøydde til å peike på

---

<sup>24</sup> Derfor er mange korpus laga på leisten av BNC.

forholdet mellom innhaldet i korpuset og dei forskingsspørsmåla ein stiller i korpusundersøkinga: Er det eit rimeleg forhold mellom tekstane i korpuset og dei spørsmåla ein vil ha svar på ved å bruke nettopp desse tekstane? Er korpustekstane eigna til å gje svar på dei forskingsspørsmåla ein stiller? Ein akseptabel balanse er med andre ord avhengig av intendert bruk av korpuset. Ein førebels konklusjon er altså at forskingsspørsmåla definerer representativiteten og balansen i eit korpus.

#### *5.4.1 Forskingsspørsmål og korpus*

Det har fleire gonger blitt peikt på at forskingsspørsmåla er avgjerande når ein skal vurdere representativiteten til eit korpus. Det første settet med forskingsspørsmål gjeld språkinterne forhold om sjølve skrivemåten.

- (1a) Korleis ser landsmålet ut i det materialet undersøkinga byggjer på, når det gjeld morfologisk variasjon?
- (1b) Korleis er forholdet mellom landsmålet i dette materialet og Aasen-normalen med omsyn til morfologi?
- (1c) Korleis er forholdet mellom landsmålet i dette materialet og 1901-standardiseringa (Hægstad-normalen og midlandsnormalen) med omsyn til morfologi?

Det andre settet med forskingsspørsmål gjeld meir ytre forhold som kan ha spelt ei rolle for normsetjarane.

- (2a) Kva for rolle ser usus ut til å ha spelt for 1901-standardiseringa (basert på materialet i denne undersøkinga)?
- (2b) Kva andre språkstandardiseringsprinsipp ser ut til å ha styrt Hægstad-normalen og midlandsnormalen (jf. Vikør (2007:151 ff))?

Det overordna og heilt avgjerande spørsmålet er altså om det er mogleg å svare adekvat på desse spørsmåla på grunnlag av dei tekstane som utgjer Landsmålskorpuset. Ein må kunne slå fast at slik forskingsspørsmåla er formulerte, er det (reint logisk) mogleg å svare på dei. I det første settet med spørsmål er det ei klar avgrensing med omsyn til utvalet. Svara på spørsmåla vil berre vere gyldige for det

materialet som undersøkinga byggjer på, og ikkje for landsmålet generelt i perioden. Eventuelle generaliseringar ut over materialutvalet må gjerast på eit seinare stadium, men sjølv sagt med etterhald sidan resultatet kviler på eit avgrensa materiale. Atterhaldet botnar i ei uvisse om i kor stor grad tekstane speglar det morfologiske formmangfaldet som fanst (i heile populasjonen) i den aktuelle perioden. Svara på det første settet med forskingsspørsmål vil gje eit bilet av den morfologiske variasjonen (i materialet) og kvar desse tekstane plasserer seg i eit tenkt univers mellom Aasen-normalen, Hægstad-normalen og midlandsnormalen. Det andre settet med forskingsspørsmål kviler til dels på svara frå det første settet. På grunnlag av svaret på spørsmål (1a) vil ein kunne slå fast kva som var usus i undersøkingsperioden, og dermed vere i stand til å måle forholdet mellom Hægstad-normalen og usus. Som diskusjonen i kapittel 4 viser, er usus-prinsippet berre eitt i ei rekke av slike prinsipp, men det er spesielt interessant av to grunnar. For det første er det interessant fordi det tidlegare ikkje har blitt lagt til grunn i empirisk basert utforsking av landsmålet. Tvert imot er det først og fremst kjent som eit viktig prinsipp i normering av riksmål. For det andre står ususprinsippet tilsynelatande i eit motsetningsforhold til andre prinsipp. Med Aasen-normalen som utgangspunkt og med Hægstad-normalen og midlandsnormalen som (førebelse) sluttresultat i ei utvikling er det mogleg å måle i kva grad desse prinsippa er lagde til grunn i Hægstad-normalen og midlandsnormalen.

## 5.5 Nynorskkorpuset

Nynorskkorpuset blei utvikla for prosjektet Norsk Ordbok 2014 (NO 2014) av Eining for digital dokumentasjon (EDD) ved Universitetet i Oslo. NO 2014 utarbeidde tolvbindsverket *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*, som blei ferdigstilt i 2015. Ordboksverket skal gje ei brei vitskapleg framstilling av ordtilfanget i dei norske dialektane frå 1600 til i dag og av det nynorske skriftmålet. Fram til 2002, då arbeidet med Norsk Ordbok blei gjort om til eit eige prosjekt med løvingar dels frå Kultur- og kyrkjedepartementet og dels frå UiO, var hovudkjelda for ordboka eit digitalisert arkiv på 3,2 millionar setlar med opplysningar om ord frå både skriftspråk og dialektar. I tillegg utgjorde også eldre ordbøker frå Aasen, Hans Ross og andre saman med eldre og nyare ordsamlingar og Norsk

målførarkivs målføresynopsis ein del av kjeldematerialet. Nynorskkorpuset kom tidleg i prosjektperioden til som eit supplement til det andre kjeldematerialet, og tekstmengda har auka monaleg frå den gong slik at korpuset i byrjinga av undersøkingsperioden inneheldt om lag 87 millionar ord. Korpuset omfattar tekstar frå dagspresse, tidsskrift, faglitteratur og skjønnlitteratur frå ca. 1870 og fram til notida. Det er dermed det største korpuset i verda over nynorsk skriftspråk! Sjølv om Nynorskkorpuset i utgangspunktet er utvikla som eit verktøy for det leksikografiske miljøet ved UiO i arbeidet med å utforske og dokumentere ordtilfanget i nynorsk skriftspråk, kan det sjølvsagt også nyttast til andre føremål.

For at ein skal kunne trekkje ut både lingvistisk informasjon og generell informasjon om tekstane i eit korpus, må korpuset ha blitt annotert eller tagga. Det vil seie at kvar tekst blir forsynt med standardiserte merke (taggar) som gjeld eigenskapar ved sjølve teksten eller språklege trekk. Nynorskkorpuset er annotert i den forstand at det er sett inn informasjon (metadata) om kjelde (år og utgåve for aviser og i tillegg sidetal for bøker), men den eldste delen er ikkje grammatisk merkt. Det vil seie at tekstar i korpuset frå før 1938, og dermed heile Landsmålskorpuset, ikkje er lemmatiserte og ordklassetagga. Det får visse metodiske konsekvensar med omsyn til kor spesifikke søk det er mogleg å gjere, og kva for funksjonar som er tilgjengelege. Alle søka i Landsmålskorpuset må gjerast på ordform. Det vil seie at ein må søkje på den spesifikke ordforma eller dei spesifikke ordformene ein er ute etter. I eit morfologisk tagga korpus kunne ein til dømes gje opp kva for ordklasse ein var interessert i. Dette er ikkje mogleg i eit utagga korpus, og til dømes vil søk på ordforma [vona] gje treff på både bestemt form eintal av substantivet (unormalisert form) og preteritums- og supinumsformer (Hægstad-form) av verbet. Når ein har avgrensa høve til å skreddarsy søka, får det i neste omgang konsekvensar for kvaliteten på konkordansane, og i mange tilfelle fører det til ein god del arbeid med reinsing av konkordansane. Eit illustrerande døme er kategorien svake hokjønnsord bestemt form eintal, som fell saman med ubestemt form eintal, og som dermed krev ein gjennomgang av konkordansen for å luke ut irrelevante treff. Råkonkordansen (= den ureinsa konkordansen) i denne kategorien inneheldt 5220 treff, mens konkordansen etter reinsing var slanka til 3561 belegg. Denne forma for manuell reinsing er særstidkrevjande. Eit korpus som ikkje er tagga og lemmatisert, kan naturleg nok heller ikkje rekne frekvens. Denne funksjonen er elles vanleg i korpus som er tagga, og

dermed får ein raskt og greitt informasjon om kor vanleg ein viss førekomst er. I denne undersøkinga er frekvensen rekna ut manuelt på grunnlag av tala frå den reinsa konkordansen. Det skal likevel leggjast til at trunkeringsfunksjonen og høvet til å gjere kombinerte søk gjev eit visst handlingsrom i søka. Når ein utnyttar desse funksjonane til fulle, viser det seg at det stort sett er mogleg å få ut konkordansar som er store nok til å gje pålitelege resultat med ein overkommeleg grad av reinsing.

Eit anna forhold som må kommenterast når det gjeld reinsing av konkordansar, er førekomstar frå andre språk, i første rekke dansk(-norsk), men òg svensk. Slike førekomstar er tekne ut. Somme typar tekst, til dømes annonsar, reklame osv., er trykt i fleire aviser. Denne typen dublettar er ikkje blitt strokne i konkordansane. I tekstar der språk (eller bøyingsmorfem) er tema og spesielle morfem opptrer fordi dei er refererte (som døme på seg sjølv) i teksten, er dei strokne eller i allfall kommenterte i analysen. Dersom ein ikkje ut frå konteksten kan avgjere at ein førekomst er relevant, har han i regelen blitt stroken.

## 5.6 Landsmålskorpuset

Emnet for undersøkinga er morfologisk variasjon i eldre nynorsk, landsmålet, i perioden frå 1870 til 1900. Det er dermed berre tekstar i Nynorskkorpuset frå denne perioden som dannar grunnlaget for undersøkinga. Det er viktig å streke under at Nynorskkorpuset er eit *skriftspråkskorpus*. Sjølv om det nynorske skriftspråket ikkje kan tenkjast utan Ivar Aasens første dokumentasjon av dei norske dialektane, og at ein kan hevde at det finst eit nynorsk standardtalemål, er det likevel skriftmålet landsmål som er emnet for denne avhandlinga. Det hindrar sjølvsagt ikkje at talemålet kan brukast som ein forklaringsfaktor for utbreiinga av einskilde bøyingsmorfem i analysedelen av avhandlinga.

Nynorskkorpuset er eit *dynamisk* korpus blant anna i den forstand at ein kan velje å spesifisere søka ved å gje opp dei kjeldene ein ønskjer å søkje i. Denne funksjonen har vore ein føresetnad for å gjere ei undersøking som denne. Til dømes blir dette utnytta når søka skal avgrensast til berre å gjelde litteratur frå før 1901. Det blir gjort ved å føre på alle dei aktuelle kjeldene sist i sökjestrengen (etter kommandoen «ref=>»). Ein kunne sjå føre seg ei løysning der dei eldste tekstane fysisk blei skilde ut i eit eige

korpus, men den dynamiske oppbygginga av Nynorskkorpuset gjer at det ikkje er nødvendig. Likevel er det i denne samanhengen praktisk å sjå den samla teksten frå før 1900 i Nynorskkorpuset som éi avgrensa eining. I avhandlinga blir derfor denne delen av Nynorskkorpuset referert til som *Landsmålskorpuset*. Det kan sjåast på som eit *delkorpus* eller eit *subkorpus* av Nynorskkorpuset. Landsmålskorpuset svarar i røynda til den delen av søkerstrengen som spesifiserer kva tekstar søker skal omfatte (ref =). Den standardiserte strengen for Landsmålskorpuset slik det er definert her, vil alltid sjå slik ut:

[ref="Fedrah.18.\* | Den17Mai.\* | SS.18.\* | Janson(T|DB|FI).\* | Niels.\* | Austl.\* | Ga.Mort. LNF.\*"]

I kapittel 2 er det gjeve eit oversyn over landsmåslitteraturen i perioden 1870–1900 med vekt på dei tekstane som er representerte i Landsmålskorpuset. I tabell 5.1 nedanfor er det gjeve ei skjematisk framstilling av innhaldet i Landsmålskorpuset med opplysning om tekstype og storleik. Ei hovudinndeling av korpustekst kan dreie seg om *sjanger* (fiksionslitteratur, saklitteratur), men òg om *tekstype* som til dømes bøker, avis, tidsskrift. Som det kjem fram av tabell 5.1, er det den saklitterære sjangeren som dominerer i landsmålskorpuset. Avistekstar er den viktigaste underkategorien av saklitterære tekstar. *Fedraheimen* og *Den 17de Mai* utgjer til saman 78 % av det totale tekstutvalet. Dei fire årgangane av *Fedraheimen* utgjer alleine over halvparten (53,8 %) av den samla tekstmengda i korpuset, mens 1895-årgangen av *Den 17de Mai* med tre utgjevingar i veka er den største einskildytaren med nesten fjerdeparten (24,21 %) av totalmengda. Ved sida av avistekstane kjem dei tre årgangane av *Syn og Segn* som ein representant for tidsskrift. Dei tre årgangane av *Syn og Segn* utgjer til saman 12 prosent av Landsmålskorpuset. Legg ein saman avis- og tidsskrifttekstane, kan det i utgangspunktet sjå ut som om saklitteraturen utgjer 90 prosent av det totale korpusinnhaldet.

Ser ein så på dei skjønnlitterære tekstane i Landsmålskorpuset, som etter tabell 5.1 totalt skal utgjere 10 prosent av korpuset, er det særleg skolelesebøkene som representerer eit mangfold av forfattarar, trass i at tekstane til ein viss grad er redigerte i forhold til opphavleg utgjeving (jf. omtalen av desse verka i kapittel 2). Ved at dei er brukte i skolen i samband med leseopplæring, må ein gå ut frå at dei har blitt mykje lesne av mange elevkull gjennom lang tid og såleis spelt ei viktig rolle med

omsyn til leseutbreiing og dermed sekundært som påverkingskraft for å danne eit skriftbilete for landsmålsskrivarane. Det er òg eit poeng at desse bøkene til saman dekkjer ein stor del av leseopplæringa i skolen for elevane på denne tida. Til saman utgjer desse to skolelesebøkene 5,2 % av det totale korpusinnhaldet. Når det kjem til sjølvstendige romanutgjevingar i bokform, er det berre Kristofer Janson som er representert i Landsmålskorpuset. Dei tre romanane frå 1870-åra utgjer til saman 2,6 % av den totale tekstmengda. Ved sida av desse romanane av Janson består korpuset også av to bøker av Johan Eberhard Nielsen med noko uklar status, både med omsyn til originalitet og sjanger (jf. kap. 2).<sup>25</sup> Ein bør sjølvsagt vere forsiktig med å bruke omsetjingar som empiri for språklege studiar fordi språket i dei kan vere påverka av kjeldespråket, men denne reservasjonen er likevel ikkje like relevant når tekstane skal brukast til å utforske morfologisk variasjon.

Denne hovudinndelinga av korpustekstar skjuler likevel ei viktig forskuving av sjangertype i materialet. Avisene i den undersøkte perioden inneholdt også mykje tekst som openbert må klassifiserast som skjønnlitteratur. Det gjeld først og fremst publisering av fiksjonslitteratur i form av føljetongar. Det er tidlegare nemnt at Garborgs *Ein Fritenkjar* først blei trykt som føljetong i *Fedraheimen*, og at Marta Steinsvik omsette tekstar av utanlandske forfattarar som blei publiserte i *Den 17de Mai*. I tillegg finst det ei rekke døme på at det også er publisert kortare fiksjonstekstar, først og fremst dikt, både i *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*. Kor mykje desse tekstane faktisk utgjer, er likevel vanskeleg å måle, men det er liten tvil om at mengda skjønnlitteratur i korpuset er større enn det som kan lesast ut av tabell 5.1.

Som det kjem fram i tabell 5.1 og i gjennomgangen av korpuslitteraturen, er det avistekstar som dominerer i korpuset. Denne dominansen kan sjølvsagt oppfattast som ein ubalanse i korpuset, men det finst gode argument for at overvekta av avistekstar faktisk kan vere ein føremon når ein vil kartleggje breidda av morfologisk variasjon blant landsmålsskribentar i den aktuelle perioden. Det er fleire grunnar til dette. Som det kjem fram i kap. 2, er *Fedraheimen* og *Den 17de Mai* organ som har mange lesarar over store delar av landet. På den måten er truleg desse avisene blant dei landsmålpublikasjonane som har størst påverknadskraft når det gjeld å venje lesarar til eit skriftbilete og såleis fungere som normsetjar når desse lesarane sjølv

---

<sup>25</sup> Ein kan elles merkje seg at den eldste av desse bøkene er frå året før starten på undersøkingsperioden (1869).

skal skrive landsmål. Kva slag skriftlege førebilete den jamne landsmålsbrukaren hadde, er relevant for det neste argumentet for å bruke avistekstar som empiri. Både *Fedraheimen* og *Den 17de Mai* hadde eit monaleg innslag av lesarinnlegg og andre tekstbidrag frå lesarane. Det gjer at ein får tilgang til tekstar på landsmål frå skrivrarar med ulik geografisk tilhørsle og sosial bakgrunn. Det gjer det mogleg å kartlegge korleis den første generasjonen (eller dei første generasjonane) av landsmålsbrukarar praktiserte det nye skriftmålet. Dersom lesarbreva og andre innsende tekstbidrag skal oppfattast som uttrykk for korleis individet eller den einskilde skrivaren praktiserte landsmålet i denne tidlege fasen før skriftspråket får si første offisielle normering, må ein vere nokolunde sikker på at språket i desse tekstbidraga ikkje er redigert (med omsyn til morfologi) frå avisas side. Det er mykje som tyder på at lesarbidraga ikkje er redigerte av avisas redaktørar og dermed kan oppfattast som autentiske uttrykk på individnivå. Ein vanleg kritikk av tekstinhaldet i eit korpus er at korpuset berre inneheld høgsjangertekstar som er manipulerte av redaktørar og utgjevarar, og som derfor ikkje reflekterer kvardagsspråket, men har slagside mot eit lærde og intellektuelt språk. Denne forma for kritikk råkar ikkje i same grad *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*. I tillegg vil det at det ikkje fanst noka vedteken norm, gjere denne typen materiale endå meir gunstig.

Tekst	Teksttype	Storleik (ord)	Storleik (prosent)
<i>Fedraheimen</i> 1877	avis	118 459	3,53 %
<i>Ferdaheimen</i> 1878	avis	718 682	21,42 %
<i>Fedraheimen</i> 1882	avis	473 050	14,10 %
<i>Fedraheimen</i> 1883	avis	495 030	14,75 %
<i>Den 17de Mai</i> 1895	avis	812 356	24,21 %
<i>Syn og Segn</i> 1897	tidsskrift	133 590	3,98 %
<i>Syn og Segn</i> 1898	tidsskrift	141 096	4,20 %
<i>Syn og Segn</i> 1899	tidsskrift	129 619	3,86 %
Garborg, Arne og Ivar Mortensson: <i>Lesebok i det norske folkemaal for høgre skular</i> (1885) <sup>26</sup>	skolebok	79 712	2,38 %
Austlid, Andreas: <i>Lesebok fyr born</i> (1889)	skolebok	93 360	2,78 %
Janson, Kristofer: <i>Torgrim</i> (1872)	skjønnlitteratur	46 293	1,38 %
Janson, Kristofer: <i>Den bergtekne</i> (1876)	skjønnlitteratur	26 553	0,79 %
Janson, Kristofer: <i>Fraa Island</i> (1874)	skjønnlitteratur	12 672	0,38 %
Nielsen, J[ohan] E[berhard]: <i>Gamla Sogor um Hellas og Persarriket</i> (1870) <sup>27</sup>	(omsett) skjønnlitteratur	57 880	1,72 %
Nielsen, J[ohan] E[berhard]: <i>Jerusalem vert øydelagd</i> (1869) <sup>28</sup>	(omsett) skjønnlitteratur	17 483	0,52 %
Samla		3 355 835	100 %

Tabell 5.1 Samla oversyn over tekst i Landsmålskorpuset

<sup>26</sup> Leseboka inneholder tekstar av ulike forfattarar. Sjå kap. 2 for kommentarar om redigeringsmål.

<sup>27</sup> Anonym utgjeving som byggjer på den tyske historikaren Georg Weber (1808–1888).

<sup>28</sup> Boka er ei anonym omsetjing av ein tekst av den romersk-jødiske historikaren Titus Flavius Josephus (37–ca. 100).

### *5.6.1 Landsmålskorpuset sett i forhold til heile populasjonen*

I avsnitt 5.4.1 blei forholdet mellom forskingsspørsmåla og korpusinnhaldet diskutert. Konklusjonen var at forskingsspørsmåla var formulerte slik at dei var avgrensa til innhaldet i Landsmålskorpuset og dermed reint logisk moglege å svare på. Vidare blei det peikt på at eventuelle generaliseringar bør gjerast i konklusjonsdelen av undersøkinga. Den følgjande diskusjonen dreier seg om kva grunnlag desse generaliseringane kan gjerast på. Det handlar om med kor stor grad av sikkerheit ein kan hevde at resultata for denne undersøkinga er gyldige for heile populasjonen, det vil seie all tilgjengeleg landsmållitteratur. Den generelle tilnærminga til dette spørsmålet er å behandle resultata forsiktig ved å basere funna på korpuset og ikkje generalisere for mykje ut over det i det heile. Konklusjonar baserte på funna i korpuset bør behandlast som deduksjonar og ikkje som fakta. Likevel var mykje av siktet målet med å utdjupe historia til det tidlege landsmålet ved å gjennomgå dei sentrale publikasjonane og utgjevingane i perioden i kapittel 2 å strekkje opp eit lerret for å kunne vurdere representativiteten i Landsmålskorpuset. Tanken er at representativitet i eit korpus krev kunnskap om kva for sjanger som er brukte i eit språksamfunn i den aktuelle perioden, og kor ofte dei er brukte.

Som det kom fram i gjennomgangen av litteraturen i kapittel 2, er aviser og tidsskrift særleg godt eigna til å vise breidda av skriftvarietetar i landsmålet i den aktuelle perioden. Sidan det unge landsmålet endå ikkje var fullt utbygd og teke i bruk på alle felt i samfunnet, er det vanskeleg å komme kravet om sjangervariasjon i korpuset i møte. Men både *Fedraheimen*, *Den 17de Mai* og *Syn og Segn* har saman med lesebøkene for skolen det til felles at dei inneheld eller er sette saman av mange ulike tekstar. Denne samanstillinga av tekstar til dels frå ulike sjangrar er med på å vege opp for den tilsynelatande manglande sjangervariasjonen i Landsmålskorpuset. Dette antologiske preget gjev også ein annan viktig føremon i denne samanhengen. Dei fleste forfattarane som skreiv landsmål, er representerte med tekst i korpuset. Det er vanskeleg å kvantifisere tekstmengda frå dei ulike forfattarane, men Grepstad (2015:tabell 15.9.9), som er eit oversyn over dei største bidragsytarane i *Den 17de Mai* i perioden 1894–1907, gjev ein indikasjon på kva for forfattarar som publiserte tekst, og i kva mon dei gjorde det. Her er det eit viktig poeng at eit korpus som skal spegle morfologisk variasjon, ikkje stiller same krav til representativitet som eit

korpus som til dømes skal nyttast til semantiske undersøkingar. Ein tredje føremon med avissjangeren er at han òg lèt andre skrivarar enn dei etablerte forfattarane komme til orde. Gjennom lesarinnlegg i avisene er det høve til å fange opp potensielle varietetar frå uøvde skrivarar frå ulike regionar i landet.

Konklusjonen her blir at Landsmålskorpuset har visse svake sider, men at det likevel med nokre reservasjonar kan gje god kunnskap om forholda i landsmålet som heilskap. I lys av denne vedgåinga er det ikkje vanskeleg å vere samd med Atkins et al. (1992:6) når dei seier at

[i]t would be short-sighted indeed to wait until one can scientifically balance a corpus before starting to use one, and hasty to dismiss the results of corpus analysis as ‘unreliable’ or ‘irrelevant’ because the corpus used cannot be proved to be ‘balanced’.

### 5.6.2 Søkjemetodar

I definisjonen av eit moderne korpus er det stilt krav om at teksten skal vere maskinleseleg. Denne premissen er viktig fordi korpuset vanlegvis er knytt til eit søkjesystem. Det gjer det mogleg å søkje på ord eller ordsamband, eventuelt også andre lingvistiske kategoriar, og resultatet av søket blir gjerne vist som ein *konkordans*. Ein konkordans er ei automatisk generert liste over alle førekomstane av ordet eller ordforma ein har søkt på i ei tekstmengd. For kvar førekomst av ordet kjem også konteksten (før og etter søkjeordet) opp. I Nynorskkorpuset er det mogleg å spesifisere kor mykje kontekst ein vil ha med (opp til ti ord på kvar side av søkjeordet/nøkkelordet), og når konkordansen skal reinsast manuelt, er det oftast ein fordel å ha med så mykje kontekst som mogleg. Nøkkelordet er framheva ved at det er plassert i ein eigen kolonne. Kvar førekomst er i tillegg forsynt med opplysning (i forkorta form) om kva kjelde ordet er henta frå (årstal, side). Denne opplysningskategorien er omtalt som kjeldesignatur. Nynorskkorpuset har i tillegg ein funksjon som gjer at ein ved å markere ei rad i konkordansen, får opp meir kontekst (opptil eit heilt avsnitt) for den markerte rada og meir uttømmande opplysningar om

kjelda<sup>29</sup> (jf. figur 5.2). Denne typen konkordans blir kalla KWIC-konkordans (KWIC = Key Word In Context). Vidare er det også mogleg å sortere radene i konkordansen etter kjelde, kontekst eller nøkkelord. Nynorskkorpuset har også ein funksjon der ein kan avgrense talet på treff for søket.<sup>30</sup>

Det mest sentrale i korpuset er likevel vindaugen der søkjeargumentet blir skrive inn. Språket for søkjeargumentet er standardisert og byggjer på engelsk. Ordforma ein vil søkje på, blir sett inn med formelen [word="ordform"]. Søkjeargumentet må skrivast inn i hakeparentes for kvart ord, og ordforma må stå i hermeteikn. Det er mogleg å søkje på fleire ordformer samtidig, og ein kan også gjere kombinerte søk, der ein til dømes spesifiserer ordform og kjelde. Ordforma ein søker på, kan også trunkeras ved å bruke teiknet punktum følgt av stjerne (\*) (jokerteikn). Set ein trunkeringsteiknet sist i ei ordform ([word="døme.\*"]), vil ein få opp ein konkordans som inneholder alle ordformer som byrjar med *døme-* (medrekna den nakne ordforma). Det er også mogleg å trunkere først og midt i ei ordform. Vil ein til dømes undersøke forma på svake hokjønnsord i ubestemt form eintal (*ei Gjenta* versus *ei Gjente*) i *Fedraheimen* 1883, kan søkjeargumentet sjå slik ut:

```
[word="ei"][]{0,4}[word=".*(G|g)jent(e|a)" & ref="Fedrah.1883.*"]
```

Dette er eit fleirordssøk (*ei + gjente*) etter element som ikkje nødvendigvis står rett etter kvarandre. Dette er indikert med eit sett med tomme hakeparentesar følgt av eit sett med sløyfeparentesar. Tala i sløyfeparentesen viser kor mange ord som kan komme mellom søkjeelementa. Her er det tillate inntil fire ord mellom artikkelen og substantivet. Substantivet i søkjeargumentet er trunkert i byrjinga. Det gjer at også samansetjingar med *-gjente/-gjenta* kjem fram i konkordansen. Søkjespråket skil mellom store og små bokstavar, så dersom søket skal omfatte begge skrivemåltane, må det spesifiserast slik som i dømet. Den loddrette streken (|) skil mellom alternativ, og tyder altså 'eller'. Alternativa må setjast i parentes: (G|g) og (a|e). Søkjeargumentet over er også døme på eit kombinert søk ved at det er spesifisert kva for kjelde ein ønsker å søkje i. Tilleggskriteriet i eit kombinert søk må byrje med «&».

<sup>29</sup> Desse tilleggsfunksjonane kan ikkje utnyttast når ein eksporterer konkordansen, til dømes til Excel.

<sup>30</sup> Denne funksjonen har ikkje vore operativ i prosjektperioden, og det har ikkje vore mogleg å få fram meir enn 1 000 tilslag for kvart søk. Løysinga på problemet har vore å stykke opp söka (helst ved å søkje på få kjelder om gongen) for så å leggje saman delresultata til slutt, men dette har vore ein tidkrevjande metode.

Kjelda er spesifisert etter formelen «ref=>» (= eng. *reference*).<sup>31</sup> I figur 5.2 ser ein øvste del av konkordansen som kjem opp med dette søkjeargumentet.

Litteratur-id	Venstrekontekst	Tilslag	Høgrekontekst
Fedrah 1883:18 72,2	eg tykkjer , at han der tek væl hart i	ei "Morgedølgjente	", fyrdi ho ser med eit annat Auga enn
Fedrah 1883:33 129,3	Ja han fortel det sjølv . Han vart kjend med	ei ( retteleg raa ) Tenestegjenta	, Terese Le Vasseur , som han aldri vilde gange
Fedrah 1883:32 127,3	sagt , ikkje for aa vera nokon sann Type av	ei Bondegjente	. Ho er au som Bjørn tillagd dette seige ,
Fedrah 1883:40 158,2	labbut var det ved Maalsaki i dei Tidom - mestsom	ei Fillegjenta	, som irkje mange saag var vakker . Og no
Fedrah 1883:20 77,4	var yver , kaupte seg Jordveg , elder var det	ei Gardgjenta	i Bygdi , so fekk ein slik Ferdemann henne .
Fedrah 1883:33 130,3	meir enn ein daud Stein , kor eg skulde finna	ei Gjenta	, som høyde aat meg , og som vilde hava
Fedrah 1883:38 149,4-150,1	ikkje vist , um det vilde koma ein Gut elder	ei Gjenta	. Vatnet - ja i det maatte dei vaska Barnet
Fedrah 1883:4 16,2	i Umkostningar . Mord . I Vik i Sogn vart	ei Gjenta	nyleg myrda . Ho var med Barn ; og det
Fedrah 1883:33 130,2	fatt paa ei ven og god Kjør . Men for	ei Gjenta	reis eg kje upp av Krakkjen , ho kunde vera
Fedrah 1883:36 142,1	han ikkje vilde vaaga det lenger . Dagen komande skulde	ei Gjenta	upp og byta med Torni . Men daa Margit kom
Fedrah 1883:49 194,2	* * * Attmed eit Holt ned paa JorDET laag	ei Gjente	, daa Gunnar og Leiv kjøyrd framum . Dei gaadde
Fedrah 1883:30 119,2	yver two Kjempr , som baae hadde letet Live for	ei Gjente	, so hardt hadde det gaatt um Natti . Men
Fedrah 1883:24 94,1	. Det er reint syndelegt aa tenkja til , at	ei Gjente	, som av heilt Hjarta hev huglagt ein Gut ,
Fedrah 1883:38 152,4	vanskelegt aa faa so mykje som ein snaud Kyss av	ei Gjente	, som du er Skuld i mykje , daa eg
Fedrah 1883:21 81,4	av Stoga og gjekk attum Hymet . Daa gaadde eg	ei Gjente	, som stod ende innmeg meg i Hagaporten med fullt
Fedrah 1883:30 119,2	at han antrast med seg sjølv og si bendest med	ei Gjente	. Nokot annat før me kje sjaa av denne Guten
Fedrah 1883:18 72,2	paa , korleids ein trivst . I eit Stev synig	ei Gjente	: "Hot hjelper det hava Gard og Grunnar ,
Fedrah 1883:29 115,4	det " paa Stolen ". Staar ein Gut og	ei Gjente	aa talast ved anten ved Kyrkja elder i Samkvem elder
Fedrah 1883:32 127,1	Folk likevæl kann tykkja Moro i aa sjaa , korleids	ei Gjente	dømer um slikt . Bladstyret . Den grove Stolpereising i

Figur 5.2: Utsnitt av konkordans med søkjeargumentet

[word="ei"][]{0,4}[word=".\*(G|g)jent(e|a)" & ref="Fedrah.1883.\*"]

For å kartleggje variasjonen av bøyningssuffiks i ulike kategoriar må ein først gjere eit avgrensa søk med eit fåtal frekvente ord i kategorien med ordstamme pluss jokerteikn. Til dømes vil søkerestrengen [word="(G|g)jent.\* osv.] gje treff på heile spekteret av bøyningssuffiks (og samansetjingar med gjente som førsteledd!). Ein analyse av dette materialet vil då til dømes vise at i bestemt form fleirtal er ei lang rekke av bøyningssuffiks brukte. I tillegg til kjende og forventa suffiks som *-orna* (Aasen-normalen) og *-orne* (Hægstad-normalen) finn ein òg hybridforma *-urna* og ei lang rekke *r*-lause suffiks som *-une*, *-unne* og *-unn*. Når ein meiner å ha kartlagt heile spekteret av suffiksvariantar i kategorien, kan ein søkje på ordstammen pluss dei

<sup>31</sup> Kjeldeformelen er avslutta med trunkeringsteikn for at søker skal omfatte alle utgåvane av avisar dette året.

aktuelle suffiksa for å få eit oversyn over frekvensen av dei ulike bøyingsuffiksa, til dømes

[word="(G|g)jent(orna|orne|urne|urna|une|unne|unn)|osv.]

Ein annan mogleg søkjemetode er å søkje på sjølve bøyingsmorfemet, til dømes [word=".\*orna osv.]. Denne metoden gjev 287 treff på *-orna* og 676 treff på *-orne*, og gjev for så vidt eit bilet av bruken av Aasen-forma i forhold til Hægstad-forma. Men metoden er ikkje like eigna når det er tale om bøyingsmorfem som ikkje er unike, det vil seie bøyingsmorfem som er like i fleire kategoriar. I slike tilfelle blir konkordansane svært uoversiktlege. I tillegg eignar ein slik metode seg heller ikkje når ein leitar etter variasjonsbreidda av bøyingsmorfem. Suffiksvariantar som ligg utanfor normalane, lèt seg ikkje like lett søkje fram utan at konkordansane blir svært omfattande og uoversiktlege. Då er det rimeleg å velje ut ei gruppe (typiske og frekvente) ord for så å undersøkje kva for variantar av bøyingsuffiks som er brukt i den aktuelle kategorien. Dermed kan ein gje ei prosentvis fordeling på grunnlag av ein konstant storleik. Ein avgjerande premiss er sjølvsagt at orda ein har valt, utgjer ei så stor gruppe at resultata er statistisk signifikante. Derfor er det i hovudsak denne metoden som er brukt i undersøkinga. Kva datamateriale som ligg til grunn for dei ulike funna, er i tillegg gjeve opp i brødteksten eller i fotnote.

## 5.7 Lingvistiske variablar

I denne studien er det berre morfologisk variasjon i skriftmålet som blir undersøkt. Av praktiske årsaker var det naudsynt å gjere ei avgrensing, og då er det dei morfologiske draga som først og fremst kjenneteiknar ei målform. I førearbeida til 1901-normalen er det tvillaust at det var usemje om morfologiske spørsmål som førte til at komiteen delte seg. Også det gjer at den morfologiske variasjonen er mest interessant å undersøkje. Sjølvsagt ville det òg vore interessant å sjå på variasjon med omsyn til ortografi og fonologi (og syntaks), men det får vere ei framtidig oppgåve. Det som er klart, er at det same rammeverket når det gjeld teori og metode, burde kunne brukast også på dei andre områda innanfor grammatikken.

For å kartleggje den morfologiske variasjonen i tidleg landsmål og dermed fastslå kva som er den etablerte og aksepterte språkbruken (= usus), må ein etablere eit sett med lingvistiske variablar ein skal undersøkje. Det naturlege utgangspunktet her er dei skilnadene i formverket som kjem fram i ei jamføring mellom dei utformingane av landsmålet som fanst, Aasen-normalen (slik han kjem fram i ordboka og grammatikken), Hægstad-normalen (Flo ofl. 1899) (som ligg nær Aasen) og midlandsnormalen (Flo 1906). Dessutan hadde det komme ymse alternativ til Aasen-normalen (t.d. frå Olaus Fjørtoft og Olav J. Høyem), utan at dei klarte å utkonkurrere Aasen-normalen (Venås 1992). Før 1901 var det i tillegg til Aasen-normalen berre éi alternativ utforming som fekk noko gjennomslag. Det var den såkalla «nyere Skrivemaade» som etter Venås (1992:290) skal vere brukt i leseboka av Garborg og Mortensson (1885) og i *Fedraheimen*.

Forskjellar i bøyingsverket som kjem fram når ein jamfører dei nemnde normalane, gjev ein indikasjon på i kva for kategoriar ein kan vente variasjon i den faktiske språkbruken, og til dels kva for type variasjonar ein kan vente. Desse forskellane fungerer då som eit naturleg utgangspunkt for undersøkinga. Døme på viktige skilnader mellom dei ulike utformingane av landsmålet er bøyinga av svake hokjønnsord (*ei visa* vs. *ei vise*, *visor* vs. *visur*), fleirtalsbøytinga i bestemt form av hankjønnsord (*hestarne* vs. *hestan(n)e*), bruken av stum -t (*annat* vs. *anna*) og fleirtalsformer i verb (Venås 1992:290). Desse kategoriane er opplagt interessante å undersøkje nærmare både med tanke på breidda av variasjon og kva for varietetar som dominerer i materialet. Men variasjon kan sjølv sagt førekommme sjølv om ei form er lik normalane imellom. Derfor har det òg vore nødvendig å undersøkje kategoriar der formene ikkje skil seg (nemneverdig) frå kvarandre frå den eine normalen (eller utforminga) til den neste. Skulle resultatet av undersøkinga bli at det innanfor ein viss kategori er liten eller ingen variasjon, kan også det vere interessant informasjon.

Det har òg vore eit spørsmål kva for vinkling eller framgangsmåte som ville vere tenleg når ein skal undersøkje morfologisk variasjon i alle relevante kategoriar i eit såpass stort materiale. Ein kan sjå for seg at ein systematisk undersøkjer kategori for kategori, til dømes at ein startar med substantiva og tek for seg bestemtheit og tal i alle kjønn før ein så går vidare med dei andre grammatiske kategoriane der morfologisk variasjon kan førekomme (verb, adjektiv og pronomen). Ein annan

framgangsmåte kunne vere å ta for seg endringar som påverkar bøyingssuffiksa i fleire grammatiske kategoriar samstundes. Ein opplagd kandidat ved ein slik tilnæringsmåte ville vere lagnaden til såkalla stumme konsonantar i bøyingssuffiksa (*t*, *r* og *d*) som det fanst ein god del av i Aasen-normalen, men som til dels fall bort i Hægstad-normalen og i endå større grad forsvann i midlandsnormalen. I denne undersøkinga er begge tilnæringsmåtane brukte. Oversyn over dei lingvistiske variablane som er undersøkte, er gjeven i kapittel 6 (tabell 6.1).

## 5.8 Statistikk i korpusundersøkinga

Ein av fordelane med å bruke eit korpus er tilgangen til pålitelege kvantitative data (McEnery 2006:52). Men kvantitative data ekstraherte frå eit korpus krev òg – i allfall til ein viss grad – at ein gjer statistiske vurderingar av dei grunnresultata som undersøkinga gjev. Dette gjeld ikkje minst dersom ein siktar mot ei pedagogisk tilfredsstillande framstilling. For dei fleste morfologiske variablane i analysen er det rekna ut *frekvens*, som i dei aller fleste tilfella er gjeven opp i prosent av den totale mengda av variablar innanfor den undersøkte kategorien. Unntaksvis er det brukt *absolitte tal*, men slike tilfelle er det eksplisitt gjort greie for i framstillinga. Isolert sett seier frekvensen nødvendigvis ikkje noko om i kva grad skrivarane held seg til ein normal. Det er først når ein ser resultata frå fleire kategoriar, at det er mogleg å trekke konklusjonar i den eine eller andre retninga. Relativ frekvens gjev eit bilet av utbreiinga til det aktuelle morfologiske trekket ein undersøkjer, men dette gjeld berre så lenge ein ser på *heile* korpusmaterialet som ei empirisk eining. I ein skilde tilfelle kan det vere interessant å sjå på resultata i lys av faktorar som til dømes fordeling på kjelde og tid (i praksis kva tiår innanfor den undersøkte perioden det aktuelle trekket ser ut til å vere mest brukt). Trekkjer ein inn slike faktorar, må resultata sjølv sagt sjåast i lys av kor stor del av den totale mengda kjelda eller tidsperioden utgjer (jf. tabell 5.1). Til dømes kan talet på belegg frå ei kjelde som Janson ikkje utan vidare samanliknast med eit tilsvarande tal frå *Fedraheimen*, fordi desse kjeldene har svært ulik storleik i det samla grunnlagsmaterialet (2,55 % mot 53,8 %). Likeins må ein ta høgde for normalfordelinga i kjeldeutvalet med omsyn til tid dersom ein til dømes vil seie noko om utbreiinga av eit visst bøyingsmorfem i perioden 1870–1880 samanlikna med perioden 1890–1900. (Her er rett nok skilnadene ikkje like store; 29,74 % av

kjeldematerialet fell innanfor den første perioden, mens 36,25 % av materialet fell innanfor den andre.)

Eit sentralt spørsmål når det gjeld dei statistiske utrekningane, er kor stort datagrunnlaget bør vere for at resultata for dei enkilde variablane skal vere statistisk signifikante. I denne typen undersøkingar, der målet er å kartleggje kva for bøyingsmorfem som er brukte i dei ulike grammatiske kategoriane, og i kva grad dei er brukte, er det rimeleg å gje opp graden av presisjon (nøyaktigheitsgraden) i utrekningane ved å vise til *konfidensnivå* (eng. *confidence level*) (Butler 1985:61). Konfidensnivået blir gjeve opp i prosent, og indikerer kor stor tillit ein har til dei utrekningane som er gjorde. Ofte blir signifikansnivået i statistiske testar sett til 0,05 (ein må altså vere meir enn 95 % sikker på at den observerte differansen ikkje er tilfeldig), og det har vore eit mål å ha eit datagrunnlag for dei enkilde grammatiske kategoriane som gjev eit konfidensnivå på minimum 95 %. Det er spesielt to forhold som gjer at det likevel ikkje har vore mogleg å stette dette kravet i alle tilfelle. I nokre få kategoriar er ikkje den samla populasjonen (dvs. den totale mengda morfemvarietetar) stor nok til å oppfylle kravet til eit konfidensnivå på 95 %. I andre sjeldsynte tilfelle (spesielt ved formsamanfall) der det ville kosta urimeleg store ressursar å reinse konkordansar store nok, er det vike av frå kravet om eit slike datagrunnlag. I analysedelen er det gjort greie for slike tilfelle. Eit anna forhold som bør nemnast i denne samanhengen, er at ein i formelen for å berekne storleiken på datagrunnlage, berre kan operere med to variablar (jf. Butler 1985:63). Konsekvensen av dette er at ein for grammatiske kategoriar som inneheld meir enn to variablar, må slå saman variablar (i utrekninga) og gje dei merkelappar som til dømes «standardiserte former» og «ikkje-standardiserte former». Eit døme på dette er at det i kategorien bestemt form fleirtal av svake inkjekjønnsord er registrert i alt ni ulike morfemvariantar. For å kunne rekne ut kor stort datagrunnlaget må vere for å oppfylle eit konfidensnivå på minst 95 %, må dei ni morfemvariantane reduserast til to hovudkategoriar som så kan setjast inn i formelen som to variablar. I dette tilfellet har løysinga vore å halde gruppa «seinare standardisert form» (med utgang på -o) opp mot gruppa «ikkje-standardisert form» (med utgang på -a, -e, -ena, -on, -orne, -une, -unn, -unne, -urne). I sjølve analysen gjev det likevel ikkje mening ikkje å diskutere drag ved dei enkilde morfemvarietetane i gruppa «ikkje-standardisert

form». Slik sett er det gjort ei modifisering på metodeteknisk nivå som det ikkje med naudsyn blir teke omsyn til når den fulle morfemvariasjonen blir diskutert.

## 5.9 Oppsummerande merknader

Nynorskkorpuset er det største korpuset i verda med nynorsk tekst og dekkjer nynorsk skriftmål frå rundt 1870 og fram til i dag. Det er eit poeng med dette arbeidet å demonstrere kva Nynorskkorpuset kan brukast til, ved å ta det i bruk til andre føremål enn det det opphavleg blei utvikla for. Dette valet fører med seg nokre metodologiske utfordringar, først og fremst med omsyn til representativitet og avgrensa søkjemoglegheiter på grunn av manglande tagging. Som diskusjonen har vist, er desse ulempene likevel ikkje så store at ein ikke kan komme rundt dei. Aviser og tidsskrift er organ som eignar seg særskilt godt til korpusmateriale av di dei er sjangeroverskridande, og gjennomgangen viser at dei mest sentrale forfattarane er representerte i korpuset gjennom tekstar i både i *Fedraheimen*, *Den 17de Mai* og *Syn og Segn*. Dessutan er det eit viktig moment at ein morfologisk studie er mindre sjanger-sensitiv enn til dømes ein leksikalsk studie. Manglande tagging av den eldste delen av Nynorskkorpuset gjer at ein mistar noko av funksjonaliteten ved eit moderne korpus. Dette fører til ein del «støy» i konkordansane, men ikkje meir enn at uønskte treff kan ryddast ut manuelt. På den andre sida er det nettopp pre-norm-statusen i dei eldste landsmålstekstane som er grunnen til den manglande tagginga i Nynorskkorpuset. Den manglande oversikta over den faktiske morfologiske variasjonen i landsmålet for å kunne gjøre eit slikt arbeid er ein viktig motivasjon bak denne undersøkinga. Sett på spissen kunne ein seie at denne forskingsoppgåva hadde vore unødvendig dersom den eldste delen av Nynorskkorpuset hadde vore tagga.

## 6 Faktisk morfologisk variasjon i landsmålet

---

Når ein skal gjere greie for morfologisk variasjon i landsmålet, er det naturleg å undersøkje ordklassane substantiv, verb, adjektiv og pronomen. Det er desse ordklassane som blir bøygde i kategoriar som kjønn, bestemtheit, tal, person og tempus. Den morfologiske variasjonen blir i dette kapittelet undersøkt etter ordklasse i rekkefølgja substantiv, verb, adjektiv og pronomen, men med eitt viktig unntak: Stumme konsonantar i bøyingsuffiksa er trekte ut av denne strukturen og blir behandla for seg først i kapittelet. Det er fleire grunnar til dette. Diskusjonen om dei stumme konsonantane har ein framskoten plass i grunnlagsdokumenta for 1901-normalen og har på den måten tydeleg vore eit viktig tema i nemnda. Korleis dei stumme konsonantane skal representerast i skrift, er eit (av fleire) stridsspørsmål og ein viktig grunn til at nemnda blei kløyvd i to. Haldninga til skrivarane i dette spørsmålet blir derfor ein viktig indikator på kva retning usus peiker i: Aasen-tradisjonen representert ved Hægstad, som til ein viss grad går inn for å halde på stumme konsonantar i bøyingsendingane, eller midlands-linja representert ved Garborg og Flo, som går inn for å kutte desse konsonantane i alle kategoriar. Tabell 6.1 viser kva for grammatiske kategoriar og morfologiske trekk som er undersøkte.

Grammatisk kategori
Stumme konsonantar i bøyningssuffiksa
Stum <i>t</i>
Bestemt form eintal av inkjekjønnsord
Nøytrumsform av adjektiv på <i>-en</i>
Supinum av sterke verb
Supinum av <i>a</i> -verb
Pronomenformer ( <i>kvat, annat, nokot</i> )
Stum <i>r</i>
Hankjønnsord bestemt form fleirtal
Svake hokjønnsord bestemt form fleirtal
Sterke hokjønnsord bestemt form fleirtal
Stum <i>d</i>
Preteritum av <i>a</i> -verb
Substantiv
Svake hokjønnsord ubestemt form eintal
Svake hokjønnsord ubestemt form fleirtal
Svake hokjønnsord bestemt form eintal
Sterke hokjønnsord bestemt form eintal
Sterke hokjønnsord ubestemt form fleirtal
Hankjønnsord bestemt form fleirtal
Hankjønnsord ubestemt form fleirtal
Inkjekjønnsord ubestemt form fleirtal
Inkjekjønnsord bestemt form fleirtal
Verb
Infinitiv
Tostava presens av sterke verb
Supinum av svake verb med <i>-dde</i> i preteritum
Verb på <i>-era</i>
Verb med bøyning etter to klassar
Fleirtalsbøyning av verb
Adjektiv
Adjektivending <i>-a</i> eller <i>-e</i> i visse kategoriar
Adjektivet <i>mykje</i>
Adjektiv på <i>-sk</i>
Adjektiv på <i>-leg</i>
Pronomen
Personleg pronomen første person fleirtal
Personleg pronomen tredje person fleirtal
Personleg pronomen tredje person eintal mask. og fem.

Tabell 6.1 Oversikt over grammatiske kategoriar og morfologiske trekk som er undersøkte

## 6.1 Stumme konsonantar i bøyings-suffiksa

Stum konsonant i denne samanhengen er ein konsonant som er del av bøyings-suffiksa i ein skriftnormal, men som (oftast) ikkje er del av eit samtidstalemål som ligg til grunn for skriftnormalen. Ei beskriving av korleis stumme konsonantar i bøyings-suffiksa blir realiserte i landsmålet, vil omfatte fleire ulike grammatiske kategoriar i fleire ordklassar. Derfor er dei stumme konsonantane i bøyings-suffiksa beskrivne for seg først i analysen, som elles er ordna etter ordklasse. Dei stumme konsonantane det er tale om, er *t*, *r* og *d*. Ein viktig grunn til at tidleg landsmål hadde mykje av desse stumme konsonantane, er Aasens prinsipp om at alle fonologiske og morfologiske distinksjonar som var nedarva frå gamalnorsk og som framleis fanst i norsk talemål, skulle markerast i skrift. Det gjaldt sjølv om dei berre fanst i få dialektar. Dette grunnprinsippet for Aasen har klare likskapstrekk med det etymologiske prinsippet (jf. kap. 4.6.4). Lagnaden til *t*, *r* og *d* i skriftspråket er då også det første rettskrivningsnemnda med Hægstad, Garborg og Flo tek opp i kapittel IV om bøyingsendingar i *Framlegg* (1899). Nemnda slår fast at lydane «ein gong hev høyrt med i uttalen og, men no ikkje lyder lenger i talemaali» (s. 67). Nemnda legg òg til at det «i seinare tid [har] vorte meir og meir avlagt [aa] skriva slike medljodar [= konsonantar] i ordendingar» (s.st.). Ein slik observasjon var ikkje ny på dette tidspunktet. I føreordet til leseboka som kom i 1885, skriv Garborg og Mortensson: «Etter den nyare skrivemaaten er det meiningi, at einskilde *t*'ar og *d*'ar i enden av ord og *d*'ar inni ordi (dei «daude konsonantar») ikkje skal høyраст. Les altso ikkje *Huset*, men *huse*, ikkje *lagad*, men *laga*, ikkje *strida*, men *stria*, osfr.» (Garborg og Mortensson 1885:føreord).

Morfologisk eintydigkeit var eit anna særskilt viktig prinsipp for Aasen, og i fleire tilfelle bryt det grammatiske systemet hans med systemet i eit fleirtal av talemåla. Med unntak av (delar av) Østfold hadde til dømes ikkje talespråket – heller ikkje i samtida – ein final /t/ i bestemt form eintal av inkjekjønnssord. I norrønt er endinga *-it* (t.d. *árit*), men Aasen (1864 [1965:144]) legg til grunn at lyden har vore ein del av talespråket på eit tidlegare stadium. For Aasen var det nok eit poeng at lyden hadde støtte frå eit tidlegare språksteg, men viktigare var det at bruken av *-t* som nøytrumsmarkør gjorde det grammatiske bøyingssystemet enklare og meir koherent. På dette punktet var han konsekvent og gjennomførte final *-t* både i bestemt form

eintal av nøytrum (*Huset*), bestemt form eintal av svake nøytrum (*Hjartat*), sterke partisippformer (*faret*), partisipp av a-verb (*kastat*), pronomer (*kvat, annat, nokot*) og inkjekjønn av adjektiv på *-en* (*opet glas*). Verken Hægstad eller normerarar etter han var like opptekne av morfologisk eintydighet ved ikkje å la formkategoriar falle saman eller ved ikkje å markere same grammatisk trekk på same måte i ulike kategoriar. Men som også Hægstad (1899:119) observerte, hadde ein del landsmålsskrivarar i den seinare tida byrja med å «sleppa *-t* i nokre tilfelle, og sume i alle». Som tidlegare nemnt (jf. 3.4.1) ville fleirtalet i rettskrivningsnemnda, Garborg og Flo, utelate *-t* i alle desse kategoriane, mens Hægstad argumenterte for ei anna løysing i votumet sitt. Han gjekk sterkt imot å sløyfe *-t* i bestemt form eintal av inkjekjønnsord fordi dei einstava sterke substantiva då lett kunne oppfattast som tostavingsord (*huse, breve*) og i mange tilfelle falle saman med infinitiv av verb med same rot (*skrive, kaste*) i mange dialektar<sup>32</sup>. Men Hægstad avviser ikkje fullstendig forslaget til Garborg og Flo. Framlegget hans er eit kompromiss mellom Aasen-normalen med *-t* i alle aktuelle kategoriar og midlandsnormalen utan *-t* i det heile. Han formulerer ein regel som seier at «[d]er som *-t* kjem etter ein annan vokal enn *-e*, kann det holder ikkje vera mykjet til hindres for aa kasta honom» (Hægstad, Garborg og Flo 1899:119). I praksis vil det seie at *-t* skal sløyfast i bestemt form eintal av svake nøytrum (*auga*), supinum av a-verb (*kasta*) og nokre pronomer (*kva, noko, anna*). I tillegg til bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huset, eplet*) argumenterer Hægstad i votumet også for at *-t* skal bli ståande i supinum av sterke verb (*skrivet, faret*) og i nøytrumsform av adjektiv (*eit litet hus*). Dermed har ein sikra at nøytrums-*t* blir skriven der han stod i gamalnorsk og i tråd med reglane i dansk-norsk, uttalar Hægstad i votumet. I *Tillæg* har han fått Flo med seg i dette synet (jf. Hægstad, Garborg og Flo 1901:16, footnote), mens Garborg framleis ikkje finn det tilrådeleg «at landsmaale tek upp ei daud ending, for di eit eldre, traditionsbunde bokmaal enno maa dragast med ho». Rett nok blir det på grunnlag av usus gjort unntak for adjektiva *mykje* og *lite*, men elles er det Hægstads framlegg med nøytrums-*t* i alle dei nemnde kategoriane som blir ståande som siste ord frå rettskrivningsnemnda i denne saka. I rundskrivet som departementet sende til skolane då rettskrivinga skulle implementerast, kom det fram at det var Skards *Landsmaals-ordlista* som skulle danne mønster for rettskrivinga, men i den forma som Hægstad og Flo hadde tilrådd.

---

<sup>32</sup> I skrift blir dette eit problem først når e-infinitiven blir tillaten.

Likevel har supinum av sterke verb utan *-t* (*hev/har fare*) blitt ståande som gjeldande rettskriving i landsmålet etter 1901. I den nemnde *Landsmaals-ordlista* til Skard er supinumsforma sett opp utan *t*, og slik er det også i Hægstads eigen grammatikk frå 1901. Venås' (1992:309) kommentar til saka er at det er uklart kvifor det er blitt slik.

Sjølv om Hægstad rett nok på mange punkt heldt seg til Aasen-normalen, markerer utelatinga av *t* for å markere nøytrum i dei nemnde kategoriane eit brot med eit viktig normeringsprinsipp for Aasen. Slik sett kan ein seie at Hægstad og andre etter han har lagt meir vekt på andre prinsipp i utforminga av skriftnormalen. I gjennomgangen nedanfor av bøyingsuffikset i bestemt form fleirtal maskulinum (-*arne*) og femininum (-*orna* og -*erna*) (jf. 6.1.2) kjem det for det første fram at den stumme lyden i bøyingsuffikset (medial *-r-*) ikkje fall ut i Hægstad-normalen, og for det andre at skrivaranane i liten grad braut med Aasen-normalen på dette punktet ved å bruke alternative bøyingsuffiks utan *r* i bestemt form fleirtal maskulinum og femininum. Når det gjeld *-d* og final *-t* for å markere nøytrum, er biletet noko annleis.

### 6.1.1 Stum *-t*

Fleirtalet i *Framlegg* (Garborg og Flo) avviser *-t* i alle dei aktuelle kategoriane, men etter deira syn er det likevel skilnad på kor stor «skade eller nytte» han gjer i dei ulike kategoriane. Såleis gjer *t* betre nytte for seg som nøytrumsmarkør i bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huset*), enn til dømes som del av bøyingsuffikset i supinum av a-verb (*kastat*). Hovudargumentet for å kaste *t* i alle kategoriane er «aa faa samsvar med norsk talemaal, som her stend samstelt imot *t*» (Hægstad, Garborg, Flo 1899:75). Det kan verke overraskande at Garborg og Flo legg slik vekt på argumentet om samsvar med talemalet i diskusjonen av denne kategorien når ein ser på valet av bøyingsuffiks i andre kategoriar, til dømes i bøyingsparadigma for substantiva. Her kjem det då også fram at prinsippet om samsvar med talemalet etter kvart må vike for andre prinsipp. Argumentet om samsvar med talemalet går hand i hand med eit pedagogisk argument (*Framlegg* er meint som normal for skolane) der det er om å gjere at lesemåten er lydrett, og såleis i størst mogleg grad svarar til skrivemåten. Garborg og Flo diskuterer Hægstads kompromissløysing om å halde på *-t* etter *e*, men konkluderer med at det vil vere snakk om vane. Skrivemåten utan *-t* vil oftast ikkje

«vera meir ufelleleg enn den med t, heller betre, berre folk vert noko tilvande med de» (Hægstad, Garborg og Flo 1899:76).

Før undersøkinga av stum *t* i ulike bøyningssuffiks krev forma av siste ordet i sitatet over (*de* (= *det*), pron.) ein kommentar. Som sitatet viser, bruker fleirtalet i nemnda, Garborg og Flo, skrivemåten utan *-t*. Det gjeld all bruk av ordet, både som personleg pronomen, peikande pronomen (= demonstrativ), ubunde pronomen eller som føresett bestemt artikkel. Dette må sjåast i lys av ein metakommentar om skrivemåten som nemnda gjev på side 71 i *Framlegg*. Det er her nemnda deler seg i spørsmålet om korleis bøyningssuffiksa skal sjå ut, slik at også rettskrivinga etter denne sida følgjer tilrådinga til Garborg og Flo, mens Hægstad bruker den skrivemåten han tilrår i volumet sitt (frå s. 118). Fram til side 71 har nemnda løyst usemja om rettskrivinga ved å følgje «den skrivemaaten som hev vore mest brukt i landsmaale i seinare tid» (s. 71). (Det får som ein ser, den konsekvensen at inkjekjønnsord ikkje får *-t* i bestemt form eintal i fellesdelen (og i bolken til Garborg og Flo). I analysen av denne kategorien (jf. punkt 6.1.1.1) kjem det fram at skrivemåten utan *-t* absolutt ikkje er den mest brukte i landsmålet, men resultatet er sjølv sagt avhengig av kva ein legg i uttrykket «seinare tid», og kva kjelder ein legg til grunn.) Pronomenet *det* blir skrive med *-t* i fellesdelen, mens Garborg og Flo skriv utan (*de*). På dette punktet har nemnda til gagns rett i at skrivemåten med *-t* er den mest utbreidde. Ein analyse av korpusmaterialet med omsyn til denne ordforma viser at forma utan *-t* har ei utbreiing på berre 0,7 %.<sup>33</sup> Former med *-t* dominerer stort, først og fremst i forma *det* (95,2 %), men òg i forma *dat*<sup>34</sup> (4,0 %). Forma utan *-t* er ein konsekvens av ein hardhendt praktisering av ønsket om å fjerne *-t* i alle tilfelle der han fungerer som nøytrumsmarkør og dermed ikkje svarar til uttalen. Skrivemåten blei teken opp i midlandsnormalen, men som tala viser, hadde han marginal utbreiing blant landsmålsbrukarar før 1901, og har heller ikkje slått an i ettertid.

<sup>33</sup> På grunn av høg frekvens er tala for pronomenet *det* rekna ut på grunnlag av talet på treff på syntagmet «*det er*».

<sup>34</sup> Forma *dat* fell utanfor alle normaler, også Aasen-normalen. Forma er brukt marginalt i *Fedraheimen* 1878. Janson skreiv *dat* i bøkene som kom på 1860-talet, men i verka etter 1870 som er del av korpuset, er forma *det*. Etter Indrebø (1951:451) skiftar Aasen frå formene *dan*, *dat*, *dar* til *den*, *det*, *der* i 1858.

### 6.1.1.1 Bestemt form eintal av inkjekjønnsord

Det er kjent at Hægstad-normalen blir oppfatta som ein revidert versjon av Aasen-normalen og at endringane særleg omfatta det som her blir omtalt som stumme konsonantar i bøyingsstikkjønnsordet. I motsetning til mange andre kategoriar fall ikkje den stumme konsonanten i kategorien bestemt form eintal av nøytrumsord. Forma utan *t* (*Huse*) blei berre teken opp i midlandsnormalen, og har såleis ikkje slått gjennom i offisielle normalar fram til i dag. I drøftingane fram mot 1901-normalen var den *t*-lause endinga i bestemt form eintal av inkjekjønnsord rett nok ein del av det opphavlege fleirtalsframlegg til Garborg og Flo, men fekk berre status som lovleg form i skolen gjennom midlandsnormalen. Forma var likevel slett ikkje ukjend i tekstar frå før 1901, og utrekningar baserte på korpusmaterialet når det gjeld denne kategorien, viser at inkjekjønnsord i bestemt form eintal utan *t* blir brukte i 16,5 % av tilfella.<sup>35</sup> Ser ein på kva kjelde dei *t*-lause formene er mest utbreidde i, dominerer *Syn og Segn* (54,7 % av alle tilfella), men dei er òg brukte i ulike årgangar av *Fedraheimen* (32,9 %) og *Den 17de Mai* (12,4 %). Ei vurdering av kjeldene gjev altså ikkje noko eintydig resultat, sjølv om det er ei viss overvekt av *t*-lause endingar i litteraturen frå 1890-åra.

Dei svake inkjekjønnsorda (tostava substantiv som endar på *-a*) er ei lita gruppe ord som etter Aasen (1864 [1965]) berre omfattar *auga*, *øyra*, *okla*, *nyra*, *eista* ('testikkel'), *hjarta*, *noda* ('nyste') og *nysta*. Etter Aasen-normalen hadde slike ord endinga *-t* (*Hjartat*) i bestemt form eintal, mens Hægstad også her kasta nøytrumsmarkøren og gjekk inn for *-a* (*hjarta*) sjølv om den bestemte eintalsforma då fall saman med den ubestemte. I votumet sitt i *Framlegg* kommenterer Hægstad dette forholdet, men konkluderer med at ordgruppa er så lita at det ikkje kan komme på tale med unntak. Resultata frå korpussøka viser at Aasen-forma er brukt i 63,3 % av tilfella, mens resten (36,7 %) er forma utan nøytrums-*t*. Resultatet er berre basert på dei 398 gongene substantivet (H|h)jart(a|at) opptrer i tilfelle som må tolkast som bestemt form eintal. Årsaka er at fem av orda i denne gruppa står for kroppsdelar som førekjem som par (*auga*, *øyra*, *nyra*, *okla*, *eista*) og som derfor sjeldan blir omtalte i eintal. Dessutan er det vanskeleg å skilje ei potensiell bestemt eintalsform (*Auga*) frå dei tilfella det same substantivet opptrer i ei mogleg unormalisert

<sup>35</sup> Talet er basert på til saman 1 029 tilfelle av tre frekvente substantiv.

fleirtalsform (*Auga*). Dei to andre substantiva i gruppa, som ikkje beskriv par (*noda*, *nysta*), er svært lågfrekvente og kan ikkje brukast i statistisk samanheng. Andre aktuelle former her ville vore suffiks på -e eller -et, men søkjestrengen (H|h)jart(e|et) gjev berre 20 treff (alle på *Hjarte* el *hjarte*). Konklusjonen når det gjeld denne gruppa, er at forma i Aasen-normalen dominerer, men at forma utan *t*, som blir teken opp i normalen i 1901, er godt kjend og er brukt i over tredjedelen av alle tilfella.

#### 6.1.1.2 Nøytrumsform av adjektiv på -en

	EINTAL			FLEIRTAL		
	<i>m</i>	<i>f</i>	<i>n</i>	<i>m</i>	<i>f</i>	<i>n</i>
<b><i>Aasen-normalen</i></b>						
<b>ubestemt</b>	open	opi	opet	opne	opna	opne
<b>bestemt</b>	opne	opna	opna	opne	opne	opne
<b><i>Hægstad-normalen</i></b>						
<b>ubestemt</b>	open	opi	ope	opne	opne	opne
<b>bestemt</b>	opne	opne	opne	opne	opne	opne
<b><i>Midlandsnormalen</i></b>						
<b>ubestemt</b>	opin	opi	opí	opne	opne	opne
<b>bestemt</b>	opne	opne	opne	opne	opne	opne

Tabell 6.2 Bøyingsparadigme for adjektiv på -en i normalane

«Den mærkeligste Afvigelse fra den ovenfor fremstillede Bøyning [= dei regelrette] finder Sted ved de Ord, som have Endelsen ‘en’», peiker Aasen (1864 [1965:160]) på i *Norsk Grammatik*. Etter Aasen-normalen fekk adjektiv på -en (*open*) endinga -et i nøytrum ved attributiv (*eit opet glas*) eller predikativ (*glaset er opet*) bruk. Også denne nøytrumsmarkøren fall ut i Hægstad-normalen, slik at det der heitte *eit ope glas* og *glaset er ope*. Korpusssøk i denne kategorien viser at forma i Aasen-normalen (*opet*) blir brukt i knappe halvparten av tilfella (45,8 %), og at det blant kjeldene er

*Fedraheimen* som inneholder størsteparten av alle tilslaga (86,9 %), mens det igjen er ei nyare kjelde som *Den 17de Mai* (47,3 %) som dominerer med ei form utan -t (som seinare blei teken opp i Hægstad-normalen).<sup>36</sup>

Oppstillinga i tabell 6.2 viser forskjellar mellom Aasen-normalen på den eine sida og Hægstad-normalen og midlandsnormalen på den andre sida når det gjeld bøyingsendinga i adjektiv på -en i ubestemt form fleirtal femininum og bestemt form eintal femininum og nøytrum (-a vs. -e). Denne variasjonen blir behandla i avsnitt 6.4.1.

#### 6.1.1.3 Supinum av sterke verb

Aasen-normalen har òg stum t i supinum av to grupper verb. Den eine aktuelle kategorien som inneholder t, er supinum av sterke verb. Som nemnt gjekk Garborg og Flo i det opphavlege fleirtalsforslaget i *Framlegg* inn for å sløyfe t også her. Mindretallet (Hægstad) argumenterte sterkt imot, og fekk altså Flo med seg i dette synet i *Tillæg*, men resultatet blei av uklare årsaker at -t i supinum av sterke verb ikkje blei del av den offisielle rettskrivinga i landsmål etter 1901 likevel. Når det gjeld spørsmålet om i kor stor grad skrivarane hadde byrja å «sleppa t» i denne kategorien, viser korpusmaterialet at skrivarane har halde på supinumsformer med -t (*har/hev leset*) i 55,3 % av tilfella, mens det er brukt t-lause supinumsformer (*har/hev lese*) i 42,2 % av tilfella.<sup>37</sup> Spesielt interessant med omsyn til dei sterke verba er at supinum med utgang på -i er brukt i svært liten grad. Berre i 2,1 % av tilfella er i-endinga nytta. Når det gjeld andre supinumssuffiks, er det berre registrert to, begge med marginal utbreiing. Det dreier seg om -it og -a som begge er registrert brukt to gonger (*hev farit, hev funnit og hev fara, hev skriva*). Ser ein nærmare på kva kjelder formene er brukte i, er det *Fedraheimen* som dominerer stort når det gjeld suffikset -et (*hev/har leset*) frå Aasen-normalen (84,9 %), mens det er *Den 17de Mai* (56,7 %) og *Syn og Segn* (35,6 %) som dominerer når det gjeld supinumssuffikset -e (*hev/har lese*). I eit kronologisk perspektiv vil det seie at det er i 1890-talskjeldene at skrivarane for alvor har forlate Aasen-normalen og kasta t i supinum av sterke verb.

<sup>36</sup> Få adjektiv på -en er særleg frekvente, og tala her er baserte på 518 tilfelle av *open, voksen, moden og liten*.

<sup>37</sup> Tala er baserte på alle supinumsformene av verba *taka, finna, fara, skriva, lesa*, som til saman utgjer 1 045 tilfelle.


#### 6.1.1.4 Supinum av a-verb

Som i supinum av sterke verb hadde Aasen også valt å ha final *-t* i supinum av a-verb (*kastat*). Dette valet kan igjen sjåast som eit resultat av Aasens ønske om indre samanheng i det grammatiske systemet. Etter Hægstads framlegg om at *t* berre skulle stå etter *e*, blei det også i dette tilfellet ein skilnad mellom Aasen- og Hægstad-normalen. Søka i denne kategorien er utførte ved først å leite opp frekvente supinumsformer gjennom søk på [har|hev] pluss [.at]. Dei aktuelle verba (28) fra dette grovsøket er deretter sett inn i søkestrengen med formelen [har|hev] [ ] {0,1} [kasta.\*|osv.]. Ved å tillate fleire ord mellom hjelpeverb og hovudverb kunne ein få ein del fleire treff, men samstundes meir uryddige konkordansar. Ved å tillate inntil eitt ord mellom har/hev og hovudverbet vil ein få uønskte treff som til dømes på infinitivsforma av verbet (*hev aa lova*), men mengda uønskte treff er overkommeleg. Den reinsa konkordansen gjev då i alt 737 tilfelle av supinum av a-verb. Sortering av lista etter siste bokstav av supinumsforma gjev ein distribusjon som vist i figur 6.2. Størst utbreiing har supinumsforma utan *t* (*kasta*), som blei teken opp i 1901-normalen (53,5 %), mens Aasen-forma med *t* (*kastat*) er brukt i 44,1 % av tilfella. Eit lite mindretal av tilfella i denne kategorien (2,5 %) har ei supinumsform danna av stammen pluss suffikset *-ad* (*kastad*). Denne varianten er berre belagt i *Fedraheimen* og *Den 17de Mai* og kan tolkast som ei supinumsform laga på grunnlag av preteritumsforma *-ade* i Aasen-normalen.

#### 6.1.1.5 Pronomenformer

Ser ein på pronomene som *kva(t)*, *anna(t)* og *noko(t)*, viser det seg at Aasen-formene med *t* (*kvat*, *annat*, *nokot*) er mindre frekvente enn formene utan *t*, som blei ein del av Hægstad-normalen i 1901 (jf. figur 6.1). Sjølv om forskjellen ikkje er stor, er tendensen den same for alle tre pronomena. Det samla resultatet for denne kategorien er basert på totalmengda av former med *-t* (*kvat*, *annat*, *nokot*) halden opp imot totalmengda av former utan *-t* (*kva*, *anna*, *noko*) (jf. figur 6.1). I denne kategorien var Hægstad villig til å gje slepp på *-t* fordi *t*-en her ikkje stod etter vokalen *-e-*, og som resultata viser, var det solid praksis for skrivemåten utan *-t* blant landsmålsskrivarar, slik at ein også her kan argumentere med at det er ususprinsippet


som er lagt til grunn. På grunn av høg frekvens er resultata i denne kategorien baserte på alle tilfella i korpusmaterialet der pronomena opptrer med liten førebokstav. Det er verdt å nemne at det ikkje ser ut til å vere fullt samsvar i bruken mellom dei tre pronomena. Forma *kvat* ser ut til å vere forholdsvis mindre brukt enn formene *annat* og *nokot*. Det skulle då tyde på at skrivarane ikkje er konsekvente med omsyn til skrivemåten av dei tre orda i kategorien, slik at ein skrivar kan kombinere former med og utan *t*, fortrinnsvis skrive *kva*, men likevel *annat* og *nokot*. Ein kvalitativ studie av ein del av materialet ville gjeve svar på korleis dette forholdet er innanfor éin avgrensa tekst. Ser ein nærmare på kva kjelder formene fordeler seg på, er distribusjonen overraskande eintydig. I både *Den 17de Mai* og *Syn og Segn* er over 99 % av tilfella former utan *-t*. I leseboka til Austlid er det berre brukt *t*-lause pronomatformer, mens begge variantane er brukte i leseboka til Garborg og Mortensson. Når det gjeld formene med *-t*, er det *Fedraheimen* som er den viktigaste kjelda. I 87,4 % av alle tilfella der desse pronomena opptrer, er det i former med *-t*. Også i bøkene til Janson og Nielsen er det gjennomgåande brukt former med *-t*. Såleis er det i hovudsak berre i leseboka til Garborg og Mortensson og i *Fedraheimen* at bruken av former med eller utan *-t* ymsar.



Figur 6.1 Skrivemåten før 1901 av einskilde pronomen – med eller utan t

### 6.1.1.6 Stum t – oppsummering

Ei samla framstilling av distribusjonen av stum t (jf. figur 6.2) viser at Aasens ønske om ein indre samanheng i grammatikken berre til ein viss grad blir følgt opp av landsmålsbrukarane før 1901. Med tanke på lagnaden til nøytrums-t i bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huset*) i skriftnormalane heilt fram til i dag er det vel ikkje overraskande at det er i nettopp denne kategorien at lojaliteten til Aasen-normalen er sterkest. Sjølv om forma utan t (*huse*) fekk ein halvoffisiell status gjennom midlandsnormalen og blei brukt av framståande landsmålsbrukarar som til dømes Garborg, var det tydelegvis ikkje nok til at forma slo an mellom landsmålsbrukarar flest. Det hjelpte heller ikkje at sterke stemmer som Halvdan Koht og Olav Duun blei eksponentar for former utan nøytrums-t utover på 1900-talet. Tendensen når det gjeld dei andre aktuelle kategoriene, er at formene utan t konkurrerer sterkt med Aasen-formene. Viss ein som Hægstad skil mellom dei tilfella -t står etter vokalen -e-, og dei tilfella -t står etter ein annan vokal (-a- eller -o-), er tendensen at -t oftare fell i kategoriar der han kjem etter -a- og -o-. Denne tendensen gjeld rett nok ikkje for svake nøytrum (*hjarta*), men så er også dette ei lita lukka gruppe ord.



Figur 6.2 Samla oversyn over bruken av stum t før 1901

Den kategorien *-t* står sterkest i, er i bunden form eintal av inkjekjønnsorda. Tendensen er klar, men det er likevel ein relativt stor del av skrivarane som ikkje skriv *-t*. For dei andre kategoriane er resultatet jamnare, men både når det gjeld sterke partisippformer og nøytrum av adjektiv på *-en*, er det ei overvekt av skrivarar som brukar *-t*. I supinum av *a*-verb og pronomen (*kva*, *anna*, *noko*) er det fleire som har kasta *-t* enn det er som skriv *-t*.

### 6.1.2 Stum *r*

Garborg og Flo argumenterer i *Framlegg* for å sløyfe medial *r* i bestemt form fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord. Det ville vere i tråd med framleggget for dansk-norsken (jf. Aars, Hofgard, Moe 1898), og det ville heller ikkje føre til noko samanfall av former. Dessutan ville skrivemåten bli meir i samsvar med uttalen (Hægstad, Garborg, Flo 1899:80). Aasen på si side ser også her ut til å leggje vekt på etymologi og eintydigkeit når han vel å halde på medial *r* (som fanst både i svensk og dansk, og som òg hadde støtte i gamalnorsk).

I *Framlegg* bruker Garborg og Flo mykje plass på å diskutere moglege bøyningssuffiks for substantiv med utgangspunkt i talemålsvariantane, og overraskande nok ikkje med utgangspunkt i den eksisterande skriftnormalen for landsmålet. Konklusjonen blir at bøyningssuffikset i bestemt form fleirtal av hankjønnsord og hokjønnsord bør ha to stavingar (for lettare å skilje eintal frå fleirtal) med utgang på *-e*. Vidare droppar dei alternativet med dobbel konsonant (*-anne*, *-onne*, *-unne*, *-inne*) fordi det vanlegvis signaliserer lang og trykktung staving, og dét er ikkje alltid tilfellet når det gjeld bøyningssuffiksa.


Den vide drøftinga av moglege bøyningssuffiks gjev likevel ei god forståing av kva form alternative bøyningssuffiks kan få i ulike utformingar av landsmålet. I bestemt form fleirtal – både når det gjeld hokjønnsord og hankjønnsord – valde Aasen suffiksformer med ein medial *r*. Medial *r* har ikkje grunnlag i dialektane, og må helst oppfattast som stum når ein les. Grunnlaget for Aasen-forma ligg truleg i ønsket om å halde formkategoriane frå kvarandre ved å halde på grafemet *r* som fleirtalsmerke. Det var kjent i både svensk og dansk og hadde òg støtte i dei gamalnorske formene.

### 6.1.2.1 Hankjønnsord bestemt form fleirtal

Etter den høgst uautoriserte standarden «den nyere skrivemaade» (jf. kap. 2.2) sløyfa ein – venteleg av morfonologiske årsaker (stamme av rot + -ar) – medial *r* i bestemt form fleirtal av hankjønnsord på *-ar* (*læraran(n)e*) (jf. Venås 1992:290 og Hægstad, Garborg og Flo 1899:78). Korpusmaterialet<sup>38</sup> viser at skrivarane i 75,6 % av tilfella nyttar Aasen-forma med medial *r*. Når det gjeld former utan medial *r*, er det varianten med enkel konsonant (*lærarane*) som er mest utbreidd (17,8 %), mens forma med dobbel konsonant (*læraranne*) er brukt i 3,3 % av tilfella. Einstavingssuffikset *-ne* (*lærarne*) er også brukt i 3,3 % av tilfella. Utelating av *r* i bøyingsuffikset i bestemt form fleirtal av hankjønnsord på *-ar* har hatt ei viss utbreiing blant landsmålsskrivarane utan at det ser ut til å vere noko mønster i kva for kjelder suffikset utan *r* opptrer i. Hankjønnsord på *-ar* er likevel ei særskilt avgrensa gruppe ord, og såleis er det meir interessant å sjå på kor utbreidd det var å sløyfe *r* i bøyingsuffikset i andre typar substantiv. Ser ein til dømes på hankjønnsord med enkle stammar (stamme = rot, t.d. *hest*), viser materialet at bøyingsuffiks med *r* (-*arne*) dominerer stort, slik at bruksfrekvensen for suffiks utan *r* (-*ane*, -*anne*, -*ann*, -*an*, -*adn*) berre er på 8,5 %.<sup>39</sup> I gjennomgangen av sterke hokjønnsord kjem det fram at delen av *r*-lause suffiks i bestemt form fleirtal er endå lågare (5,2 %). Å sløyfe *r* i bestemt form fleirtal ser ikkje ut til å vere særleg utbreidd blant landsmålsskrivarane før 1901, og dersom ein legg usus-prinsippet til grunn, er det rimeleg at det ikkje blei opna for dette før med revisjonen av landsmålet i 1910 (viss ein ser bort frå midlandsnormalen). Det var likevel ikkje før med 1917-rettskrivinga at bøyingsuffiksa med medial *r* fall heilt ut.

<sup>38</sup> Tala er baserte på alle førekommstane (398) av bestemt form fleirtal av fem ulike maskulinum på *-ar* (*lærar*, *bakar*, *indianar*, *fiskar*, *romar*).

<sup>39</sup> Talet er basert på 1 407 førekommstar av bestemt form fleirtal av ni frekvente substantiv.



Figur 6.3 Varietetar av bøyingssuffikset for hankjønnsord i bestemt form fleirtal

I bestemt form fleirtal av hankjønnsord er formene i Aasen-normalen og Hægstad-normalen like (-*arne* i typen *hest*, *bakke* og -*erne* i typen *kvist* (*i*-stamme) og *fot* (*r*-stamme med omlyd i fleirtal)), mens den mediale *r*-en har falle ut i midlandsnormalen (høvesvis -*ane* og -*ine*). Alle desse formene er representerte i materialet, men berre så vidt. Som det kjem fram i oppsummeringa av stum *r* (6.1.2.3), så dominerer bøyingsmorfema med medial *r* stort med ein bruksfrekvens på over 92 % for begge typane hankjønnsord. Når det gjeld hovudgruppa av substantiv (suffiks vokal *a*), bruker 92,8 % av skrivarane bøyingssuffiks med *r*. Også når det gjeld undergruppa som får morfem med suffiks vokal *e*- i fleirtal (*kvist* og *fot*), er det Aasen/Hægstad-nære former som dominerer med ein bruksfrekvens på 92,5 %. Former med


suffiksvokal *-i*- har ein bruksfrekvens på berre 2,5 %. I figur 6.2 ser vi alle varietetar av bøyingsmorfem som er funne i denne kategorien. Når det gjeld morfem utan *-r*-, er formmangfaldet stort, men bruksrekvensen for ein stor del av varietetane er låg. Her er det suffiksa med suffiksvokal *-e*- som dominerer, men dei utgjer ikkje meir enn 3,8 % av totalmengda.

#### *6.1.2.2 Svake hokjønnsord bestemt form fleirtal*

For Aasen var bøyingsmønsteret for hokjønnsorda ei utfordring i normeringa på grunn av dei mange ulike formene i dialektane. Når det gjaldt bøyningssuffikset i bestemt form fleirtal, viser oversynet i *Norsk Grammatik* at endevokalen varierte mellom *-e* og *-a* eller mangla heilt, mens den første vokalen i suffikset kunne vere både *-o-*, *-u-*, *-e-* og *-a-*. Aasen valde forma med *-o-* og *-a* (som han heimfesta til Hardanger) og enda opp med *-orna* når han la til medial *r*. Hægstad veik av frå Aasen i denne kategorien og valde *-orne*. På den eine sida legg ein merke til at Hægstad lojalt følgjer Aasen når det gjeld medial *r* i endingssuffikset, mens han på den andre sida vel ein annan endevokal. Hægstad hadde undersøkt «bokheimen» i arbeidet med 1901-normalen og var truleg klar over den variasjonen som fanst, men han seier ikkje noko om at suffikset *-urne* er svært utbreidd når det gjeld bestemt form fleirtal av dei svake hokjønnsorda. Distribusjonen av bøyningssuffiks i bestemt form fleirtal av svake femininum er vist i figur 6.4.

## Svake femininum bestemt form fleirtal

■ -orna (Aasen) ■ -orne (Hægstad) ■ -urne ■ -urna ■ utan r




Figur 6.4 Distribusjon av bøyingsuffiks i bestemt form fleirtal av svake hokjønnsord

Det første ein kan slå fast når det gjeld denne kategorien, er at Hægstad-suffikset *-orne* er meir utbreidd (21,4 %) enn Aasen-forma *-orna* (15,4 %). Dette funnet styrkebr igjen hypotesen om at Hægstad tok omsyn til usus i 1901-normalen, men berre til ein viss grad. Den mest brukte forma er nemleg *-urne* (42,4 %) som er bøyingsendinga i «den nyere skrivemaade», og med ein vokalkvalitet som seinare blei teken opp i midlandsnormalen. Den høge førekomensten av *-urne* kan kanskje verke overraskande, og det finst ikkje noko tilsvarande funn blant dei sterke hokjønnsorda. Der kunne ein då vente høge førekomstar av midlandssuffiks med *-i-* (*-i(r)n(n)e*), men nokon slik korrelasjon finst ikkje. Heller ikkje ei undersøking av kva kjelder *-urne* opptrer i, gjev noko eintydig svar. Dei 289 førekomstane av suffikset fordeler seg nokolunde jamt på *Den 17de Mai* og *Fedraheimen* i tillegg til at forma òg er brukt i leseboka til Garborg og Mortensson. Ei mogleg forklaring kan ligge i nettopp denne observasjonen. *Lesebok i det norske folkemaal for høgre skular* (1885) var éi av dei fem bøkene som departementet hadde peikt ut som grunnlag for ein einskapleg ortografi, og sjølv om fleirtalssuffikset *-urne* ikkje er brukt i dei fire andre utvalde verka, kan det her vere snakk om påverknad frå den litteraturen som skulle hjelpe til med å etablere ei norm. Eit anna overraskande funn i denne kategorien er utbreiinga av suffikset *-urna* (4,8 %) som best kan karakteriserast som ein hybridvariant mellom

Aasen-forma og forma i «den nyere skrivemaade». Suffiks utan *r* utgjer ei relativt stor gruppe i denne kategorien (16,0 %), og også her er det variantar med *-u-* som dominerer biletet. Av dei i alt 109 førekostane av suffiks utan *r* utgjer former med *-u-* 96,3 % av denne gruppa, med *-une* som den mest utbreidde forma. I tillegg finst former med dobbel konsonant (*-unne*) (18 tilfelle), utan endevokal (*-unn*) (11 tilfelle) og med segmentasjon (*-udn*) (5 tilfelle). Formene *-onne*, *-ene* og *-enne* er registrerte, men med marginal utbreiing. Hægstad nemner forma *-unne* i votumet i *Framlegg* og meiner ho har vore meir brukt enn *-inne* for dei sterke hokjønnsorda. Resultata i denne undersøkinga står for så vidt den oppfatninga, sjølv om forskjellen er marginal (18 *-unne* mot 4 *-inne*), men generelt er det rett at suffiks med *-u-* er mykje vanlegare for dei svake hokjønnsorda enn suffiks med *-i-* for dei sterke hokjønnsorda.


Eskeland (1892:9) skriv at det ikkje ville vere urimeleg at dei svake hokjønnsorda fekk *-er* i ubestemt form fleirtal i staden for *-ur* (*-or*). Først med reforma i 1917 fekk dette framlegget gjennomslag.



Figur 6.5 Varietetar av bøyingsuffikset for svake femininum bestemt form fleirtal

### 6.1.2.3 Sterke hokjønnsord bestemt form fleirtal

For dei svake hokjønnsorda var det eit bøyingsuffiks med morfemvokal som i midlandsnormalen som dominerte (-urne). Slik er det ikkje med dei sterke hokjønnsorda. Aasens form er -erna, mens Hægstad også her held på ein final -e (-erne). I *Framlegg* peiker Hægstad på at endinga -erne har blitt vanleg blant landsmålskrivarar, og legg også her ususprinsippet til grunn når han forlét Aasen-normalen. Datamaterialet viser at Aasen-forma -erna er brukt i 20,2 % av tilfella, men suffikset -erne, har ein bruksfrekvens på 70,8 %, jf. figur 6.6.




Figur 6.6 Distribusjon av bøyingsuffiks i bestemt form fleirtal av sterke femininum

Såleis stadfestar undersøkinga Hægstads utsegn om at -erne har blitt den vanlege bøyingsendinga for sterke hokjønnsord i bestemt form fleirtal. Aasen-forma -erna og Hægstad-forma -erne utgjer til saman rundt 90 % av alle førekomstane av bestemt form fleirtal av sterke hokjønnsord. Alternative suffiks viser altså igjen låg frekvens. Av suffiks som fell utanfor Aasen-normalen, og som heller ikkje blei ein del av Hægstad-normalen, er det (i tillegg til suffiks utan r) først og fremst snakk om

suffikset *-arne*. Det har ein bruksfrekvens på 5,3 % i materialet. Ti av dei i alt 28 hokjønnsorda opptrer med suffikset *-arne* i bestemt form fleirtal éin eller fleire gonger. Ein skulle tru at det helst var snakk om ord frå den såkalla *ar*-klassen i norrønt (urnordiske ö-stammar og ijō-stammar), men materialet viser at dei fire mest frekvente hokjønnsorda med suffikset *-arne* i bestemt form fleirtal er *hand* (29), *bygd* (18), *lid* (10) og *bok* (6). Det kan likevel vere snakk om talemålspåverknad frå dialektar med alternativ böying eller analogi. Det er òg verdt å merke seg at ei gruppe hokjønnsord (særleg dei) med omlyd i fleirtal (*rot*, *stong* ofl.) fekk fleirtalssuffiks på *-a-* i midlandsnormalen (*røtane*, *stengane*). Bøyingsuffikset *-arne* i bestemt form fleirtal av dei nemnde sterke hokjønnsorda kan spegle eit slikt system.

I eit forsvar for midlandssuffiks (*Framlegg* s. 80) hevdar Garborg og Flo at suffikset *-irne* har vore brukt som bøyingsuffiks i bestemt form fleirtal blant landsmålsskrivarar. Det er for så vidt sant, men i korpusmaterialet er dette suffikset svært lite brukt (i alt berre 7 sikre førekommstar av hokjønnsord), og for dei utvalde substantiva sin del med ein frekvens på berre 0,3 %. Når det gjeld dei *r*-lause suffiksa i denne kategorien, er bruksfrekvensen på 5,7 % (eller 84 tilfelle av 1629 totalt). Også her er det suffiks med *-e-* som dominerer, skrivne anten med enkel konsonant (*-ene*), dobbel konsonant (*-enne*), apokopert endevokal (*-enn*) eller med segmentasjon (*-edn*). Dei same variantane finn ein òg med vokalen *-a-* (*-ane*, *-anne*, *-ann*, *-adn*) og *-i-* (*-ine*, *-inne*, *-inn*), men for fleire av desse variantane gjeld det at dei har marginal utbreiing.




Figur 6.7 Varietetar av bøyingssuffifikset for sterke femininum bestemt form fleirtal

#### 6.1.2.4 Stum r – oppsummering

Ei samla framstilling av stum r i bøyingssuffiksa er vist i figur 6.8. Oversikta viser at landsmålsskrivarar i stor grad nyttar bøyingssuffiks med medial r og såleis er lojale mot eit prinsipp som var nedfelt i Aasen-normalen, og som blei ført vidare i Hægstad-normalen. Tala viser at tendensen gjeld alle dei aktuelle kategoriane sjølv om utbreiinga varierer noko. Størst tendens til å gje slepp på medial r i bøyingssuffikset er det i kategorien maskulinum på -ar (*lærar, fiskar* osv.) (24,4 %), og her er nok samanstøyten av -ar- i stammen og -ar- i bøyingssuffikset ei forklaring. Vidare er bruken av r-lause suffiks markant i kategorien svake femininum, utan at det her er noka direkte morfo-fonologisk årsak til å sløyfe r i bøyingssuffikset. Som det kom fram i undersøkinga av stum t, ser det heller ikkje når det gjeld stum r, ut til at det å sløyfe r i bøyingssuffikset i éin kategori nødvendigvis fører til at skrivaren gjev slepp på han i

andre kategoriar. Den relativt store forskjellen mellom bruken av *r*-lause suffiks i sterke femininum (5,2 %) og maskulinum på *-ar* (24,4 %) indikerer at det er tilfellet, men igjen er det berre ei kvalitativ undersøking av ein spesifikk tekst som kan gje eit sikkert svar.



*Figur 6.8 Samla oversyn over bruken av stum *r* i bøyningssuffiksa*

#### 6.1.3 Stum *d*

Utgreiinga har så langt i denne delen dreidd seg om dei stumme konsonantane *t* og *r* i bøyningssuffiksa. I Aasen-normalen hadde begge desse konsonantane til føremål å halde kategoriane frå kvarande samtidig som dei markerte etymologisk opphav i ei rad grammatiske kategoriar. Det same kan seiast om stum *d*, sjølv om denne konsonanten berre omfattar éin grammatisk kategori med tanke på bøyningssuffiks. Stum *d* spelar såleis ei viktigare rolle med omsyn til skrivemåten av rot eller stamme, og her var nemnda samd om skrivemåten med *d* (*tid, bunad, ferd* osv.).


### 6.1.3.1 Preteritum av *a*-verb

Den aktuelle kategorien når det gjeld stum *d* i bøyingsuffiks, er preteritumsforma av dei såkalla *a*-verba. Også her kan ein til dels argumentere for at den faktiske bruken – usus – er annleis enn Aasen-normalen, og at dette fekk konsekvensar for Hægstad-normalen, sjølv om det ikkje var den mest utbreidde forma som blei teken opp hos Hægstad. Aasen førte opp *-ade* som bøyingsuffiks i preteritum av slike verb, men vedgår at «[d]en fuldkomne Form med ‘ade’ høres neppe nogensteds tydelig» (Aasen 1864 [1965:205]). Likevel meiner han bestemt at den fulle forma må vere med i skrift fordi «det netop er Konsonanten, som er Fortidsformens tydeligste Mærke» (s.st.). Igjen ser ein at Aasen er oppteken av å hindre samanfall av former og å skape ein indre samanheng i grammatikken, denne gongen mellom bøyingsparadigma for dei ulike verbklassane, sjølv om han er klar over brotet med talemålet. Hægstad på si side var også her mindre systemorientert og valde suffikset *-a*, som svarte til uttalen i størstedelen av dei norske dialektane.

For å avdekkje kva former preteritumssuffikset i *a*-verb kan ha, er det først gjort søk på berre stammen av nokre typiske verb. Denne undersøkinga viste at landsmåls-skrivarar nytta tre ulike suffiks: *-ade*, *-ad* og *-a*. Deretter er fire frekvente verb trekte ut frå konkordansen for supinum av *a*-verb og søkte opp med dei aktuelle suffiksa [kast(ade|ad|a)|takk(ade|ad|a)|osv.]. Når det gjeld formene av stamme pluss *-ade* (*kastade*) og stamme pluss *-ad* (*kastad*), blir søkeresultata reine. Når det derimot gjeld preteritumsformer av stamme pluss *-a*, blir konkordansen særskilt uryddig. Her vil ein få treff på alle former av verbet som inneheld infinitiv (*aa kasta*, *kunde kasta* osv.). Den reinsa konkordansen gjev i alt 1205 tilfelle der verba *kasta*, *takka*, *byrja*, *tala* opptrer i preteritum. Etter ei sortering av konkordansen ser ein at Aasens form *-ade* er relativt mindre brukt (10,8 %) enn *a*-suffikset (38,2 %), som blei teke opp i normalen i 1901. Likevel er det den unormaliserte forma med suffikset *-ad* som er mest utbreidd (51,0 %), jf. figur 6.9. Nemnda var godt klar over denne variasjonen, og uttalar at preteritumsforma «stundom [vart] avkorta til -ad». Likevel slår nemnda fast at det ikkje kan komme på tale å halde på former som *-ad* og *-ade* fordi dei ikkje har støtte i talemålet. «Slik som ikkje hev meir rot i talemaalet enn dette, og som det daa vilde turvast ei heil upplæring til aa bruka rett, det kann det visst ikkje vera tenkjande paa aa halda uppe i lengdi i skrift heller, jamvel um det der kunde vera til

nytte paa ein eller annan maate [t.d. for å skilje presens- og preteritumsformer]» (s. 68). Her kjem det klart fram at hovudprinsippa til Aasen, det etymologiske prinsippet og prinsippet om morfologisk eintydighet, ikkje lenger får same vekt i normeringa av landsmålet.

I ein fotnote (s. 69) kjem det fram at det særleg har vore vanleg blant landsmålsskrivarar å bruke preteritumssuffikset *-ad* i verkestil og høgtideleg stil. Analysen av korpusmaterialet står ikkje ei slik oppfatning. Ei sortering av belegga på *-ad* etter kjelde viser at dette suffikset er klart mest brukt i *Fedraheimen* (66,0 %). Forma finst òg i *Den 17de Mai* (9,8 %), og *-ad* er eineform i leseboka til Austlid og i bøkene til Janson. Når det gjeld fullforma *-ade*, er ho i 80 % av tilfella registrert i *Fedraheimen*. Suffikset *-a* er eineform i *Syn og Segn* og den mest utbreidde forma i *Den 17de Mai* (75,8 %). *Fedraheimen* utmerkjer seg ved at alle suffiksvarietetane er representerte. Suffikset *-a* er registrert i 24,6 % av tilfella.



*Figur 6.9 Distribusjon av bøyningssuffiks i preteritum av a-verb*

## 6.2 Substantiv

### 6.2.1 Hokjønnsord – svake

Tabell 6.3 viser ei samanstilling av bøyingsparadigma for svake hokjønnsord i Aasen-normalen, Hægstad-normalen og midlandsnormalen. Når det gjeld bestemt form fleirtal av svake hokjønnsord, blei denne kategorien behandla under punkt 6.1.2.3. Resultata frå denne kategorien blir likevel vurderte i oppsummeringa av hokjønnsord (6.2.2.3).

<i>Eintal</i>		<i>Fleirtal</i>	
<i>Ubestemt form</i>	<i>Bestemt form</i>	<i>Ubestemt form</i>	<i>Bestemt form</i>
<b>Aasen-normalen</b>			
ei Visa	Visa	Visor	Visorna

<b>Hægstad-normalen</b>			
ei visa	visa	visor	visorne

<b>Midlandsnormalen</b>			
ei vise	visa	visur	visune
ei sogn	sogo	sogur	sogune

Tabell 6.3 Bøyingsmønster for svake hokjønnsord i normalane

#### 6.2.1.1 Svake hokjønnsord ubestemt form eintal

Både i Aasen-normalen og i Hægstad-normalen var endevokalen i svake hokjønnsord ubestemt form eintal -a (*ei Visa*), ei form som i begge normalane fall saman med bestemt form eintal (*Visa*). Aasen omtalar dette forholdet i *Norsk Grammatik* og viser til at final -n i bestemt form eintal i norrønt (*vísan*) har falle bort i alle norske dialektar. Likevel er det forskjell mellom ubestemt og bestemt form eintal i dialektane. Dialektar med final /a/ (i skrift realisert som -a, *visa*) i ubestemt form har /ʊ/ (i skrift -o, *viso*) eller /ɔ/ (i skrift -å, *viså*) i bestemt form, mens dialektar med svekt endevokal (/e/) i ubestemt form vanlegvis har /a/ i bestemt form. Fordi final -n i bestemt form eintal i norrønt ikkje hadde støtte i dialektane lenger, var ikkje det noko alternativ for Aasen. I *Prøver af Landsmaalet i Norge* (1853) hadde han foreslått -o, men gjekk bort frå det. Han var heller ikkje lysten på å endre endevokalen i ubestemt form i norrønt (*vísa*) («A er ligesaa nødvendigt i den ubestemte Form som i den bestemte»), og aksepterte unntaksvise samanfall mellom kategoriane. Som ein forstår av paradigmet i midlandsnormalen, er Garborg og Flo usamde i Aasens løysing, som Hægstad gjekk inn for å føre vidare i 1901-normalen. Dei peiker på at samanfallet mellom formene er uheldig og lett kan føre til mistyding. Dei foreslår *ei vise* – *visa* (overvektsord) og *ei sogn* – *sogo* (jamvektsord) i eintal og viser til samsvaret med målføra over store delar av landet både når det gjeld opposisjonen mellom ubestemt

og bestemt form og den faktiske likskapen med talemålsforma, medrekna det norske talemålet i byane. På dette punktet var det løysinga til Garborg og Flo som vann fram, så det er spesielt interessant å undersøkje om ein kan sjå ein slik tendens allereie i tekstar frå før 1900.

Trass i at Hægstad-normalen lojalt følgjer Aasen på dette punktet, hadde det etablert seg ein annan praksis blant ein del landsmålsskrivarar. Folk som følgde «den nyere skrivemaade» skreiv *ei vise*, og analysen av korpusmaterialet viser at denne forma var vel kjend. Resultata byggjer på ein søkjestreng med totalt 18 ord (word="ei"][]{0,4}[word=".\*(v|V)is(a|e|u)| osv.) der det er tillate inntil fire ord mellom artikkel og substantiv. Søket fangar òg opp samansetjingar med det oppgjevne substantivet som sisteledd. Ein test med andre endevokalar viser at det berre er *-u* som kan vere kandidat i tillegg til *-a* og *-e*, og den forma er såleis teken med i søket. Dette gjev ein akseptabel konkordans med totalt 948 belegg etter at uønskte tilslag (t.d. av typen *ei ny utlegging av denne bibelsoga*) er reinsa ut. Sortert etter nøkkelordet viser konkordansen at den normerte forma med utgang på *-a* (*ei visa*) er brukt i 62,8 % av tilfella, mens forma med *-e* (*ei vise*) er brukt i 36,7 % av tilfella. Varianten med endevokal *-u* har marginal utbreiing (0,5 %). Ser ein på kjeldefordeling, er tendensen at *Fedraheimen* bruker *a*-ending (*ei visa*). Rundt 80 % av alle førekommstane i *Fedraheimen* følgjer Aasen-normalen og Hægstad-normalen på dette punktet. Den kjelda som i sterkest grad bryt med dette prinsippet, er *Den 17de Mai*, som i over 86 % av tilfella følgjer forma som blei teken opp i midlandsnormalen.

Når det gjeld svake hokjønnsord, vil endevokalen *-u* i utgangspunktet berre vere aktuell for jamvektsorda. Aasen (1864 [1965:138]) nemner denne gruppa, men utan at slike ord får eiga bøyning. Derimot får denne gruppa av ord eit eige bøyingsmønster i midlandsnormalen (*ei sogu – sogo*, *ei viku – viko*), og såleis representerer tilslaga på svake hokjønnsord med endevokal *-u* i korpusmaterialet ein skrivemåte som blei teken opp der. I søkjestrengen er det få slike ord, og ein grundigare analyse av jamvektsord i denne kategorien krev at ein undersøkjer fleire. Aasens karakteristikk av denne ordgruppa er at dei utgjer «en betydelig Række», men med nokre unntak må dei seiast å vere lågfrekvente i prosatekstar. Eit anna moment er at dei kan ha ein skrivemåte som vik av frå den normaliserte forma (*stug(g)u*, *vuk(k)u* osv.). Likevel kan det vere interessant å sjå kor utbreidd endevokalen *-u* er når ein ser på kategorien

jamvektsord svake femininum ubestemt eintal isolert. Problemet med låg frekvens er nemnt, men eit sok med sju utbreidde ord i gruppa etter same mønster som dei andre gjev 145 belegg. Den sorterte konkordansen viser at endevokalen *-u* (*ei viku*) er brukt i 6,2 % av tilfella. Endevokalen *-a* (*ei fluga*) er framleis den mest utbreidde (77,9 %), mens endevokalen *-e* (*ei kake*) har ein frekvens på 15,9 %. Både *Fedraheimen*, *Den 17de Mai* og *Syn og Segn* er blant dei kjeldene der endevokalen *-u* er registrert.

#### 6.2.1.2 Svake hokjønnsord ubestemt form fleirtal

I denne kategorien hadde Aasen-normalen bøyningssuffikset *-or*, som òg blei ført vidare i Hægstad-normalen. Likevel er det kjent at skrivarar som heldt seg til det som er omtalt som den nyare skrivemåten, brukte *-ur*. Det er òg eit spørsmål om andre bøyningssuffiks har vore i bruk. Når det gjeld suffiksa *-or* og *-ur*, kunne ein med omsyn til suffiksvokal vente at fordelinga i nokon grad svarte til fordelinga i kategorien svake hokjønnsord bestemt form fleirtal (jf. 6.1.2.2).

Undersøkinga av bøyningssuffikset i denne kategorien er i hovudsak basert på dei same substantiva som i kategorien bestemt form fleirtal. Den reinsa konkordansen består av 1 294 belegg og viser fire ulike former av bøyningssuffikset. Suffikset *-ur* har høgst frekvens med ei utbreiing på 62,6 %, mens *-or* er brukt i 35,8 % av tilfella. I tillegg er suffiksa *-er* (1,5 %) og *-ar* (0,1 % = eitt tilfelle) registrerte. Legg ein saman utbreiinga av suffiks med vokal *-o-* (*-orna* og *-orne*) i bestemt form fleirtal, gjev det ein bruksfrekvens på 36,8 %, mens talet for *-or* i ubestemt form fleirtal altså er 35,8 %. Suffiks med vokal *-u-* i bestemt form fleirtal (*-urne*, *-urna*, *-un(n)e*, *-unn*, *-udn*) utgjer til saman 62,6 %, som er identisk med talet for suffiks med *-u-* i ubestemt form (*-ur*). Suffikset *-er* i ubestemt form har ei utbreiing på 1,5 %, eller 20 tilfelle fordelt på *Den 17de Mai* og *Fedraheimen*, mens det berre er to tilfelle med suffiksvokal *-e-* (*-ene* og *-enne*) i bestemt form fleirtal der begge er frå *Den 17de Mai*. Ein må likevel konkludere med at frekvensen for *-or* og *-ur* samvarierer i stor grad med funna for dei tilsvarende suffiksvokalane i bestemt form fleirtal. I tråd med den observasjonen må ein også når det gjeld denne kategorien, slå fast at forma i Aasen-normalen (*-or*) er monaleg mindre brukt enn suffikset knytt til den nyare skrivemåten (*-ur*), som i sin tur blei teke opp i midlandsnormalen.

Ser ein på kva kjelder dei to mest brukte suffiksa (-ur og -or) opptrer i, kan ein slå fast følgjande interessante fakta: I leseboka til Garborg og Mortensson er begge formene brukte, -ur rett nok noko meir enn -or.<sup>40</sup> Ein kan tenkje seg at normstatusen til leseboka kan vere ein medverkande faktor når ein skal forklare den store utbreiinga av *ur*-suffikset, men *Lesebok for høgre skular* kom ut første gongen i 1885, og kunne som samleverb ikkje vere rettesnor for kjelder før den tid. Dei einskilde tekstane i leseboka kunne teoretisk vore ei slik rettesnor, men her er poenget at tekstane først får ein slik opphøgd status når dei blir samla i eitt verk, nemleg som offisiell lesebok for skoleverket. *Fedraheimen* er den publikasjonen som i størst grad bruker suffikset -ur med heile 73,1 % av alle tilfella i utvalet, og alle dei fire årgangane i korpusmaterialet er frå tida før 1885. Når det gjeld *Syn og Segn*, kunne ein slik påverknad vere mogleg, men i tidsskriftet er det brukt *or*-suffiks i 94,6 % av tilfella i det undersøkte materialet. Det er berre for *Den 17de Mai* at ein slik argumentasjon er gyldig. Avisa brukte *ur*-suffiks i 84,5 % av dei undersøkte tilfella.

#### 6.2.1.3 Svake hokjønnsord bestemt form eintal

I bestemt form eintal fekk dei svake hokjønnsorda endinga -a (*den Visa*) i Aasen-normalen og fall såleis saman med forma i ubestemt form eintal (*ei Visa*). Dette er eit unntak frå Aasens grunnprinsipp om at fonologiske og morfologiske distinksjonar som var nedarva frå gamalnorsk, og som framleis fanst i dialektane, skulle markerast i skrift. Utlydande -n i bestemt form eintal i gamalnorsk (*vísan*) var fallen bort i alle dialektar, også i dei svake hokjønnsorda, og var såleis ikkje noko alternativ. Aasen forkasta òg -o og -å med den forklaringa at dei «synes her at have meget imod sig» (1864 [1965:138]). Dermed godtok han samanfallet mellom ubestemt og bestemt form og valde -a, for «dens Lighed med en anden Form synes ikke at medføre nogen betydelig Vanskelighed» (s.st.). I motsetning til Aasen aksepterte fleirtalet i rettskrivningsnemnda (Garborg og Flo) suffikset -o i bestemt form eintal ved at dei skilde mellom overvektsord og jamvektsord i midlandsnormalen og skreiv *kista* (overvektsord), men *sogo* (jamvektsord) i bestemt form eintal.

---

<sup>40</sup> Ei undersøking av heile boka viser at -ur er brukt i 67 % av tilfella og -or i 33 %.

Det ein heilt klart kan slå fast, er at det dominerande bøyingsuffikset i bestemt form eintal av svake hokjønnsord er *-a*. Dersom ein legg ein liknande søkjestrang som er brukt for dei andre kategoriane av svake hokjønnsord til grunn, men noko snevrare på grunn av høg frekvens, gjev det ein konkordans med 3 561 belegg der 99,7 % av materialet har endinga *-a*. Resten av belegga (0,3 %) har suffikset *-o*, og i all hovudsak dreier det seg her om jamvektsord (*sogo*, *viko*, *stovo*, *kono*), som altså fekk ein sideformstatus gjennom midlandsnormalen. Eit utvida søk berre etter jamvektsord (jf. 6.2.1.1) gjev tilnærma same resultat. Midlandsforma med *-o* har altså særslig liten utbreiing i materialet.

### 6.2.2 Hokjønnsord – sterke

Det er kjent at eit av dei vanskelegaste normeringsspørsmåla for Aasen var bøyingen av hokjønnsorda. Men når det gjaldt bestemt form av dei sterke hokjønnsorda, valde Aasen tidleg *i*-forma, og heldt på ho. Han var klar over at *i*-forma var mindre utbreidd enn *a*-forma, jamvel om ein reknar *sole* og *solæ* som varietetar av *soli*. For å halde oppe systemet valde Aasen likevel *i*-endinga, for slik å skilje dei sterke hokjønnsorda frå dei svake i tråd med systemet i mange målføre.

Eintal		Fleirtal	
Ubestemt form	Bestemt form	Ubestemt form	Bestemt form
<b>Aasen-normalen</b>			
ei Skaal	Skaali	Skaaler	Skaalerna

<b>Hægstad-normalen</b>			
ei skaal	skaali	skaaler	skaalerne

<b>Midlandsnormalen</b>			
ei skaal	skaali	skaalir	skaaline
ei rot	roti	røtar	røtane

Tabell 6.4 Bøyingsmønster for sterke hokjønnsord i normalane

### 6.2.2.1 Sterke hokjønnsord bestemt form eintal

Som oversikta i tabell 6.4 viser, er bøyingsuffikset i denne kategorien *-i* i alle dei aktuelle normalane. Med slik konsensus kunne ein vente at det heller ikkje var store variasjonar i den faktiske språkbruken på dette punktet. Ser ein lenger fram i normeringshistoria, må vi til 1917 før det skjer endringar. Då blir suffikset *-a* tillate som parallel hovudform (valfri form) ved sida av *-i*.

Trass i denne konsensusen diskuterte Aasen likevel kva form bøyingsuffikset i denne kategorien skulle ha. Tilsvarande diskusjonen i samband med dei svake hokjønnsorda er han også her innom mönsteret i gamalnorsk, men forkastar den gamalnorske endinga *-in* (eller *-en*) fordi *-n* har falle bort i alt talemål som del av «en tydelig og gjennemgaaende Plan til at adskille Hunkjønsordenes Former fra Hankjønsordenes» (Aasen 1864 [1965:136]). Å føre inn *-n* igjen, ville vere å gå mot denne planen. Ut frå dialektoversynet meiner Aasen at endinga *-e* er den beste kandidaten, men ho er uaktuell på grunn av samanfall med andre former. Han er heller ikkje heilt nøgd med *-i*, men denne endinga har om ikkje anna den fordelen at ho skil seg frå andre former. Endingane som i skrift er realiserte som *-i*, *-e* og *-æ*, må elles oppfattast som uttalevariantar av den same endinga, seier Aasen. Annleis er det med dei meir runda variantane som i skrift er realiserte som *-a*, *-å* og *-o*. Dei blir av Aasen oppfatta som tillempingar til bøyingsmönsteret for svake hokjønnsord (med eit mogleg unntak for *-a*, som kan vere ein reminisens av den gamalnorske akkusativforma). Likevel har også Aasen registrert at det er forma med *-a* som er mest utbreidd i talemålet (1864 [1965:135]). Bøyingsuffikset i denne kategorien var ikkje eit tema for korkje Hægstad eller Garborg og Flo. Det er vel heller ikkje å vente, for forma med *-i* var kjend frå telemarksmål og var òg grunnlag for valet av vokal i fleirtal av somme grupper hankjønns- og hokjønnsord i midlandsnormalen.

Eit testsøk i korpuset viser at dei aktuelle bøyingsuffiksa i kategorien nettopp er *-i*, *-æ*, *-e* og *-a* og *-o*. Når desse suffiksa blir sette saman med dei 27 frekvente substantiva som blei brukte i undersøkinga av bestemt form fleirtal av sterke hokjønnsord, gjev det ein reinsa konkordans på i alt 2 582 belegg. Som venta er materialet sterkt dominert av suffikset *-i* (91,9 %), mens *-a* er brukt i 7,4 % av tilfella, og er såleis slett ikkje ukjent i tekstar før 1901. Dei andre bøyingsuffiksa er svært sporadisk brukte, alle under ein halv prosent (*-æ* 0,4 %, *-e* 0,2 %, *-o* 0,2 %). Når det

gjeld suffikset *-a*, er det mest brukt i *Den 17de Mai* (88,9 % av alle *a*-suffiksa), men det finst òg innslag av det i *Fedraheimen* (6,8 %) og *Syn og Segn* (4,2 %). Likevel dominerer *-i* i alle kjeldene. Sjølv om *a*-endinga er mest brukt i *Den 17de Mai*, har framleis 87 % av alle dei undersøkte hokjønnsorda *i*-suffiks i bestemt form eintal. Rekna etter prosentvis fordeling per kjelde, er det *Fedraheimen* som har størst innslag av *a*-suffiks. I denne avisaren har 17,3 % av utvalet av sterke hokjønnsord *i*-suffiks i bestemt form eintal.

#### 6.2.2.2 Sterke hokjønnsord ubestemt form fleirtal

Tabell 6.4 indikerer at suffiksa *-er* (Aasen-normalen og Hægstad-normalen) og *-ir* (midlandsnormalen) er kandidatar i korpusssøka. Dessutan må ein forvente *-ar* i ord frå norrøn *ar*-klasse. Testsøk med jokerteikn bak nokre frekvente sterke hokjønnsord viser at nettopp desse suffiksa er dei aktuelle i kategorien<sup>41</sup>. Ein kunne også her tenkje seg suffiks utan *r* (jf. mange varietatar, men søkjestrangen [word="(nokre|sume|fleire)"][]{0,2} [word="tid(i|a|e|o|æ|å)|osv."] gjev berre eitt treff (Andreas Austlid: *Lesebok fyr born* (1889)). Denne strengen vil sjølvsagt ikkje fange opp alle potensielle tilfelle av sterke hokjønnsord ubestemt form fleirtal med bøyingsuffiks utan *r*, men ein kan i alle høve slå fast at *r*-bortfall i denne kategorien ikkje er utbreidd i skrift trass i at det er svært vanleg i talemåla. Såleis er det ein markant forskjell samanlikna med delen *r*-lause suffiks i bestemt form fleirtal (5,2 %) utan at dette er særleg overraskande. *R* er ein viktigare grammatisk markør i ubestemt form fleirtal (for å skilje fleirtal frå eintal) enn i bestemt form fleirtal, der *r*-bortfall ikkje fører til formsamanfall.

Søkjestrang med dei tidlegare brukte sterke hokjønnsorda kopla til dei aktuelle bøyingsuffiksa i kategorien gjev ein reinsa konkordans med 1 169 belegg. Heile 97,5 % av desse tilfella har bøyingsuffikset *-er*, mens suffiksa *-ar* og *-ir* har ein bruksfrekvens på høvesvis 1,5 % og 0,9 %. Bruksfrekvensen er låg, men ser ein likevel på kva substantiv det gjeld, stemmer det godt med det ein skulle vente ut frå klasseinndelinga i norrønt. Dei tre orda med *ir*-suffiks kjem frå tilsvarende klasse i norrønt (*tid*, *rad*, *grein*). Det gjeld langt på veg også for hokjønnsorda med *ar*-suffiks.

<sup>41</sup> I tillegg finst det eitt døme på suffikset *-ur* (*røystur*, *Den 17de Mai*, 1895).

Her er det i første rekke ord frå den såkalla *r*-klassen i norrønt (urnordiske rotdessubstantiv og *r*-stammar) som ofte (men ikkje alltid) får omlyd i fleirtal (*tann, strand, hand, bok, rot, seng, geit*). Såleis passar desse orda inn i systemet som er nedfelt i midlandsnormalen. Rett nok finst det døme på ordformer som ikkje kan forklarast på denne bakgrunnen, men dei er få og kan skuldast feilskriving eller analogi.

Det som tydeleg kjem fram med desse resultata, er at midlandsformene har svært liten støtte i usus. Det er påfallande i lys av resultata for den same kategorien blant dei svake hokjønnsorda. Her var biletet motsett ved at midlandssuffikset *-ur* hadde ei utbreiing på 62,6 %. Det er ein langt høgare bruksfrekvens enn suffikset *-or* i Aasen-normalen og Hægstad-normalen, som berre blei brukt i 35,8 % av tilfella.

#### 6.2.2.3 Oppsummering hokjønnsord

Ser ein først på dei svake hokjønnsorda, kan formene i det som har blitt omtalt som «den nyere skrivemaade» (til dømes *ei vise, visur, visurne*), sjåast på som forløparar for midlandsformene, men dei viser ikkje nokon eintydig tendens. Ubestemt form eintal av svake hokjønnsord (*ei vise*) har ei utbreiing i materialet på 36,7 %, mens fleirtalssuffiksa med *-u-* dominerer sterkt (62,6 %). Når det gjeld dei sterke hokjønnsorda, er biletet annleis. I dei kategoriene der midlandsformene skil seg frå Aasen- og Hægstad-formene, har midlandsformene svært liten utbreiing.

Vi har tidlegare vore inne på moglege årsaker til at suffiksfordelinga i hokjønnsorda er slik. Ein mogleg normgjevande status for leseboka til Garborg og Mortensson har vore nemnd, men er delvis avvist fordi det både er brukt *ur-* og *or*-suffiks i boka, og fordi publikasjonen med størst utbreiing av *ur*-suffiks kom ut før leseboka, og såleis ikkje kunne blitt påverka av ho.

Når resultatet av korpusundersøkinga sprikjer frå éin grammatisk kategori til ein annan med tanke på systemet i dei normalane som den faktiske bruken blir målte opp imot, er ein nærliggjande konklusjon at skrivarane ikkje har følt lojalitet til ein bestemt normal. Ser ein isolert på Aasen-formene når det gjeld hokjønnsorda, er det formene i bestemt fleirtal som best kan illustrere preferansen til skrivarane med

omsyn til val mellom normalar. Her ser vi at talet på skrivarar som bruker Aasen-formene, er temmeleg stabilt. For dei svake hokjønnsorda er bruksfrekvensen for Aasen-forma (*-orna*) på 15,4 %, mens det tilsvarende talet for dei sterke hokjønnsorda er 17,9 %. Ser ein bort frå den ulike endevokalen hos Aasen (*-orna*) og Hægstad (*-orne*) og slår saman verdiane fordi suffiksvokalen (-o-) er lik, får vi ein bruksfrekvens på 36,8 %. Denne frekvensen svarar igjen godt til funna i ubestemt form fleirtal, der suffikset *-or*, som er sams form for Aasen og Hægstad, har ein frekvens på 35,8 %. Ein tilsvarende korrelasjon ser ein mellom ubestemt fleirtal og bestemt fleirtal når det gjeld morfemvarietetar med suffiksvokal *-u-*. Suffikset *-ur* har ei utbreiing på 62,6 % i ubestemt form, og dette svarar godt til talet ein får når ein slår saman verdiane for suffiksa med suffiksvokal *-u-* i bestemt fleirtal. Suffikset *-urne*, *-urna* og dei *r*-lause suffiksa med suffiksvokal *-u-* har til saman ein bruksfrekvens på 62,4 %. Desse observasjonane skulle tyde på at det er kvaliteten på suffiksvokalen (her *-o-* eller *-u-*) som er det viktigaste normsinalet for skrivarane. Altså kan samsvaret i utbreiingsfrekvens mellom bøyingsvarietetar med suffiksvokal *-o-* og bøyingsvarietetar med suffiksvokal *-u-*, når ein ser på ubestemt fleirtal og bestemt fleirtal av svake hokjønnsord, tolkast som ei stadfesting av at tekstprodusentane bruker bøyingsendingar med same suffiksvokal i begge fleirtalskategoriane. Endevokalen (*-a* eller *-e*) spelar tydeligvis ikkje ei like sentral rolle for skrivarane. Med ein viss reservasjon kunne ein òg seie det same om *-r-* i bøyningssuffikset i bestemt form fleirtal. Om *r*-en fell eller står, er underordna kvaliteten på suffiksvokalen. Det er suffiksvokalen som er den viktigaste markøren av normpreferanse.

Ein kan innvende at i perioden for undersøkinga (1870 til 1900) kunne det berre vere ein av dei tre omtalte normalane som var aktuelle, nemleg den uoffisielle Aasen-normalen. Dei to andre normalane er jo ein anakronisme i den forstand at dei ikkje oppstod før etter 1900. Det er for så vidt rett, men det er her usus som eit viktig prinsipp for både Hægstad-normalen og midlandsnormalen kjem inn. Normerarane bak begge normalane, og særleg Hægstad, hevdar på fleire punkt at usus blir lagd til grunn for dei vala som blir tekne. Såleis kan ein hevde at systemet for begge normalane ligg der som ein urealisert storleik som det likevel gjev mening å måle den faktiske skrivemåten mot.

### 6.2.3 Hankjønnsord

Tabell 6.5 viser bøyingsmønsteret for hankjønnsord i normalane. Oppstillinga viser at det er blant fleirtalsformene at normalane skil seg åt. Såleis er det i desse kategoriane at ein helst kan vente variasjon i bruken. Vi skal derfor byrje med å undersøkje bestemt og ubestemt form fleirtal ved å sjå nærmare på tre undergrupper av maskulinum, representerte ved *hest/bakke*, *kvist* og *fot*, jf. tabell 6.5.

Eintal		Fleirtal	
Ubestemt form	Bestemt form	Ubestemt form	Bestemt form
<b>Aasen-normalen</b>			
ein Hest	Hesten	Hestar	Hestarne
ein Bakke <sup>42</sup>	Bakken	Bakkar	Bakkarne
ein Kvist <sup>43</sup>	Kvisten	Kvister	Kvisterne
ein Fot <sup>44</sup>	Foten	Føter	Føterne
ein Lærar	Læraren	Lærarar	Lærararne

<b>Hægstad-normalen</b>			
ein hest	hesten	hestar	hestarne
ein bakke	bakken	bakkar	bakkarne
ein kvist	kvisten	kvister	kvisterne
ein fot	foten	føter	føterne
ein lærar	læraren	lærarar	lærarane

<b>Midlandsnormalen</b>			
ein hest	hesten	hestar	hestane
ein bakke	bakken	bakkar	bakkane
ein kvist	kvisten	kvistir	kvistine
ein fot	foten	føtar	føtane
ein lærar	læraren	lærarar	lærarane

Tabell 6.5 Bøyingsmønster for hankjønnsord i normalane

<sup>42</sup> Svake hankjønnsord (nom. og akk.) har same bøying som dei sterke.

<sup>43</sup> Omfattar ei gruppe ord med *i*-stamme i gamalnorsk. Ei anna formgruppe som liknar på denne, er ord som endar på *-gg*, *-ng*, *-nk*, *-kk* eller konsonant + *-g*.

<sup>44</sup> Omfattar ei gruppe ord som får omlyd i fleirtal (norrøn *r*-klasse).

Til forskjell frå hokjønnsorda er det ikkje like relevant å skilje mellom sterke og svake hankjønnsord. Maskulinum av typen *kvist* (og *benk*) omfattar ord med såkalla *i*-stamme i norrønt. Dei utgjer ei eiga undergruppe ved at dei får suffikset *-er* i ubestemt form fleirtal og suffikset *-erne* i bestemt form fleirtal både i Aasen-normalen og i Hægstad-normalen. Etter midlandsnormalen får slike ord bøyings-suffiksa *-ir* og *-ine*. Når det gjeld Hægstad-normalen og midlandsnormalen (men ikkje Aasen-normalen), legg ein merke til at bøyings-suffikset for denne undergruppa av hankjønnsord er lik bøyingsmønsteret for dei sterke hokjønnsorda. Den siste undergruppa av hankjønnsord, typen *fot*, dannar fleirtalsformer på same måten i Aasen-normalen og Hægstad-normalen, og får i tillegg omlyd. Etter midlandsnormalen får ord i denne gruppa *-ar* og *-ane* i fleirtal (pluss omlyd). Slike ord hørde til den såkalla *r*-klassen i norrønt.

#### 6.2.3.1 *Maskulinum bestemt form fleirtal*

I gjennomgangen av stum *r* (jf. 6.1.2) viste analysen at maskulinum av typen *hest* (og *bakke*) blei bøygde etter Aasen-normalen og Hægstad-normalen (*-arne*) i bestemt form fleirtal i 91,5 % av tilfella. Ein nærmare analyse av resten av suffiksa, altså dei utan *r*, viser igjen at suffikset som blei teke opp i midlandsnormalen (*-ane*), har svært liten utbreiing. Dei *r*-lause suffiksa utgjer til saman berre 8,5 % av materialet, og av desse er det faktisk varianten med dobbelskriven konsonant (*-anne*) som dominerer, med ein bruksfrekvens på 3,6 %. Dei andre variantane utan *-r-* er *-ane* (3,1 %), *-ann* (1,4 %), *-adn* (0,6 %) og *-an* (eitt tilfelle).

Som nemnt får fleire undergrupper av hankjønnsord bøyings-suffiks i fleirtal som vi kjenner att frå dei regelrette hokjønnsorda, altså *-erne* i Aasen- og Hægstad-normalen, og *-ine* i midlandsnormalen. Det dreier seg mellom anna om ord frå den såkalla *i*-klassen i norrønt (typen *kvist* i tabell 5.3). Aasen (1864 [1965:131]) uttalar at denne gruppa av ord saman med orda som endar på *-gg*, *-ng*, *-nk*, *-kk* eller konsonant + *-g* utgjer om lag femti, men ein del av desse orda er lågfrekvente. Når ein legg til maskulinum av typen *fot* (norrøn *r*-klasse), som ved sida av omlyd også får bøyings-suffiks i fleirtal som regelrette hokjønnsord i Aasen-normalen og Hægstad-normalen, gjev det ein reinsa konkordans med 604 belegg totalt. For å få ein mest mogleg

føremålstenleg konkordans er det først gjort eit prøvesøk med fleire av dei mest sentrale orda for å kartleggje aktuelle bøyningssuffiks. Prøvesøket viste at suffiks-vokalane *-e-* og *-i-* er brukte, men også *-a-*. Suffiksa finst både med og utan *-r-*, og med enkel eller dobbel konsonant.


Det første ein kan observere, er at denne gruppa av maskulinum i stor grad blir bøygd etter eit mønster som vi kjenner att frå hankjønnsbøyninga. Berre i 4,8 % av tilfella er det brukt suffiks med vokal *-a-* (mest i varianten *-arne*, men *-an(n)e* og *-ann* er òg registrert). Såleis må ein seie at det etter måten er lite vakling i bruken, og at formkjensla er velutvikla blant skrivarane. Ein forklaringsfaktor som òg bør nemnast, er at det for mange truleg ikkje har vore avstand mellom skrift og tale på dette punktet. Med det meiner eg at hankjønnsord av gamal *i*-klasse hadde bøyning som veik av frå den store majoritetsgruppa av hankjønnsord også i talespråket i større grad enn tilfellet er i dag. I tillegg kan ein igjen registrere at midlandsforma *-ine* er særslit utbreidd, med berre seks einskildbelegg. Samla sett har former med suffiks-vokalen *-i-* ein bruksfrekvens på berre 2,5 % (*-inne* (3 belegg), *-irne* (4 belegg) og *-idn* (2 belegg)). Med andre ord er det suffiks med suffiks vokal *-e-* som dominerer tekstan med ein bruksfrekvens på 92,7 %. Det er Aasen-/Hægstad-forma *-erne* som dominerer i materialet med ein frekvens på 88,2 %, mens dei *r*-lause formene (*-enn(e)*, *-ene*, *edn*) er brukte i til saman 3,3 % av tilfella. I fire tilfelle er suffikset *-erna* brukt, det vil seie Aasens suffiks for sterke hankjønnsord.

### 6.2.3.2 Maskulinum ubestemt form fleirtal

Som tabell 6.5 viser, er bøyningssuffikset for hankjønnsord ubestemt form fleirtal *-ar* i både Aasen-, Hægstad- og midlandsnormalen når det er tale om ord av typen *hest* og *bakke*. Det er derfor ikkje overraskande at utrekninga for denne kategorien viser at standardsuffikset *-ar* har ei utbreiing på 99,2 %. Til grunn for dette resultatet ligg ein reinsa konkordans på 1 578 belegg med stort sett dei same substantiva som for kategorien bestemt form fleirtal.<sup>45</sup> Det viktigaste unntaket i kategorien er det *r*-lause suffikset *-a*, men det har berre ei utbreiing på 0,6 %. Det utgjer berre ni einskildbelegg der sju av dei er frå *Fedraheimen*. Dei tre siste belegga er *-ær* (1) og *-er*

<sup>45</sup> På grunn av høgare frekvens er utvalet redusert frå ni til sju vanlege substantiv i kategorien.

(2), men konteksten viser at det er Østfold-mål som er temaet for teksten som inneholder den eine førekomensten av -ær, og for dei to førekomenstane av -er er grunnordet *skule* som ser ut til å vere kategorisert som femininum i eit fåtal tekstar, truleg i tråd med talemålet til skrivaren. Samanliknar ein med resultata for den same formgruppa i bestemt form fleirtal, der Aasen- og Hægstad-suffikset -arne hadde ei utbreiing på 91,5 %, ser ein at tendensen mykje godt er den same: Suffikset i Aasen- og Hægstad-normalen står sterkt blant skrivarane, men har ein noko svakare tendens når midlandsnormalen tilbyr ei alternativ form (-ane).




*Figur 6.1 Distribusjon av bøyningssuffiks i fleirtal av hankjønnsord av typen hest og bakke*

Ser ein så på dei formgruppene som normalt får bøyningssuffiks i fleirtal etter mønster av regelrette hokjønnsord (type *kvist* og *fot*, jf. tabell 6.5), får ein igjen alternative former i midlandsnormalen, men som resultata viser, påverkar ikkje dette bruks-

frekvensen for Aasen-/Hægstad-former. På grunn av høgare frekvens i ubestemt form fleirtal består grunnlagsmaterialet for resultata i denne kategorien av eit utval av dei tretti orda som utgjorde søket i bestemt form fleirtal av denne formgruppa. Den reinsa konkordansen inneheld i alt 1 274 belegg, og resultata ser i stor grad ut til å korrelere med resultata for kategorien bestemt form fleirtal. Graden av formkjensle blant skrivarane, som blei kommentert i avsnitt 6.2.3.1, står endå sterkare i bestemt form fleirtal. Regelrett hankjønnssuffiks etter typen *hest* (-ar) har ei utbreiing på berre 3,1 %, og kan forklarast med analogi eller påverknad frå talemål. Når det gjeld dei formene som ligg innanfor ein normal, er frekvensen for midlandsformer eller midlandsnære former endå lågare her enn i kategorien bestemt form fleirtal. Suffikset -ir (20 belegg) og -i (3 belegg) utgjer berre 1,8 % av alle belegga. Då står ein tilbake med Aasen-/Hægstad-forma -er (og -e = 14 belegg), som dominerer materialet klart med ein bruksfrekvens på heile 93,4 %. I tillegg til dei nemnde suffiksa med suffiksvoval -a-, -e- og -i-, dukkar det i denne formgruppa opp ei form som kort skal kommenterast, men som det ikkje blir lagt vidare vekt på. Det dreier seg om 20 belegg (= 1,6 %) som får suffikset -ur i ubestemt form (2 belegg berre med -u). I alle tilfella dreier det seg om ordet *gong* som har slik bøyning i somme (midlands)dialektar, og som derfor kan ha påverka forma i skrift. Alle belegga er frå avisatidningen *Fedraheimen*. Sidan -ur er eit suffiks som elles knyter seg til svake hokjønnssord, kan ein tenkje seg at det er ei feminin grunnform *gonge* som ligg til grunn for fleirtalsformene med -ur. Dersom dette er riktig, skulle strengt teke ikkje desse tilfella vore del av grunnlagsmaterialet, men fordi statusen er usikker, og fordi belegga er så få at det likevel ikkje gjer særleg utslag i utrekninga, er dei likevel tekne med.

## Maskulinum fleirtal type *kvist* og *fot*



Figur 6.2 Distribusjon av bøyningssuffiks i fleirtal av hankjønnsord av typen *kvist* og *fot*

\* representerer alle suffiks med suffiksvokal *-e-*: *-erne* (88,2 %), *-ene* (1,8 %), *-enne* (1,3 %), *-enn* (0,2 %), *-edn* (0,5 %), *-erna* (0,7 %)

\*\* representerer alle suffiks med suffiksvokal *-i-*: *-ine* (1 %), *-inne* (0,5 %), *-idn* (0,3 %), *-irne* (0,7 %)

\*\*\* representerer alle suffiks med suffiksvokal *-a-*: *-arne* (3 %), *-ane* (1 %), *-anne* (0,5 %), *-ann* (0,2 %), *-adn* (0,2 %)

### 6.2.3.3 Oppsummering hankjønnsord

Hankjønnsorda er ei meir homogen gruppe enn hokjønnsorda, og derfor er dei tre normalane langt på veg like i bøyingsmønsteret. Den venta variasjonen dreier seg i første rekke om i kva grad *-r-* fell i bestemt form fleirtal, og i kva grad skrivarane bruker suffiksvokalen *-i-* i undergruppa av typen *kvist/fot*. Når det gjeld *r*-bortfall, legg typen *hest/bakke* (8,5 %) og typen *kvist/fot* seg (11,1 %) seg mellom dei svake hokjønnsorda (16 %) og dei sterke hokjønnsorda (5,7 %). Her skil gruppa med utgang på *-ar* (*lærar*) seg ut ved at bruksfrekvensen på bøyningssuffiks utan *-r-* er på heile

24,4 %. Det blei forklart med morfonologiske årsaker. Når det gjeld innslaget av bøyingsmorfem med suffiksvokal *-i*, som skulle peike mot former som blei tekne opp i midlandsnormalen, er talet svært lågt. I ubestemt fleirtal er bruksfrekvensen 1,8 %, mens han i bestemt fleirtal er 2,5 %. Hankjønnsorda er samla sett ei mykje meir homogen gruppe med omsyn til variasjon i bøyingsmorfem enn tilfellet er for hokjønnsorda.

#### 6.2.4 Inkjekjønnsord

Bestemt form eintal av inkjekjønnsord er behandla i avsnitt 5.1.1.1. Resultata her viste at inkjekjønnsord av typen *hus* blei skrivne utan *-t* i 16,5 % av tilfella, mens dei svake (typen *augat*) blei skrivne utan *-t* i 36,7 % av tilfella.

Tabell 6.6 viser bøyingsparadigmet for inkjekjønnsord i normalane. Oppstillinga indikerer at det er samanfall mellom Aasen-normalen og Hægstad-normalen med unntak av *t*-bortfall i bestemt form eintal av svake inkjekjønnsord i Hægstad-normalen (*Augat > auga*). I midlandsnormalen fall bestemtheitsmarkøren over heile linja.

<i>Eintal</i>		<i>Fleirtal</i>	
<i>Ubestemt form</i>	<i>Bestemt form</i>	<i>Ubestemt form</i>	<i>Bestemt form</i>
<b>Aasen-normalen</b>			
eit Hus	Huset	Hus	Husi
eit Eple	Eplet	Eple	Epli
eit Auga	Augat	Augo	Augo

<b>Hægstad-normalen</b>			
eit hus	huset	hus	husi
eit eple	eplet	eple	epli
eit auga	auga	augo	augo

<b>Midlandsnormalen</b>			
eit hus	huse	hus	husi
eit eple	eple	eple	epli
eit auga	auga	augo	augo

Tabell 6.6 Bøyingsmønster for inkjekjønnsord i normalane

#### 6.2.4.1 Nøytrum ubestemt form fleirtal

Inkjekjønnsord i gruppa *hus/eple* viser ingen variasjon i bøyingsmønsteret i denne kategorien. Blant dei svake inkjekjønnsorda (*auga*) er det derimot variasjon i bruken av bøyingsmorfem. Suffiksvokalen *-u-* er representert gjennom endinga *-ur* med ei utbreiing på 7,1 %. Dette er midlandssuffikset i svake hokjønnsord, men etter Aasen (1864 [1965:145]) er det heilt vanleg at svake inkjekjønnsord har same bøyingsmønster som dei svake hokjønnsorda (i talemålet).<sup>46</sup> Faktisk gjer Aasen eit poeng av at fleirtalsformene *augo – augo* ikkje er vanlege i landet i det heile. I skriftspråket ser desse formene likevel ut til å ha godt feste, for bruksfrekvensen for -

<sup>46</sup> Aasens døme er rett nok *Augor – Augorna* (mi utheting), former som knapt finst i materialet, men poenget er samanfallet med dei feminine fleirtalsformene.

*o* i ubestemt form fleirtal ligg på 91,2 %<sup>47</sup>. I tillegg til dei nemnde suffiksa *-o* og *-ur* finst også *-a*, *-e* og *-or* i korpusutvalet, men alle med marginal utbreiing.

#### 6.2.4.2 Nøytrum bestemt form fleirtal

Ser ein på andre kategoriar der ein kan vente variasjon, er bestemt form fleirtal ein kandidat sjølv om det ikkje ser slik ut i tabell 6.6. Suffikset *-a* blei ikkje teke inn i normalen før i 1917, og då som jamstilt hovudform. I 1938 blei *a*-endinga hovudform aleine, då *i*-suffikset blei degradert til sideform. Men *a*-endinga (og andre endigar med *-a-* som suffiks vokal) hadde likevel solid feste i talespråket, og var heller ikkje ukjend i landsmålet før 1901.

Eit testsøk i korpuset viser at det berre er *-i* og *-a* som er aktuelle bøyingsuffiks i kategorien. Alle tilfella av bestemt form fleirtal av sju vanlege substantiv i gruppa *hus/eple* gjev ein samla konkordans på 1 027<sup>48</sup>. Den sorterte konkordansen viser at suffikset *-i* blir brukt i 94,8 % av tilfella. Den høge delen av *i*-suffiks indikerer at dette suffikset blir brukt i alle kjeldene i korpusmaterialet. Når det gjeld *a*-suffikset, er det derimot ei klar skeivfordeling med omsyn til kjelde. Størstedelen (85 %) av alle tilfella med *a*-suffiks kjem frå *Den 17de Mai*.

Også blant dei svake inkjekjønnsorda, *auga*-typen, er det variasjon i bøyingsmåten. Konkordansen, som består av alle tilfella der dei tre mest frekvente orda i gruppa (*auga, hjarta, øyra*) opptrer i bestemt form fleirtal, utgjer 473 tilfelle. Det gjev eit konfidensnivå på over 97 %<sup>49</sup>. Suffikset *-o* er bøyingsmorfem i alle tre normalane, og ein skulle derfor ikkje vente særleg variasjon i denne kategorien. Konkordansen viser då også at *-o* er det dominerande suffikset med ein bruksfrekvens på 93,4 %. Som nemnt i avsnitt 6.2.4.1 peiker Aasen på at det (i talemålet) ofte er slik at dei svake inkjekjønnsorda, får bøyingsendingar i fleirtal som svake hokjønnsord. Denne tendensen kan observerast i landsmålet i perioden før 1901. Blant dei suffiksa som

<sup>47</sup> Grunnlaget for utrekningane i denne kategorien byggjer på alle dei 283 tilfella der dei tre vanlegaste orda i gruppa (*hjarte, auge, øyre*) opptrer i ubestemt form fleirtal. For å rekne ut konfidensnivået for kategorien har eg slått saman dei «ustandardiserte» suffiksa (*-a, -e, -or, -ur*) (8,8 %) i ei gruppe som ein motsetnad til standardsuffikset *-o* (91,2 %). Ein populasjon på 283 gjev då eit konfidensnivå på mellom 96 % og 97 %.

<sup>48</sup> Eit konfidensnivå på 98 % krev 473 tilfelle, mens eit konfidensnivå på 99 % krev 1 894 tilfelle.

<sup>49</sup> Konfidensnivået er rekna ut ved å halde gruppa «standardisert form» (*-o*) (93,4 %) opp mot gruppa «ustandardisert form» (*-a, -e, -ena, -on, -orne, -une, -unn, -unne, -urne*) (6,6 %).

fell utanfor normalane, er det hokjønnsliknande suffiks som dominerer biletet. Sjølv om gruppa av ikkje-standardiserte suffiks er lita (totalt 31 tilfelle), er tendensen klar. Den mest utbreidde ikkje-standardiserte suffiksforma er interessant nok *-urne* (15 tilfelle). Det er eit funn som stadfestar tendensen i kategorien svake hokjønnsord, der nettopp hybridsuffikset *-urne* (kjent frå «den nyere skrivemaade») dominerer materialet. Bøyingsmorfemet *-urne* demonstrerer òg at det er vokalsuffikset *-u-* som er vanlegast blant dei hokjønnsliknande suffiksa, for i tillegg til *-urne* kjem også dei *r*-lause suffiksa (*-unne*, *-une*, *-unn*), sjølv om dei til saman er avgrensa til åtte tilfelle. Men i alle tilfelle er dei meir frekvente enn hokjønnslike suffiks med suffiksvokal *-o-*, som berre er registrert med fire tilfelle av *-orne*. I tillegg til dei allereie nemnde suffiksa er også suffiksa *-a*, *-e*, *-ena*, *-on* registrerte med eitt tilfelle kvar.

#### 6.2.4.3 Oppsummering inkjekjønnsord

Det som både i samtid og ettertida står fram som Garborgs signaturform, manglande *-t* i bestemt form eintal av inkjekjønnsord, viser seg å ha ei viss utbreiing i undersøkings-perioden. Når *-t* skulle ha stått etter *-e-*, er bruksfrekvensen av Garborg-forma 16,5 %. Ved svake inkjekjønnsord (*aug*) fell *-t* i heile 36,7 % av tilfella.

I ubestemt fleirtal er det berre dei svake inkjekjønnsorda som får ending. Her har Aasen-normalen og Hægstad-normalen begge forma *-o* (*augo*) og denne forma har ei utbreiing på 91,2 % i materialet. Ved sida av *-o*-suffikset er det berre suffikset *-ur* som har noka vesentleg utbreiing (7,1 %). Dette funnet er heilt i tråd med Aasens observasjon om at svake inkjekjønnsord ofte har same bøyning som svake hokjønnsord i dialektane.

Når det gjeld bestemt form fleirtal av dei sterke inkjekjønnsorda, står *-i*-endinga (*husi*) sterkt (94,8 %), men *-a*-endinga (*husa*), som først kom inn i normalen i 1917, er også kjend (5,2 %). Suffikset *-ur* i ubestemt form fleirtal av svake inkjekjønnsord, har korrelerande varietetar i bestemt form fleirtal, anten som *-urne* eller som *r*-lause suffiks med suffiksvokal *-u-*, med ein bruksfrekvens på til saman 4,9 %.

## 6.3 Verb

### 6.3.1 Infinitiv

*Framlegg* går inn for kløyvd infinitiv etter jamvektsregelen slik at jamvektsverb (kort rotstaving i gamalnorsk) får *a*-ending (*fara, taka, lesa, vera*), mens dei med lang rotstaving får *e*-ending (*kaste, sende, spinne, drive*). Regelen som er gjeven i *Framlegg*, seier at alle verb som har *a, e* eller (open) *i, o, u, y* i rota som er følgde av ein enkel konsonant (med eller utan ein *j* etter), skal ha *a*-ending i infinitiv. Fleirtalet i nemnda, Garborg og Flo, trur ikkje dette blir for vanskeleg å lære, heller ikkje for dei som ikkje har systemet i talemålet. Vanskane «vert no likevel ikkje i det heile verre enn med mangt anna i bøygjingi baade av segneord [verb] og andre, som det kann vera ulikt med i dei ulike maalføri» (99). Etter kvart som rettskrivinga blir teken meir og meir i bruk i bøker, vil innlæringa gå av seg sjølv utan at ein treng tenkje på reglar. Vanskelegast vil det truleg vere for dei som allereie er utlærte i landsmålet, som no må gjere om på det dei er vande med. *Framlegg* viser pedagogisk innsikt ved å påpeike at innlæringa for skolelevar må skje på ein annan måte og med ein annan progresjon enn elles. «Men ein slik meir lettvint og greidtøk framgangsmaate til de bruk er de her ingi sak aa finne» (99). Nemndmedlemmene Flo og Garborg gjekk inn for kløyvd infinitiv, men Hægstad argumenterer sterkt imot ei slik løysing. Eldre landsmålsfattarar brukte nesten alle *a*-infinitiv (etter Aasen-normalen), og det same er tilfellet med dei forfattarane Hægstad har vist til tidlegare. Det gjeld òg den namnlause (= Homme), som elles tenderer til å bruke telemarksnære former. Hægstad er til tider krass på dette punktet og seier at skiftande infinitivsformer (= kløyvd infinitiv) vil føre til «ei endelaus røra» (123). Han peiker på at heller ikkje innanfor det dialektområdet som har kløyvd infinitiv, er systemet einsarta.

*Men det er utvilsamt at for den stormengd av folk som hev same ending i alle infinitiv, vilde det verta ein vande som berre dei lærde kunde klara. Dei aller fleste maalføre i landet hev vakset seg fraa eller held paa veksa seg fraa heile grunnlaget for denne skilnaden, ettersom stutte ljodsterke stavingar vert meir og meir sjeldhørde. Den vinning som det kunde vera i dei two infinitivendingar at maalet vart meir kjendslegt for austlendingen, [...] kann ikkje*

*vega upp det mein som det vilde vera aa dragast med infinitivformer som knapt nokon kann skriva rett utan hjelp av ordbok (123).*

I «den nyere skrivemaade», som til dels var brukt i leseboka Garborg og Mortensson, brukte ein a-infinitiv, mens landsmåltekstane i Rolfsens lesebok gjennomførte det ein tidlegare berre hadde sett spreidde døme på: kløyvd infinitiv.

I utgangspunktet eignar ikkje eit korpus som er sett saman av mange ulike tekstar, seg til å undersøkje kva for infinitivsform som er brukt i éin avgrensa tekst. Til dømes vil ein i ei og same avis kunne støyte på både *a*-infinitiv (*å lesa, å skriva*), *e*-infinitiv (*å lese, å skrive*) og kløyvd infinitiv (*å lesa, å skrive*) i redaksjonell tekst, lesarbrev og annonsar. Likevel er det mogleg å seie noko generelt om bruken av infinitivsending i korputtekstane. Det første ein lett kan slå fast, er at *e*-infinitiv er særslit utbreidd i materialet. Søk på infinitivsmerke (*aa, å*) følgt av infinitivsform (-*a* eller -*e*) av fem vanlege jamvektsverb (*vera, fara, koma, lesa, veta*) gjev ein konkordans på totalt 2 509 treff<sup>50</sup>. Av desse er *e*-infinitiv berre nytta 13 gonger, eller i 0,5 % av tilfella. Sidan dette er jamvektsverb, som vil ha *a*-ending sjølv om skrivaren praktiserer kløyvd infinitiv, viser dette resultatet at *e*-infinitiv knapt nok er brukt i korputtekstane. Denne observasjonen er viktig når ein skal seie noko om utbreiinga av kløyvd infinitiv i materialet. Søk på infinitivsmerke følgt av infinitivsforma av fem frekvente overvektsverb (*finna, kasta, senda, skriva, tenkja*) resulterer i ein konkordans på i alt 1 343 tilfelle. I dette utvalet er *e*-infinitiv brukt i 7,1 % av tilfella. Dersom ein held dette resultatet opp mot resultatet for jamvektsverba, treng ein berre i liten grad å korrigere for bruk av *e*-infinitiv. Ein kan altså langt på veg gå ut frå at flest alle tilfelle av *e*-infinitiv i materialet representerer kløyvd infinitiv.

Skard er i si vurdering av *Framlegg* like klart kritisk til denne delen som han er positiv til den første. Også her blir det lagt vekt på korleis normalen vil fungere i skolen, og Skard konkluderer, som Hægstad, at fleirtalsframlegget slett ikkje er godt frå skolesynspunkt. Fleirtalet har ikkje samtidslandsmålet som utgangspunkt, men vil innføre eit endra landsmål på eit anna grunnlag enn tidlegare (jf. *Framlegg* s. 89). Somme av reglane som fleirtalet foreslår, er så vanskelege at dei blir «noko so nær

---

<sup>50</sup> Desse søkjekriteria avgrensar talet på treff til ei handterleg mengd. Det er ingen grunn til å tru at resultatet vil vere annleis om ein tillét ord mellom infinitivsmerket og infinitivsforma eller legg infinitivsform utan infinitivsmerke til grunn.

umogelege til skulebruk» (5). Som døme på dette nemner Skard nettopp den kløyvde infinitiven.

### 6.3.2 Sterke verb

Når det gjeld sterke verb, er supinumsforma med eller utan -t (*hev lese* vs. *hev lesset*) allereie behandla i punkt 6.1.1.3.

Med utgangspunkt i vokalvekslinga mellom dei ulike formene deler ein gjerne dei sterke verba inn i klassar (eventuelt med undergrupper). Klassane har ikkje sett like ut i grammatikkane opp gjennom tidene. Til dømes er ikkje oppsettet i Hægstads *Norsk Maallæra* likt det ein finn i nyare framstillingar, sjølv om prinsippet er det same. Klasseinndelinga her følgjer inndelinga i *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund, Lie og Vannebo 1997).

#### 6.3.2.1 Tostava presensform av sterke verb

Presensforma av sterke verb i landsmål var i regelen einstava: *skriv, bryt, drikk, kjem, sit* osv. I grammatikken (Aasen 1864 [1965:184]) slår Aasen fast at «Indikativ Præsens er at ansee som Eenstavelsesform, thi forsaavidt en Endelse med 'er' (e) finder Sted, da er dette 'e' kun en Halvlyd». I ordboka (Aasen 1873) er heller ikkje sterke verb ført opp med tostava presensformer som eit alternativ. Men allereie i første utgåva av *Norsk Maallæra elder Grammatik i Landsmaalet* (Hægstad 1879) skriv Hægstad i ein merknad til presensforma av dei sterke verba: «I Eint[al] Not[id] kunna dei sterke Gjerningsord ogso hava ei lengre Form paa -er. Eks.: finn eld[er] finner; bryt eld[er] bryter» (32). Dette er noko overraskande all den tid Hægstad i føreordet gjer det klart at han følgjer Aasens *Norsk Grammatik*. Rett nok fører han opp tre unntak, men presensforma av sterke verb er ikkje blant dei. Også i den fjerde utgåva av *Norsk maallæra* (Hægstad 1901), som er redigert i tråd med den nye landsmålsnormalen frå 1901, er den same merknaden om tostava presens teken med.

Som nemnt i kapittel 3 blei det 6. februar 1901 bestemt av Kongen i statsråd at Matias Skards *Landsmaals-ordlista* skulle vere malen for offisiell landsmålsrettskriving

(i lærebøker i skolen) frå 1901. Skards ordliste har, som undertittelen «med rettleidning um skrivemaaten» ber bod om, ein minigrammatikk på seks og ei halv side, og også her kjem det fram at sterke verb kan få tostava presensformer.<sup>51</sup> I eit avsnitt om «halvvokalen e» blir det peikt på at han blir skiven i bøyingsendingar, m.a. «i den lengde form i notid av sterke verb; t. d. synger, kjemer, springer» (Skard 1901:2). Men i neste setning kjem Skard med ei avgrensing i bruken av slike former som er interessant: «Denne lengde formi vert berre brukta i vers.» Dersom denne utsegna er meint å seie noko om utbreiinga av slike former i landsmålet fram til 1901, kan ho ikkje seiast å vere i tråd med røynda. Det viser korpusundersøkinga. Men sidan ordlista primært må vere meint som rettleiing for nye landsmålsskrivarar (altså etter 1901), må ein òg tolke utsegna som ei rettleiing til nye generasjonar av landsmålsskrivarar.

Legg ein dette til grunn, kan ein slå fast at tostava presensformer av sterke verb var del av den offisielle rettskrivinga i landsmål frå 1901, men med ei viktig avgrensing. Formene skulle berre brukast i lyrisk diktning. Frå reforma i 1917 og utover er det ikkje spor av ei slik avgrensing. Heilt fram til reforma i 2012, då dei fall heilt ut, eksisterte desse formene som eit alternativ i rettskrivinga i alle sjangertypar. Den noko uklare statusen for dei tostava presensformene av sterke verb i tidleg landsmål og opninga for dei i alle sjangertypar i 1917 gjer det relevant å undersøkje om slike former blei brukte i landsmålet før 1901, og eventuelt i kor stor utstrekning.

Ein kan slå fast at slike former blei brukte, men ikkje i særleg stor grad. Alle dei sju klassane av sterke verb er undersøkte for om mogleg å avdekkje forskjellar mellom klassane. Middelverdien for klassane er 1,3 % for dei tostava formene, og undersøkinga viser at det ikkje er signifikante forskjellar mellom klassane. Det er verb av 2. klasse (dei med *-au-* i preteritum: *bryta*, *fyka*, *stryka* osv.) som skil seg ut med den høgaste delen tostava presensformer. I denne klassen er førekomensten av dei tostava presensformer (som *skyter*, *stryker*, *kryper*) på 3,6 %. Resultatet for klassen byggjer på dei totalt 640 gongene 13 verb i denne klassen opptrer i presens.<sup>52</sup> Til dømes førekjem verbet *skyta/skjota* totalt 70 gonger i presens, 65 gonger i den einstava forma *skyt/skjyt* (ikkje *skjoter!*) og fem gonger i den tostava forma *skyter*. I

<sup>51</sup> I sjølve ordlista ved dei einskilde sterke verba er det ikkje sagt noko om tostava presensformer.

<sup>52</sup> Presensformer av verb i 2. klasse er lågfrekvente. Denne klassen inneheld derfor langt færre belegg enn dei andre klassane, og dette påverkar nok resultatet. Dei sju klassane inneheld til saman 18 378 belegg.

den andre enden av skalaen finn vi verb av 5. klasse (dei som vanlegvis har kort -o- (uttalt /å/) i preteritum: *koma*, *sova*), 6. klasse (lang -o- i preteritum: *grava*, *draga*, *taka*) og 7. klasse (-e- i preteritum: *ganga*, *gråta*). Alle desse klassane har ein førekommst av tostava presensformer på berre 0,4 %.

Ser ein på den totale mengda undersøkte presensformer av sterke verb (18 378 belegg), utgjer dei tostava formene berre 0,8 % (155 tilfelle). Dei tostava presensformer av sterke verb finst i alle kjeldene i korpuset, men det er likevel éi kjelde som skil seg ut. Over 52 prosent av dei tostava formene er funnen i *Fedraheimen*. Etter *Fedraheimen* er det leseboka til Garborg og Mortensson som inneholder flest tostava former (25,2 %). Elles kan ein merke seg at tostava former ikkje er særleg utbreidde i kjeldene frå 1890-talet. *Den 17de Mai* er kjelda bak 6,5 % av funna, mens *Syn og Segn* berre har 1,9 % av alle funna.

### 6.3.3 Svake verb

Av analysar som gjeld svake verb, er undersøkinga av supinumsformer av *a*-verb (*kasta* vs. *kastat*) gjord i punkt 6.1.1.4. Preteritumsformer av *a*-verb (*kasta* vs. *kastad*) er kommenterte i 6.1.3.1.

Etter Faarlund, Lie og Vannebo (1997) blir dei svake verba delte inn i to hovudklassar. Til klasse 1 høyrer verb med preteritumssuffiks *-a*, eller *-ade* etter Aasen-normalen (*a*-verba), mens dei som dannar preteritum med suffiksa *-te*, *-de* eller *-dde*, utgjer klasse 2. Verb av klasse 2 kan dermed delast inn fire undergrupper: dei som dannar preteritum på *-te*, dei som dannar preteritum på *-de*, og dei som dannar preteritum på *-dde*. Som ei fjerde undergruppe kjem dei som dannar preteritum på *-de* og har nullending i presens. Det er altså preteritumsendinga som er det viktigaste kriteriet for inndeling i klasse og undergruppe, men analysen kjem likevel til å omfatte langt fleire morfologiske kategoriar.

### 6.3.3.1 Supinum av svake verb med -dde i preteritum

Svake verb som dannar preteritum med suffikset *-dde*, er ei av undergruppene til verb av klasse 2. Eit anna kjenneteikn på verb i denne klassen er at infinitiven endar på rotvokalen.<sup>53</sup> Slike verb har etter Aasen-normalen endinga *-tt* i supinum: *har trutt* / *får fått*. I predikativ stilling skal partisippet bøyast i kjønn og tal i samsvar med subjektet det står til. Då er endinga i hankjønn og hokjønn *-dd* (*han/ho blei trudd*), i inkjekjønn *-tt* (*det er nått*) og i fleirtal *-dde* (*dei er snudde*). Aasen (1864 [1965:200]) gjer likevel merksam på at det somme stader (i talemålet) førekjem supinumsformer med *-dd* i staden for *-tt*. Dette systemet blei ført vidare i Hægstad-normalen (jf. Skard 1901:5). Spørsmålet her er korleis dette blei praktisert i landsmålet før standardiseringa i 1901.

Verb i denne undergruppa er ikkje særleg frekvente. Blant dei sju mest frekvente verba finst det til saman 376 tilfelle av partisippformer. Av desse er det 292 tilfelle av supinumsformer som dannar grunnlag for å seie noko om skrivemåten på dette punktet før 1901-standardiseringa. Analysen viser at supinum på *-tt* er brukt i 95,2 % av tilfella, mens det i resten (4,8 %) av tilfella er brukt *-dd*. I knappe fem prosent av tilfella følgjer skrivarane korkje Aasen-normalen eller Hægstad-normalen, og her kunne ein peike på mogleg talemålspåverknad og/eller analogi med partisippformer som er danna på grunnlag av preteritumsforma (*-dde > -dd*), som sannsynlege forklaringar.

Saman med supinumsformene er det også interessant å sjå på partisippformene som skal bøyast i samsvar med subjektet (*han er grodd av ei onnor Rot / det er spaatt den nye Regjeringi eit stutt Liv*). Totalt er det 70 slike tilfelle i materialet,<sup>54</sup> og resultatet viser at desse partisippformene langt på veg blir bøygde i samsvar med Aasen-normalen. I 8 tilfelle (11,4 %) er det brot mot denne normalen, og oftast er det snakk om at maskulinums-/femininumsforma er brukt sjølv om subjektet er nøytrum (*det, som vert saadd med Urett, det gjeng bort med Sorg*).

<sup>53</sup> I moderne nynorsk omfattar klassen òg ein del verb som får infinitivendinga lagd rett til diftongen (eller utlydsvokalen) i infinitivsstammen, t.d. *greie*, *breie*, men i landsmålet blei desse orda skrivne med *-d*- finalt i infinitivsstammen: *greida*, *breida*.

<sup>54</sup> Fleirtalsformer er ikkje tekne med i dette materialet.

### 6.3.3.2 Verb på -era

Ei av endringane i normalen etter landsmålsreforma i 1910 var at det i verb på -era (*agitera, levera, studera*) blei tillate med bøyingsformer på -er i presens (ved sida av -ar) og -te i preteritum (ved sida av -a), altså ein overgang frå 1. klasse til 2. klasse. Denne endringa gjer det interessant å undersøkje om det allereie i tekstar før 1901 var ein tendens blant skrivarane til å bøye verb på -era etter klasse 2. Denne kategorien verb på -era er ikkje nemnd spesielt i *Framlegg* og *Tillæg*, men ein kan leggje merke til kva som er sagt om verb av typen *svara, laga, love, rope*, som til dels blir bøygde etter 2. klasse i ein del dialektar, men som til vanleg har blitt oppfatta som verb etter 1. klasse i skriftmålet. Ei samrøysta nemnd går inn for at slike verb skal bøyast etter 1. klasse. Grunngjevinga er, etter det komiteen seier, manglande utbreiing i talemålet for bøyning etter 2. klasse. Når former ikkje har meir rot i talemålet enn det som er tilfellet i desse døma, kan det ikkje komme på tale å halde dei oppe i skrift, uttalar nemnda (*Framlegg* s. 68). Rett nok er ikkje det geografiske området for bøyning av slike verb etter 2. klasse så avgrensa som ein kan få inntrykk av. Nemnda heimfestar sjølv dette draget til Nordhordland og nordover, i tillegg til at det også skal finnast i somme stader elles i Sør-Noreg. Meir presist kan ein heller seie at bøyning av slike verb etter 2. klasse ikkje er særleg utbreidd i dei geografiske områda som ligg til grunn for både Hægstad-normalen og midlandsnormalen. Det finst ikke noka undersøking av korleis framande verb på -era blei bøygde i norske dialektar rundt 1900, men ein kan kanskje tru at bøyning av verb på -era etter 2. klasse var meir utbreidd enn bøyning av verb som *svara, laga, lova, ropa* etter 2. klasse sidan opninga for denne typen bøyning kom allereie med den første rettskrivingsendringa i 1910 (etter den første offisielle standardiseringa i 1901) i allfall om ein legg til grunn at skriftspråket i størst mogleg grad skal avspegle utbreidd talespråk.

Ser ein derimot på praksisen eller usus i skriftspråket, kan det i ein viss forstand sjå ut som om verb på -era blir bøyde etter 2. klasse før 1901. Men biletet er ikkje eintydig. Reint metodisk skal det understrekast at framande verb på -era er lite frekvente i materialet, slik at talgrunnlaget for utrekningane er svakt. Tek ein utgangspunkt i presensformene, må ein karakterisere -era-verba som verb av 1. klasse. I 94 % av totalt 50 tilfelle får desse verba bøyningssuffikset -ar. Ser ein på kjelder, er -era-verb så å seie berre å finne i *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*. Dei tre tilfellene med bøyningssuffiks

-er (som utgjer 6 %) er å finne i Jansons *Torgrim* (1872) og *Syn og Segn*. Preteritums-formene er likevel med på å nyansere dette biletet. Her er det om lag like mange tilfelle av bøyningssuffikset -te (51,2 %) som det er av suffikset -a (48,8 %). Kjeldefordelinga avdekkjer heller ikke her noko system i bruken. Både *Fedraheimen* og *Den 17de Mai* bruker begge suffiksa.

### 6.3.3.3 Verb med bøyning etter to klassar

Under i diskusjonen i avsnitt 6.3.3.2 kom det fram at rettskrivningsnemnda i arbeidet med 1901-normalen var klar over at verb av typen *svara*, *laga*, *lova*, *ropa* (det er desse fire verba som blir nemnde som døme i *Framlegg*, men det finst mange fleire) blir bøygde etter 1. klasse i ein del av landet, mens dei blir bøygde etter 2. klasse andre stader. Slike talemål er likevel ikke så utbreidde at det kan komme på tale å ta omsyn til dei i skriftnormalen, slik at desse verba i skrift skal bøyast etter 1. klasse. Det er konklusjonen i *Framlegg*, og det var gjeldande normal fram til 1917, då ein opna opp for å bøye ein del slike verb etter 2. klasse: «Jamsides formi på -a kann ein i sume verb skriva -d (-te) når roti endar på e i n konsonant» (*Den nye rettskrivning* 1918:14). Dette er også definisjonen på ordgruppa i nyare grammatikkar, til dømes Venås (1990). Kor mange verb denne gruppa av ord, som anten kan bøyast etter 1. klasse eller etter 2. klasse, omfattar, er usikkert. Venås (1990:115) ramsar opp desse 16, men lista er ikke uttømmande: *apa*, *baka*, *bruke*, *koke*, *klaga*, *lova*, *rope*, *skapa*, *skjøna*, *smaka*, *spara*, *spela*, *stire*, *svara*, *tvila*, *våge*.<sup>55</sup> Det må presiserast at verb som blir bøygde etter 1. klasse, omfattar verb som har bøyingsmorfemet -ar i presens og har -a- i bøyingsmorfemet i preteritum og perfektum. I preteritum dreier det seg om morfema -a, -ad og -ade, mens det i perfektum er snakk om morfema -a og -at. Verb av 2. klasse har ikke endra seg når det gjeld morfemstruktur.

Her er det interessant å avdekkje korleis slike verb blei bøygde i landsmåltekstar før standardiseringa i 1901. Sidan det er peikt spesifikt på dette punktet i *Framlegg*, må ein gå ut frå at tendensen til å plassere denne typen verb i 2. klasse, ikke berre gjeld i ein del talemål i landet, men også i skriftmål. Resultata i denne kategorien byggjer på

<sup>55</sup> I nyare tid har det blitt opna for at også ei anna gruppe verb kan bøyast etter både 1. og 2. klasse. Det er verb med stammeutgang på t eller tt (til dømes *flytte*, *smette*, *gifte*, *velte*). Det same gjeld verb på d som til dømes *gjerde*, *herde*.

ei undersøking av dei verba i gruppa som er nemnde i *Framlegg*: *laga*, *lova*, *ropa*, *svara*. Det er undersøkt kva for bøyingsuffiks som er brukte i presens, preteritum og perfektum. Perfektum omfattar både supinums- og partisippformer. I eit utagga korpus er det særstidkrevjande å gjere denne typen undersøkingar, fordi fleire av formene fell saman. Preteritumsforma og partisippforma for verb i 1. klasse kan vere like og fell i tillegg saman med infinitivsforma. I dette tilfellet er det òg andre uheldige samanfall mellom tilfeldige ordformer som til dømes *svart* (positivforma av adjektivet i nøytrum og supinumsforma av verbet). Det gjer at alle konkordansar må reinsast og sorterast manuelt. Undersøkinga avdekte at verbet *laga* ikkje er ein typisk medlem i gruppa fordi dei potensielle formene som verb i 2. klasse truleg er blokkerte av former av verbet *leggja* (*lagde*, *lagd*). Dei suffiksa ein skulle vente dersom verbet blei oppfatta som verb i 2. klasse (-te, -de, -t), er ikkje funne i det heile. Det same gjeld suffikset -er i presens. Her er det rett nok ikkje samanfall med *leggja*, men blokkeringa i preteritum og perfektum ser ut til å påverke heile paradigmet. Resultata for *laga* er derfor ikkje ein del av materialgrunnlaget. Dei tre verba som ligg til grunn, gjev likevel eit bilet av korleis denne gruppa av verb er brukt i praksis. Det samla resultatet for alle verba i alle dei undersøkte kategoriane er basert på totalt 2 233 tilfelle. Det viser at desse verba er bøygde etter 1. klasse i 89,7 % av tilfella. Det er likevel stor skilnad mellom tempusformene. I presens er bøyning etter 2. klasse minst utbreidd. Her er det registrert bøyning etter 1. klasse i 97,8 % av tilfella. Størst er delen av 2. klasse-suffiks i perfektum der prosentdelen er 12,7. Det tilsvarande talet for preteritum er 11,8 %. Det er til dels stor forskjell i resultata mellom dei ulike verba. Slår ein saman resultatet for dei ulike tempusa, er *ropa* bøygd etter 2. klasse i 33,0 % av tilfella, mens *svara* berre er det i 2,1 % av tilfella. Ei mogleg forklaring er det nemnde samanfallet med adjektivet *svart(e)*.

Dei resultatene som er presenterte over, gjeld for éi av verbgruppene (den gruppa som lagar verb med éin konsonant mellom rot- og endevokal) som i eit diakront perspektiv vekslar mellom 1. og 2. klasse. Vekslingu i bøyingsmåte kan vere del av normeringa, eller så er det berre ein av bøyingsmåtane som følgjer offisiell skriftnormal. Ei anna gruppe verb som i talemålet vekslar mellom 1. og 2. klasse, er verb med stammeutgang på -t eller -tt (til dømes *beite*, *feste*, *flytte*, *gifte*, *lyfte*, *skifte*, *smette*, *skvette*, *velte*, jf. Venås (1990:115)). Denne gruppa verb har så å seie gått den motsette vegen i normalane, frå berre å bli bøygd etter 2. klasse til også å kunne

bøyast etter 1. klasse. Men også her viser resultata av korpusssøka at det varierer korleis denne typen verb blir bøygde i landsmåltekstar før 1901. Dei ni verba som er nemnde over, opptrer totalt 205 gonger i presens i korpustekstane. I 89,8 % av tilfella er dei bøygde etter 2. klasse, altså i tråd med norma i den uoffisielle Aasen-normalen og det som seinare blei norma i Hægstad-normalen, mens dei i resten av tilfella er oppfatta som verb i 1. klasse. Samanlikna med verba i den første gruppa er det større tendens til at verba i denne gruppa i praksis blir bøygde på ein annan måte enn slik som Aasen-normalen og Hægstad-normalen føreskrev.<sup>56</sup>

#### 6.3.3.4 Fleirtalsbøyning av verb

Ein av dei fem skilnadene mellom Aasen-normalen og «den nyere skrivemaade» (jf. Venås 1992:290) var at fleirtalsbøyning av verb, som var gjennomført hos Aasen (jf. Aasen 1864 [1965:182]), ikkje blei praktisert i «den nyere skrivemaade» som blei brukt av ein del landsmålsskribentar. Ein middelveg i dette spørsmålet gjer Hægstad seg til talmann for i *Norsk Maallæra* (Hægstad 1879: føreord) der han går inn for ikkje å markere fleirtalsform i preteritum, men berre i presens. Det skulle altså heite *eg fekk, dei fekk* (mot *eg fekk, dei fingo* etter Aasen-normalen), men derimot *eg fær, dei faa* i samsvar med Aasens grammatikk. Hægstad gjer likevel unntak for verba *skulo* og *vera*: Ved desse to verba bruker han alltid eintalsform, også i presens (*dei er, dei skal*). I ein merknad under omtalen av verb (s. 25) får ein forklaringa på denne skilnaden: «I fyrrtid er ikkje Skilnaden millom Eintal og Mangtal gjennomførd i Ny-norsk. I dei linne Gjerningsordi [...] er det ingenstad i Landet nokon Skilnad; i dei sterke er han ikkje aalmenn». I leseboka til Garborg og Mortensson er ein del av tekstane redigerte etter den nyare skrivemåten, og sist i boka har forfattarane sett opp ein grammatikk («Ordformer») og ei ordliste etter den nye skrivemåten. I føreordet kjem det klart fram at «den nyare skrivemaaten ikkje brukar fleirtal i gjerningsordi [= verba]» (Garborg og Mortensson 1885: føreord). Men sidan det i ein del av tekstane i boka er brukt fleirtalsformer av verb (m.a. i tekstar av Aasen), er fleirtalsformene tekne med i klammer i grammatikkdelen.

<sup>56</sup> Fordi desse analysane er så tidkrevjande, er det ikkje gjort utrekningar for preteritumsformer og perfektum partisipp-former. Er tendensen den same som ved *svare, love, rope*, er det eit endå større innslag av «unormerte» former i desse tempusa.

Skilnaden mellom Aasen-normalen og den nyare skrivemåten omfattar rettskriving og morfologi. I *Dagbladet* 28.3.1886 skriv Hægstad om landsmålsforma. Han hevdar m.a. at diskusjonen om landsmålsforma hadde ført til at til dømes fleirtalsformer av sterke verb (*gingo, como* osv.) måtte vike for dei vanlegare og enklare eintalsformene.

Det kan noko overraskande sjå ut som om spørsmålet om fleirtalsformer av verb ikkje er diskutert i reformdokumenta i det heile. Går ein derimot til Skard (1901), som er basis for Hægstad-normalen, kjem det fram at talbøyning av verb har falle ut av normalen. I fjerde utgåva av Hægstads *Norsk mållæra* (Hægstad 1901) er denne endringa uteha med feit skrift: «Gjerningsordi hev baade i notid og fortid berre **ei talform**, som me brukar baade naar subjektet er eintal og fleirtal: *eg skriv, me skriv; eg skreiv, me skreiv*» (s. 29). At fleirtalsformer av verb ikkje var nemnde i forarbeida til 1901-reforma i det heile, kan tyde på at denne rettskrivingskonvensjonen ikkje lenger blei følgd i landsmåltekstar.

Når det gjeld fleirtalsforma i presens, er ho lik infinitivsforma. Dette gjeld både sterke og svake verb. I presens fleirtal heiter det altså *dei koma / dei høyra*. I preteritum er derimot forholdet annleis. Blant dei svake verba er det ikkje nokon skilnad mellom eintalsforma og fleirtalsforma. Aasen (1864 [1965:198]) uttrykkjer det slik: «Fleertal af Imperf. [av svake verb] [kan] vanskelig adskilles fra Eental; efter den gamle Regel skulde det riktig nok ende paa 'o', ligesom i forrige Bøining [= bøyninga av sterke verb], men dette 'o' høres neppe nogensteds i Landet og kan vel for større Letheds Skyld opgives». Blant dei sterke verba ender fleirtalsforma i preteritum på *-o* (mens rotvokalen i somme klassar følgjer supinumsforma, i andre ikkje). For å kartleggje bruken av fleirtalsformer av verb i landsmålet før 1900 er presens- og preteritumsforma av åtte verb (*draga, faa, finna, ganga, gjeva, koma, liggja, taka*) undersøkte. Fordi fleirtalsforma i preteritum blant dei svake verba er lik eintalsforma, mens ho blant dei sterke verba er distinkt (*drago, fingo, funno* osv.), er det berre sterke verb med i undersøkinga. Med tanke på at fleirtalsbøyning av verb i preteritum blei gjeve opp i grammatikkar etter Aasen (1864), har det vore eit viktig moment ved undersøkinga å påvise ein eventuell skilnad i bruken av fleirtalsformer mellom presens og preteritum. For å få til eit mest mogleg samanliknbart resultat var det eit poeng å bruke dei same åtte verba i begge tempusa, og elles halde søkjekriteria konstante. For å sikre at konkordansane berre inneheld fleirtalsformer, er det sett inn

eit fleirtalspronomen (*me, vi, dei*) før verbet i søkerestrengen, samstundes som det er tillate inntil to ord mellom subjektet og verbalet. Likevel fører fleire tilfelle av formsamanfall (ikkje minst fordi forma i presens fleirtal er identisk med infinitivsforma) til omfattande reising av konkordansane. Det ein då sit igjen med, er alle dei tilfella der dei åtte verba opptrer i presens fleirtal og preteritum fleirtal (med dei avgrensingane som er lagde inn i søkeret) uavhengig av om skrivarane markerer fleirtalsforma eller ikkje.<sup>57</sup>

Resultatet for dei to tempusa samla er at fleirtalsbøyning av verb har ei utbreiing på 8,6 % i korpustekstane. Ut frå den nemnde forskjellen i bruken av fleirtalsformer med omsyn til tempus (jf. Hægstad 1879), skulle ein vente at fleirtalsformer var monaleg meir brukte i presens enn i preteritum. Analysen viser rett nok at det er tilfellet, men forskjellen mellom tempusa er liten. Talet for presens fleirtal er 9,2 %, mens utbreiinga av fleirtalsformer i preteritum er på 8,0 %. Med tanke på den avgrensa utbreiinga til denne grammatiske markøren er det spesielt interessant å sjå på kva kjelder som bruker distinkte fleirtalsformer. I preteritum fleirtal er omfanget av kjelder særskilt avgrensa. Desse fleirtalsformene er berre registrerte i Nielsen (1870), Garborg og Mortensson (1885) og *Fedraheimen*. Den markerte fleirtalsforma var berre brukt i 8,0 % av alle tilfella, som utgjer 123 av totalt 1 542 tilfelle av fleirtal preteritum. Av desse 123 tilfella er heile 61,0 % funne i Nielsen (1870), mens *Fedraheimen* har 28,5 % av alle førekommstane og Garborg og Mortensson (1885) 10,6 %. Det er heilt klart at det er den omsette boka til Nielsen som gjer at mengda av fleirtalsformer i preteritum nesten er like stor som mengda av fleirtalsformer i presens. Når ein i tillegg korrigerer for kor liten del av det samla korpusmaterialet denne boka utgjer, er dette verket sterkt overrepresentert. Leseboka til Garborg og Mortensson er truleg med i denne kategorien på grunn av at boka inneheld ein del tekstar av Aasen (som følgjer Aasen-normalen). Den mest representative kjelda i denne samanhengen er truleg *Fedraheimen*, som med dei uredigerte landsmålstemmene gjev det klaraste biletet på bruken av fleirtalsformer.

Når ein skal samanlikne tala for bruken av distinkte fleirtalsformer av verb i preteritum og presens, er det relevant å minne om at talet for distinkte preteritumsformer (8,0 %) ikkje er representativt, men sannsynlegvis noko høgt, slik

---

<sup>57</sup> Til saman utgjer dette 2 864 tilfelle, 1 322 tilfelle av presensformer og 1 542 tilfelle av preteritumsformer.

det kom fram i diskusjonen over. Talet for distinkte presensformer er 9,2 %. Det vil seie at av i alt 1322 tilfelle av presens fleirtal er det brukt distinkt fleirtalsform i 122 tilfelle. Fleirtalsformene i presens opptrer med andre ord noko oftare enn dei gjer i preteritum, men forskjellen er mindre enn ein skulle vente. Også her gjev fordelinga på kjelder interessante perspektiv på bruken av fleirtalsformer av verb. Ikkje overraskande bruker dei kjeldene som er registrerte med fleirtalsformer i preteritum, også fleirtalsformer i presens, men forholdstala er ved første augnekast uventa. Den kjelda som dominerer når det gjeld fleirtalsformene i preteritum, Nielsen (1870), har berre ein bruksfrekvens på 3,3 % blant dei kjeldene som bruker fleirtalsformer i presens. Grunnen til denne skilnaden ser ut til å henge saman med at boka er skiven i fortid. Leseboka til Garborg og Mortensson har ein frekvens av distinkte presensformer om lag som av preteritumsformer (13,9 % mot 10,6 % i preteritum), mens delen av fleirtalsformer i presens i *Fedraheimen* er monaleg høgare enn fleirtalsformer i preteritum (70,5 % mot 28,5 %). I tillegg til dei tre kjeldene som er registrerte med fleirtalsformer av verb i både presens og preteritum, er det tre kjelder som berre er registrerte med fleirtalsformer i presens. Desse kjeldene er Jansons *Fraa Island* (1874) og *Torgrim* (1872) med 2,5 % av alle distinkte presensformer og *Den 17de Mai* med 9,8 %. Det er ikkje overraskande at bøkene av Janson inneheld fleirtalsformer i presens. Det passar godt med perioden bøkene kom ut i, og den konservative Aasen-linja forfattaren gjorde seg til talmann for. Då er det meir overraskande at fleirtalsformer i presens også er brukte i 1895-årgangen av *Den 17de Mai*. Dersom ein går ut frå at resultatet for *Fedraheimen* er mest representativt når det gjeld preteritumsformer, kan det tyde på at fleirtalsformer av verb er mest utbreidde i presens. At det er fleire kjelder som berre bruker fleirtalsformer i presens enn det er kjelder som bruker fleirtalsformer i begge tempusa, står også denne hypotesen. Trass i at fleirtalsbøyning av verb har ei viss utbreiing både i presens og i preteritum, er det ein kategori som i liten grad blir følgd opp av landsmålsskrivarane.

## 6.4 Adjektiv

### 6.4.1 Allment om adjektiv

Aasen (1864 [1965:158]) set opp denne oversikta over adjektivbøyninga:

	EINTAL			FLEIRTAL		
	m	f	n	m	f	n
<b>ubestemt</b>	stor	stor	stort	store	stora	store
<b>bestemt</b>	store	stora	stora	store	store	store

Tabell 6.7 Bøyning av adjektiv etter Aasen-normalen

Aasen vedgår at endinga i feminint fleirtal er *-e* i mange dialektar, men strekar under at endinga *-a* framleis står til dømes i Setesdal, Valdres, Hordaland og Sogn og Fjordane (1864 [1965:159]). I tråd med systemet i desse målføra valde også Aasen å markere feminint ubestemt fleirtal i normalen med endinga *-a*. Det skulle altså heite *stora Bøker*, men *store Baatar / store Hus*. I bestemt form er det ein endå sterkare tendens i talespråket til at endevokalane blir utjamna til *-e*. Det er berre talemål i amålsområdet sørvest i landet at *-a* er bevart i femininum og nøytrum i tråd med systemet i norrønt. Samsvar med former i norrønt og dialektar på Sør-Vestlandet i tillegg til at formene på *-a* også stemmer best med adverba «som nemlig for en stor Deel ere dannede efter Adjektivets Intetkjønnsform og saaledes tildeels ende paa ‘a’» (Aasen 1864 [1965:159]), gjorde at Aasen valde *a*-ending i bestemt form eintal femininum og nøytrum. Etter Aasen-normalen skulle det altså heite *den stora Stova / det stora Huset*, men *den store Baaten*. Etter nøytrumsforma er det likevel ført opp *-e* i parentes i Aasen 1864 [1965]. Mot slutten av den lange merknaden til paradigmet kjem ein kommentar som vel tener som ei forklaring, og som knyter seg til det ein må oppfatte som ein reservasjon mot *a*-bøyninga i bestemt form: Formene på *-a* er ikkje viktige, og mange er imot dei, særleg i nøytrum «hvor man er mest tilbøielig til at bruge same Form som i Hankjøn (nemlig e)». Indrebø (1951:451) peiker på at Aasen frå og med utgjevinga av *Heimsyn* i 1875 lét hokjønnsbøyninga av adjektiv falle for

godt (*stora gaavor* > *store gaavor*). Han hadde fram til dette ikkje vore konsekvent på dette punktet i prenta tekstu.

Gjennom Aasens merknad til adjektivformene får ein inntrykk av at han har vore kjend med ein viss motstand mot a-endingar i adjektivbøyninga. Han seier til og med at «de fleste vilde vel ogsaa ønske at blive dem kvit». Denne skepsisen kjem òg til uttrykk hos Hægstad (1879:føreord), der adjektivbøyninga er det første av i alt tre oppførte unntak frå Aasen (1864). Hægstad gjer det her klart at han ikkje følgjer Aasen-normalen i bestemt form eintal femininum og nøytrum, berre i ubestemt fleirtal femininum. Han viser elles til at han ikkje er aleine om dette, for i «dei fleste nyare Maalbøker brukar dei no e paa alle desse Stader». Til liks med fleirtalsbøyning av verb ser også adjektivbøyninga ut til å vere eit punkt som blir endra frå Aasen-normalen til Hægstad-normalen utan at endringa blir gjenstand for diskusjon i grunnlagsdokumenta for 1901-normalen (*Framlegg* og *Tillæg*) i det heile. Dette må helst tolkast som ei breitt akseptert tilmåting av Aasen-normalen i tråd med majoriteten av talemåla. Hægstad (1901) gjev opp éi felles fleirtalsform for alle kjønn (*rike menner/gjentor/folk*) i ubestemt form, og likeins éi felles form for alle kjønn i bestemt form (*den/det rike mannen/gjenta/folket*). I ein merknad gjer han likevel merksam på at *mange* målføre har -a i fleirtal femininum ubestemt form (*manga visor*), og at forma med -a er *mykje* brukt i eldre landsmålsbøker. Når det gjeld bestemt form, gjev han på same måte opp at *somme* målføre har -a i eintal femininum og eintal nøytrum, og at desse formene med -a har blitt brukt i *nokre*, helst eldre, landsmålsbøker (1901:21–22). I den korte grammatikkdelen i Skard (1901) (som Hægstad-normalen kviler på) er ikkje bøyingsparadigme for adjektiv teke med i det heile. Det tyder på at den nye bøyingsmåten blei oppfatta som sjølvsagd.

Det kan elles nemnast at Hægstad var såpass i tvil om adjektivbøyninga at han spurde Aasen om råd når det galdt bruken av hokjønnsforma i ubestemt form fleirtal (*stora* vs *store Konor*) i ei lesebok han planla (Aasen 1957–1960:II,348). Etter Venås (1992:289) fekk ikkje Hægstad noko klart svar på dette frå Aasen.

Grunnlaget for analysen er alle dei tilfella fem utvalde adjektiv (*fin, lang, rik, stor, veik*) opptrer i ubestemt fleirtal femininum (*stora/store bøker*), bestemt eintal femininum (*den stora/store stova*) og bestemt eintal nøytrum (*det stora/store huset*). Med desse utvalsriteria blir ein ståande igjen med ei samla mengd på 980 tilfelle når

alle døma som ikkje fyller kriteria, er vaska bort. Når det gjeld Aasen-formene med final *-a* (*fina, stora* osv.), er dei så distinkte (og så få) at ein utan for mykje vasking står att med ein konkordans med relevante treff. Men for at ein skal kunne seie noko om utbreiinga av Aasen-formene med final *-a*, må dei jamførast med formene på final *-e*, og desse formene er ikkje distinkte. I bøyingsparadigmet for adjektiv (med omsyn til kjønn, tal og bestemtheit) er det tolv plassar, og på ni av desse plassane kan forma vere eins (t.d. *store*) dersom Aasen-formene ikkje blir brukte, jf. tabell 6.7. Det inneber at det ligg eit omfattande arbeid i å vaske fram dei relevante tilfella.

Analysen av korpusmaterialet står ein hypotese om at bøyning av adjektiv etter Aasen-normalen ikkje er utbreidd. Dersom ein ser samla på dei tre kategoriane der *-a* er aktuelt bøyingsmorfem, er Aasen-forma med final *-a* brukt i berre 1,1 % av tilfella. Det svarar til berre 11 tilfelle totalt, og det er derfor vanskeleg å seie noko sikkert om i kva grammatisk kategori forma med final *-a* var mest utbreidd, og i kva kjelder ho blei brukt. Ettersom det er oppføringa ubestemt form fleirtal femininum som er best forankra i talemålet, og dermed også den einaste som blir ført vidare av Hægstad (1879), er det naturleg å tru at det er denne kategorien som er mest utbreidd i skriftspråket. Splittar ein opp undersøkinga på dei tre kategoriane, blir resultata 1,3 % a-bøyning i ubestemt form fleirtal femininum, mens tala er 1,4 % for bestemt form eintal femininum og 0,4 % for bestemt form eintal nøytrum. Det er likevel grunn til å streke under at tilfella er for få til å trekke sikre konklusjonar på grunnlag av. Det same gjeld kjeldeutvalet, men alle dei tre store tekstleverandørane i korpuset (*Fedraheimen*, *Den 17de Mai* og *Syn og Segn*) er representerte i tillegg til leseboka til Garborg og Mortensson (men ho inneheld som kjent tekstar av Aasen). Det er såleis meir interessant å leggje merke til kva for kjelder som ikkje er representerte blant dei som bruker former med *-a*. Forfattarar som Janson og Nielsen, som elles har vist seg å bruke former som svarar til Aasen-normalen, ser også ut til å bryte med Aasen på dette punktet. Dermed ser det ut til at markeringa av adjektiv i femininum er den grammatiske kategorien i Aasen-normalen som i minst grad blir følgd opp av landsmålsskrivarane etter 1870.

I paradigmet for adjektivbøyning set Aasen opp ei alternativ form (i parentes) på *-er* i ubestemt form eintal maskulinum (t.d. *ein riker mann*) (1864 [1965:158]). I merknaden til avsnittet gjer han greie for denne alternative forma, og legg vekt på at

ho er levande i ein del dialektar i ord som ender på rotvokalen (*blaar*, *nyr*). I andre ord og dialektar er det berre «halvlyden» (= schwa-vokalen) som står igjen (*stor'e*, *laus'e*). Hos Hægstad (1901) er denne alternative forma ikkje ein del av adjektivparadigmet, men i ein merknad skriv også Hægstad at eintal maskulinum kan ende på *-er*, men då helst i «kvedskap». Dei adjektiva som ligg til grunn for resultata i denne undersøkinga, førekjem ikkje med forma *-er* i korpustekstane.

#### 6.4.2 Adjektivet mykje

Adjektivet *mykje* høyrer til dei defektive (fåforma) adjektiva som anten manglar bøyingsformer, eller som sjeldan blir nytta i bøygde former (jf. Beito 1970:215). I moderne språk er vel forma *mykje* einerådande og, som vi skal sjå, dominerte ho òg i landsmålet før 1901. Alle normeringsaktørane er klar over at ordet nesten berre opptrer i nøytrumsform, men fører likevel opp fullt (teoretisk) paradigme: *mykin*, *myki*, *mykje* (Garborg og Flo i *Framlegg* (106) og Flo (1906:13). Hægstad-normalen har her *mykjen*, *myki*, *mykje* (og pl *mykne*) (Skard 1901:63), og ein legg merke til at det heller ikkje her var aktuelt å markere nøytrum med *-t* (t.d. *mykjet*). Aasen (1864 [1965:160]) peiker på at *mykje* (Aasen *myken*) representerer eit unntak til adjektiv på *-en*, men fører ikkje opp bøyingsmåten. Aasen (1873) nemner *mykjen*, *myki*, *myket* som dei mest brukte bøygde formene. (Ordet blir elles ikkje brukt i fleirtal og bestemt form, opplyser han. Ein kan òg merke seg at Aasen i tillegg fører opp eit adverb *myket* der den mest utbreidde forma er *mykje*). Ut frå dette er det rimeleg å hevde at også Hægstad bryt med Aasen-normalen når han utelet *-t* som nøytrumsmarkør. Undersøkinga av korpustekstane viser at former utan *-t* dominerer i materialet. Av den totale mengda førekommstar av adjektivet *mykje* (medrekna alle skriftvarietetar) utgjer former utan *-t* 81,9 %. Av dei *t*-lause formene er det varieteteten *mykje* som er vanlegast med 76,3 % av alle førekommstar. Det ein elles legg merke til, er formvariasjonen av ordet. Oversynet viser at det finst heile 15 varietetar av *mykje* (sjølv om fem av dei har færre enn 5 belegg). Den *t*-lause forma med nest høgst frekvens (men likevel berre 3,3 % eller 145 førekommstar) er *myki*. Med tanke på at denne forma er del av både Aasen-, Hægstad- og midlandsnormalen, er dette ikkje overraskande, men ser ein nærrare på ein reinsa konkordans berre med forma *myki*,

er det heller sjeldan at forma står som adledd til hankjønnssubstantiv (*myki møda*).<sup>58</sup> Det vanlegaste er adverbiell bruk (*ein gott upplyst mann, som ha lese myki / myki sinna vart han*). Attributiv bruk av hankjønnsforma *myken/mykjen* finst (*myken vondskap, skade, hug*), men er marginal (0,6 % av alle tilfella). (Trass i at Aasen (1873) hevdar at *mykje* ikkje kan opptre i bestemt form, finn ein blant desse førekommstane dette dømet frå *Den 17de Mai 1895: den mykjen andelege veikleik både moralsk og intellektuelt hjå den fatigare aalmugen.*) Hankjønnsforma *mykin*, som blei tilrådd av Flo og Garborg, er ikkje representert i korpusmaterialet i det heile.

#### 6.4.3 Adjektiv på -sk

Adjektiv som endar på -sk, får ikkje endinga -t i inkjekjønn etter Hægstad-normalen. Dette gjeld adjektiv som er laga av personnamn (*bruunsk*), beskriv ei folkegruppe (*norsk, belgisk*) – såkalla nasjonalitetsadjektiv – eller som har to eller fleire stavingar (*himmelsk*) (Skard 1901:4). Aasen (1864 [1965:159]) skriv at «'t' [...] selv bliver staaende fast, unntagen maaskee i nogle afledede Ord paa 'sk', som: fransk, engelsk, arabisk, og flere». Han legg likevel til at ein helst bør unngå å bruke desse orda i inkjekjønn. Ei undersøking av bruken av -t i korpustekstane viser at landsmålsskrivarane før 1901 i stor grad bøyjer adjektivet regelrett i inkjekjønn trass i Aasens etterhald om å ikkje gjere det ved nasjonalitetsadjektiv. Det verkar heller ikkje som at åtvaringa om ikkje å bruke slike ord i inkjekjønn, har nådd skrivarane. Når det kjem til gruppa nasjonalitetsadjektiv (*norsk, svensk, dansk*), viser det seg at landsmålsskrivarane før 1901 i 60,8 % av tilfella bruker -t når adjektivet står som framforstilt adledd i substantivfrasar (*norskt maal, svensk flagg*). Når det gjeld fleirstava adjektiv på -sk som ikkje er nasjonalitetsadjektiv, er biletet motsett. Her er det former utan -t som dominerer i materialet. Heile 85,2 % av formene i konkordansen er utan -t når adjektivet står som adledd i substantivfrasen (*elektrisk ljos, politisk møte*).

---

<sup>58</sup> Det er like vanleg at forma *myki* står som adledd til hankjønns- og inkjekjønnsord, men det er sannsynlegvis fordi forma blir brukt i heile paradigmet og i alle funksjonar (slik tilfellet er med *mykje* i moderne nynorsk).

#### 6.4.4 Adjektiv på -leg

Aasen (1864 [1965:161]) seier at adjektiv på *-leg* (saman med somme andre adjektivsuffiks) skal oppfattast som regelrette og såleis ha *-t* både i nøytrum (*eit tydelegt teikn*) og når adjektivet har adverbial funksjon (*ho skriv tydelegt*). Det ser elles ikkje ut til at adjektivbøyninga generelt har vore noko stridsemne i tremannskommisjonen som la fram rettskrivningsforslaget i 1899. Adjektiva (eller tilleggsorda, som nemnda kallar dei) er, som allereie nemnt, ikkje behandla for seg i Hægstad, Garborg og Flo (1899), så det mest instruktive dokumentet på dette punktet er Skard (1901), som nemner adjektiv på *-sk* og *-leg* særskilt. Når det gjeld adjektiv på *-leg*, kjem det fram at dei ikkje får *-t* når dei blir brukte som adverb. Når dette unntaket er det einaste som er nemnt, må ein gå ut frå at adjektiv på *-leg* skal ha *-t* når slike adjektiv står attributivt til eit inkjekjønnsord. Dermed er det berre i adverbial funksjon at 1901-normalen bryt med Aasen-normalen når det kjem til adjektiv som endar på suffikset *-leg*. Flo (1906) nemner heller ikkje adjektivbøyninga, endå ein kunne vente at «daud *-t*» ikkje skulle vere ein del av systemet i denne posisjonen heller.

Korpusundersøkinga av dette trekket byggjer på ein søkjestreng som gjev treff på former både med og utan *-t* av ti frekvente adjektiv. Den endelege konkordansen er resultatet av ein analyse der alle tilfelle av adverbial bruk og attributiv bruk (i nøytrum) er identifiserte og skilde ut. Det endelege empiriske grunnlaget består då av 689 tilfelle. Oppteljinga viser at former med *-t* er marginalt meir utbreidde enn former utan *-t* (51,3 % med *-t* mot 48,7 % utan *-t*). Når adjektiv på *-leg* står attributivt til nøytrumsord, er det ein svært klar tendens til at dei får nøytrumsmarkøren *-t*. Dette er også – slik vi no har tolka grunnlagsdokumenta – heilt i tråd med både Aasen-, Hægstad- og midlandsnormalen. I adverbial funksjon varierer bruken meir. Her er det om lag jamn fordeling mellom former med og utan *-t*. Med andre ord er det solid praksis for å utelate *-t* i adjektiv med suffikset *-leg* i adverbial funksjon når dette blir gjennomført i Hægstad-normalen i 1901.

## 6.5 Pronomen

### 6.5.1 Allment om pronomene

Når det gjeld bruk av stum -t i pronomatformene *kva(t)*, *anna(t)* og *noko(t)*, er dette omtalt i punkt 6.1.1..5. Dei pronomenkategoriane som blir analyserte i tillegg, er personleg pronomen førsteperson fleirtal (*me* – *vi*), personleg pronomen tredjeperson fleirtal (*dei* – *deim*) og personleg pronomen tredjeperson eintal (*han* – *honom*, *ho* – *henne*). Det er desse kategoriane som viser morfologisk variasjon.

### 6.5.2 Førsteperson fleirtal (nominativ) av personleg pronomene – *me* eller *vi*

Analyse av bruken av formene *me* eller *vi* i førsteperson fleirtal av personleg pronomene sprengjer strengt teke rammene for det som hittil har blitt diskutert under merkelappen morfologisk variasjon. Det er likevel interessant å sjå korleis bruken av desse formene var i tidleg landsmål både når ein legg talemålsvariasjonen til grunn og statusen til formene i skriftnormalane opp gjennom tidene. Når det gjeld *me*, har statusen gått frå eineform i Aasen-normalen og Hægstad-normalen til klammeform i 1938-normalen, og frå 1983 har *me* vore jamstilt med *vi*.

Den reinsa konkordansen etter korpussøket viser at når ein legg alle førekommstar av førsteperson fleirtal av det personlege pronomenet til grunn, er det ikkje overraskande ein klar dominans av *me*. I 97,8 % av tilfella er forma *me* brukt. Den marginale bruken av *vi* avgrensar seg til 327 tilfelle (2,2 %) der alle (med unntak av tre tilfelle) fordeler seg på ulike årgangar av *Fedraheimen*.

### 6.5.3 Tredjeperson fleirtal av personleg pronomene

I moderne nynorsk skil ein ikkje lenger mellom subjektsform og avhengig form av personleg pronomene i tredjeperson fleirtal. Det heiter til dømes *eg gav dei strømper til jul*, mens objektsforma (akkusativforma) etter Aasen-normalen skulle vere *deim*

(*eg gav deim strømper til jul*). Landsmål hadde med andre ord det same skiljet som vi finn i moderne bokmål (*de – dem*). Skard (1901) nemner ikkje desse formene i grammatikken fremst i ordlista, men på alfabetisk plass i ordlista (*dei*) er *deim*, *deira* førte opp som bøygde former. Flo (1906) er den tilsvarande oversikta for midlandsnormalen. Her finn ein ikkje noko om pronomenformer, men utgjevaren (= Garborg) viser i føreordet til *Norsk formlæra* (5. utgåva, 1902) av Lars Eskeland. Denne vesle grammatikken er ei oversikt over det Eskeland oppfattar som norma i landsmålet etter at Hægstad, Garborg og Flo hadde levert framlegga sine. Sist i grammatikken (s. 20–23) gjer Eskeland greie for korleis midlandsnormalen skil seg frå «aalgjengelegt nynorsk skriftmaal». Når det gjeld pronomena (eller *varaorda* som Eskeland kallar *dei*), er det berre skrivemåten av *det* (*de*, utan *-t*) som blir tematisert. Dermed må ein gå ut frå at midlandsnormalen på dette punktet følgjer oppsettet for pronomen som Eskeland set opp tidlegare i grammatikken. Her fører han *dei – dei(m) – deira*, og vik dermed av frå Skard (1901) ved at det blir opna for *dei* som oblik form<sup>59</sup>. Denne tendensen til samanfall av formene kjem òg til syne i korpusmaterialet. Forma *deim* er på vikande front blant landsmålsskrivarane. Sidan forma *dei* opptrer både i nominativ og som oblik form, var det nødvendig å konstruere søka slik at sjansen for å få relevante treff blei størst mogleg. Funna er baserte på søk på ein preposisjonsfrase (*på dei/deim*) og konstruksjonar der pronomenet fungerer som indirekte objekt i utsegna (frase med verbet *gjeva* direkte følgt av *dei/deim*). Til saman utgjer desse konstruksjonane ein reinsa konkordans på knappe 600 tilslag. Konkordansen viser at under ein tredjedel (28,4 %) av skrivarane bruker *deim* i desse konstruksjonane. Ei nærmare granskning av forholdet mellom form og kjelde avslører ikkje noko eintydig mønster, men det ser ut til at *Den 17de Mai* i all hovudsak har kutta *deim* som oblik form. Den same tendensen gjer seg gjeldande i *Syn og Segn*, mens det i leseboka til Austlid (Austlid 1889) alltid blir brukt utmerkjande oblik form. Ser ein isolert på *Fedraheimen*, som er kjelda med høgast frekvens i denne konkordansen, blir oblik form *deim* brukt i 35 % av tilfella.

<sup>59</sup> Eskeland (1902:11) fører *dei(m)* som felles nominativform og oblik form (Eskeland: ‘motfallsform’ og ‘sidefallsform’).

#### 6.5.4 Tredjeperson eintal maskulinum og femininum av personleg pronomen – honom, henne eller han, ho

Tredjeperson eintal av personleg pronomen har vise likskapstrek med utviklinga i fleirtal (*dei – deim*) ved at *honom* og *henne* var dei oblike formene hos Aasen og Hægstad, mens Eskeland (1902:11) opnar for å skrive *han* og *ho* ved sida av *honom/henne*. Når det gjeld maskulinumformene (*honom* eller *han*), levde dei side om side med same status heilt til reforma i 2012. Då fall den opphavlege forma *honom* ut som maskulin oblik form, mens *henne* framleis er godteken feminin form ved sida av *ho*. Ser ein først på korleis bruken av maskulinumformene ovrar seg i korpustekstane, er det interessant å konstatere at usus på dette punktet ikkje er i tråd med korkje Aasen-normalen eller Hægstad-normalen. I ein reinsa konkordans på over 800 tilslag, som er resultat av dei same søkjekriteria som for tredjeperson fleirtal av personleg pronomen (*på honom/han* og ei form av *gjeva + honom/han*), viser det seg at i heile 43,2 % av tilfella brukar skrivaren forma *han* i desse konstruksjonane. Dersom ein samanliknar funksjonen som styring i preposisjonsfrase (*på han/honom*) med funksjonen som indirekte objekt i verbfrase (*gjeva honom/han*), er det ikkje nokon signifikant forskjell på funksjonstypane. I preposisjonsfrasen har den utmerkjande oblike forma (*på honom*) minimal høgare frekvens enn fellesforma (*på han*) (37,3 % mot 34,8 %). I verbfrasen har *gjeva + honom* ein bruksfrekvens på 19,6 % mot 8,4 % for *gjeva + han*.

Når det gjeld femininumsformene, er tendensen den same som for maskulinumsformene. Med dei same søkjekriteria som for maskulinumsformene blir konkordanse mindre, men fordelinga av *henne* versus *ho* liknar mykje på resultatet av fordelinga mellom *honom* og *han*. Den utmerkjande oblike forma *henne* har ein bruksfrekvens på 60,3 % (jf. *honom* 56,9 %), og det vil altså seie at skrivarane i nesten 40 % av tilfella bryt med normalane ved å bruke forma *ho* som oblik form. Frå eit anna perspektiv kan ein seie at *ho* som oblik form var ei mykje brukta og godt etablert form då *ho* endeleg blei del av normalen i 1938.

## 6.6 Oppsummering

I dette kapittelet er den morfologiske variasjonen i landsmålet undersøkt i ordklassane substantiv, verb, adjektiv og pronomen. Stumme konsonantar i bøyingsuffiksa er likevel behandla for seg først i kapittelet fordi dei omfattar fleire ordklassar og tydeleg var eit stridstema i rettskrivningsnemnda. Haldninga til skrivarane i dette spørsmålet gjev derfor ein viktig peikepinn på kva retning usus peiker i. Undersøkinga viser at midlandslinja, der Garborg og Flo gjekk inn for å kutte dei stumme konsonantane i alle kategoriene, har mist oppslutning blant skrivarane.

Analysen har vist at svake feminine substantiv er den grammatiske kategorien i landsmålet der variasjonen i bøyingsmorfem best kjem fram. I denne kategorien er det fleire viktige forskjellar mellom Aasen-normalen og Hægstad-normalen på den eine sida og midlandsnormalen på den andre sida. I tillegg skil forma i bestemt form fleirtal Aasen-normalen (*-orna*) frå Hægstad-normalen (*-orne*). Fleirtalsformene er særleg interessante fordi ubestemt fleirtal er den einaste kategorien der forma som seinare blei teken opp i midlandsnormalen (*-ur*), har høgst bruksfrekvens. Bøyingsendinga *-ur* er brukt i 62,6 % av tilfella, mens Aasen-/Hægstad-suffikset *-or* har ein bruksfrekvens på berre 35,8 %. Den same tendensen gjer seg gjeldande i bestemt form fleirtal. Den ikkje-standardiserte forma *-urne* har mykje høgare bruksfrekvens enn Aasen-suffikset *-orna* og Hægstad-suffikset *-orne*. Saman med andre suffiksvarietetar med suffiksvokal *-u-* dominerer suffikset *-urne* korpustekstane med ein bruksfrekvens på 62,7 %. Det er også i denne kategorien at eit bøyingsmorfem utan medial *-r-* pregar totalbiletet i nokon grad. Det er suffikset *-une*, som seinare blei del av midlandsnormalen, med ein bruksfrekvens på 10,3 %.

Kategorien hokjønnsord eit godt døme på det rike formmangfaldet som pregar landsmålet i undersøkingsperioden. Til dømes er det registrert heile 16 ulike varietetar av bøyningssuffikset i bestemt form fleirtal av sterke hokjønnsord.

Resultata frå analysen blir elles samanfatta og summert opp i kapittel 7.



# 7 Oppsummering og konklusjon

## 7.1 Stumme konsonantar i bøyningssuffiksa

Som det kjem fram i tabell 7.1, står dei stumme konsonantane *-t*, *-r*- og *-d-* i alle posisjonar i Aasen-normalen, mens midlandsnormalen ikkje har stumme konsonantar i bøyningssuffiksa i det heile. Hægstad-normalen står i ein mellomposisjon ved at *-d-fell* og *-r-* står i alle aktuelle kategoriar. Stum *-t* fell delvis. Han står i bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huset*) og det var også intensjonen at han skulle stå i supinum av sterke verb (*kastat*) etter det som kjem fram i Framlegg. Av ukjende grunnar blei han likevel ikkje teken med i denne kategorien i seinare framstillingar (Venås 1992:307).

		Aasen-normalen	Hægstad-normalen	Midlands-normalen
<i>t</i>	<i>huset</i>	+	+	-
	<i>øyrat</i>	+	-	-
	<i>faret</i>	+	+*	-
	<i>kastat</i>	+	-	-
	<i>kvat</i>	+	-	-
	<i>opet glas</i>	+	-	-
<i>r</i>	<i>hestarne</i>	+	+	-
	<i>kvisterne</i>	+	+	-
	<i>gjentorne</i>	+	+	-
	<i>sakerna</i>	+	+	-
<i>d</i>	<i>kastade</i>	+	-	-

Tabell 7.1 Oversyn over dei aktuelle kategoriane og forholdet til normalane

Når det gjeld stum *-t* i bøyingsuffiksa, representerer alle undersøkte kategoriar i denne seksjonen skilnader mellom Aasen-normalen og midlandsnormalen, jf. tabell 7.1. Det er ikkje overraskande at det nettopp er i bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huset*) at han står sterkest. Heile 83,5 % av skrivarane held på *-t* i denne kategorien. Når ein legg til grunn at det å utelate *-t* i denne posisjonen truleg var den mest iaugnefallande markøren for ein skrivar som ville følgje midlandsnormalen, er dette resultatet eit godt mål på kva gjennomslag midlandsformene hadde på meir generell basis i perioden 1870–1900. Det går eit skilje mellom dei tilfella *-t* står etter *-e-*, og dei tilfella han står etter *-a-* (og *-o-* (*nokot*)). Tilfella der *-t* kjem etter ein *-e-*, omfattar dei tre kategoriane bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huset*), supinum av sterke verb (*faret*) og nøytrumsform av adjektiv på *-en* (*opet glas*). Etter det Hægstad skriv i *Framlegg*, var intensjonen at *-t* skulle stå i supinumsforma av sterke verb, men han har av uklare grunnar likevel falle ut i seinare framstillingar av Hægstad-normalen. I alle høve skil bestemt form eintal av inkjekjønnsord seg ut frå dei andre to kategoriane der *-t* følgjer etter *-e-*. I nøytrum av adjektiv på *-en* og i supinum av sterke verb er det rundt halvparten av skrivarane som held på *-t* (høvesvis 45,8 % og 55,3 %). Likevel kan ein slå fast at majoriteten av skrivarane held på *-t* når han kjem etter *-e-*. Når vokalen som kjem føre *-t* er ein annan (*-a-* (eller *-o-*)), er tendensen motsett. I dei aktuelle kategoriane i denne gruppa, supinum av a-verb (*kasta* vs. *kastat*) og pronomenformene (*kva(t)*, *anna(t)*, *noko(t)*), sløyfar majoriteten av skrivarane *-t* (høvesvis 55,3 % og 58,1 %).<sup>60</sup>

I motsetning til stum final *-t* blei stum medial *-r-* ståande i alle kategoriar i Hægstad-normalen, jf. tabell 7.1. Dei undersøkte kategoriane her er ulike grupper hankjønns- og hokjønnsord i bestemt form fleirtal. Tendensen er at medial *-r-* har stor utbreiing i materialet. Truleg av morfofonologiske grunnar (*-ar- + -ar-*) fell *-r-* oftast (i 24,4 % av tilfella) i gruppa hankjønnsord med utgang på *-ar*. Noko av den same tendensen ser ein blant svake hokjønnsord. Her er talet for *r*-bortfall 16 %, men årsaka må vere ei anna enn ho var i gruppa hankjønnsord på *-ar*. Truleg kan det ha noko å gjere med at det er bøyingsmorfem med suffiksvokal *-u-* som står sterkest i denne kategorien. Det fell saman med suffiksvokalen som blei teken opp i midlandsnormalen, og det


---

<sup>60</sup> Svake inkjekjønnsord (*auga, hjarta* ofl.) følgjer ikkje denne tendensen. I denne avgrensa kategorien er det 36,7 % av skrivarane som utelet *-t*.

skjedde utan følgje av medial *-r-*. I alle dei andre undersøkte kategoriane fell *-r-* i under 10 % av tilfella.

Den siste stumme konsonanten *-d(-)* gjer seg gjeldane i berre éin kategori når det er tale om bøyningssuffiks, nemleg i preteritum av a-verb. Aasens *-ade* blei redusert til *-a* i både Hægstad-normalen og midlandsnormalen, ein reduksjon som går på tvers av usus. Bøyningssuffikset *-a* i preteritum av *a*-verb er ein av kategoriane med svakast grunnlag i usus blant alle dei undersøkte kategoriane. Rett nok har Aasens fullform *-ade* heller ikkje stor utbreiing blant skrivarane i perioden (10,8 %), derimot er forma *-ad* registrert i heile 51,0 % av tilfella. Suffikset *-a*, som blei teke opp i Hægstad-normalen (og midlandsnormalen), har ei utbreiing på 38,2 %.

Basert på ein middelverdi for alle dei undersøkte kategoriane når det gjeld dei stumme konsonantane i bøyningssuffiksa, er det mogleg å talfeste i kva grad landsmåltekstane i perioden 1870–1900 svarar til dei ulike normalane. Figur 7.1 skal lesast som at 30,5 % av tekstane følgjer prinsipp som blei tekne opp i midlands-normalen: ingen final stum *-t*, ingen medial stum *-r-* og ingen stum *-d-* i bøyings-suffiksa. 51,4 % av tekstane følgjer prinsipp som blei tekne opp i Aasen-normalen (stumme konsonantar i alle aktuelle kategoriar), mens Hægstad-normalen i 58,7 % av tilfella svarar til usus målt etter bruksfrekvensen av stumme konsonantar. Eskeland (1892:26) formulerte det på denne måten: «Den Aasenske form [...] fell væl gamall for dei fleste, ser det ut til [...]. Fleire hev ogsaa teket til aa laga paa ymse ting. Soleis er dei daude konsonantarne *d* og *t* i liten vyrnad hjaa mange.»



*Figur 7.1 Oversikt over i kva grad landsmålmålstekstar i perioden 1870–1900 svarar til dei ulike normalane når det gjeld stumme konsonantar i bøyingssuffiksa.*

## 7.2 Oppsummering substantiv

### 7.2.1 Hokjønnsord

I landsmålet er dei feminine substantiva særs godt eigna til å studere den morfologiske variasjonen i bøyingsendingane. I denne grammatiske kategorien er det fleire viktige skilnader mellom Aasen-normalen, Hægstad-normalen og midlandsnormalen, og i tillegg er det stor formvariasjon i denne kategorien i den faktiske bruken av landsmålet i korpustekstane. Skulle ein seie noko om morfologisk variasjon og plassere tekst i høve til normal på grunnlag av berre éin kategori, er dei feminine substantiva eit opplagt val når det gjeld tidleg landsmål. Stiller ein saman dei tre normalane, er det for dei svake hokjønnsorda sin del skilnader på alle plassar i bøyingsskjemaet med omsyn til tal og bestemtheit. Aasen- og Hægstad-normalen følgjer kvarandre bortsett frå forma i bestemt form fleirtal (*-orna* vs. *-orne*). Fleirtalsformene er spesielt interessante. Ubestemt form fleirtal er den einaste kategorien der forma som seinare blei teken opp i midlandsnormalen, har sterkest grunnlag i

usus. Bøyingssuffikset *-ur* har ein bruksfrekvens på heile 62,6 %, mens endinga *-or* frå Aasen-normalen, som også blei ført vidare i Hægstad-normalen, til samanlikning berre er brukt i 35,8 % av tilfella. Den same tendensen er tydeleg i bestemt form fleirtal. Det er det unormaliserte suffikset *-urne* som har høgast bruksfrekvens (42,4 %), monaleg høgare enn Hægstad-suffikset *-orne* (21,4 %) og Aasen-suffikset *-orna* (15,4 %). Ser ein *-urne* og andre suffiksvarietetar med suffiksvokal *-u-* under eitt, er det heilt klart at nettopp denne suffiksvokalen dominerer i tekstane med ein frekvens på 62,7 %. Det er også i denne kategorien at eit bøyingssuffiks utan medial *-r-* pregar totalbiletet i nokon grad. Det dreier seg om endinga *-une*, som seinare blei del av midlandsnormalen, med ein bruksfrekvens på 10,3 %.

I fleirtal av dei svake hokjønnsordna, både i ubestemt og bestemt form, står suffiks som seinare blei tekne opp i midlandsnormalen sterkt, anten ved å vere identiske med midlandsformene eller ved i alle fall å ha same suffiksvokal. I eintal derimot er biletet motsett. Forma med endevokal *-a* (*ei gaava*), som er i tråd med Aasen- og Hægstad-normalen, er brukt i 62,8 % av tilfella, mens midlandsforma med utgang på *-e* (*ei gaave*) berre er registrert i 36,7 % av tilfella. Ser ein dette i samanheng med tendensen blant dei sterke hokjønnsordna, der former som blei tekne opp i midlandsnormalen (*-ir*, *-ine*), har marginal utbreiing, må funna i kategorien svake femininum seiast å utgjere eit unntak. Midlandsformene ser ikkje ut til å ha liknande grunnlag i usus i andre kategoriar. På same måte som for dei stumme konsonantane i bøyings-suffiksa kan ein talfeste i kva grad dei ulike normalane har gjennomslag i tekstane i den undersøkte perioden. For hokjønnsorda samla er det Hægstad-normalen som i størst grad harmonerer med usus. Basert på dei i alt sju ulike femininumkategoriane som er undersøkte, er middelverdien for former i samsvar med Hægstad-normalen på 68,4 %. Etter Hægstad-normalen følgjer Aasen-normalen med 60,5 %, og sist kjem midlandsnormalen med ein samsvarsverdi på 43,5 %. Ser ein bak desse tala, viser det seg at resultata for dei svake hokjønnsordna er med på å dra verdien for samsvar med Aasen-normalen og Hægstad-normalen ned. Blant dei svake hokjønnsordna er delen suffiksformer som fell utanfor dei tre normalane, høg (særleg *-urne*), og det fører igjen til lågt samsvar med normalane. Det er likevel Hægstad-normalen som er mest i tråd med usus både når det gjeld svake og sterke hokjønnsord. For dei svake hokjønnsordna er middelverdien for samanfall med Hægstad-formene på 54,9 %, men talet for dei sterke hokjønnsordna er på 86,4 %. Undersøkinga av hokjønnsordna viser

elles det store formmangfaldet som pregar landsmålet i perioden. Det er til dømes registrert ikkje mindre enn 16 ulike varietetar av bøyingsuffikset i bestemt form fleirtal av sterke hokjønnsord, jf. tabell 7.2.

<b>Hokjønnsord</b>				
	<b>Ubest. sg.</b>	<b>Best. sg.</b>	<b>Ubest. pl.</b>	<b>Best. pl.</b>
<b>Svake</b>	-a (62,8) -e (36,7) -u (0,5)	-a (99,7) -o (0,3)	-or (35,8) -ur (62,6) -er (1,5) -ar (0,1)	-orna (15,4) -orne (21,4) -urne (42,4) -urna (4,8) utan -r- (16,0) -une (10,3) -unne (2,6) -unn (1,6) -udn (0,7) -onne (0,3) -ene (0,1) -enne (0,1)
<b>Sterke</b>		-i (91,9) -a (7,4) -æ (0,4) -e (0,2) -o (0,2)	-er (97,5) -ar (1,5) -ir (0,9)	-erna (17,9) -erne (70,8) -arne (5,3) -irne (0,3) utan -r- (5,7) -ine (0,1) -inne (0,3) -inn (0,1) -idn (0,1) -ane (0,3) -anne (1,2) -ann (0,6) -adn (0,3) -ene (1,9) -enne (0,5) -enn (0,3) -edn (0,1)

Tabell 7.2 Oversikt over faktisk morfemvariasjon i bøyning av hokjønnsord

### 7.2.2 Hankjønnsord

Som det kjem fram i tabell 7.3, viser hankjønnsorda seg å vere ei meir homogen gruppe enn hokjønnsorda. Viss ein legg variasjonen i målføra til grunn, er ikkje dette eit overraskande resultat. Som det kom fram i gjennomgangen av femininum, peikte også Aasen på utfordringa med å finn ein samlande normal på grunn av stor målførevariasjon blant hokjønnsorda. Ein annan faktor som nok forsterkar denne tendensen, er at dei tre normalane som etter kvart utkristalliserer seg, jamt over er like i bøyingsmönsteret. Som nemnt i oppsummeringa av hankjønnsorda (jf. avsnitt 6.2.3.3), er det først og fremst omfanget av r-bortfall i bestemt form fleirtal og bruken av suffiksvokalen *-i-* og *-a-* i fleirtal i undergruppa *kvist/fot* som utgjer den venta variasjonen ut frå forskjellane mellom normalane og målførevariasjonen.

Når det gjeld r-bortfall, kan ein slå fast at *-r-* i svært liten grad fell i ubestemt form fleirtal. I gruppa *hest/bakke* står *-r* i 99,2 % av tilfella, mens talet er 98,4 % for gruppa *kvist/fot*. I bestemt form fleirtal er tendensen til å droppe *-r-* ikkje uventa noko større. Her fell *-r-* i 8,5 % av tilfella i gruppa *hest/bakke*, og i 7,4 % av tilfella i gruppa *kvist/fot*. Gruppa med utgang på *-ar* (*lærar*) skil seg ut ved å ha ein bruksfrekvens på bøyningssuffiks utan *-r-* på 24,4 %. Det er peikt på at det truleg er morfonologiske årsaker (samanstøyten *-ar + -ar-*) til denne tendensen.

I gruppa *kvist/fot* der ein kunne vente innslag av bøyingsmorfem med suffiksvokal *-i-* (*kvistir*) og *-a-* (*føtar*) etter midlandsnormalen, er førekomensten låg, særleg for bøyingsmorfem med suffiksvokal *-i-*. I ubestemt fleirtal (*-ir + -i*) er talet på berre 1,8 % og på 2,5 % i bestemt form fleirtal (*-irne, -ine, -inne, -idn*). Det viser at fleirtalsformene som blei tekne opp i midlandsnormalen for denne gruppa (*-ir* og *-ine*), hadde svært lita utbreiing og dermed svakt grunnlag i usus i skriftspråket. Bøyingsmorfem med suffiksvokal *-a-* er noko meir utbreidd i korpusmaterialet med ein bruk på 3,1 % i ubestemt form fleirtal og 4,8 % i bestemt form fleirtal og reflekterer såleis bøyingsmönsteret for orda i gruppa *fot* (*føtar, føtane*) i midlandsnormalen. Rimelegvis er det bøyingsmorfem med suffiksvokal *-e-* (*-er* og *-erne* med fleire varietetar) som klart dominerer i materialet både i ubestemt og bestemt form fleirtal.

For hankjønnsorda kan ein konkludere med at mønstera som blei tekne opp i Aasen-normalen og Hægstad-normalen, har godt grunnlag i usus. På det punktet Hægstad-

normalen skil seg frå Aasen-normalen, i bestemt form fleirtal av substantiv med utgang på -ar (*lærarane* mot *Lærararne*), er det Aasen-forma som er mest utbreidd (75,6 % mot 17,8 %). Midlandsformene har jamt over därleg grunnlag i usus. Målt i tal er det nettopp i bøyninga av hankjønnsorda at Aasen-formene har best grunnlag i usus. Her er middelverdien for samsvar med Aasen-normalen på heile 89,4 %, mens verdien for Hægstad-normalen er på 77,8 % og for midlandsnormalen på 24,5 %.

<b>Hankjønnsord</b>				
	<b>Ubest. sg.</b>	<b>Best. sg.</b>	<b>Ubest. pl.</b>	<b>Best. pl.</b>
<b>hest/bakke</b>			-ar (99,2) -a (0,6)	-arne (91,5) utan -r- (8,5)  -ane (3,1) -anne (3,6) -ann (1,4) -adn (0,6)  -an
<b>kvist/fot</b>			-er (92,3) -e (1,1) -ir (1,6) -i (0,2) -ar (3,1) -ur (1,4) -u (0,2)	-erne (88,2) -erna (0,7) suffiksvokal -e- utan -r-  -ene (1,8) -enne (1,3) -enn (0,2) -edn (0,5) suffiksvokal -i- (2,5) -irne (0,7) -ine (1,0) -inne (0,5) -idn (0,3) suffiksvokal -a- (4,8) -arne (3,0) -anne (0,5) -ane(1,0) -ann(0,2) -adn (0,2)
<b>lærar</b>				-arne (75,6) -ane (17,8) -anne (3,3) -ne (3,3)

Tabell 7.3 Oversikt over faktisk morfemvariasjon i bøyning av hankjønnsord

### 7.2.3 Oppsummering inkjekjønnsord

Sett under eitt står inkjekjønnsorda fram som ei endå meir homogen gruppe enn hankjønnsorda (og hokjønnsorda). Likskapen mellom normalane reflekterer i nokon grad den faktiske bruken i skrift før 1901. Tabell 7.4 gjev ei uttømmande oversikt over dei bøyingsmorfema som er funne i konjugasjonen av nøytrumsord. I tabellen er det skilt mellom svake inkjekjønnsord (*auga*) og andre inkjekjønnsord. Når det gjeld bestemt form eintal, viser resultata at den viktige markøren til Garborg, som blei gjennomført i midlandsnormalen, bortfall av daud *-t*, har ei utbreiing på 16,5 % i gruppa *hus* og så mykje som 36,7 % når det er tale om svake inkjekjønnsord (*auga*). Med andre ord er tendensen til å sløyfe *-t* når han kjem etter andre vokalar enn *e* sterkt til stades i denne kategorien før 1901.

I ubestemt form fleirtal er det berre dei svake nøytrumsorda (*auga*) som får ending, og her blir forma *augo* i alle normalane. Denne konformiteten viser seg også i korpusmaterialet ved at forma har ein bruksfrekvens på 91,2 %. Det er elles interessant at fleirtalsvarieteten *-ur* har ei utbreiing på 7,1 %. I Aasen (1864 [1965:145]) kjem det fram at hokjønnssending i denne kategorien var vanleg i fleire målføre, faktisk meir utbreidd enn *o*-endinga som blei resultatet i alle dei tre normalane.

Også i bestemt form fleirtal er det samsvar mellom normalane i begge dei undersøkte gruppene (*husi* og *augo*). Suffikset *-i* er som venta mykje brukt (94,8 %), men ut frå kjennskapen til målføra og lagnaden til *i*-endinga i rettskrivingsnormalane etter 1901 er det interessant å sjå at også *a*-endinga har ei viss utbreiing i skrift før 1901 (5,2 %). I *auga*-gruppa står forma *augo* sterkt (93,4 %), men også i bestemt form fleirtal ser ein at bøyingsvarietetar vi elles kjenner frå femininumskonjugasjonen, har ei viss utbreiing. Bøyningssuffiksa *-urne*, *-orne* og ulike variantar av desse utan *-r-* har til saman ein bruksfrekvens på 5,7 %. Når det gjeld samsvar med normalane, er det blant inkjekjønnsorda den same tendensen som blant hankjønnsorda. Usus samsvarar best med Aasen-normalen (85,2 %), mens middelverdien for samsvar med Hægstad-normalen er 79,9 % og for midlandsnormalen 48,2 %

Inkjekjønnsord				
	Ubest. sg.	Best. sg.	Ubest. pl.	Best. pl.
hus		-e (16,5) -et (83,5)		-i (94,8) -a (5,2)
auga		-a (36,7) -at (63,3)	-o (91,2) -ur (7,1) -a (0,4) -e (1,1) -or (0,4)	-o (93,4) -orne (0,8) -urne (3,2) suffiksokal -u- utan -r- -une (0,2) -unne (1,3) -unn (0,2) andre (0,8) -a -e -ena -on

Tabell 7.4 Oversikt over faktisk morfemvariasjon i bøying av inkjekjønnsord

### 7.3 Oppsummering verb

Resultata for bruken av infinitivsending er av praktiske grunnar vist i skjemaet for sterke verb (tabell 7.5), men gjeld verb generelt, både sterke og svake. I analysen (6.3.1) blei det peikt på at Landsmålskorpuset i utgangspunktet ikkje eignar seg til å undersøkje kva infinitivsending som er brukt i ein avgrensa tekst, men resultata av undersøkinga er så eintydige at ein likevel kan seie noko om fordelinga. Som Aasen går også Hægstad inn for rein a-infinitiv med solid grunnlag i usus. A-infinitiv er påvist i 92,9 % av tilfella. Dei tilfella av e-infinitiv som er funne, ser ut til å vere eit resultat av kløyvd infinitiv. Garborg og Flo gjekk i midlandsnormalen inn for kløyvd infinitiv, men møtte sterkt motstand av Hægstad. Han la vekt på at den store majoriteten av landsmålsforfattarar nytta a-infinitiv, ved sida av det reint pedagogiske argumentet at det i skolen ville vere nærmast umogleg å gjennomføre dei prinsippa for kløyvd infinitiv som Garborg og Flo la opp til. Vurdert ut frå det vi veit om grammatikk-kompetansen til elevar i dag, er det ikkje vanskeleg å vere samd med Hægstad i desse vurderingane.

### 7.3.1 Sterke verb

Når det gjeld dei sterke verba og morfologisk variasjon forstått som variasjon i bøyningssuffikset, har det vore relevant å undersøke i kva grad tostava presensformer blei brukte i landsmålet før 1901. Dei tostava formene var ein del av normalen frå 1901 og heilt fram til 2012, så det var rimeleg å vente ei viss utbreiing av slike former i korpusmaterialet. Undersøkinga avdekkjer at dei tostava presensformene var lite utbreidde før 1901. Denne konklusjonen gjeld for alle klassar av sterke verb. Middelverdien for alle sju klassar er på 1,3 %, og klassen med høgast bruksfrekvens er verb av 2. klasse (med *-au-* i preteritum: *skyter*, *stryker*, *kryper*) med 3,6 %. Legg ein totalmengda for alle klassane til grunn, har dei tostava formene ein bruksfrekvens på berre 0,8 %.

Ved sida av utbreiinga av tostava presensformer er det undersøkt i kva grad *-t* blei skriven i supinumsforma av dei sterke verba. Situasjonen i denne kategorien var at Hægstad ville halde på *-t* i tråd med Aasen-normalen fordi *-t* i desse tilfella stod etter *-e-*, mens særleg Garborg var imot daud *-t* også her. Undersøkinga viser at tendensen til å sløyfe *-t* i supinum av sterke verb var sterkt. I 42,2 % av tilfella kasta skrivarane *-t* i denne posisjonen. Ein annan interessant observasjon i denne kategorien er at supinumssuffikset *-i* har svært lita utbreiing (2,1 %).

Etter Aasen-normalen skulle verb bøyast i fleirtal (jf. Aasen 1864 [1965:182]), men som Venås (1992:290) peiker på, var det fleire landsmålskribentar som ikkje praktiserte dette prinsippet. Fleirtalsbøyning blei ikkje nemnd korkje i *Framlegg* (1899) eller *Tillæg* (1901), og i Skard (1901), som Hægstad-normalen kviler på, kjem det fram at talbøyning av verb ikkje er ein del av normalen. Dette skiftet gjer funna i denne delen av undersøkinga spesielt interessante. Fleirtalsbøyninga omfattar sjølvsagt både sterke og svake verb, men det er berre blant dei sterke verba at forskjellen mellom eintalsformer og fleirtalsformer er distinkte både i presens og preteritum. Derfor blei eit utval sterke verb undersøkt, og resultata kjem fram i tabell 7.5. Konklusjonen er at fleirtalsbøyning av verb til ein viss grad blir praktisert. Førekomensten er på 8,0 % i preteritum og 9,2 % i presens. Bak desse tala skjuler det seg at ein stor del av preteritumsformene er å finne i eit einskilt verk (Nielsen 1870), slik at den jamne fordelinga i bruken av fleirtalsformene i preteritum og presens nok ikkje er heilt reell. Det at Hægstad i *Norsk Maallæra* (1879) gjekk inn for berre å markere fleirtals-

formene i presens, står òg denne vurderinga. I dette tilfellet er det truleg betre å sjå på bruken avgrensa til ei kjelde som *Fedraheimen*, der fordelinga av alle fleirtalsformene er om lag 70–30 i favør presens. Undersøkinga viser òg at somme kjelder berre er representerte med fleirtalsformer i presens. Med tanke på den avgrensa bruken må ein slå fast at Hægstad hadde solid grunnlag i usus når han valde å ikkje føre vidare fleirtalsbøyninga av verb i 1901.

<b>Inf.</b>	<b>Presens</b>	<b>Preteritum</b>	<b>Supinum</b>
-a (92,9)	– (nullending) (99,2)		-et ( <i>har leset</i> ) (55,3)
-e (7,1)	-er (0,8)		-e (42,2) -i (2,1) -it (0,2) -a (0,2)
	pl-form ( <i>dei koma</i> ) (9,2)	pl-form ( <i>dei komo</i> ) (8,0)	

Tabell 7.5 Oversikt over faktisk morfemvariasjon i bøyning av sterke verb

### 7.3.2 Svake verb

Variasjonen i bøyningssuffiksa blant aktuelle klassar av svake verb er vist i tabell 7.6. I undersøkinga av supinumsformer kjem det fram at det finst tre aktuelle varietetar av bøyningssuffikset når det kjem til a-verba. Det er varieteten -a (utan -t), som Hægstad valde i 1901-normalen, og som også blei teken opp i midlandsnormalen, som er mest utbreidd med ein bruksfrekvens på 53,5 %. Men suffikset frå Aasen-normalen (-at) er likevel mykje brukt (44,1 %). Ved sida av desse to varietetane viser korpusssøka at suffiksvarieteten -ad også finst i materialet, men i svært avgrensa omfang (2,5 %).

I gjennomgangen av stum *d* i bøyningssuffiksa (6.1.3.1) viste resultata at i preteritum, i motsetning til resultata i supinum, er varieteten med stum konsonant (-ad) mest utbreidd (51,0 %). Dette er ein suffiksvarietet som korkje var representert i Aasen-normalen, eller blei teken opp av Hægstad i 1901 eller av Garborg og Flo i midlands-normalen. Aasen hadde stavingssuffifikset -ade i preteritum, mens både Hægstad og

Garborg/Flo gjekk inn for -a, altså den varieteten som svarte til forma i dei fleste målføre. Bruksfrekvensen for desse varietetane er 10,8 % for -ade og 38,2 % for -a. Ein kunne tenkje seg at forskjellen i bruksfrekvens mellom -a i preteritum og -a i supinum kunne ha noko å gjere med motstand mot samanfallande former i systemet. Ei isolert undersøking av kvar einskild tekst kunne ha kasta lys over ein slik hypotese, men dette er ikkje gjort.

Når det gjeld e-verb, er underkategorien verb med -dde i preteritum undersøkt med tanke på endinga i supinum. Aasen-normalen hadde på dette punktet -tt, eit system som Hægstad førte vidare i 1901, men Aasen peikte på at talemålet også hadde supinumsformer med -dd. Med tanke på at slike former slo igjennom i normalane utover på 1900-talet, var det interessant å sjå kor utbreidd varieteten med -dd var i skrift før 1901. Resultatet som kjem fram i tabell 7.6, viser at suffikset -dd berre hadde ei utbreiing på 4,8 % i materialet, og at det slikt sett var gode grunnar for Hægstad å følgje Aasen på dette punktet.

Verb med utgang på -era i infinitiv blei bøygde som a-verb både etter Aasen-normalen og Hægstad-normalen, men i 1910 blei det opna for at slike verb også kunne bøyast som e-verb, ikkje minst fordi dette var i tråd med dialekten mange stader i landet. Resultata i denne verbgruppa sprikjer, for dersom ein legg funna i presens (-ar) til grunn, viser dei at -era-verba for ein stor del (i 94,0 % av tilfella) blir oppfatta som a-verb, mens resultata i preteritum viser det motsette. Sjølv om fordelinga mellom a-verbsuffikset (-a) og e-verbsuffikset (-te) er mykje jamnare her enn i presens, er det e-verbsuffikset (-te) som dominerer i materialet med ein bruksfrekvens på 51,2 %.

Resultata av undersøkinga av -era-verba kan sjåast i samanheng med resultata av undersøkinga av neste verbgruppe: dei med bøyning etter to klassar (*lova, ropa, svara, laga* ofl.). Trass i at slike verb i talemålet somme stader blei bøygde som e-verb (jf. diskusjonen i *Framlegg*), blei dei i normalane berre kategoriserte som a-verb heilt fram til 1917. Det er elles interessant å sjå diskusjonen i *Framlegg* om statusen til einskilde talemålsformer og kva konsekvens det får for skriftmålet. Når det gjeld denne verbgruppa, er resultata meir eintydige enn tilfellet var i -era-gruppa. Både i presens (97,8 %), preteritum (88,2 %) og supinum (87,3 %) er det ein klar tendens til at verba i denne gruppa blir oppfatta som a-verb.

Den siste typen morfemvariasjon som blei undersøkt blant dei svake verba, var om verb med stammeutgang på *-t(t)* (*beite*, *feste*, *flytte*, *smette* ofl.) blir bøygde som e-verb eller a-verb i presens. Til forskjell frå *-era*-verba har verba i denne gruppa gått frå å berre kunne bøyast som e-verb i normalane til ein praksis der a-bøyning truleg er det vanlegaste i dag (sjølv om begge bøyingsmönstera er tillatne). Undersøkinga viste at denne typen verb i presens blei bøyd i tråd med Aasen-normalen i 89,8 % av tilfella, og at Hægstad dermed hadde solid grunnlag i usus då han førte bøyingsmönsteret frå Aasen vidare i 1901.

	Presens	Preteritum	Supinum
<b>a-verb (1. kl.)</b>		-a (38,2) -ad (51,0) -ade (10,8)	-a (53,5) -at (44,1) -ad (2,5)
<b>e-verb (2. kl.) med <i>-dde</i> i preteritum</b>			-tt (95,2) -dd (4,8)
<b>Verb på <i>-era</i></b>	-ar (94,0) -er (6,0)	-a (48,8) -te (51,2)	
<b>Verb med bøyning etter to klassar (<i>lova</i> ofl.)</b>	-er (2,2) -ar (97,8)	-te/-de (11,8) -a/-ad/-ade (88,2)	-t/-d (12,7) -a/-at/-ad (87,3)
<b>Verb med stammeutgang på <i>-t(t)</i> (<i>beit</i> ofl.)</b>	-er (89,8) -ar (10,2)		

Tabell 7.6 Oversikt over faktisk morfemvariasjon i bøyning av svake verb

### 7.3.3 Konkluderande merknader om verb

Med omsyn til substantivbøyninga var det ein klar tendens til at skrivarane heldt seg til former i Aasen-normalen (76,3 %) eller til former som blei tekne opp i Hægstad-normalen i 1901 (74,6 %). Former som blei tekne opp i midlandsnormalen, hadde markert lågare utbreiing (39,3 %). Når det gjeld verb, er biletet noko annleis. Middelverdien for verba byggjer på undersøking av i alt 13 ulike kategoriar som omfattar både sterke og svake verb, der samanfall med forma i dei tre normalane er

målt. Resultatet viser at middelverdien for samsvar med Hægstad-normalen er 72,1 %, for midlandsnormalen 64,5 % og for Aasen-normalen 52,8 %. Det er i første rekke fleirtalsbøyninga av verb som gjer at Aasen-normalen får såpass dårlig gjennomslag blant skrivarane. Den gjennomførte bruken av stum konsonant i preteritum og supinum av svake verb i Aasen-normalen er òg eit trekk som skrivarane i liten grad følgjer opp. I dei undersøkte kategoriene er det i dei fleste tilfella ikkje skilnad på forma i Hægstad-normalen og den forma Garborg og Flo fall ned på i midlandsnormalen. Den forskjellen som gjer størst utslag, er forma i infinitiv, der Garborg og Flo gjekk inn for kløyvd infinitiv. Dette var ei løysing som heller få skrivarar gjennomførte.

#### 7.4 Oppsummering adjektiv

Etter Aasen-normalen skulle adjektivendinga i ubestemt fleirtal femininum, bestemt eintal femininum og bestemt eintal nøytrum vere *-a*: *stora Bøker*, *den stora Stova*, *det stora Huset*. Aasen er likevel klar over at grunnlaget i dialektane var svakt, og at mange var imot dette systemet. Sjølv var han aldri konsekvent i bruken, og etter 1875 skreiv han *-e* i ubestemt fleirtal femininum. Hægstad gjorde det tidleg klart at han ikkje følgde Aasen på dette punktet, og i grunnlagsdokumenta til 1901-reforma (*Framlegg* og *Tillæg*) er ikkje temaet oppe til diskusjon i det heile. Denne skepsisen mot systemet i Aasen-normalen kjem òg til uttrykk i korpusmaterialet. Bruksfrekvensen for dette trekket er fattige 1,3 % i ubestemt form fleirtal femininum, 1,4 % i bestemt form eintal femininum og 0,4 % i bestemt form eintal nøytrum, jf. tabell 7.7. Desse resultata viser at adjektivbøyninga er den delen av grammatikken i Aasen-normalen som har færrest tilhengjarar blant landsmålskrivarane.

Ein av kategoriene i undersøkinga av stumme konsonantar i bøyningssuffiksa var nøytrumsforma av adjektiv på *-en* (jf. 6.1.1.2). Her kom det fram at nøytrumsmarkøren *-t* stod i Aasen-normalen, mens Hægstad valde å sløyfe *-t*, både i attributiv og predikativ bruk. Granskninga av usus viste at det var jamn fordeling av former med og utan *-t* i korpusmaterialet.

Også adjektiv på *-sk* fekk i regelen lagt til *-t* i inkjekjønn etter Aasen-normalen. Unntaket var dei såkalla nasjonalitetsadjektiva (*engelsk*, *fransk*). Også på dette

punktet braut Hægstad med Aasen, slik at ingen typar adjektiv på -sk skulle ha nøytrumsending. Med dette systemet i normalane er resultatet av undersøkinga overraskande. Aasens ønske om å bruke nøytrumsmarkør blir følgt av skrivarane i berre 14,8 % av tilfella. Her er Hægstad heilt på linje med majoriteten av skrivarane når han vel å ikkje markere nøytrum ved denne typen adjektiv. Ved nasjonalitetsadjektiva derimot, altså ved den typen der Aasen rådde frå å markere nøytrum, er det i heile 60,8 % av tilfella brukt -t.

Når det gjeld adjektiv på -leg, oppfatta Aasen dei som regelrette og skreiv -t både i nøytrum (*eit tydelegt Teikn*) og når adjektivet hadde adverbial funksjon (*ho skreiv tydelegt*). Ei rimeleg tolking av Skard (1901) tyder på at ein etter 1901-normalen berre markerer nøytrum når adjektivet står attributivt til eit inkjekjønnsord og ikkje når det har adverbial funksjon. Korpusundersøkinga viser at det samla resultatet for attributiv og adverbial bruk er at former med og utan -t i praksis har lik utbreiing. Nøytrum er markert i 51,3 % av tilfella. Ser ein isolert på attributiv bruk (*eit nydeleg(t) bilet*), er det ein klar tendens til at nøytrum blir markert (i 90,7 % av tilfella), mens det i predikativ funksjon (*biletet er nydeleg(t)*) er jamn fordeling av former med og utan -t (47,9 % mot 52,1 %). Differensieringa etter funksjon i 1901-normalen har dermed godt grunnlag i usus.

Adjektivet *mykje* blir ikkje bøygd i moderne norsk. Når det gjeld tidleg landsmål, er både Aasen, Hægstad og Garborg/Flo klar over at ordet oftast berre opptrer i nøytrumsform, men alle fører likevel opp fullt bøyingsparadigme. Aasen (1873) gjev opp nøytrumsform med -t (*myket*), mens Hægstad og Garborg/Flo fører *mykje* som nøytrumsform. Også her bryt Hægstad med Aasen, men han gjer det med godt grunnlag i praksis, avslører undersøkinga. Her kjem det nemleg fram at t-lause former blir brukte i 81,9 % av tilfella. I tillegg viser undersøkinga eit stort formmangfold ved dette adjektivet. Det er registrert heile 15 varietatar av *mykje*.

		Sg.			Pl.		
		m	f	n	m	f	n
<b>Normaltype</b>	<b>Ubest.</b>					-a (1,3)	
	<b>Best.</b>		-a (1,4) -e	-a (0,4) -e		-e	
<b>Adjektiv på -en</b>	<b>Ubest.</b>			-e (49,1) -et (50,9)			
<b>Adjektiv på -sk</b>	<b>Ubest.</b>			-t (14,8)			
<b>Nasjonalitetsadjektiv</b>	<b>Ubest.</b>			-t (60,8)			
<b>mykle</b>	<b>Ubest.</b>			-t (18,1)			
<b>Adjektiv på -leg</b>	<b>Ubest.</b>			-t (51,3)			

Tabell 7.7 Oversikt over faktisk morfemvariasjon i adjektivbøyninga

#### 7.4.1 Konkluderande merknader om adjektiv

Reknar ein middelverdi for dei i alt åtte undersøkte adjektivkategoriane etter same mønster som for substantiv og verb, får ein stadfesta at det er i adjektivbøyninga at skrivarane i minst grad følgjer Aasen-normalen. Verdien for samsvar med Aasen-normalen er på berre 21,5 %, mens Hægstad-normalen og midlandsnormalen har ein middelverdi for samsvar med usus på 75,8 %. Det er særleg den avgrensa bruken av Aasens bøyingsmønster blant normaladjektiva med *a*-ending i ubestemt fleirtal femininum, bestemt eintal femininum og bestemt eintal nøytrum som fører til dette resultatet. Det er svært få skrivarar som følgjer Aasens system på dette punktet.

#### 7.5 Oppsummering personleg pronomen

Dei pronomenkategoriane som er del av undersøkinga, er personleg pronomene første person fleirtal, tredje person eintal (avhengig (oblik) form) og tredje person fleirtal. Variasjonen mellom *me* og *vi* (første person fleirtal) er strengt teke ikkje morfologisk (men variasjon mellom ulike leksem). Vekslinga er likevel teken med i undersøkinga på grunn av den vekslande statusen i normalane opp gjennom tidene. *Me* var eineform i Aasen-normalen og Hægstad-normalen, men var degradert til klamme-

form mellom 1938 og 1983. Analysen viser at *vi* er kjent i skrift før 1901, men at den store majoriteten skriv *me*. Bruksfrekvensen for denne varianten er på heile 97,8 %.

I tredje person fleirtal skil ein i moderne nynorsk ikkje lenger mellom subjektsform og avhengig form. Aasen differensierte derimot mellom subjektsform og avhengig form (*dei* og *deim*), og Skard (1901) må tolkast som at dette skiljet blei ført vidare av Hægstad. I midlandsnormalen blir det derimot opna for å skrive *dei* også som oblik form. På dette punktet viser korpusundersøkinga at Hægstad er i utakt med praksis blant skrivarane. Den avhengige forma med best grunnlag i usus er *dei*, som er brukt i 71,6 % av tilfella.

Den siste kategorien av pronomen som er undersøkt, er tredje person eintal maskulinum og femininum, altså bruken av *honom* vs. *han* og *henne* vs. *ho*. I Aasen-normalen og Hægstad-normalen var *honom* og *henne* dei einaste tillatne formene i avhengig form. Men allereie i Eskeland (1902), som har påskrifta «med godkjend rettskriving», er *han/ho* ført opp som tillatne former ved sida av *honom/henne*. I motsetning til tredje person fleirtal, der den markerte oblike forma *deim* var mykje mindre utbreidd enn forma *dei*, er det dei markerte oblike formene som er mest utbreidde i tredjeperson eintal. Bruksfrekvensen for *honom* er på 56,8 % og på 60,3 % for *henne*, så når det gjeld eintalsformene, treffer Hægstad med normalformene målt mot usus.

Når det gjeld dei undersøkte pronomenkategoriane, viser dei at det er variasjon i den faktiske bruken blant skrivarane, men dei er ikkje eigna til å måle kva normal som står sterkest innanfor desse kategoriane. Det er berre kategorien tredje person fleirtal som skil Aasen- og Hægstad-normalen frå midlandsnormalen ved at midlandsnormalen opnar for å ikkje differensiere mellom subjektsform og oblik form (*dei/dei*, og ikkje *dei/deim*). På dette punktet er det faktisk midlandsnormalen som best harmonerer med den faktiske bruken i perioden.

	Sg.	Pl.
<b>1. pers. (subjektsform)</b>		<i>me</i> (97,8) <i>vi</i> (2,2)
<b>2. pers</b>		
<b>3. pers (subjektsform og oblik form)</b>	<i>han</i> (43,2) <i>honom</i> (56,8) <i>ho</i> (39,7) <i>henne</i> (60,3)	<i>dei</i> (71,6) <i>deim</i> (28,4)

Tabell 7.8 Oversikt over faktisk morfemvariasjon i bøyning av personleg pronomen

## 7.6 Avsluttande kommentarar og konklusjon

I diskusjonen av tekstutval i Landsmålskorpuset er det lagt vekt på at eit korpus sjeldan kan bli representativt i streng statistisk forstand. Konklusjonen her er likevel at korpuset gjev eit godt bilete av breidda av landsmålstekstar i undersøkingsperioden ved at dei mest sentrale tekstprodusentane er representerte i korpuset gjennom tekstar i *Fedraheimen*, *Den 17de Mai* og *Syn og Segn*. I tillegg er dei to lesebøkene i korpusutvalet med på å sikre god representasjon av landsmålsforfattarar som var verksame før 1901. Ein annan viktig føremon ved å bruke avistekst som grunnlag for å undersøkje korleis landsmålet faktisk blei skrive før 1901, er at ein gjennom lesarinnlegg også fangar opp tekst forfatta av mindre røynde skrivrarar og såleis dekkjer ein større del av dei skriveføre i samfunnet.

Sjølv om Aasen-normalen slik han kan konstituerast på grunnlag av andreutgåva av grammatikken og ordboka, naturleg nok var ei rettesnor for landsmålsskrivarane i perioden, var det tidlege landsmålet eit heterogent skriftmål som framleis var i støypeskeia rundt 1900. Etter kvart som landsmålet blei teke i bruk på stadig fleire område i samfunnet, også i skolen utover i 1890-åra, blei det nødvendig å vedta ein offisiell normal. Departementet sette ned ein kommisjon som skulle lage eit framlegg til ny rettskriving for landsmålet i skolen, men dei tre nemndmedlemmene Garborg, Flo og Hægstad var splitta i synet på korleis ein slik normal skulle sjå ut. Resultatet blei at departementet følgde Hægstads forslag, som innebar ein viss revisjon av Aasen-normalen, mens framleggget til Garborg og Flo, som bygde på fjellbygdmåla på

Austlandet, blei godkjent til skolebruk. Denne løysinga er i seg sjølv eit paradoks fordi ho opnar for to ulike offisielle normalar som skrivarane må hanskast med. Sjølv om midlandsnormalen blei tillaten i skolen, var det ikkje forbod mot å bruke han i andre (ikkje-offentlege) samanhengar, så i praksis stod skrivarane no overfor eit val mellom to normalar. Ein annan konsekvens av denne løysinga blei at midlandsnormalen no også fylte den rolla som den nye landsmålsnormalen opphavleg var tiltenkt, nemleg å fastsetje skrivereglar for landsmålet i skolen. I og med at midlandsnormalen fekk denne rolla, følgde det implisitt at Hægstad-normalen fekk ein høgare status som rettesnor for landsmålet utanfor skolestovene. Sjølv om dei tre nemnde normalane kom til på ulike tidspunkt og ikkje hadde same status, er dei likevel nyttige referansepunkt for å beskrive preferansane til skrivarane i samtida. I analysen utgjer dei ytterpunkta i ein modell som visualiserer fordelinga av bøyingsendingar i ulike grammatiske kategoriar.

Å ikkje skulle ta omsyn til den faktiske språkbruken i språknormeringa verkar å vere ein dårleg idé. Truleg vil ei slik tilnærming føre til at den føreslegne normalen blir avvist av brukarane og ikkje lèt seg implementere i språksamfunnet. Det er derfor interessant å kartleggje i kva grad dette prinsippet har gjort seg gjeldande ved tidlegare språkreformer, både for å kaste lys over korleis den faktiske språkbruken såg ut i undersøkingsperioden og for å undersøkje sider ved ususprinsippet som reiskap i ein standardiseringsprosess. Som diskusjonen i kapittel 4 viser, kan ususprinsippet lett misbrukast, og det har derfor vore viktig å vere kritisk til kva type språkbruk og kven sin språkbruk ein måler. I tillegg til den kritiske diskusjonen av usus som normeringsprinsipp har det òg vore viktig å peike på forskjellen mellom å legge ususprinsippet til grunn i arbeidet med ein kommande rettskrivningsreform og å bruke prinsippet i analysen av ei avslutta historisk hending der praksisen ikkje får konsekvensar for språkbrukarane.

Det har vore ein styrande premiss i dette arbeidet å nytte det allereie eksisterande Nynorskkorpuset som grunnlag for empirien i undersøkinga. Valet er naturleg fordi Nynorskkorpuset er det største korpuset over nynorsk skriftmål, men det har òg ført med seg nokre metodiske utfordringar. For det første blei Nynorskkorpuset i utgangspunktet utvikla for leksikografiske føremål i arbeidet med Norsk Ordbok som eit tillegg til den dokumentasjonen av nynorsk skriftspråk som allereie fanst i

setelarkivet. Eit korpus utvikla med tanke på eit normeringsstudium, ville truleg hatt ein annan profil, men det er likevel eit viktig poeng at denne typen språkvitskaplege verktøy, som det har kravd store ressursar å utvikle, kan nyttast til ulike lingvistiske føremål. Representativitet og balanse har vore sentrale termar i metodediskusjonen, og det er lagt vekt på at aviser og tidsskrift eignar seg særskilt godt som korpusmateriale av di dei er sjangeroverskridande. Gjennomgangen av landsmåls litteraturen i undersøkingsperioden viser at dei mest sentrale forfattarane er representerte i korpuset. Det er også eit viktig poeng at ein morfologisk studie er mindre sjanger-sensitiv enn til dømes ein leksikalsk studie. For det andre er det gjort greie for korleis den manglande tagginga av den eldste delen av Nynorsk korpuset gjer at dei funksjonallitetane som ein vanlegvis finn i moderne korpus, manglar. Dette fører mellom anna til at ein del av konkordansane blir relativt uryddige og ein må bruke lang tid på å reinske og kvalitetssikre konkordansen før ein kan gjøre manuelle utrekningar. Det paradoksale er at denne mangelen så å seie er føresetnaden for denne undersøkinga. Ein viktig grunn til den manglande tagginga er nemleg pre-normstatusen til dei eldste tekstane i korpuset. Den manglande oversikta over den faktiske morfologiske variasjonen i landsmålet gjer det vanskeleg for ein datamaskin å identifisere kva for lemma ein har å gjøre med. I tillegg til å vere eit bidrag til den generelle kunnskapen om morfologisk variasjon i tidleg landsmål kan vonleg resultata frå denne undersøkinga også utnyttast i framtidig arbeid med å tagge og lemmatisere eldre landsmålstekstar.

Ordklassane substantiv, verb, adjektiv og pronomen blir bøygde i kategoriane kjønn, bestemtheit, tal, person og tempus og er derfor relevante å undersøke når ein skal gjøre greie for morfologisk variasjon i eldre landsmål. Utbreiinga av dei stumme konsonantane t, r og d er likevel for seg først i analysen fordi dette trekket omfattar fleire ordklassar og tydeleg var eit så vanskeleg tema i rettskrivningsnemnda at ho delte seg og gav to framlegg til ny rettskriving for skolen. Tabell 7.1 viser om den stumme konsonanten står eller fell i relevante kategoriar i høvesvis Aasen-normalen, Hægstad-normalen og midlandsnormalen. Undersøkinga viser at Garborgs og Flos løysing i midlandsnormalen med utelating av stum konsonant i alle kategoriar hadde minst oppslutning blant skrivarane. Det er i bestemt form eintal av inkjekjønnsord (*huset*) at stum -t står sterkest. Heile 83,5 % av skrivarane heldt på -t i denne kategorien. Ein kan skilje mellom dei tilfella -t står etter -e- og dei tilfella han står etter -a-.

Etter -e- er tendensen at majoriteten av skrivarane held på -t, mens eit fleirtal av skrivarane sløyfar -t når han kjem etter -a-. Det er Hægstad-normalen som best svarar til denne løysinga. Når det gjeld stum medial -r-, vel Hægstad å føre han vidare i alle kategoriar slik tilfellet var i Aasen-normalen. Det er heilt i samsvar med tendensen i materialet i alle kategoriane. Stum -d(-) er berre aktuell i preteritum av *a*-verb. Aasens -ade blei redusert til -a både i Hægstad-normalen og midlandsnormalen, men denne endringa reflekterer ikkje usus. Det reduserte suffikset -a har berre ei utbreiing på 38,2 % i materialet.

Kategorien svake hokjønnsord er den kategorien av alle som er best eigna til å demonstrere morfologisk variasjon i landsmålet. Kategorien fungerer òg godt som kriterium for å plassere tekst i høve til normal ved at det er skilnader på alle plassar i bøyingskjemaet med omsyn til tal og bestemtheit. Formene i Aasen-normalen og Hægstad-normalen følgjer kvarande (sett bort frå forma i bestemt fleirtal, -orna vs. -orne), men står i opposisjon til formene i midlandsnormalen (jf. tabell 6.3). Ubestemt form fleirtal er den einaste kategorien der forma som seinare blei teken opp i midlandsnormalen, har sterkest grunnlag i usus. Bøyingsendinga -ur er brukt i heile 62,6 % av tilfella, mens Aasen- og Hægstad-forma -or har ein bruksfrekvens på 35,8 %. Den same tendensen gjer seg gjeldande i bestemt form fleirtal. Der er det den unormaliserte forma -urne som har høgst bruksfrekvens, og saman med andre suffiksvarietetar med suffiksikal -u- dominerer desse formene materialet med ein bruksfrekvens på 62,7 %. Til samanlikning har Aasen-suffikset -orna ei utbreiing på 15,4 %, men det tilsvarande talet for Hægstad-suffikset -orne er 21,4 % (jf. tabell 7.2). Fleirtalsformene av svake hokjønnsord utgjer på denne måten eit unntak. Midlands-formene har ikkje liknande grunnlag i usus i andre kategoriar.

Hankjønnsorda er ei langt meir homogen gruppe enn hokjønnsorda, og det blir òg speglar i normalane ved at dei jamt over er like i bøyingsmönsteret. Variasjonen er knytt til bortfall av medial -r- i bestemt form fleirtal (til dømes -ane) og innslag av suffiksikal -i- i fleirtal (til dømes -ine). Begge desse trekka representerer midlands-normalen, men viser låg utbreiing i materialet. Formene i Aasen-normalen og Hægstad-normalen har godt grunnlag i usus, jf. tabell 7.3.

Likskapen mellom normalane når det gjeld bøyingsmönsteret for inkjekjønnsord blir reflektert i faktisk språkbruk slik at inkjekjønnsorda står fram som ei endå meir

homogen gruppe enn hankjønnsorda (og hokjønnsorda). I bestemt form fleirtal dominerer *i*-bøyning (*husi*) sterkt (94,8 %), mens *a*-bøyning (*husa*) er lite brukt (5,2 %). Blant dei svake inkjekjønnsorda (*auga*) ser ein ein tendens til at dei blir bøygde på same måte som svake hokjønnsord. Forma *augur* har ein bruksfrekvens på 7,1 % i ubestemt form fleirtal, men normalforma *augo* dominerer stort med ein frekvens på 91,2 %.

Når det gjeld sterke verb, kunne ein mellom anna ut frå normeringshistoria vente ei viss utbreiing av tostava presensformer, men undersøkinga viser at slike former er svært lite utbreidde. Middelverdien for tostava former for dei sju undersøkte klassane er på berre 1,3 %. Etter Aasen-normalen skulle verb bøyast i fleirtal, men prinsippet blei ikkje ført vidare i korkje Hægstad-normalen eller midlandsnormalen. Hægstad gjekk i *Norsk maallæra* (1879) inn for berre å markere fleirtalsformene i presens, og i materialet er desse formene noko meir utbreidde i presens (9,2 %) enn i preteritum (8,0 %). For dei svake verba kan det nemnast at verb med utgang på *-era* i infinitiv, var klassifisert som *a*-verb i normalane, men i faktisk språkbruk i preteritum er bøyningssuffikset *-te* likevel litt meir brukt enn *-a*. I presens er derimot biletet motsett. Her blir denne typen verb i stor grad (94,0 %) bøyd som *a*-verb (*-ar*). Gruppa av verb som i undersøkinga er kalla «verb med bøyning etter to klassar» (*lova* ofl.), blir bøygde som *e*-verb i mange dialektar, men er – til liks med *era*-verba – også klassifiserte som *a*-verb i normalane. Desse verba blir meir eintydig oppfatta som *a*-verb i skrift. Bruksfrekvensen for *-ar* i presens er 97,8 %, mens preteritumssuffiks med *-a(-)* blir brukt i 88,2 % av tilfella. Også når det gjeld verb, er det Hægstad-normalen som har høgast middelverdi for samsvar med den faktiske språkbruken (72,1 %), men i motsetning til substantiva, kjem midlandsnormalen (64,5 %) betre ut enn Aasen-normalen (52,8 %) med omsyn til samsvar med røynda. Det er i første rekke fleirtalsbøyning av verb som gjer at Aasen-normalen får såpass dårleg gjennomslag blant skrivarane.


Ein annan kategori der Aasen-normalen har få tilhengjarar blant landsmålsskrivarane, er adjektivbøyninga. Etter Aasen-normalen skulle adjektivendinga i ubestemt fleirtal femininum, bestemt eintal femininum, og bestemt eintal nøytrum vere *-a* (*stora Bøker*, *den stora Stova*, *det stora Huset*). Aasen var klar over at grunnlaget i dialektane var svakt, og han var sjølv inkonsekvent i bruken. Hægstad følgde ikkje

Aasen på dette punktet og i grunnlagsdokumenta for 1901-normalen er ikkje temaet oppe til diskusjon i det heile. Resultatet av undersøkinga viser då også at denne måten å bøye adjektiv på, har særslitana utbreiing i datamaterialet. Middeltalet for utbreiing for dei tre kategoriane er 1,0 %. Adjektiv på *-sk* var regelrette i Aasen-normalen og fekk lagt til endinga *-t* i nøytrum. Nasjonalitetsadjektiva (*norsk, fransk*) representerte likevel eit unntak frå denne regelen hos Aasen. Etter Hægstad-normalen skulle ingen adjektiv på *-sk* ha nøytrumsending. Resultata frå denne delen av undersøkinga viser at skrivarane heller ikkje på dette punktet følgjer Aasen-normalen. Nøytrumsmarkering av vanlege adjektiv på *-sk* har ein bruksfrekvens på berre 14,8 %, mens det ved nasjonalitetsadjektiva, altså den gruppa der Aasen rådde frå å markere nøytrum, er brukt *-t* i heile 60,8 % av tilfella. Også adjektiv på *-leg* oppfatta Aasen som regelrette slik at han skreiv *-t* både i attributiv og elles. Etter Skard (1901), som byggjer på 1901-normalen, skulle ein berre markere nøytrum i attributiv funksjon (*eit tydelegt Teikn*). Korpusundersøkinga viser at nøytrumsmarkering i attributiv funksjon har ei utbreiing på 90,7 %, mens nøytrumsmarkeringa i andre funksjonar er brukt i 47,9 % av tilfella. Differensieringa etter funksjon i 1901-normalen har slik sett godt grunnlag i usus. Reknar ein middelverdi for samsvar med normalane, får ein stadfesta at det er i adjektivbøyninga at skrivarane i minst grad følgjer Aasen-normalen. Verdien for samsvar med Aasen-normalen er på berre 21,5 %, mens Hægstad-normalen og midlandsnormalen har ein middelverdi for samsvar med usus på 75,8 %.

Til sist er somme pronomenkategoriar undersøkte med tanke på morfologisk variasjon. Vekslinga mellom *me* og *vi* som personleg pronomen første person fleirtal er strengt teke ikkje morfologisk variasjon, men er likevel målt. Bruksfrekvensen for *me* er på 97,8 %. I tredje person fleirtal differensierte Aasen mellom subjektsform og avhengig form (*dei* og *deim*) og Hægstad førte dette skiljet vidare, mens det i midlandsnormalen blei opna for å skrive *dei* også som avhengig form. Her viser det seg at Hægstad er i utakt med usus då *dei* som avhengig form har ein bruksfrekvens på 71,6 %. I tredje person eintal maskulinum og femininum er bruken av *han* vs. *honom* og *ho* vs. *henne* undersøkt. Både i Aasen-normalen og Hægstad-normalen var *honom* og *henne* dei einaste tillatne avhengige formene, men allereie i Eskeland (1902), som hadde status som godkjend rettskriving, er *han/ho* førte opp som tillatne avhengige former ved sida av *honom/henne*. Resultatet i denne kategorien står i

motsetning til resultatet i tredje person fleirtal. Her er det dei markerte avhengige formene som er mest brukte. Bruksfrekvensen for *honom* er på 56,8 % og på 60,2 % for *henne*. Når det gjeld formene i eintal, treffer dermed Hægstad betre målt mot usus.

På same måte som det er rekna middelverdi i dei ulike ordklassane for graden av samanfall med former i Aasen-normalen, Hægstad-normalen og midlandsnormalen, kan ein leggje saman resultata for alle dei undersøkte kategoriane som er relevante for å differensiere mellom normalane. Då får ein eit tal på i kva grad heile normalen harmonerer med den faktiske bruken (usus). Resultatet av ei slik måling er vist i figur 7.2.



*Figur 7.2 Oversikt over i kva grad landsmålstekstar i perioden 1870–1901 svarar til dei ulike normalane*

Det er i alt 50 ulike kategoriar som ligg til grunn for dette resultatet. Oversikta viser at dei undersøkte korpustekstane ligg nærmast Hægstad-normalen med omsyn til bøyingsmorfem i dei undersøkte kategoriane. Middelverdien for samsvar med Hægstad-normalen er på 69,7 %, deretter følgjer Aasen-normalen med ein samsvars-

prosent på 55. Midlandsnormalen svarar dårlegast til den faktiske bruken med ein middelverdi for samsvar på 50,4 %.

Desse resultata underbyggjer påstanden om at Hægstad la stor vekt på usus som standardiseringsprinsipp då han forma ut den første offisielle normalen for landsmålet. Andre standardiseringsprinsipp som har vore diskuterte i denne undersøkinga, er det etymologiske prinsippet og prinsippet om morfologisk eintydigheit. Desse prinsippa er i hovudsak brukte i forklaringa av ein del former i Aasen-normalen, særleg former i Aasen-normalen som i sterk grad braut med former i samtidstalemåla. På nokre punkt, til dømes når det gjeld dei stumme konsonantane (særleg medial -r-), blei slike prinsipp ført vidare i Hægstad-normalen. Men fordi desse formene hadde så stor utbreiing at dei må seiast å vere ein del av usus, blir dei først og fremst tekne til inntekt for ususprinsippet. Det pedagogiske prinsippet har vore nemnt (rett nok som eit ekstralengvistisk prinsipp), ikkje minst fordi mykje av motivasjonen bak 1901-normalen var at landsmålet blei skolespråk. Hægstad brukte dette argumentet i nokre tilfelle når han syntest at rettskrivingsframlegg til Garborg og Flo blei så vanskeleg at ein ikkje kunne vente at elevane ville kunne lære seg systemet. I kva grad desse andre prinsippa har styrt 1901-normalen, er likevel vanskeleg å måle.

# Summary in English

---

The aim of this work is to chart the morphological variation in Landsmål (the early stage of Nynorsk, one of the two official written languages in Norway) in a period before the first official standardization of the language from government authority in 1901. Until now there has been no exhaustive account of the early stage of Landsmål when it comes to morphological variation. The history of early Landsmål is largely built on the impression researchers have gained by reading literature from the period and through secondary sources such as glossaries, dictionaries and grammars. Even though Ivar Aasens dictionary from 1873 certainly was a guideline for people writing Landsmål before 1901, both groups and individuals argued for alternative versions of Landsmål. Such alternative versions were also presented in several important publications. Early Landsmål must be characterized as a heterogeneous language.

The empirical data in this work are texts from the period 1870–1901 in a corpus developed by Unit for Digital Documentation at the University of Oslo called Nynorskkorpuset ('the Nynorsk corpus'). All searches in the Nynorsk corpus are restricted to include texts from the examination period only. By doing so, these oldest texts constitute a sub-corpus of about 2.5 million words and is referred to as the Landsmål corpus. The texts that constitute the Landsmål corpus, are examined in terms of morphological variation, and the results of the analysis of about 50 different grammatical categories give an impression of what Landsmål actually looked like before the first standardization in 1901. In other words, we get an accurate description of how Landsmål was created regarding morphological variation and the expansion of forms that finally constituted the official norm. The study also reveals that new morphological variants, hybrid forms, which are not part of the standardization in question, occur.

Morphological variation in this context implies variation in the conjugation suffix in relevant parts of speech. The morpheme term is thus constrained only to gram-

matical morphemes. This is a practical approach when the aim is to describe the variation in conjugation morphemes and not to discuss linguistic theory. Changes in the stem, as a result of a conjugation, is not discussed to any great extent in this work.

In the Norwegian standard work on language standardization (Vikør 2007), the author elaborates that new language technology is an untapped resource in language planning and that a scientific treatment must come in this area too (2007:10). This work attempts to remedy this lack. In linguistics, there has always been large amounts of data, millions of words. It has nevertheless been difficult to take advantage of this before the era of the computer and adapted software. Such an amount of empirical data cannot be dealt with without the help of computers. The most important consequence of this innovation is that one may base one's research on hard facts and not on intuition. This connection between computer science and linguistics also has positive effects on standardization.

This work is a *corpus-based study*. It means that the use of corpus is attached to the method in the sense that the corpus texts, which constitute the empirical data in the survey, is machine-readable and thus searchable. The survey pretends in no way to create new tools by developing subtleties in existing corpus or even develop a new corpus. An ideal corpus should cover all written texts from the period in question, and thus include the whole range of written variants in a population at the given period. However, this is – in most cases – simply not possible. Thus, a linguistic corpus is never representative in a narrow statistical sense, but is – in most cases – a matter of available text selection. At the present time, there is no objective way to measure representativeness in a corpus (McEnery et al. 2006); on the contrary, in order to do so, one must consider the corpus texts compared to the total amount of published texts in the language community during the actual period of time. One should account for the genres used and the extent to which this has been done. According to McEnery et al. (2006), it is only by considering the research questions that one is able to determine whether a corpus is suitably representative.

In the 1890s an increasing number of schools began using Landsmål as their written language of instruction. When contemplating the unofficial status of the Aasen standard and the increasing use of other standards by a certain number of writers, it

became necessary for the authorities to decide upon an official standard. Consequently, in 1898 the ministry appointed a committee with the members Arne Garborg, Rasmus Flo and Marius Hægstad whose task was to develop a proposal for a new standard. The committee's resulting proposal (*Framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne*) ['Proposal for spelling rules of Landsmål in schools'] was divided; however, the ministry decided to adopt Marius Hægstad's proposal. Thus, the first official standard of *Landsmål* was the Hægstad standard adopted in 1901. The other proposal, known as the Midland standard (because of its attachment to the dialect of Western Telemark), was allowed for use in school. The reform documents which form the basis of the new standard are important sources both to the knowledge of early *Landsmål* and the knowledge of the principles behind the standardization.

Chapter 2 gives an overview of *Landsmål* literature in the second half of the nineteenth century emphasizing the publications covered in the *Landsmål* corpus. The overview is mainly chronological, but the genres literacy textbooks and fiction are discussed separately. The chapter is closed by an assessment of how the corpus texts reflect the *Landsmål* literature in the period. The conclusion is that the most central *Landsmål* writers are represented in the corpus through texts in both the newspapers *Fedraheimen* and *Den 17de Mai* and the journal *Syn og Segn*. In addition, the two literacy textbooks in the corpus ensure good representation of leading *Landsmål* writers before 1901. The distribution of genres is discussed and the customary publishing of fiction in newspapers like *Fedraheimen* and *Den 17de Mai* is emphasized. The role of the *Landsmål* writers as frequent debaters of social issues and politics in the newspapers. Another important advantage by using newspapers as empirical data for this kind of study is that newspapers intercept the writing of ordinary people through readers' letters. As a written language, *Landsmål* still found itself in a linguistic melting pot and was therefore limited to relatively few printed publications. Thus, the editing of newspapers was a great opportunity to affect various cultural aspects, including the language standard. According to Stegane (1987), printed publications like *Den 17de Mai* and *Syn og Segn* were best suited to accomplish this. This section is a backdrop for the discussion of representativeness in chapter 5. In order to assess whether and to what extent the selection may represent the entirety, one must form an impression of the entirety.

In chapter 3 the three written standards which have been the natural basis for comparison for usage in the period 1870–1900 are presented: the Aasen standard, the Hægstad standard and the Midland standard. These three standards are not quite in accordance with regard to duration of application, neither do they have the same status. Two of them – the Hægstad standard and the Midland standard – were even launched after the period examined in this work. Nevertheless, they are useful as reference points in the description of the writers' preferences in regard to choice of forms. The three different standards are also used in a model where they constitute the three points in a triangle to visualize the distribution of conjugation morphemes in a specific grammatical category. With respect to this it is important to clarify background and content on a more general basis than in the analysis (chapter 6). The Hægstad standard is given most space by far in this section.

In the theory section (chapter 4) the theoretical key terms in the study are discussed. One of the central key terms is *the principle of usage* which is defined as standardization governed by the accepted and established written language. In this work the morphological variation is identified and quantified. Based on these findings one can decide to what extent the principle of usage formed the basis of the work for the 1901 standard. In language planning, according to Vikør (2007: 180 f), the principle of usage primarily was an ideal in the standardization of Riksmål (a conservative version of Bokmål), but Hægstad himself (one of the central standardizers) pointed out that he had examined the literature when working on the proposal for the new written standard. Sandøy (2003, 2005a, 2005b) advocates a critical attitude towards the principle of usage in modern language planning by saying that this principle gives more power to undemocratic and private standardizers in the media. Usage does not show us how the standardized written language should be or how people want it to be, it shows us how hegemonic forces in media practise their power. The answer to this criticism is emphasizing the importance of balance and representativeness when using corpuses in language planning. Regardless of this discussion there is a great difference between using the principle of usage as a driving force in the compilation of a new written standard and using the principle in the analysis of a closed historical event like examining an earlier language reform.

By comparing real language use with the 1901 standard (i.e. the Hægstad standard and the Midland standard) on the one hand, and the Aasen standard on the other hand, it is possible to place the real language use in a virtual triangle with these three standards as the extreme points. According to the analysis, written Landsmål in the period 1870–1900 shows the highest correspondence with the Hægstad standard. Based on the results of the analysis it is possible to deduce which language planning principles seem to have been at issue when Landsmål got its first official written standard.

In chapter 5 the method used in the survey is more closely explained and central issues regarding a corpus-based standardization study are discussed. The term *corpus* is defined as a collection of machine-readable texts or speech compiled with a scientific purpose, and several examples are given to illustrate that corpuses can be employed in different linguistic fields. Strengths and weaknesses of corpus-based studies are discussed in the light of the concepts *representativeness* and *balance*. A total account of texts in the Landsmål corpus is also given. A discussion of to what extent the Landsmål corpus can be said to represent the imagined quantity «all texts in Landsmål published in the period 1870–1900» is at the centre of attention in this chapter. Furthermore, a tabular overview of the linguistic variables which are examined more closely in the analysis in chapter 6 is given. The discussion reveals weaknesses regarding both representativeness and balance in the Landsmål corpus. At this early stage of the Landsmål history the language was not taken into use in all fields in society and in that regard it is impossible to meet a demand of variation in genres described for instance in Atkins et al. (1992). Besides this, a secondary aim with this study has been to demonstrate the potential of the Landsmål corpus as a tool for the investigation of different linguistic purposes. The conclusion is in line with Atkins et al. (1992) when they claim that «[i]t would be short-sighted indeed to wait until one can scientifically balance a corpus before starting to use one, and hasty to dismiss the results of corpus analysis as ‘unreliable’ or ‘irrelevant’ because the corpus used cannot be proved to be ‘balanced’».

In chapter 6 the morphological variation is examined by part of speech in the order nouns, verbs, adjectives and pronouns: But first the use of silent consonants in conjugation morphemes is scrutinized. There are several reasons for this. In *Framlegg*

*til skrивереглар for landsmaale i skularne* (Hægstad et al. 1899), there is a comprehensive discussion of the silent consonants and they have clearly been an important topic among the members of the spelling reform committee. A different view on the destiny of the silent consonants was also an important reason why the committee split in two. When making a survey to determine which standard that are closest to the actual use, the silent consonants are an important indicator: the Aasen tradition represented by Hægstad, who to a certain extent wants to retain silent consonants in conjugation morphemes, on one side, and the midland tradition represented by Garborg and Flo, who advocate cutting these consonants in all categories on the other. Regarding the silent consonants, the Hægstad standard shows the highest correspondence to real language use. In 58.7 % of all cases the corpus texts follow principles accepted by the Hægstad standard.

Weak feminine nouns is perhaps the best grammatical category to demonstrate the variation in conjugation morphemes in Landsmål. In this category, there are several important differences between the Aasen standard, the Hægstad standard and the Midland standard, and furthermore the variation in form is huge in this category when it comes to actual language use. Comparing the three standards with respect to weak feminine nouns shows differences in every part of the conjugation scheme in number and definiteness. The Aasen standard and the Hægstad standard are equal except in definite plural (*-orna* vs. *-orne*). The forms in plural are especially interesting. Indefinite plural is the only category where the form which was later taken into the Midland standard, is the most frequently used form. The conjugation morpheme *-ur* has a usage frequency of 62.6 % while the Aasen- and Hægstad morpheme *-or* is used in 35.8 % of the instances. The same tendency is to be found in definite plural. The unstandardized form *-urne* has the highest frequency of use, considerably higher than the Hægstad suffix *-orne* and Aasen suffix *-orna*. The suffix *-urne* together with other suffix variants with suffix vocal *-u-*, dominate the corpus texts with a usage frequency of 62.7 %. Also, in this category a conjugation suffix without medial *-r-* to some extent characterize the overall picture. The suffix *-une* was later taken into the Midland standard with a usage frequency of 10.3 %. Although weak feminine nouns show low correspondence with the Hægstad and Aasen standard, it is still the Hægstad standard which shows the highest correspondence rate in actual language use (68.4 %). In addition, the study of the feminine nouns

reveals the huge diversity of forms which characterize Landsmål in the period. For instance, there are 16 different variants of the conjugation suffix in definite plural of strong feminine nouns.

Chapter 7 is a recapitulation where the results are presented in commented tables with exhaustive surveys of varieties in each grammatical category. The distribution of each variety in the corpus texts are quantified in terms of percentage.

To meet the requirements for documentation of scientific results, both search strings and concordances have been made accessible. Search strings in all categories being at the bottom are listed in appendix 1. The concordances resulting from the searches are in many cases very comprehensive, so it was impractical and not expedient to publish them in paper version. Concordance is therefore made electronically accessible to members of the commission. Other interested parties may get the concordances by contacting the author.



# Tillegg Søkjestrenger

---

## 1 Determinativ *det/dat* vs. *de*

[word="(det|dat|de)"] [word="er"&ref="SS.18.\* | Fedrah.18.\* | Janson(T|DB|FI).\* | Niels.\* | Austl.\* | Den17Mai.18.\* | Ga.Mort.LNF.\*"]

## 2 Bestemt form eintal inkjekjønnsord

[word="(H|h)(aa|å)r(e|et)|(O|o)rd(e|et)|(B|b)rev(e|et)"&ref="SS.18.\* | Fedrah.18.\* | Janson(T|DB|FI).\* | Niels.\* | Austl.\* | Den17Mai.18.\* | Ga.Mort.LNF.\*"]

## 3 Bestemt form eintal av tostava inkjekjønnsord på -a

[word="(H|h)jart(at|a|e|et)"&ref="SS.18.\* | Fedrah.18.\* | Janson(T|DB|FI).\* | Niels.\* | Austl.\* | Den17Mai.18.\* | Ga.Mort.LNF.\*"]

## 4 Nøytrum av adjektiv på -en

[word="op(e|et)|vaks(e|et)|skit(e|et)|slit(e|et)|mog(e|et)|lit(e|et)|lunk(e|et)"&ref="Fedrah.18.\* | Den17Mai.18.\* | SS.18.\* | Janson(T|DB|FI).\* | Niels.\* | Austl.\* | Ga.Mort.LNF.\*"]

## **5 Supinum av sterke verb**

[word="(har|hev)"] [ ] {0,4} [word="tek.\*|far.\*|skriv.\*|funn.\*|les.\*" & ref="SS.18.\*|Fedrah.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Den17Mai.18.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **6 Supinum av *a*-verb**

[word="(har|hev)"] [ ] {0,1}[word="kasta.\*|takka.\*|vakna.\*|venta.\*|vona.\*|kosta.\*|vanta.\*|bruka.\*|byrja.\*|elska.\*|fanga.\*|hugsa.\*|kalla.\*|lova.\*|samla.\*|verka.\*|v(å|aa)ga.\*|svara.\*|r(aa|å)ka.\*|auka.\*|fiska.\*|freista.\*|ropa.\*|plukka.\*|preika.\*|rekn a.\*|truga.\*|klaga.\*|tala.\*|skildra.\*|skaffa.\*|stansa.\*|berga.\*|b(e|i)tala.\*|blanda.\*|laga.\*|sakna.\*|forklara.\*|forsvara.\*|fostra.\*|herja.\*|smaka.\*|lengta.\*|minka.\*|ne(g|k)ta.\*|ofra.\*|skipa.\*|skapa.\*|slutta.\*|teikna.\*|granska.\*|straffa.\*|vitja.\*" & ref="SS.18.\*|Fedrah.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Den17Mai.18.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **7 Pronomenformer (*kvat, annat, nokot*)**

[word="(kva|kvat|anna|annat|noko|nokot)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **8 Hankjønnsord på *-ar* bestemt form fleirtal**

[word="(L|l)aerar(arne|anne|ane|ne)|(B|b)akar(arne|anne|ane|ne)|(R|r)omar(arne|anne|ane|ne)|(I|i)ndianar(arne|anne|ane|ne)|(B|b)akar(arne|anne|ane|ne)|(F|f)iskar(arne|anne|ane|ne)" & ref="SS.18.\*|Fedrah.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Den17Mai.18.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **9 Hankjønnsord type *hest* bestemt form fleirtal**

[word="(H|h)est(arne|ane|anne|ann|an|adn)|(G|g)ut(arne|ane|anne|ann|an|adn)|(G|g)ard(arne|ane|anne|ann|an|adn)|(F|f)ugl(arne|ane|anne|ann|an|adn)|(D|d)ag(arne|ane|anne|ann|an|adn)|(T|t)ank(arne|ane|anne|ann|an|adn)|(S|s)kul(arne|ane|anne|ann|an|adn)|(P|p)rest(arne|ane|anne|ann|an|adn)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **10 Hankjønnsord type *kvist/fot* bestemt form fleirtal**

[word="(K|k)vist(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(G|g)jest(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(S|s)a(u|ud)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(G|g)ris(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(S|s)ek(k|kj)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(S|s)tad(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(Ø|ø)y(kj|k)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(B|b)ek(kj|k)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(V|v)eg(gj|g)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(B|b)en(kj|k)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(D|d)r(y|i)k(kj|k)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(R|r)yg(gj|g)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(D|d)ren(gj|g)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(S|s)tren(gj|g)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(V|v)en(gj|g)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(S|s)len(gj|g)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(L|l)ek(kj|k)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(S|s)kjen(kj|k)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(H|h)yl(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(V|v)i(e)n(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(S|s)(e|i)d(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(G|g)on(g|gj)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)|(F|f)lek(k|kj)(an-

ne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)((L|l)eg(gj|g)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)((K|k)leg(gj|g)(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)((føt(a|nn|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)((søn(anne|a|nn|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)((negl(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)((bønd(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)((menn(anne|ann|ane|ad.\*|arne|arna|erne|erna|ene|enne|ed.\*|ir.\*|in.\*|id.\*)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"])

## 11 Svake hokjønnsord bestemt form fleirtal

[word=".\*(v|V)is(one|onne|onn|une|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(G|g)jent(one|onne|onn|une|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(S|s)og(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(G|g)(aa|å)v(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(S|s)tov(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(S|s)id(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(K|k)on(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(K|k)on(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(G|g)at(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(G|g)reid(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(L|l)ist(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(k|K)yrkj(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(D|d)am(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(P|p)røv(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(V|v)ik(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(g|G)led(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(K|k)(aa|å)p(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(F|f)ask(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)|.\*(B|b)yrs(one|onne|onn|une|unne|unn|un|udn|ene|enne|enn|ane|anne|ann|adn)" & ref="SS.18.\*|Fedrah.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Den17Mai.18.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

[word=".\*(v|V)is(orna|orne|urne|urna)|.\*(G|g)jent(orna|orne|urne|urna)|.\*(S|s)o  
g(orna|orne|urne|urna)|.\*(G|g)(aa|å)v(orna|orne|urne|urna)|.\*(S|s)tov(orna|orne  
|urne|urna)|.\*(S|s)id(orna|orne|urne|urna)|.\*(K|k)on(orna|orne|urne|urna)|.\*(G|  
g)at(orna|orne|urne|urna)|.\*(G|g)reid(orna|orne|urne|urna)|.\*(L|l)ist(orna|orne|  
urne|urna)|.\*(k|K)yrkj(orna|orne|urne|urna)|.\*(D|d)am(orna|orne|urne|urna)|.\*(  
P|p)røv(orna|orne|urne|urna)|.\*(V|v)ik(orna|orne|urne|urna)|.\*(g|G)led(orna|orn  
e|urne|urna)|.\*(K|k)(aa|å)p(orna|orne|urne|urna)|.\*(F|f)lask(orna|orne|urne|urn  
a)|.\*(B|b)yrs(orna|orne|urne|urna)" & ref="SS.18.\*|Fedrah.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*  
|Niels.\*|Austl.\*|Den17Mai.18.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 12 Sterke hokjønnsord bestemt form fleirtal

[word="(S|s)k(aa|å)l(e.\*|a.\*|i.\*)|(G|g)rend(e.\*|a.\*|i.\*)|(T|t)id(e.\*|a.\*|i.\*)|(B|b)øk  
(e.\*|a.\*|i.\*)|(H|h)end(e.\*|a.\*|i.\*)|(N|n)æt(e.\*|a.\*|i.\*)|(B|b)ygd(e.\*|a.\*|i.\*)|(S|s)a  
k(e.\*|a.\*|i.\*)|(S|s)ky(e.\*|a.\*|i.\*)|(G|g)rein(e.\*|a.\*|i.\*)|(S|s)ynd(e.\*|a.\*|i.\*)|(M|m  
)ark(e.\*|a.\*|i.\*)|(R|r)ad(e.\*|a.\*|i.\*)|(B|b)ru(e.\*|a.\*|i.\*)|(L|l)id(e.\*|a.\*|i.\*)|(R|r)øt  
(e.\*|a.\*|i.\*)|(S|s)en(g|gj)(e.\*|a.\*|i.\*)|(S|s)trend(e.\*|a.\*|i.\*)|(T|t)enn(e.\*|a.\*|i.\*)|(T|t)r(a|o)pp(e.\*|a.\*|i.\*)|(T|t)uft(e.\*|a.\*|i.\*)|(F|f)erd(e.\*|a.\*|i.\*)|(V|v)ogn(e.\*|a.\*  
|i.\*)|(V|v)on(e.\*|a.\*|i.\*)|(G|g)(j)eit(e.\*|a.\*|i.\*)|(R|r)øyst(e.\*|a.\*|i.\*)|(D|d)(ø|y)r(e  
.\*)|(M|m)a(g|k)t(e.\*|a.\*|i.\*)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|J  
anson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 13 Preteritum av a-verb

[word="kasta.\*|takka.\*|byrja.\*|tala.\*" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|  
Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 14 Svake hokjønnsord ubestemt form eintal

[word="ei"][]{0,4}[word=".\*(v|V)is(a|e)|.\*(G|g)jent(e|a)|.\*(S|s)og(a|e)|.\*(G|g)(aa|å  
)v(e|a)|.\*(S|s)tov(e|a)|.\*(S|s)id(e|a)|.\*(K|k)on(e|a)|.\*(G|g)at(e|a)|.\*(G|g)reid(e|a)

|.\*(L|l)ist(e|a)|.\*(k|K)yrkj(e|a)|.\*(D|d)am(e|a)|.\*(P|p)røv(e|a)|.\*(V|v)ik(e|a)|.\*(g|G)led(e|a)|.\*(K|k)(aa|å)p(e|a)|.\*(F|f)lask(e|a)|.\*(B|b)yrs(e|a)" & ref="Fedrah.18.\*" | Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## Svake hokjønnsord ubestemt form eintal – jamvektsord

[word="ei"][]{0,4}[word=".\*(S|s)og(a|e|u)|.\*(V|v)ik(e|a|u)|.\*(F|f)lug(a|e|u)|.\*(S|s)kiv(a|e|u)|.\*(F|f)ur(a|e|u)|.\*(S|s)kor(a|e|u)|.\*(K|k)ak(a|e|u)" & ref="Fedrah.18.\*" | Den17Mai.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 15 Svake hokjønnsord ubestemt form fleirtal

[word="(G|g)jent(or|ur|er|ar|ir)|(S|s)og(or|ur|er|ar|ir)|(G|g)(aa|å)v(or|ur|er|ar|i r)|(S|s)tov(or|ur|er|ar|ir)|(S|s)id(or|ur|er|ar|ir)|(K|k)on(or|ur|er|ar|ir)|(G|g)at(o r|ur|er|ar|ir)|(G|g)reid(or|ur|er|ar|ir)|(k|K)yrkj(or|ur|er|ar|ir)|(D|d)am(or|ur|er |ar|ir)|(V|v)ik(or|ur|er|ar|ir)|(g|G)led(or|ur|er|ar|ir)|(K|k)(aa|å)p(or|ur|er|ar|ir) |(F|f)lask(or|ur|er|ar|ir)|(B|b)yrs(or|ur|er|ar|ir)" & ref="Fedrah.18.\*" |Den17Mai.1 8.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 16 Svake hokjønnsord bestemt form eintal

[word="(G|g)jent(a|o|aa|å|u|i)|(S|s)og(a|o|aa|å|u|i)|(G|g)(aa|å)v(a|o|aa|å|u|i)|(S|s)tov(a|o|aa|å|u|i)|(S|s)id(a|o|aa|å|u|i)|(K|k)on(a|o|aa|å|u|i)|(G|g)at(a|o|aa |å|u|i)|(G|g)reid(a|o|aa|å|u|i)|(L|l)ist(a|o|aa|å|u|i)|(k|K)yrkj(a|o|aa|å|u|i)|(D| d)am(a|o|aa|å|u|i)|(V|v)ik(a|o|aa|å|u|i)|(K|k)(aa|å)p(a|o|aa|å|u|i)|(F|f)lask(a|o |aa|å|u|i)|(B|b)yrs(a|o|aa|å|u|i)" & ref="Fedrah.18.\*" |Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Jan son(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 17 Sterke hokjønnsord bestemt form eintal

[word="tid(i|a|e|o|æ|å)|bo(k|kj)(i|a|e|o|æ|å)|sa(k|kj)(i|a|e|o|æ|å)|bygd(i|a|e|o|æ|å)|hand(i|a|e|o|æ|å)|sk(aa|å)l(i|a|e|o|æ|å)|grend(i|a|e|o|æ|å)|n(a|o)tt(i|a|e|o|æ|å)|sky(i|a|e|o|æ|å)|grein(i|a|e|o|æ|å)|synd(i|a|e|o|æ|å)|mar(k|kj)(i|a|e|o|æ|å)|rad(i|a|e|o|æ|å)|bru(i|a|e|o|æ|å)|lid(i|a|e|o|æ|å)|rot(i|a|e|o|æ|å)|sen(g|gj)(i|a|e|o|æ|å)|str(a|o)nd(i|a|e|o|æ|å)|t(a|o)nn(i|a|e|o|æ|å)|tr(a|o)pp(i|a|e|o|æ|å)|tuft(i|a|e|o|æ|å)|ferd(i|a|e|o|æ|å)|vogn(i|a|e|o|æ|å)|von(i|a|e|o|æ|å)|(gj|g)eit(i|a|e|o|æ|å)|røyst(i|a|e|o|æ|å)|ma(g|k)t(i|a|e|o|æ|å)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 18 Sterke hokjønnsord ubestemt form fleirtal

[word="tid(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|bø(k|kj)(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|sa(k|kj)(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|bygd(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|hend(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|sk(aa|å)l(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|grend(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|n(a|o)tt(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|sky(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|grein(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|synd(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|mar(k|kj)(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|rad(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|bru(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|lid(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|røt(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|sen(g|gj)(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|st(r(e|o)nd(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|t(e|o)nn(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|tr(a|o)pp(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|tuft(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|ferd(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|vogn(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|von(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|(gj|g)eit(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|røyst(er|ir|ar|ur|or|ær|år)|ma(g|k)t(er|ir|ar|ur|or|ær|år)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 19 Hankjønnsord type *hest, bakke* ubestemt form fleirtal

[word="(H|h)est(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(K|k)on(ung|g)(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(G|g)ard(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(F|f)ugl(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(T|t)ank(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(S|s)kul(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

|ær|a|e|i|o|u|æ)|(P|p)rest(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 20 Hankjønnsord type *kvist*, fot ubestemt form fleirtal

[word="(K|k)vist(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(G|g)jest(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(S|s)a(u|ud)(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)(S|s)ek(kj|k)(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(V|v)eg(g|gj)(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(B|b)en(k|kj)(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(S|s)tren(g|gj)(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(V|v)en(g|gj)(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(V|v)(e|i)n(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(G|g)on(g|gj)(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(F|f)øt(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(S|s)øn(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(N|n)egl(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)|(B|b)ønd(ar|er|ir|or|ur|ær|a|e|i|o|u|æ)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 21 Svake inkjekjønnsord ubestemt form fleirtal

[word="(A|a)ug(o|a|on.\*|or.\*|un.\*|ur.\*|e.\*)|(H|h)jart(o|a|on.\*|or.\*|un.\*|ur.\*|e.\*)|(\Ø|ø)yr(o|a|on.\*|or.\*|un.\*|ur.\*|e.\*)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 22 Sterke Inkjekjønnsord bestemt form fleirtal

[word="(B|b)rev(i|a)|(AA|aa|Å|å)r(a|i)|(O|o)rd(a|i)|(H|h)us(a|i)|(F|f)jell(a|i)|(E|e)pl(a|i)|(E|e)mn(a|i)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **23 Svake nøytrum bestemt form fleirtal**

[word="(A|a)ug(o|a|on.\*|or.\*|un.\*|ur.\*|e.\*)|(H|h)jart(o|a|on.\*|or.\*|un.\*|ur.\*|e.\*)|(\Ø|ø)yr(o|a|on.\*|or.\*|un.\*|ur.\*|e.\*)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **24 Infinitiv av verb, overvekt**

[word="aa|å"] [word="skriv(a|e)|send(a|e)|ten(kj|k)(a|e)|kast(a|e)|finn(a|e)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **25 Infinitiv verb, jamvekt**

[word="aa|å"] [word="ver(a|e)|far(a|e)|v(e|i)t(a|e)|kom(a|e)|les(a|e)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **26 Presens av sterke verb**

### 1. klasse

[word="bit|biter|driv|driver|skrik|skriker|skriv|skriver|stig|stiger" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### 2. klasse

[word="skytt|skyter|skjyt|skjyter|syg|syger|sug|suger|tyt|tyter|stryk|stryker|ryk|raker|kryp|kryper|fyk|fyker|frys|fryser|flyt|flyter|bryt|bryter" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### 3. klasse

[word="bed|beder|drikk|drikker|finn|finner|gjev|gjever|kling|klinger|kved|kveder|les|leser|sit|siter|spinn|spinner|spring|springer|stikk|stikker|vinn|vinner" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### 4. klasse

[word="et|eter|ligg|li(gg|ggj)er" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### 5. klasse

[word="kjem|kjemer|syng|syn(g|gj)er|søv|søver|treng|tren(g|gj)er|tygg|ty(gg|gj)er" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### 6. klasse

[word="dreg|dreger|grev|grever|stend|stender|tek|teker|veks|vekser|vev|vever" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### 7. klasse

[word="blæs|blæser|gjeng|gjenger|græt|græter" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 27 Supinum av svake verb med *-dde* i preteritum

[word="budd|butt|grodd|grott|naadd|naatt|saadd|saatt|snudd|snutt|spaadd|spatt|trudd|trutt" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **28 Presens av verb på -era**

[word="agiter(ar|er)|dikter(ar|er)|lever(ar|er)|proklamer(ar|er)|protester(ar|er)|regjer(ar|er)|repr(e|æ)senter(ar|er)|spaser(ar|er)|studer(ar|er)|telegrafer(ar|er)|adresser(ar|er)|akeder(ar|er)|appeller(ar|er)|diskuter(ar|er)|eksploder(ar|er)|eksperder(ar|er)|gratuler(ar|er)|interesser(ar|er)|jubiler(ar|er)|komander(ar|er)|konfirmer(ar|er)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **29 Preteritum verb på -era**

[word="agiter(a|te)|dikter(a|te)|lever(a|te)|proklamer(a|te)|protester(a|te)|regjer(a|te)|repr(e|æ)senter(a|te)|spaser(a|te)|studer(a|te)|telegrafer(a|te)|adresser(a|te)|akeder(a|te)|appeller(a|te)|diskuter(a|te)|eksploder(a|te)|eksperder(a|te)|gratuler(a|te)|interesser(a|te)|jubiler(a|te)|komander(a|te)|konfirmer(a|te)|autoriser(a|te)|dater(a|te)|demonstrer(a|te)|garanter(a|te)|kommenter(a|te)|konverser(a|te)|kreper(a|te)|kvitter(a|te)|marser(a|te)|resigner(a|te)|sorter(a|te)|takser(a|te)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## **30 Verb med bøyning etter to klassar**

### Presens

[word="ropar|roper|svarar|svarer|lovar|lover" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### Preteritum

[word="ropa|ropad|ropade|ropte|svara|svarad|svarade|svarte|lova|lovad|lovade|lovte" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## Perfektum

[word="ropat|ropa|ropt|svarat|svara|svart|lovat|lovad|lova|lovt|lovd"& ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## Verbgruppe II (stammeutg. på -t/-tt), presens

[word="beit(e|a)r|fest(e|a)r|flytt(e|a)r|gift(e|a)r|lyft(e|a)r|skift(e|a)r|smett(e|a)r|skvett(e|a)r|velt(e|a)r|" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

## 31 Fleirtalsbøyning av verb

### Presens 1

[word="(me|vi|dei)"] [ ] {0,2} [word="dreg|f(aa|å|æ)r|finn|gjeng|gjev|ligg|tek|kjem" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### Presens 2

[word="(me|vi|dei)"] [ ] {0,2} [word="draga|f(aa|å)|finna|ganga|gjeva|liggja|taka|komma" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### Preteritum 1

[word="(me|vi|dei)"] [ ] {0,2} [word="drog|fekk|fann|gjekk|gav|l(aa|å)g|tok|kom" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### Preteritum 2

[word="(me|vi|dei)"] [ ] {0,2} [word="drogo|fingo|funno|gingo|g(aa|å)vo|l(aa|å)go

|toko|komo" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### **32 Adjektiv bestemt eintal femininum og bestemt eintal nøytrum**

[word="fin(e|a)|lang(e|a)|stor(e|a)|rik(e|a)|veik(e|a)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### **33 Adjektivet *mykje***

[word="(M|m)yk.\*" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### **34 Adjektiv på -sk**

Nasjonalitetsadjektiv

[word="nors(k|kt)|dans(k|kt)|svens(k|kt)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

Ikkje-nasjonalitetsadjektiv

[word="politis(k|kt)|morals(k|kt)|elektris(k|kt)|historis(k|kt)|demokratis(k|kt)|praktis(k|kt)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### **35 Adjektiv på -leg**

[word="skikkele(g|gt)|tydele(g|gt)|dagle(g|gt)|folkele(g|gt)|kristele(g|gt)|rimele(g|gt)|skriftle(g|gt)|vanskele(g|gt)|ventele(g|gt)|verkele(g|gt)" & ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### **36 Personleg pronomen førsteperson fleirtal**

[word="me|vi"&ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### **37 Personleg pronomen tredjeperson fleirtal**

[word="på|paa|gje.\*|ga.\*"] [word="deim|dei"&ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### **38 Personleg pronomen tredjeperson eintal maskulinum**

[word="på|paa|gje.\*|ga.\*|gi.\*"] [word="han|honom"&ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

### **39 Personleg pronomen tredjeperson eintal femininum**

[word="på|paa|gje.\*|ga.\*|gi.\*"] [word="ho|henne"&ref="Fedrah.18.\*|Den17Mai.18.\*|SS.18.\*|Janson(T|DB|FI).\*|Niels.\*|Austl.\*|Ga.Mort.LNF.\*"]

# Litteratur

---

- Andersen, Per Thomas. 2001. *Norsk litteraturhistorie*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Arne, Einar. 1966. *Hans Seland. Diktaren og mennesket*. Oslo. Noregs boklag.
- Atkins, Sue et al. 1992. Corpus design criteria. *Literary and Linguistic Computing* 7/1. 1–16.
- Atkins, Sue & Michael Rundell. 2008. *The Oxford Guide to Practical Lexicography*. Oxford University Press.
- Aure, Anton. 1916. *Nynorsk boklista*. Kristiania. Olaf Norlis forlag.
- Austlid, Andreas. 1889. *Lesebok fyr born*. Bergen. Mons Litleré.
- Birkeland, Bjarte og Bjørn Nic. Kvalsvik. 1986. *Folkemål og danning. Nynorske lærebøker 1867-1915*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Bleken, Brynjulf. 1966. *Om norsk sprogstrid*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Blix, Elias. 1883. *Nokre Salmar*. Andre aukade og rettade Utgaava. Kristiania. Det Norske Samlaget.
- Blix, Elias. 1891. *Nokre Salmar*. Fjerde aukade Utgaava. Kristiania. Det Norske Samlaget.
- Butler, Christopher. 1985. *Statistics in Linguistics*. Oxford. Basil Blackwell. [nettversjon (PDF): <http://www.uwe.ac.uk/hlss/litas/statistics-in-linguistics/bkindex.shtml>]
- Cobarrubias, Juan & Joshua A. Fishman (eds.). 1983. *Progress in Language Planning. International Perspectives*. Berlin – New York – Amsterdam. Mouton Publishers.
- Coulmas, Florian. 1985. *Sprache und Staat. Studien zur Sprachplanung*. Berlin – New York. De Gruyter Mouton.
- Dagbladet. 28.3.1886.
- Dahl, Hans Fredrik. 2010. *Norsk presses historie 1–4 (1660–2010)*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Dalhaug, Ole. 1995. *Mål og meninger: målreisning og nasjonsdannelse 1877–1887*. KULTs skriftserie nr. 43. Oslo. Norges forskningsråd.
- Dalhaug, Ole. 1997. *Den 17de mai. Rasmus Steinsvik 1863–1913*. Oslo. Eige forlag.
- Den 17de Mai. 16.2.1917.

- Drange, Ernst Berge. 2007. *Rasmus Løland. Barnebokpioneren frå Ryfylke*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Dølen. 28.11.1858.
- Eggen, Erik. 1928. Vetle Vislie 1858 – 21. septbr. – 1928. *Syn og Segn*. 289–303.
- Eskeland, Lars. 1892. *Norsk formlæra*. Bergen. Mons Litleré.
- Eskeland, Lars. 1895. *Hjelpebok i norsk rettskriving*. Elverum. Alfarheims bokhandel.
- Eskeland, Lars. 1897a. *Norsk formlæra*. Kristiania. Alb. Cammermeyers forlag.
- Eskeland, Lars. 1897b. *Norsk rettskrivingslæra aat folkeskulen*. Kristiania.
- Eskeland, Lars. 1898. *Hjelpebok i norsk rettskriving*. [2. utgåve]
- Eskeland, Lars. 1902. *Norsk formlæra*. Kristiania. Alb. Cammermeyers forlag.
- Fasting, Kåre. 1968. *Hundre års kavalkade. Bergens Tidende 1868–1968*. Bergen. Bergens Tidende og J.W. Eides boktrykkeri as.
- Fedraheimen. 9.9.1885, 1.3.1890.
- Fet, Jostein. 1995. *Lesande bønder*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Fet, Jostein. 2003. *Skrivande bønder*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Fishman, Joshua A. (red.). 1974. *Advances in Language Planning*. Den Haag – Paris. De Gruyter Mouton.
- Flo, Rasmus. 1906. *Midlandsmaal. Etter framlegge fraa rettskrivningsnemndi i 1899 ved Arne Garborg*. Kristiania. Olaf Norlis forlag.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Garborg, Arne og Ivar Mortensson. 1885. *Lesebok i det norske folkemaal for høgre skular*. Kristiania. Huseby & co.
- Garborg, Arne. 1890. *Hjaa ho Mor*. Bergen. Mons Litleré.
- Garborg, Arne. 1892. *Fred*. Bergen. Mons Litleré.
- Garborg, Arne og Ivar Mortensson. 1893. *Lesebok fyr høgre skular*. Bergen. Mons Litleré.
- Gerdener, Wilhelm. 1986. *Der Purismus im Nynorsk: historische Entwicklung und heutiger Sprachgebrauch*. Münster. Hölker.
- Grepstad, Ottar. 2010. *Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Grepstad, Ottar. 2015. *Språkfakta*.  
[http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta\\_2015/](http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/) (henta januar 2016).
- Gude, Julius. 1889. *Lærebok i landkunna*. Bergen. Mons Litleré.

- Haugen, Einar. 1966. *Language Conflict and Language Planning. The Case of Modern Norwegian*. Cambridge, Massachusetts. Harvard University Press.
- Haugen, Einar. 1968. *Riksspråk og folkemål: norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar. 1972. Construction and Reconstruction in Language Planning: Ivar Aasen's Grammar. *The Ecology of Language. Essays by Einar Haugen*. Stanford California. Stanford University Press. 191–214.
- Haugen, Einar. 1983. The Implementation of Corpus Planning. Theory and Practice. Cobarrubias, Juan & Joshua A. Fishman (red.). *Progress in Language Planning. International Perspectives*. Berlin – New York – Amsterdam. 269–290.
- Holen, Magni Oline. 1985. *Arne Garborg og Ivar Mortensen: Lesebok i det norske folkemaal for høgre skular (1885): Språkform, normeringsprinsipp og plass i landsmålshistoria*. Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Hyvik, Jens Johan. 2009. *Språk og nasjon 1739–1868*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Hægstad, Marius og I.O. Bach. 1880. *Norsk Lesebok elder Lesebok i Landsmaalet*. Namsos. John A. Volds forlag.
- Hægstad, Marius. 1886. *Norsk maallæra elder grammatik i landsmaalet*. Bergen. Fr. Nygaards forlag.
- Hægstad, Marius, Arne Garborg og Rasmus Flo. 1899. *Framlegg til skrivereregler for landsmaale i skularne: fyrelagt det Kongelige Departement for Kirke- og Undervisningsvæsenet*. Kristiania. Brøgger.
- Hægstad, Marius, Arne Garborg og Rasmus Flo. 1901. *Tillæg til "Framlegg til skivereregler for landsmaale i skularne"*. Kristiania. Brøgger.
- Hægstad, Marius. 1901. *Norsk maallæra eller grammatik i landsmaalet*. Bergen. Fr. Nygaards forlag.
- Håland, Per. 1981. Den nynorske pressa. O. Almenningen (red.). *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981*. Oslo. Fonna forlag. 408–441.
- Indrebø, Gustav. 1951. *Norsk målsoga*. Bergen. A.S John Griegs boktrykkeri.
- Jahr, Ernst Håkon. 1992. Om «hovedformer», «jamstilte former» og «sideformer» i skriftnormalene. En historisk oversikt. *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo. Novus forlag. 125–132.
- Janson, Kristofer. 1872. *Torgrim*. Bergen. Ed. B. Giertsen.
- Janson, Kristofer. 1874. *Fraa Island*. Kristiania. Det Norske Samlaget.
- Janson, Kristofer. 1876. *Den bergtekne*. Hamar. Eget forlag.

- Lien, Åsmund. 1981. Nynorsken i skuleverket. O. Almenningen (red.). *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981*. Oslo. Fonna forlag. 350–382.
- Løland, Rasmus. 1900. *Det store nashorne*. Oslo. Olaf Husebys prenteverk.
- McEnery, Tony & Andrew Wilson. 2001. *Corpus Linguistics*. Edinburgh University Press.
- McEnery, Tony, Richard Xiao & Yukio Tono. 2006. *Corpus-based language studies. An advanced resource book*. London. Routledge.
- Midttun, Olav. 1927. Jens Tvedt. 1857 – 14. juni – 1927. *Syn og Segn*. 241–256.
- Midttun, Olav. 1949. Hans Seland. *Syn og Segn*. 389–401.
- Moe, Moltke. 1886. Vor høiere skole og folkesproget. Magne Myhren. 1985. *Ei bok om Ivar Aasen*. Oslo. Det Norske Samlaget. 83–89.
- Myking, Johan. 1991. Terminologi som normeringsproblem. Ideologiar og prinsipp bak terminologiarbeidet i Noreg. Sandøy, Helge o.a. (red.). *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Bergen. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Nielsen, Johan Eberhard. 1868. *Søgnir fraa Hallingdal*. Kristiania. Det Norske Samlaget.
- Nielsen, Johan Eberhard [anonym]. 1870. *Gamla Sogor um Hellas og Persarriket*. Christiania. Det Norske Samlaget.
- Norsk biografisk leksikon*. Kristofer Janson. [https://nbl.snl.no/Kristofer\\_Janson](https://nbl.snl.no/Kristofer_Janson) (hentet januar 2016).
- Nynorskorpuset*. [http://no2014.uio.no/korpuset/r-webconc\\_avansertsok.html](http://no2014.uio.no/korpuset/r-webconc_avansertsok.html)
- Nynorskordboka*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Næss, Leonard. 1891. *Norsk Maaltavl*. Bergen. Mons Litleré.
- Omdal, Helge og Lars [S.] Vikør. 2002. *Språknormer i Norge*. Oslo. Cappelen Akademisk Forlag.
- Opsahl, Toril og Jan Svennevig. 2007. "Må ha det. Bare må ha det". Bare som pragmatisk artikkel i samtale. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1. Oslo. Novus. 29–55.
- Paulson, Olav. 1869. *Lesebok i Landsmaalet*. Bergen. Ed. B. Giertsen.
- Prahl, Jan [anonym]. 1858. *Ny hungrvekja*. Bergin. J.D. Beyer.
- Roksvold, Thore. 1997. Riss av norske avisers sjangerhistorie. T. Roksvold (red.). *Avissjanger over tid*. Fredrikstad. Institutt for Journalistikk. 9–107.
- Rolfsen, Nordahl. 1893. *Læsebog for folkeskolen*. Del 1. Landsmaalsudgave. Kristiania. Jacob Dybwads forlag.

- Rubin, Joan. 1971. Evaluation and Language Planning. Rubin, Joan & Björn H. Jernudd (eds.). *Can Language Be Planned? Sociolinguistic Theory and Practice for developing Nations*. Honolulu. The University of Hawaii Press. 217–252.
- Rubin, Joan et al. 1977. *Language Planning Processes*. Den Haag – Paris – New York. De Gruyter Mouton.
- Rytter, Olav. 1968. Tidsskrift. Birkeland, Bjarte mfl. (red.). *Det Norske Samlaget 1868–1968*. Oslo. Det Norske Samlaget. 226–241.
- Rødningen, Dagfinn og Knut E. Karlsen. 2008. Ordboksbruk i skolen – praksis og perspektiv. Utnytting av einspråklege ordbøker i norskfaget i den vidaregåande skolen. *LexicoNordica* 15. København. Nordisk Forening for Leksikografi. 93–114.
- Salveson, Aamund. 1891–1893. *Reknebok fyr folkeskulen* 1.–3. heftet. Bergen. Mons Litleré.
- Sandøy, Helge. 2003. Den norske normeringssirkelen. Omdal, Helge og Rune Røsstad (red.). *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*. Kristiansand. Høgskolen i Agder. 259–271.
- Sandøy, Helge. 2005a. Frå "en levende organisme" til språklig "usus". Gudbrand Alhaug ofl. (red.). *Mot rikare mål å trå. Festschrift til Tove Bull*. Oslo. Novus. 93–106.
- Sandøy, Helge. 2005b. Normering som kamp om symbol- og premissmakt. Frå norsk normeringshistorie. *Språk i Norden*. 61–79.
- Sandøy, Helge. 2007. Kvantifisering og typologisering av språkendring og samfunn. Lennart Elmévik (red.). *Nya perspektiv inom nordisk språkhistoria. Föredrag hållna vid ett symposium i Uppsala 20–22 januari 2006*. Uppsala. Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur. 145–160.
- Sandøy, Helge. 2011. Språk i endring – i struktur og tanke. Jørgensen, Jon Gunnar og Lars S. Vikør (red.). *Nordiskfaget – tradisjon og fornying. Maal og Minne 100 år*. Oslo. Novus forlag. 55–68.
- Schjøtt, Steinar. 1879. *Norrigs Soga. Til Heimelesning og Bruk fyr Lærarar*. Kristiania. Det norske Samlags Forlag.
- Schjøtt, Steinar. 1888. *Fraa 1852 til vaar Tid. Eit Stykke av Heimssoga*. Kristiania. Det norske Samlags Forlag.
- Seland, Hans. 1896. *Trældoms kaar*. Kristiania. Norli.

- Seland, Hans. 1900. *Seiande segner. Um folk og hendingar etter Søren Lande og andre truverdige sogumenner*. Kristiania. Norli.
- Seland, Hans. 1907. *Bygdefolk. Utvalde skjemtesogor*. Kristiania. Norli.
- Seland, Hans. 1908. *Stavebok med lesestykke for skule og heim*. Kristiania. Alb. Cammermeyers forlag.
- Seland, Hans. 1931. *Aar og dagar*. Oslo. Olaf Norlis forlag.
- Sinclair, John. 2004. Corpus and Text — Basic Principles. Wynne, Martin. 2005. *Developing Linguistic Corpora. A Guide to Good Practice* ([http://icar.univ-lyon2.fr/ecoole\\_thematique/contaci/documents/Baude/wynne.pdf](http://icar.univ-lyon2.fr/ecoole_thematique/contaci/documents/Baude/wynne.pdf)).
- Sivle, Per. 1892. *Vossa-Stubba*. Bergen. Mons Litleré.
- Sivle, Per. 1894. *Nye Vossa-Stubbar*. Kristiania. Hydle & Co.
- Skard, Matias. 1899. *Norske rettskrivingsreglar*. Levanger.
- Skard, Matias. 1901. *Landsmaals-ordlista med rettleiding um skrivemaaten*. Kristiania. Aschehoug.
- Skard, Vemund. 1949. *Frå Dølen til Fedraheimen: målstriden 1870–1877*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Skjerdingstad, Kjell Ivar. 2007. *Skyggebilder – Tarjei Vesaas og det sanselige språket*. Oslo. Gyldendal norsk forlag.
- Skyum-Nielsen, Peder. 1986. *Om sproglig normgivning 1–2*. København. Danmarks lærerhøjskole.
- Stegane, Idar. 1987. *Det nynorske skriftlivet: nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjon*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Storm, Joh. 1888. *Det nynorske landsmaal: en undersøgelse*. København. Gyldendal.
- Syn og Segn*. 1894–. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Tauli, Valter. 1968. *Introduction to a Theory of Language Planning*. Uppsala. [Almqvist & Wiksell].
- Teleman, Ulf. 1992. Norsk språknormering i fågelperspektiv. *Maal og Minne* nr. 3–4. Oslo. Det Norske Samlaget. 161–172.
- Undheim, Åslaug. 1997. Innhold, sjanger og stil i tre landsmålsaviser frå siste halvdel av 1800-talet. Thore Roksvold (red.). *Avissjanger over tid. Studier i språk og sjanger* (bind 4). Fredrikstad. Institutt for Journalistikk. 137–168.
- Venås, Kjell. 1990. *Norsk grammatikk. Nynorsk*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Venås, Kjell. 1992. *I Aasens fotefar. Marius Hægstad*. Oslo. Novus forlag.

- Vikør, Lars S. 1988. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo. Novus forlag. [1. utgåve]
- Vikør, Lars S. 1992. Prinsipielle aspekt ved norsk språknormering. *Maal og Minne* nr. 3–4. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Vikør, Lars S. 2007. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo. Novus forlag.
- Vinje, Finn-Erik. 1978. *Et språk i utvikling*. Oslo. Aschehoug.
- Vislie, Vetle. 1897. *Solvending*. Kristiania. Cammermeyer.
- Walton, Stephen J. 2006. Andre vegen. Grepstad, Ottar. *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo. Det Norske Samlaget. 85.
- Aars, Jacob Jonathan, Simon W. Hofgaard og Moltke Moe. 1898. *Om en del rettskrivnings- og sprogsprørsmål*. Kristiania. A.U. Brøggers bogtrykkeri.
- Aasen, Ivar. 1848. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Kristiania.
- Aasen, Ivar. 1850. *Ordbog over det norske Folkesprog*. Kristiania. Carl C. Werner.
- Aasen, Ivar. 1853. *Prøver af landsmaalet i Norge*. Christiania. Werner.
- Aasen, Ivar. 1855. *Ervingen*. Kristiania. Det norske Theaters Forlag.
- Aasen, Ivar. 1858. *Fridtjofs saga*. Kristiania. Mallings Bogtrykkeri.
- Aasen, Ivar. 1863. *Symra*. Kristiania. Mallings Forlagsboghandel.
- Aasen, Ivar. 1864. *Norsk Grammatik*. Kristiania. Malling.
- Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog: med dansk Forklaring*. Christiania. Mallings Boghandel.
- Aasen, Ivar. 1875. *Heimsyn*. Kristiania. Det Norske Samlaget.
- Aasen, Ivar. 1909. Om vort Skriftspråk. *Syn og Segn*. 1–5.
- Aasen, Ivar. 1958. *Brev 1862–1896* (bind 2). Oslo. Det Norske Samlaget.